



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
03.11.2016	113179/2016	Ståle Solgard

Saksnr	Utval	Møtedato
	Utdanningsutvalet	14.11.2016
	Fylkesrådmannens tilråding	15.11.2016
	Fylkesutvalet	22.11.2016
	Fylkestinget	12.12.2016

## Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal

### Bakgrunn

#### **POLITISK HANDSAMING**

Arbeidet med å utgreie skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal har gått føre seg over fleire år.

I samband med behandling av Økonomiplanen sak T-73/13 vart m.a. følgjande verbalforslag vedteke;

«h) Fylkestinget ynskjer eit godt og bærekraftig skuletilbod og ber om at dei naudsynte debattane knytt til tilbuds- og skulestrukturen blir framlagt politisk handsaming i god tid før behandling av skulebruksplana.»

I sak T-69/14 «Utviklingsplanar for dei vidaregåande skolane i Eiksundregionen» vart m.a. følgjande vedtak gjort:

«1. Fylkestinget vedtek å vidareføre dagens skolestruktur i Eiksundregionen med føreslegne endringar i tilbudsstrukturen. Endringane skal gjennomførast når det er gjort nødvendige bygningsmessige endringar, eller om ein får ei utvikling i søkartalet som gjer at ein kan samle utdanningsprogramma utan tiltak. Endringane gjeld følgjande utdanningsprogram:

- Service og samferdsel samla ved Ulstein vgs
- Bygg og anleggsteknikk samla ved Ørsta vgs
- Restaurant og matfag samla ved Herøy vgs»

Etter vedtaket i Eiksundregionen (= Søre Sunnmøre i denne utgreiinga) vart det utarbeida ein prosjektplan for vidare utgreiing av skole- og tilbudsstrukturen i dei andre regionane i fylket; Ålesundsregionen (=Nordre Sunnmøre i denne utgreiinga), Molderegionen (=Romsdal i denne utgreiinga) og Kristiansundsregionen (Nordmøre i denne utgreiinga).

I sak U-19/15 «Prosjektplan – Skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal» vart følgjande vedtak gjort:

«Fylkesutvalet godkjenner den vedlagte prosjektplanen, med unntak av målsetting 14, siste to setningar, som grunnlag for gjennomgang av skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.

Det skal utarbeidast utviklingsplanar for dei 5 skulane som manglar slike, i 2015. Dette er i tråd med budsjettvedtaket i fylkestinget»

Etter fylkestingsvalet, hausten 2015, vart det gjeve tydelege signal frå den nye fleirtalskoalisjonen, at det ikkje var aktuelt å gjere endringar i skolestrukturen, føresett at det er normal søking.

Saker som omhandlar framlegg om nedlegging eller samanslåing av skolar medfører krevjande prosessar med høgt støynivå. På bakgrunn av dei politiske signala om at endringar i strukturen ikkje hadde politisk fleirtal for å bli vedtekne, var det fylkesrådmannen si vurdering at ein ikkje ville belaste lokalmiljøa med å utgreie alternativ til dagens skolestruktur. Fylkesrådmannen la etter dette følgjande føringar for det vidare arbeidet med struktursaka:

- Det skal ikkje utgreiast andre alternativ enn dagens skolestruktur. I praksis vil det bety at ein i det vidare arbeidet konsentrerer seg om å vurdere kva utdanningsprogram og programområde skolane i kvar region skal tilby.
- Det skal vere ei samla høyring i september/oktober 2016 før den politiske handsaminga tek til.
- Delrapportane for dei ulike regionane skal handsamast i fylkestinget desember 2016.

Utdanningsutvalet gjorde i møte 4. februar 2016 i sak UD-1/16 «Skole- og tilbodsstruktur - endring i innhald og gjennomføring av prosjektet» følgjande samrøystes vedtak:

«Utdanningsutvalet samtykkjer i at fylkesutdanningsssjefen fullfører prosjektet med dei endringane som er lagt fram i saka.»

Etter dette vedtaket har ein valt å samkjøre prosessane i dei 3 siste regionane og framstille forslag til ny tilbodsstruktur i eit samla dokument der og dimensjoneringa av den vedtekne tilbodsstrukturen på Søre Sunnmøre er teke opp til vurdering.

## **ORGANISERING**

Organisering av arbeidet var skissert slik i revidert prosjektplan etter vedtak i fylkesutvalet 23.02.2015:

### Overordna Prosjektgruppe:

Prosjektgruppa skal ha det overordna ansvaret for dei ulike delprosjekta og utarbeide den endelege rapporten. Dei skal ta stilling til kva alternative strukturar som skal vurderast.

- Fylkesutdanningsssjef: Erik Brekken/Rune Solenes Opstad
- Prosjektleiar: Ståle Solgard
- Leiar av økonomistab: Melvin Tørnes
- HVO – Møre og Romsdal fylkeskommune: Stein Ove Lianes
- Utdanningsforbundet – Møre og Romsdal: Ole Bjørn Helberg

### Arbeidsgruppe:

Arbeidsgruppa skal, på vegne av prosjektgruppa, gjennomføre det praktiske arbeidet med å utarbeide rapporten, og legge fram saker til vurdering i referansegruppene. Arbeidsgruppa bør vere breitt samansett med kompetanse frå dei ulike fagområda som skal utgreiast og vurderast. Samansetninga vil kunne variere noko etter kva fase av arbeidet ein er inne i.

#### Avdelingar/seksjonar:

- Prosjektleiar: Utviklingsplanar, skolebygg
- Økonomistab: Økonomi, skolebruksplan
- Inntak: Elevstatistikk, vurdering av tilbodsstruktur
- Fagopplæring: Næringsliv, lærekontraktar mm
- Plan og analyse: Befolkningsutvikling, elevtalsprognoser
- Samferdsel: Skoleskyss, reisetider
- ByVe: Tilstandsvurderingar mm

#### Prosjektgruppe – delprosjekt (kvar region):

Prosjektgruppa for kvart delprosjekt skal vere ein aktiv bidragsytarar i høve til å drøfte og kvalitetssikre alternativ for skole- og tilbodsstruktur i den aktuelle regionen. Høyringar og rapport skal leggest fram for prosjektgruppa før dei blir presentert i referansegruppene på skolane.

Prosjektgruppa er sett saman av prosjektleiar og rektorane ved skolane i regionen.

#### Referansegruppe:

Det skal vere ei referansegruppe ved kvar av skolane i regionen. Dei skal få presentert og uttalt seg om grunnlagsmateriale, høyringar, rapportar og andre ting som er vesentlege for saka.

- Tillitsvalde
- Verneombod
- Elevrepresentantar
- Driftsansvarleg
- Representantar frå alle studieprogram

Etter vedtaket i Utdanningsutvalet om at ikkje skulle gjerast endringar i skolestrukturen, vart det bestemt å forenkla prosessen noko. Det var ikkje lenger behov for meir enn ei høyringsrunde og alle møter i referansegruppene vart gjennomført i samband med denne høyringa.

Det har vore gjennomført 5 møter i prosjektgruppene for delprosjekta i Romsdal og Nordmøre, og 3 møter i prosjektgruppa for delprosjekt Nordre Sunnmøre.

Det har vore 9 møter i styringsgruppa/overordna prosjektgruppe og 7 møter i arbeidsgruppa.

Som ei naturleg vidareføring av jobben med å programmere skolane i Ålesund har Norconsult vore leigd inn dei siste månadene for å lede og gjennomføre utgreiingane for Nordre Sunnmøre; m.a. lede møta i prosjektgruppa for delprosjekt Nordre Sunnmøre og skrive rapporten for denne regionen.

Norconsult har og vore leigd inn for å sjå på dimensjoneringa og tilbodsstrukturen i dei andre regionane, basert på innspel frå arbeidsgruppa, prosjektgrupper for alle delprosjekta og innspel frå alle skolane (fleire innspel frå mange av skolane), samt redigert og samanstillt samlerrapporten. Dei har også summert opp og kommentert alle høyringsfråsegner.

Skoleplanleggjarane Harald Høgh og Dan Lysne har gjort arbeidet i Norconsult.

#### **FRAMDRIFT**

Skole- og tilbodsstruktur for Søre Sunnmøre og utviklingsplanar for alle skolane i denne regionen er vedteke av Fylkestinget i desember 2014.

Opprinneleg prosjektplan la opp til å vurdere skole- og tilbodsstrukturen for dei 3 resterande regionane gjennom delprosessar med sjølvstendige rapportar for kvar region og suksessive politiske saker i Fylkestinget i april 2016 (Nordmøre), juni 2016 (Romsdal) og oktober 2016 (Nordre Sunnmøre).

Etter vedtaket i utdanningsutvalet 4.februar 2016 om at saka skulle leggest fram med ein samla rapport, felles høyring og samla politisk handsaming til Fylkestinget i desember 2016, vart arbeidet med dei to nordlegaste regionane lagt på vent medan prosessen på Nordre Sunnmøre vart fullført. Det vart så utarbeida ein samla rapport som vart lagt ut på høyring med svarfrist 30.september 2016.

Politisk handsaming:

- Utdanningsutvalet – 14.11.2016
- Fylkesutvalet – 21.-22.11.2016
- Fylkestinget – 12.12.2016

## Vurdering

### **GENERELL VURDERING**

Til grunn for arbeidet med forslag til ny struktur, låg det mellom anna ei styrande føring om at dagens skolar skulle bestå. Dermed er arbeidet med strukturen avgrensa til å sjå på tilboda ved dei einskilde skolestadane og i kva grad ei flytting eller justering av tilboda kan oppfylle målsetjingane i saka. Når ei slik avgrensing ligg til grunn, vil det naturlegvis ikkje vere enkelt å kunne oppnå alle målsettingar. Ein klarer då ikkje samtidig å etablere store skolar, gje elevane kort reiseveg, ha eit breitt tilbod på VG2 og VG3 nivå ved alle skolar, innfri 90% av elevane sine primærønske, og ha ein økonomisk fordelaktig struktur.

Ein annan premiss som ligg til grunn for gjennomgangen er at distriktsskolar bør ha tilbod om helse og oppvekstfag, teknikk og industriell produksjon og studiespesialiserande utdanningsprogram.

Når ein må forhalde seg til desse premissane står ein igjen med at det viktigaste grepet ein kan få til er å etablere større fagmiljø på dei ulike utdanningsprogramma ved nokre av skolane. I dei tilfella kor det er kort reisetid mellom skolane vil dei ikkje konkurrere med kvarandre om elevane, og ein kan då redusere talet på elevgrupper ved å samle ulike tilbod på ein av skolane.

Det er og slik at prognosane for elevtalsutvikling ved nokre av skolane gjer det naudsynt med endringar i tilbodet. Dersom ein opprettheld for mange tilbod med dårlig søking og halvfulle klassar, er dette negativt både i høve til målsetjingar om driftsøkonomi og solide fagmiljø. Det er også ein dårleg situasjon både for elevar og tilsette dersom ein ikkje veit om tilboda kan kome i gang frå det eine året til det andre.

Det har kome inn 77 høyringsuttalar til saka og nokre hovudinstrykk med kommentarar er summerte opp her (For meir utfyllande, sjå vedlegg med oppsummering av høyrings svar).

Fleire høyringsuttalar har uttrykt at dei er positiv til endring, at dei overordna målsettingane var rette/fornuftige og at fleire av grepa er gode, men dette er stort sett ikkje uttaler frå dei stadene/skolane der det er lagt fram forslag om større endringar.

Enkelte målsettingar vert oppfatta som viktigare enn andre. Dei som mister eit utdanningstilbod er stort sett imot forslaget og viser til at hovudmålsetjingar som at flest mogleg av VG1 elevane skal kunne bu heime, elevar ikkje bør ha meir enn 1 time reisetid, at 90% av søkjarane skal få sitt primærønskje på val av VG1-program, då ikkje blir oppfylt for desse elevane, mens ein ser heilt bort i frå at andre av hovudmålsettingane gjerne blir oppfylt, t.d. målsettinga om store fagmiljø og føreseielege tilbod.

Fleire av hovudmålsettingane for strukturutgreiinga vert referert til som om dei må oppfyllast 100% for alle elevar, skolar og nærmiljø i fylket, og ikkje som overordna målsettingar som ein i størst mogleg grad ønskjer å oppfylle samla sett.

Målsettinga om at dimensjonering av yrkesfagtilboda i hovudsak skal samsvare med næringslivet og offentleg sektor sine behov, vert brukt som argument for at lokale tilbod ikkje kan leggjast ned, samlast på færre skolar eller reduserast (sjølv om elevtalet går ned).

Det kan vel ikkje vere slik at ein t.d. ikkje kan leggje ned Bygg og anleggsteknikk på ein skole fordi lokalt næringsliv treng lærlingar? Kva då med tilsvarande lokalt næringsliv i andre kommunar – som kanskje ikkje har vidaregåande skole i det heile? Vi tenkjer at målsettinga må gjelde på meir overordna nivå – slik at fylket

samla sett får utdanna til den kompetansen som det er behov for – men sjølv sagt slik at distriktsskolar og får ha dei tilboda som er mest aktuelle lokalt.

Elevgrunnlaget er omstridt. Det er svært mange høyringsuttaler som peikar på at søkjarar med vaksenrett og eldre søkjarar med ungdomsrett må takast med i utrekningar av framtidig elevtal, ikkje minst med tanke på det aukande talet på flyktningar. Det er og innspel som går på auke i elevgrunnlaget som følgje av trulege endringar i kommune- og fylkesstruktur.

I utgangspunktet er alle med ungdomsrett tatt med i prognosen, fordi ein har justert talet på 16-18 åringar i høve til det faktiske talet på elevar på skolane. Men prognosane har ikkje med eventuelle endringar i talet på eldre søkjarar med ungdomsrett, som følgje av auka innvandring. Søkjarar med vaksenrett er ikkje tatt med i prognosen, men samstundes er det lagt inn 10-20% fleire elevplassar på skolane enn det elevtalet som prognosen viser – så i praksis er det og plass til mange søkjarar med vaksenrett på skolane sjølv om dei i utgangspunktet ikkje er med i grunnlaget. Viss talet på elevplassar på skolane vert auka vil ein risikere å sitje igjen med mange tomme plassar.

Fleire av høyringsinnspela viser til høgare elevtal dei næraste åra enn det som ligg i framlegget. Det er ikkje alle som tek inn over seg at elevtalet på mange skolar, spesielt distriktsskolar, kan ventast å bli mykje lågare fram mot 2030 og 2040. Det er viktig å understreke at dimensjoneringa som ligg i framlegget er tenkt å vere styrande for komande skolebruksplanar, men at endringane mange stader må skje gradvis i tråd med endring i søkartala. På studiespesialiserande utdanningsprogram vil det til dømes, sjølv om det på enkelte skolar berre er sett opp ein klasse, vere naturleg å ta inn fleire og gjerne flest mogleg av søkarane for å sikre best mogleg fagleg bredde i tilbodet.

Fleire høyringsinnspel peiker på at dei av ulike grunnar har tru på fleire søkjarar/elevar på bestemte tilbod i tida framover, sjølv om det har vore lite søking dei siste åra.

Enkelte av desse innspela er meir overtydande enn andre, spesielt på skolar med forventning om aukande elevtal og t.d. om tilboda er relativt nye. På skolar med forventna nedgang i elevgrunnlaget hjelper det kanskje ikkje så mykje om skolen har starta ei ny satsing eller sett i gang eit nytt tilbod, fordi tilboda på slike skolar ofte vil vere i konkurranse med kvarandre meir enn i konkurranse med andre skolar.


Fleire høyringsinstansar frå distriktsskolane hevdar at ein stor del av elevane uansett struktur vil velje lokale tilbod og at nedlegging av tilbod vil føre til fleire feilval, dårlegare gjennomføring og større kamp om læreplassane på attverande fag, medan det lokale næringslivet til fag som vert nedlagt ikkje vil få lærlingar. Lokal søking er nok eit poeng, spesielt viss reisetida til alternativ skole er lang. Vi trur likevel at den samla søkinga til ulike fag vil jamne seg ut så lenge det er nok elevplassar på ulike utdanningar i fylket samla sett, og det går an å ha læreplass lokalt sjølv om ein går på ein skole langt heimanfrå.

Høyringsinnspel frå fleire distriktsskolar uttaler at dei meiner at mindre skolar må kunne ha fleire marginale tilbod enn skolar i meir sentrale strøk.

Slik vi ser det er det allereie slik, men spørsmålet er kor små tilboda eigentleg skal kunne vere.

## SØRE SUNNMØRE INNTAKSREGION

Framskrivning av talet på 16-18 åringar i kommunar i inntaksregion  
Søre Sunnmøre pr. 1.1. 2015-2040 (Kjelde: SSB / Hovedalternativ MMMM, juni 2016)



Forventa endring i talet på søkarar til skolar på Søre Sunnmøre, i absolutte tal og prosentvis \*)

	Primærsøkarar med ungd.rett 2016/17	endring 2016-2026	endring 2016-2030	endring 2016-2040	%-vis endring 2016-2026	%-vis endring 2016-2030	%-vis endring 2016-2040
Herøy	259	-10	-23	-16	-3,9 %	-8,9 %	-6,2 %
Herøy avd Vanylven	53	-22	-22	-23	-41,5 %	-41,5 %	-43,4 %
Ulstein	585	-31	-56	-23	-5,3 %	-9,6 %	-3,9 %
Volda	479	44	-11	55	9,2 %	-2,3 %	11,5 %
Ørsta	335	36	-1	32	10,7 %	-0,3 %	9,6 %
Sum skolar på Søre Sunnmøre	1711	17	-113	25	1,0 %	-6,6 %	1,5 %

\*) Basert på søkemønsteret til skolane frå ulike kommunar i 2016/17, prognose for forventa elevtal frå dei ulike kommunane i åra framover og uendra tilbodsstruktur


Tilbudsstrukturen på Søre Sunnmøre vart utgreia i samband med utarbeiding av utviklingsplanar for alle skolane i 2013-2014 og har difor ikkje vore gjenstand for ein like grundig prosess som dei andre regionane i denne saka. I høyringsdokumentet er det likevel gjort ei vurdering av den vedtekte strukturen på grunnlag av nye framskrivingar og prognosar for elevtalsutvikling. Følgjande endringar er vedtekte:

1. Service og samferdsel samla ved Ulstein vgs.
2. Bygg- og anleggsteknikk samla ved Ørsta vgs.
3. Restaurant og matfag samla ved Herøy vgs.

Det er vidare i rapporten konkludert med at behovet for elevplassar er noko lågare enn det ein tidlegare har rekna med og klasse- og elevtal er redusert ut i frå dei nye prognosane. Det er spesielt ved Ulstein vgs at dette gjev seg utslag. Det er også pessimistiske prognosar for den vidare drifta ved Herøy vgs avdeling Vanylven. Dersom den uheldige utviklinga i elevtal held fram som det ser ut no, vil det på sikt vere vanskeleg å oppretthalde tilbødet.

## NORDRE SUNNMØRE INNTAKSREGION

Framskriving av talet på 16-18 åringar i kommunar i inntaksregion  
Nordre Sunnmøre pr. 1.1. 2015-2040 (Kjelde: SSB / Hovedalternativ MMMM, juni 2016)



Forventa endring i talet på søkarar til skolar på Nordre Sunnmøre, i absolutte tal og prosentvis \*)

	Primærsøkarar med ungd.rrett 2016/17	endring 2016-2026	endring 2016-2030	endring 2016-2040	%-vis endring 2016-2026	%-vis endring 2016-2030	%-vis endring 2016-2040
Skolar i Ålesund (inkl. Akademiet)	3406	132	73	295	3,9 %	2,1 %	8,7 %
Ytre (Haram)	284	-11	-9	-27	-3,9 %	-3,2 %	-9,5 %
Indre (Sykkylven, Stranda, Vestborg)	497	-62	-105	-99	-12,5 %	-21,1 %	-19,9 %
Sum skolar på Nordre Sunnmøre	4187	59	-41	169	1,4 %	-1,0 %	4,0 %

\*) Basert på søkemønsteret til skolane frå ulike kommunar i 2016/17, prognose for forventa elevtal frå dei ulike kommunane i åra framover og uendra tilbodsstruktur

Sjølv om ein det ligg an til ein svak vekst i elevtalet for dei vidaregåande skolane som er lokalisert i Ålesund fram mot 2030, vil det samla sett for regionen vere ein nedgang. Viktigaste årsaka til dette, er ein sterk nedgang i elevtalet i indre delar av regionen. Det er venta at den samla nedgangen for dei vidaregåande skolane i Sykkylven og Stranda samla vil vere på om lag 100 elevar fram mot 2030 og 2040. Den store veksten i Ålesund er først vente å gjere seg gjeldande frå om lag 2032. Då utviklingsplanane for Ålesund vart utarbeida i 2012/2013 låg det i prognosane an til at denne veksten skulle kome tidlegare og sterkare. I tillegg var det lagt til grunn at Akademiet i Ålesund ikkje kom til å vekse ytterlegare. Det viser seg at Akademiet har tatt ein vesentleg del av elevtalsveksten i Ålesund og har auka med ein parallell på Studiespesialisering. Dei samla konsekvensane av dette, er at det truleg ikkje er behov for å auke det samla talet på elevplassar i Ålesund vesentleg før ein nærmar seg 2040. Dette føreset at Akademiet opprettheld sitt nivå og at ein ikkje gjer store endringar i skolestrukturen elles. For Stranda vgs og Sykkylven vgs er den venta nedgangen i elevgrunnlaget så stor at det er behov for å gjere endringar i tilbodsstrukturen, også på kort sikt.

I høyringsdokumentet er det tilrådd følgjande endringar i tilbodsstrukturen for inntaksregion Nordre Sunnmøre(Inkludert dei som alt er vedtekne):

1. Ålesund vgs
  - a. Utdanningsprogrammet Naturbruk(marine fag) vert flytta til Fagerlia vgs. (Vedtatt)
  - b. Utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon(maritime fag) vert flytta til Fagerlia vgs(Vedtatt).
  - c. Tilført utdanningsprogrammet Musikk, dans og drama frå Fagerlia vgs(Vedtatt)
  - d. Flytte utdanningsprogrammet Idrettsfag til Spjelkavik vgs(Vedtatt)
  - e. Tilført utdanningsprogrammet Kunst design og arkitektur frå Fagerlia vgs(Vedtatt)
  - f. Flytte programområda IKT-servicefaget og Transport og logistikk(SS) til Borgund vgs.
  - g. Legge ned YSK-tilbodet for Service og samferdsel.
  - h. Legge ned tilbod om påbygg til generell studiekompetanse.
  - i. Legge ned ordinær Studiespesialisering(Behalde Creo)
2. Fagerlia vgs
  - a. Tilført utdanningsprogrammet Naturbruk(marine fag) frå Ålesund vgs. (Vedtatt)
  - b. Tilført utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon(maritime fag) frå Ålesund vgs(Vedtatt).
  - c. Flytte utdanningsprogrammet Musikk, dans og drama til Ålesund vgs(Vedtatt).
  - d. Flytte utdanningsprogrammet Kunst design og arkitektur til Ålesund vgs(Vedtatt)
3. Spjelkavik vgs
  - a. Tilført utdanningsprogrammet Idrettsfag frå Ålesund vgs(Vedtatt)
4. Borgund vgs
  - a. Tilført programområda IKT-servicefaget og Transport og logistikk(SS) frå Ålesund vgs og dermed opprette utdanningsprogrammet Service og samferdsel.
5. Sykkylven vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Design og handverk.
6. Stranda vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Restaurant og matfag.

I tillegg er elev- og klassetal for fleire av tilboda justert i samsvar med forventa utvikling i elevtal.

Ein viser til vedlegg 1-Høyringsdokument for meir utfyllande argumentasjon og drøfting i høve til målsetjingane i saka og grunngjeving for tiltaka.

### Vurdering

Dei fleste av tiltaka som gjeld skolane i Ålesund er alt vedtekne, men enno ikkje gjennomførte. Det heng saman med at planlagde byggeprosjekt enno ikkje er ferdige. Det einaste som så langt har kome til byggefasen, er Spjelkavik vgs. Når nye Spjelkavik vgs og ny idrettshall er på plass, kan utdanningsprogrammet Idrettsfag flyttast frå Ålesund vgs. Flyttingane av utdanningsprogram mellom Ålesund vgs og Fagerlia vgs er avhengige av nybygg ved Fagerlia vgs og ny skole i Ålesund sentrum. Når det gjeld dei tilrådde tiltaka for Service og samferdsel, er det varsla så store endringar for utdanningsprogrammet at dette må leggjast fram i eiga



sak seinare. Dette er i samsvar med vedtak i sak om YSK-tilbudet 12.05.2016, UD-18/16.

Fordi den forventede elevtalsauken i Ålesundsområdet ser ut til å bli noko mindre enn det som tidlegare var forventet og kjem noko seinare, er det tilrådd og satse på to store og solide studiespesialiserande miljø ved Fagerlia vgs og Spjelkavik vgs. Når første byggesteg ved den nye Sørsida-skolen vert realisert og Ålesund vgs blir samlokalisert med kulturskolen i Ålesund, flyttar ein samstundes Musikk, dans og drama og Kunst design og arkitektur frå Fagerlia. Dette vil gje skolen ein tydeleg kreativ og kunstnarisk profil som vil vere unik i fylket. Det er valt å behalde Creodelen av det studiespesialiserande tilbudet fordi det passar godt inn i dette konseptet. Dette vil gje eit breitt studieførebuande tilbod med om lag fem parallellar. Alternativet til å gjere dette grepet, er å redusere det studiespesialiserande tilbudet ved Fagerlia vgs med to til tre parallellar og dermed få to skolar med relativt små studiespesialiserande miljø og eit redusert programfagtilbod. Frå skolen si side er det uttrykt skepsis til dette forslaget. Dei trur det vil svekke søkinga til skolen, mellom anna fordi realfagstilbudet vert dårlegare. Ein ser at skolen slit med dåleg søking til ordinær studiespesialisering, sjølv om dei også i dag er lokalisert i sentrum. I innstillinga er det difor tilrådd å følgje anbefalinga som er gjeve i høyringsdokumentet. Ålesund vgs vil no i all hovudsak vil bli ein studieførebuande skole. Det er difor tilrådd å leggje ned tilbudet om påbygg til generell studiekompetanse slik at dette i Ålesund, vert lagt til Borgund vgs og Fagerlia vgs.

Ved Design og Handverk ved Sykkylven vgs har talet på primærsekarar til programmet vore lågt over fleire år, og skoleåret 2015/2016 vart det ikkje sett i gang. Når det er så få elevar og avstanden til Borgund ikkje er større, er vurderinga at elevane vil få eit like godt tilbod der. Når elevgrunlaget til skolen ser ut til å gå kraftig ned, vil det også vere uheldig med fleire dårlig søkte program som konkurrerer om dei same elevane. Det er difor foreslått å ikkje vidareføre utdanningsprogrammet Design og handverk ved skolen frå og med skoleåret 2018/2019.

Forslaget om å legge ned Restaurant og matfag ved Stranda vgs vekker sterke reaksjonar lokalt med. Med den dårlige søkinga det har vore til programmet over fleire år og utsikter til ein ytterlegare nedgang i elevgrunlaget til skolen, er det likevel fornuftig å redusere talet på utdanningsprogram ved skolen. På same måte som i dei andre regionane, foreslår ein no å legge dette programmet til ein skole. Det er god kapasitet ved Borgund vgs og tiltaket kan såleis grunnjevast både ut i frå målsetjingar om styrking av fagmiljø og god driftsøkonomi. Det er også svært dårlig søking til utdanningsprogrammet Helse og oppvekst, men ein foreslår å forsøke og oppretthalde ein halv klasse på vg1.

For oppsummering av høyringssvar og meir utfyllande argumentasjon, viser ein til vedlegg 1-Høyringsdokument og vedlegg 2-Oppsummering av høyringsuttaler.

Fylkesrådmannen tilrår følgjande endringar i tilbodsstrukturen for inntaksregion Nordre Sunnmøre (Berre dei endringane som *ikkje* alt er vedtekne er med):


1. Ålesund vgs
  - a. Legge ned tilbod om påbygg til generell studiekompetanse.(Gjennomførast i samband med flytting av dei andre utdanningsprogramma)

- b. Legge ned ordinær Studiespesialisering (Behalde Creo).  
(Gjennomførast i samband med flytting av dei andre utdanningsprogramma)
- 2. Sykkylven vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Design og handverk f.o.m. skoleåret 2018/2019.
- 3. Stranda vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Restaurant og matfag f.o.m. skoleåret 2018/2019.

## **ROMSDAL INNTAKSREGION**

### Framskriving av talet på 16-18 åringar i kommunar i inntaksregion

Romsdal pr. 1.1. 2015-2040 (Kjelde: SSB / Hovedalternativ MMMM, juni 2016)



### Forventa endring i talet på søkarar til skolar i Romsdal, i absolutte tal og prosentvis \*)

	Primærsøkarar med ungd.rett 2016/17	endring 2016-2026	endring 2016-2030	endring 2016-2040	%-vis endring 2016-2026	%-vis endring 2016-2030	%-vis endring 2016-2040
Skolar i Molde (med Akademiet, utan Fannefj.)	1721	40	35	158	2,3 %	2,0 %	9,2 %
Fræna	363	23	6	20	6,3 %	1,7 %	5,5 %
Gjermundnes	121	-4	-6	-5	-3,3 %	-5,0 %	-4,1 %
Rauma	134	-4	16	-8	-3,0 %	11,9 %	-6,0 %
Sum skolar i Romsdal (ekskl. Fannefjord)	2339	55	51	165	2,4 %	2,2 %	7,1 %

\*) Basert på søkemønsteret til skolane frå ulike kommunar i 2016/17, prognose for forventa elevtal frå dei ulike kommunane i åra framover og uendra tilbudsstruktur

Som det går fram av framskrivinga, er det frå om lag 2025 og utover venta ein auke i talet på 16-18 åringar i Molde, medan dei andre kommunane har ei meir stabil eller lett nedgåande utvikling. Det er vurdert at ein samla sett ved Romsdal vgs og Molde vgs har ein god kapasitet for å møte denne auken, men utfordringa kan vere fordelinga skolane i mellom. Ein har dei siste åra sett ei dreining mot at elevtalet ved Molde vgs aukar, medan det går ned ved Romsdal vgs. Årsaka til

dette er samansett, men heng mykje saman med at Molde vgs ser ut til å ta ein større del av søkarane i konkurranse med Akademiet samstundes som talet på søkarar til Studiespesialisering aukar. Fræna vgs har ein geografisk nærleik til Molde som gjer at ein også må sjå denne skolen i samheng med det totale tilbudet for elevar i og omkring byen. Det vert også satsa på å utvikle kollektivtilbodet mellom Elnesvågen og Molde. Dette gjer at det kan verte meir attraktivt å pendle i den eine eller andre retninga. Rauma vgs er forventa å ha eit rimeleg stabilt elevtal framover, men det er viktig å merkje seg at dette er rekna ut i frå dagens elevtal, som er historisk lågt. Gjermundnes vgs er i ei særstilling som landbruksskole for heile fylket, men har også utdanningsprogram som er med og utfyller tilbudet lokalt.

I høyringsdokumentet er det tilrådd følgjande endringar i tilbodsstrukturen for inntaksregion Romsdal:

1. Fræna vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk.
  - b. Legge ned utdanningsprogrammet Restaurant og matfag.
  - c. YSK-tilbodet for Bygg- og anleggsteknikk/Teknikk og industriell produksjon vert regionstilbod.
2. Romsdal vgs
  - a. Legge ned YSK-tilbodet for Bygg- og anleggsteknikk/Teknikk og industriell produksjon.
  - b. Utdanningsprogrammet Bygg og anleggsteknikk vert regionstilbod.
3. Rauma vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon.
  - b. Legge ned tilbod om påbygg til generell studiekompetanse.
  - c. Utdanningsprogrammet Restaurant og matfag vert regionstilbod.

I tillegg er elev- og klassetal for fleire av tilboda justert i samsvar med forventa utvikling i elevtal.

Ein viser til vedlegg 1-Høyringsdokument for meir utfyllande argumentasjon og drøfting i høve til målsetjingane i saka og grunngeving for tiltaka.

### Vurdering

Forslaget om å legge ned Bygg- og anleggsteknikk ved Fræna vgs er i hovudsak grunngeve med at det dei seinare åra har vore søkargrunnlag til berre ei halv klasse på vg1 og at kapasiteten ved Romsdal vgs er vurdert som god nok til å dekke heile regionen(sjå vedlegg 1, side 83). På bakgrunn av at søkinga i år har fått eit oppsving både ved begge skolane vil ein tilrå å sjå an korleis søkinga utviklar seg etter at ein har teke i bruk nybygget ved Romsdal vgs. Dersom ein treng avlastning for Romsdal vgs, har ein praksislokale tilgjengeleg ved Fræna vgs. Det blir tilrådd å sjå an søkinga fram mot skoleåret 2021/2022 og vurdere dette på nytt i samband med handsaming av sak om skolebruksplan.

Når det gjeld søkinga til Restaurant og matfag, ser ein ei minkande interesse for faget både på nasjonalt nivå og i fylket. Dersom tilrådingane vert følgde, vil ein no ha dette som regionstilbod ved ein skole i kvar av inntaksregionane. Ved samling på ein skole er det fare for at den totale søkinga minkar, men ein kan også oppnå eit sterkare og meir solid fagmiljø. Søkjartala har dei seinare åra vore ganske lik ved dei to skolane med mellom 1 og 6 fleire søkjarar til Fræna vgs. I innstillinga er det likevel valt å satse på Rauma vgs. Dette er hovudsakeleg grunngeve med at skolen har nyleg renoverte lokale for faget, medan ein ved Fræna vgs har leigde lokale som ikkje har ein tilfredstillande standard. Det negative for denne lokaliseringa er ei mindre sentral plassering i høve til reisetid for fleire av elevane i

regionen. Dersom ein skulle velje å halde fram som i dag med utdanningsprogrammet på to skolar, vil dette gje utslag i høgare leigekostnader som følgje av oppgradering av eksisterande lokale eller investering i nybygg. Leigekontrakten for RM-lokala ved Fræna vgs går fram til 01.05.2020. Det er difor foreslått å gjere endringa gjeldande seinast frå og med skoleåret 2019/2020.

YSK-tilbodet for Bygg- og anleggsteknikk og Teknikk og industriell produksjon er i dag delt mellom Fræna vgs og Romsdal vgs med inntak av vg1-elevar annakvart år ved kvar av skolane. Dette er vurdert å vere ei kunstig og upraktisk løysing og ein vil difor samle tilbodet ved ein av skolane. Skolane ligg om lag i same geografiske område og vil kunne samarbeide med dei same bedriftene slik at dette kan ikkje vere avgjerande for val av lokalisering. Dersom ein endar opp med at Bygg- og anleggsteknikk vert lagt til Romsdal vgs som regionstilbod vil dette tale i favør av plassering der, men sidan det meste av fagopplæringa skjer i bedrift kan heller ikkje dette vere avgjerande. Til Fræna sin fordel tel det at dei har eit studiespesialiserande tilbod med realfag som er viktig for YSK-elevane. Etter ei totalvurdering fell valet på Fræna vgs fordi dette også er med og støttar opp under det studiespesialiserande tilbodet ved skolen og gjer det mogeleg med eit breiare og meir attraktivt fagmiljø for Studiespesialisering. Tiltaket kan gjennomførast i skoleåret 2018/2019.

Forslaget om å legge ned utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon ved Rauma vgs bryt med prinsippet ein har hatt om å verne om det ein har sett på som kjernetilbodet for distriktsskolane, Studiespesialisering, Teknikk og industriell produksjon og Helse og oppvekst. Når ein likevel har valt å fremje dette, er det fordi prognosane for framtidig elevtal ikkje gjev rom for så mange utdanningsprogram og elevplassar ved skolen. I tillegg er det vurdert slik at talet på elevplasser innan utdanningsprogrammet ved dei andre skolane dekkjer totalbehovet i regionen. Det vil smerte meir for skolen å avvikle utdanningsprogrammet Elektrofag, som har god søking med tilbod på alle nivå . Programmet har historisk hatt god søknad til ein vg1-klasse. Dersom ein skal halde fram med utdanningsprogrammet, vil det krevje investeringsmidlar til rehabilitering av undervisningslokale og nye garderober. Tiltaket kan gjennomførast i skoleåret 2018/2019.

Rauma vgs har eit lite studiespesialiserande miljø med berre ein klasse på kvart nivå. Tilbodet om Påbygg til generell studiekompetanse er difor ei viktig støtte for det studiespesialiserande tilbodet ved skolen og bidreg til at fleire elevar kan fullføre den vidaregåande opplæringa si ved skolen. Sjølv om rapporten konkluderer med at talet på påbyggklasser blir for høgt totalt sett i regionen, vel ein likevel på bakgrunn av dei nemnde omsyna å ikkje anbefale dette forslaget.

For oppsummering av høyringssvar og meir utfyllande argumentasjon, viser ein til vedlegg 1-Høyringsdokument og vedlegg 2-Oppsummering av høyringsuttaler.

Fylkesrådmannen tilrår følgjande endringar i tilbodsstrukturen for inntaksregion Romsdal:


1. Fræna vgs
  - a. Vurdere å legge ned utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk med verknad f.o.m. skoleåret 2021/2022(Vedtak i samband med rullering av skolebruksplan).
  - b. Legge ned utdanningsprogrammet Restaurant og matfag f.o.m. skoleåret 2019/2020.

- c. YSK-tilbudet for Bygg- og anleggsteknikk/Teknikk og industriell produksjon vert regionstilbod f.o.m. skoleåret 2018/2019.
- 2. Romsdal vgs
  - a. Legge ned YSK-tilbudet for Bygg- og anleggsteknikk/Teknikk og industriell produksjon f.o.m. skoleåret 2018/2019.
  - b. Utdanningsprogrammet Bygg og anleggsteknikk vert regionstilbod.(Vurderast f.o.m. skoleåret 2021/2022)
- 3. Rauma vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon f.o.m. skoleåret 2018/2019.
  - b. Utdanningsprogrammet Restaurant og matfag vert regionstilbod f.o.m. skoleåret 2019/2020.

## **NORDMØRE INNTAKSREGION**

### Framskrivning av talet på 16-18 åringar i kommunar i inntaksregion

Nordmøre pr. 1.1. 2015-2040 (Kjelde: SSB/ Hovedalternativ MMMM, juni 2016)



#### Forventa endring i talet på søkarar til skolar på Nordmøre, i absolute tal og prosentvis \*)

	Primærsøkarar med ungd.rett 2016/17	endring 2016-2026	endring 2016-2030	endring 2016-2040	%-vis endring 2016-2026	%-vis endring 2016-2030	%-vis endring 2016-2040
Skolar i Kristiansund	1361	-17	-70	-1	-1,2 %	-5,1 %	-0,1 %
Sunndal	261	-58	-63	-48	-22,2 %	-24,1 %	-18,4 %
Surnadal	282	-72	-61	-39	-25,5 %	-21,6 %	-13,8 %
Tingvoll	95	-11	-17	-17	-11,6 %	-17,9 %	-17,9 %
Sum skolar på Nordmøre	1999	-158	-211	-105	-7,9 %	-10,6 %	-5,3 %

\*) Basert på søkemønsteret til skolane frå ulike kommunar i 2016/17, prognose for forventa elevtal frå dei ulike kommunane i åra framover og uendra tilbodsstruktur

Den største utfordringa med tilbodsstrukturen på Nordmøre, er å tilpasse seg den forventa nedgangen i elevtalet for indre delar av regionen. Alt i 2026, er det forventa at det samla elevtalet ved Surnadal og Sunndal vgs kan vere redusert med om lag 130 elevar og det meste av denne nedgangen er venta i løpet av 3-4 år fram i tid. Med så stor nedgang, er det vanskeleg å halde fram med same breidde i utdanningstilbodet ved begge desse skolane. Tingvoll vgs hadde til dette skoleåret 95 primærskolarar med ungdomsrett fordelt på heile seks utdanningsprogram. Det er anbefalt at skolen for framtida har mindre breidde i tilbodet sitt. Som ein kan sjå av framskrivinga for talet på 16-18 åringar i Kristiansund, kan ein forvente store svingingar i elevtalet ved Atlanten vgs og Kristiansund vgs. Det er vurdert at ein innanfor dagens struktur har kapasitet til å ta toppane i desse prognosane. Det kan bli ei utfordring å fylle opp klassar og få sett i gang alle tilbod i periodane med lågaste elevtalet.

I høyringsdokumentet er det tilrådd følgjande endringar i tilbodsstrukturen for inntaksregion Nordmøre:

1. Sunndal vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk.
  - b. Legge ned programområdet Vg2barne- og ungdomsarbeiderfaget(HO).
  - c. Tilføre Vg2automatisering og Vg3automatiseringsfaget(EL) frå Surnadal vgs.
2. Surnadal vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Elektrofag.
3. Tingvoll vgs
  - a. Legge ned småskalatilbodet Bygg og anleggsteknikk.
  - b. Legge ned småskalatilbodet Elektrofag.
4. Kristiansund vgs
  - a. Legge ned YSK-tilbodet for Service og samferdsel.

I tillegg er elev- og klassetal for fleire av tilboda justert i samsvar med forventa utvikling i elevtal.

Ein viser til vedlegg 1-Høyringsdokument for meir utfyllande argumentasjon og drøfting i høve til målsetjingane i saka og grunngjeving for tiltaka.

#### Vurdering:

Både i Sunndal og Surnadal er det naturleg nok stor motstand mot framlegg om å legge ned tilbod ved skolane. Primærskøkinga til Bygg- og anleggsteknikk har vore noko varierende ved begge skolane medan søkinga til vg1 elektrofag har vore meir stabilt god ved begge skolane. På bakgrunn av dette er det lett å skjønne at mange er skeptiske til forslaget. Problemet er at det om få år, ikkje vil vere nok elevar ved kvar av skolane til å oppretthalde alle tilboda dei har i dag. Slik framskrivingane av elevtalet ser ut, vil det vere mange nok til å ha brukbart omfang på alle program i 3-4 år til, men etter den tid vil endringar tvinge seg fram. Dersom det ikkje skjer vesentlege endringar i elevgrunnlaget eller søkinga, ser det ut som skoleåret 2020/2021 er eit fornuftig tidspunkt for gjennomføring av desse endringane. Dei fleste er einige om at behovet for helsearbeidarar er større enn behovet for barne- og ungdomsarbeidarar. Med bakgrunn i forventa elevnedgang samla sett er det difor barne- og ungdomsarbeidarfaget tatt ut ved Sunndal vgs.

Det vert både frå fleire hald, både i Sunndal og Surnadal peika på behov for fagarbeidarar innanfor dei aktuelle utdanningsprogramma, men det hjelper lite å oppretthalde talet på elevplassar når det ikkje er elevar nok til å fylle dei. Det er

kanskje rett at næringslivet i dei kommunane som «mister» eit utdanningsprogram vil oppleve at tilgangen på arbeidskraft vert noko mindre innan dette fagområdet, men dette er den vanlege situasjonen for dei fleste av kommunane i fylket. Det at elevane må pendle eller bu på hybel for å ta vidaregåande opplæring ein annan stad enn heimkommunen betyr ikkje at dei ikkje kan ha tilknytning til lokalt næringsliv og få fagopplæringa si i lokale bedrifter. Alle vidaregåande skolar i fylket må dekke eit større område enn heimkommunen og samarbeide med næringsliv i ein større region.

Det same gjeld også for elevar som soknar til Tingvoll vgs. Alle dei tilboda som det i dag vert gjeve tilbud om som småskatiltbod/halvklasser er tilgjengelege på ein eller fleire av dei andre skolane i regionen og det er vurdert at kapasiteten er god. I høve til målsetjingar om mellom anna styrking av fagmiljø og effektiv driftsøkonomi, ser ein ikkje behov for å oppretthalde desse tilboda. Det er også vurdert å vere ein dårleg situasjon at utdanningsprogramma har så lav søking at det er lite føreseieleg om dei vert sett i gang frå det eine året til det andre. Sjølv om dei får opplæringa si ved ein av dei andre skolane, kan dei framleis ha læreplassane sine ved lokale bedrifter. Dersom ein skulle likebehandle dei andre distriktsskolane i fylket ved å opne opp for å gje liknande tilbud, vil dette bli svært kostbart for fylkeskommunen. Det er god kapasitet ved dei andre skolane i regionen også på kort sikt og desse tilboda kan difor leggst ned frå og med skoleåret 2018/2019.

Når det gjeld det tilrådde tiltaket for Service og samferdsel ved Kristiansund vgs, er det varsla så store endringar for utdanningsprogrammet at dette må leggst fram i eiga sak seinare. Dette er i samsvar med vedtak i sak om YSK-tilbodet 12.05.2016, UD-18/16.

Det har i høyringa kome innspel om å etablere eit tilbod innan Naturbruk/marine fag ved Kristiansund vgs. Dette er noko som skolen eventuelt må planlegge og konkretisere meir, og er ikkje teke stilling til i denne saka. Dersom eit slikt tilbod vert sett i gang må ein i strukturen gjere ein tilsvarende reduksjon på elevplassar ved andre tilbod i inntaksregionen. Ei slik etablering må også vurderast i samanheng med tilsvarende tilbod ved Fræna vgs og tilgangen på praksisplassar i næringa.

Dersom det planlagde Todalsfjordprosjektet skulle bli realisert, er det foreslått å vurdere ei ytterlegare samkjøring av tilbodsstrukturen for skolane i indre delar av regionen.

For oppsummering av høyringssvar og meir utfyllande argumentasjon, viser ein til vedlegg 1-Høyringsdokument og vedlegg 2-Oppsummering av høyringsuttaler.

Fylkesrådmannen tilrår følgjande endringar i tilbodsstrukturen for inntaksregion Nordmøre:

1. Sunndal vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk f.o.m. skoleåret 2020/2021.
  - b. Legge ned programområdet Vg2barne- og ungdomsarbeiderfaget(HO) f.o.m. skoleåret 2020/2021.
  - c. Tilføre Vg2automatisering og Vg3automatiseringsfaget(EL) frå Surnadal vgs. f.o.m. skoleåret 2020/2021.
2. Surnadal vgs

- a. Legge ned utdanningsprogrammet Elektrofag f.o.m. skoleåret 2020/2021.
- 3. Tingvoll vgs
  - a. Legge ned småskalatilbudet Bygg og anleggsteknikk f.o.m. skoleåret 2018/2019.
  - b. Legge ned småskalatilbudet Elektrofag f.o.m. skoleåret 2018/2019.

### **OPPSUMMERING – ALLE REGIONAR:**

Fylkesrådmannen tilrår følgjande endringar i tilbudsstrukturen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal:

#### **NORDRE SUNNMØRE**

- 1. Ålesund vgs
  - a. Legge ned tilbud om påbygg til generell studiekompetanse.(Gjennomførast i samband med flytting av dei andre utdanningsprogramma)
  - b. Legge ned ordinær Studiespesialisering(Behalde Creo). (Gjennomførast i samband med flytting av dei andre utdanningsprogramma)
- 2. Sykkylven vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Design og handverk f.o.m. skoleåret 2018/2019.
- 3. Stranda vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Restaurant og matfag f.o.m. skoleåret 2018/2019.

#### **ROMSDAL**

- 1. Fræna vgs
  - a. Vurdere å legge ned utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk med verknad f.o.m. skoleåret 2021/2022(Vedtak i samband med rullering av skolebruksplan).
  - b. Legge ned utdanningsprogrammet Restaurant og matfag f.o.m. skoleåret 2019/2020.
  - c. YSK-tilbudet for Bygg- og anleggsteknikk/Teknikk og industriell produksjon vert regionstilbod f.o.m. skoleåret 2018/2019.
- 2. Romsdal vgs
  - a. Legge ned YSK-tilbudet for Bygg- og anleggsteknikk/Teknikk og industriell produksjon f.o.m. skoleåret 2018/2019.
  - b. Utdanningsprogrammet Bygg og anleggsteknikk vert regionstilbod.(Vurderast f.o.m. skoleåret 2021/2022)
- 3. Rauma vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon f.o.m. skoleåret 2018/2019.
  - b. Utdanningsprogrammet Restaurant og matfag vert regionstilbod f.o.m. skoleåret 2019/2020.



## NORDMØRE

1. Sunndal vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk f.o.m. skoleåret 2020/2021.
  - b. Legge ned programområdet Vg2barne- og ungdomsarbeiderfaget(HO) f.o.m. skoleåret 2020/2021.
  - c. Tilføre Vg2automatisering og Vg3automatiseringsfaget(EL) frå Surnadal vgs. f.o.m. skoleåret 2020/2021.
2. Surnadal vgs
  - a. Legge ned utdanningsprogrammet Elektrofag f.o.m. skoleåret 2020/2021.
3. Tingvoll vgs
  - a. Legge ned småskalatilbudet Bygg og anleggsteknikk f.o.m. skoleåret 2018/2019.
  - b. Legge ned småskalatilbudet Elektrofag f.o.m. skoleåret 2018/2019.

### **Forslag til vedtak:**

- Fylkestinget vedtek dei føreslegne endringane i tilbudsstrukturen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.
- Den nye tilbudsstrukturen skal vere førande for komande skolebruksplanar og dimensjonering av byggeprosjekt.
- Fylkesrådmannen legg fram sak om tilbudsstrukturen for Service og samferdsel for Utdanningsutvalet når endringar for utdanningsprogrammet er vedtekne.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Erik Brekken  
fylkesutdanningssjef

### Vedlegg

- 1 Tilbudsstruktur i vidaregåande opplæring - høyringsdokument
- 2 Oppsummering av høyringsuttaler

Registrerte høyringssvar:

<http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Utdanning/Nyheiter/Hoeyring-Tilbudsstruktur-for-vidaregaaande-opplaering-i-Moere-og-Romsdal>

## **Behandling i Fylkestinget - 14.12.2016**

Bjørn Sandnes tok sete kl. 09.45

45 voterande.

Arild Iversen (KRF) fremma følgjande forslag:

«1. Endringar i tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skolane i Ålesund blir å gjennomføre i tråd med innfasing av ny Ålesundsstruktur, i samsvar med retningslinjer gjeve av fylkestinget.

2. Fylkestinget er uroa over at dei foreslåtte endringane i tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skolane utanom byane kan føre til svikt i søkartala og auke i talet på elevar som ikkje greier å gjennomføre og bestå vidaregåande opplæring. Dette på grunn av smalare studietilbod ved skolane, store reiseavstandar og fleire elevar som må flytte på hybel rett etter ungdomsskolen.

3. Fylkestinget vedtek å vidareføre dagens tilbodsstruktur inntil vidare ved dei andre vidaregåande skolane, også i Eiksundregionen, ut frå dei retningslinjene for oppretting og nedlegging av tilbod som er nedfelt i vedtak i sak UD-5/14. Først når sviktande søkartal i tre påfølgande skoleår ved same skole gjer det uråd å starte eit av tilboda som er nemnt i framlegg til ny tilbodsstruktur, skal varige endringar i tilbodsstrukturen gjennomførast ved dei berørte skolane.»

**Bjarne Storfold Elde (AP) fremma følgjande forslag:**

«Nytt kulepunkt til innstillingen:

- YSK-tilbudet for Bygg og anleggsteknikk/Teknikk og industriell produksjon blir regiontilbud ved Romsdal videregående skole f.o.m. skoleåret 2018/2019.»

**Nils Fløystad (NML) fremma følgjande forslag:**

«Endringsforslag

3. Tingvoll vgs a.

Småskalatilbudet Bygg og Anleggsteknikk oppretthaldes føresette nok søkere. Småskalatilbudet Elektrofag oppretthaldes, føresette nok søkere.»

**Yvonne Wold (SV) fremma følgjande forslag:**

«Elever med voksenrett skal regnes med når tilbod ved de videregående skolene vurderes.»

### **Votering:**

Det blei votert alternativt over tilrådinga frå fylkesutvalet og forslaget frå Arild Iversen (KRF). Tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 38 røyster og blei vedteke, medan 7 røysta for forslaget frå Arild Iversen.

Forslaget frå Bjarne Storfold Elde (AP) fekk 22 røyster og fall.

Forslaget frå Nils Fløystad (NML) fekk 11 røyster og fall.

Forslaget frå Yvonne Wold (SV) fekk 15 røyster og fall.


### **Vedtak i Fylkestinget - 14.12.2016**

- Fylkestinget vedtek dei føreslegne endringane i tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal med følgjande endringar:
  - Studiespesialisering ved Ålesund vgs beholdes
  - Design og handverk ved Sykkylven vgs beholdes
  - Restaurant og Matfag ved Stranda vgs beholdes
  - Teknikk og industriell produksjon ved Rauma vgs beholdes
  - Restaurant og Matfag ved Fræna vgs beholdes, under forutsetning av at tilfredsstillende undervisningslokaler fortsatt kan leies til akseptable vilkår
  - Bygg og anleggsteknikk ved Sunndal vgs beholdes
  - Elektrofag ved Surnadal vgs beholdes
  
- Den nye tilbodsstrukturen skal vere førande for komande skolebruksplanar og dimensjonering av byggeprosjekt.
  
- Fylkesrådmannen legg fram sak om tilbodsstrukturen for Service og samferdsel for Utdanningsutvalet når endringar for utdanningsprogrammet er vedtekne.

Møre og Romsdal Fylkeskommune

# Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal

Høyringsdokument



Oppdragsnr.: 5140157/610 Dokumentnr.: 1 Versjon: 1  
2016-09-01

**Oppdragsgjevar:** Møre og Romsdal Fylkeskommune  
**Oppdragsgjevares kontaktperson:** Ståle Solgard  
**Rådgjevar:** Norconsult AS, Valkendorfs gate 6, NO-5012 Bergen  
**Oppdragsleiar:** Dan Lysne  
**Fagansvarleg:** Dan Lysne  
**Andre nøkkelpersonar:** Harald Høgh

1	2016-09-01	Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal. Høyringsdokument	Harald Høgh og Dan Lysne		Dan Lysne
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

# Innhald

<b>1</b>	<b>Generelt</b>	<b>5</b>
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Målsetjingar	6
1.3	Organisering og gjennomføring	9
1.4	Framdrift	10
<b>2</b>	<b>Grunnlag</b>	<b>11</b>
2.1	Om vidaregåande opplæring	11
2.2	Skolar og regionar i Møre og Romsdal	12
2.3	Utdanningsprogram og programområder på skolane i Møre og Romsdal	15
2.3.1	Bygg- og anleggsteknikk	16
2.3.2	Design og handverk	17
2.3.3	Elektrofag	18
2.3.4	Helse- og oppvekstfag	19
2.3.5	Naturbruk	20
2.3.6	Restaurant- og matfag	21
2.3.7	Service og samferdsel	22
2.3.8	Teknikk og industriell produksjon	23
2.3.9	Studiespesialisering	24
2.3.10	Idrettsfag	25
2.3.11	Musikk, dans og drama	26
2.3.12	Kunst, design og arkitektur	27
2.3.13	Medium og kommunikasjon	28
2.3.14	Påbygging til generell studiekompetanse	29
2.3.15	Andre utdanningstilbod og utdanningsløp	30
2.4	Folketalsutvikling og utvikling i talet på 16-18 åringar	35
2.4.1	Folketalsutvikling (historisk)	35
2.4.2	Forventa utvikling i folketalet i åra framover	36
2.4.3	Utvikling i talet på 16-18 åringar	37
2.5	Søking og elevpendling	41
2.5.1	Søking i og mellom ulike regionar	41
2.5.2	Søking til skolar frå ulike kommunar og vurdering av forventa søkartal ved skolane i åra framover	43
2.6	Behovet for elevplassar i regionane fram mot 2030 og 2040	46
2.7	Skoleskyss, kollektivtrafikk og reisetider	50
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>51</b>

	<b>Nordre Sunnmøre</b>	51
	<b>Romsdal</b> 54	
	<b>Nordmøre</b> 56	
2.8	Hybelbuarar	57
2.9	Næringsliv, sysselsetting og læreplassar	59
<b>3</b>	<b>Tilbudsstruktur for framtida</b>	<b>63</b>
3.1	Dimensjonering av utdanningsprogram på fylkesnivå	64
3.2	Tilbudsstruktur - Søre Sunnmøre	65
3.2.1	Dimensjonering og fordeling av utdanningsprogram mellom skolane i regionen	66
3.2.2	Vurdering av tilbudsstruktur, sortert på utdanningsprogram	67
3.3	Tilbudsstruktur - Nordre Sunnmøre	72
3.3.1	Dimensjonering og fordeling av utdanningsprogram mellom skolane i regionen	72
3.3.2	Vurdering av tilbudsstruktur, sortert på utdanningsprogram	73
3.4	Tilbudsstruktur – Romsdal	82
3.4.1	Dimensjonering av utdanningstilbod	82
3.4.2	Vurdering av tilbudsstruktur, sortert på utdanningsprogram	83
3.5	Tilbudsstruktur – Nordmøre	91
3.5.1	Dimensjonering og fordeling av utdanningsprogram mellom skolane i regionen	92
3.5.2	Vurdering av tilbudsstruktur, sortert på utdanningsprogram	93

# 1 Generelt

## 1.1 Bakgrunn

Arbeidet med å utgreie skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal har gått føre seg over fleire år.

I samband med behandling av Økonomiplanen sak T-73/13 vart m.a. følgjande verbalforslag vedteke;

«h) Fylkestinget ynskjer eit godt og bærekraftig skuletilbod og ber om at dei naudsynte debattane knytt til tilbuds- og skulestrukturen blir framlagt politisk handsaming i god tid før behandling av skulebruksplana.»

I sak T-69/14 «Utviklingsplanar for dei vidaregåande skolane i Eiksundregionen» vart m.a. følgjande vedtak gjort:

«1. Fylkestinget vedtek å vidareføre dagens skolestruktur i Eiksundregionen med føreslegne endringar i tilbudsstrukturen. Endringane skal gjennomførast når det er gjort nødvendige bygningsmessige endringar, eller om ein får ei utvikling i søkartalet som gjer at ein kan samle utdanningsprogramma utan tiltak. Endringane gjeld følgjande utdanningsprogram:

- a. Service og samferdsel samla ved Ulstein vgs
- b. Bygg og anleggsteknikk samla ved Ørsta vgs
- c. Restaurant og matfag samla ved Herøy vgs»

Etter vedtaket i Eiksundregionen (= Søre Sunnmøre i denne utgreiinga) vart det utarbeida ein prosjektplan for vidare utgreiing av skole- og tilbudsstrukturen i dei andre regionane i fylket; Ålesundsregionen (=Nordre Sunnmøre i denne utgreiinga), Molderegionen (=Romsdal i denne utgreiinga) og Kristiansundsregionen (Nordmøre i denne utgreiinga).

I sak U-19/15 «Prosjektplan – Skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal» vart følgjande vedtak gjort:

«Fylkesutvalet godkjenner den vedlagte prosjektplanen, med unntak av målsetting 14, siste to setningar, som grunnlag for gjennomgang av skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.

Det skal utarbeidast utviklingsplanar for dei 5 skulane som manglar slike, i 2015. Dette er i tråd med budsjettvedtaket i fylkestinget»

Etter fylkestingsvalet, hausten 2015, vart det gjeve tydelege signal frå den nye fleirtalskoalisjonen, at det ikkje var aktuelt å gjere endringar i skolestrukturen, føresett at det er normal søking.

Saker som omhandlar framlegg om nedlegging eller samanslåing av skolar medfører krevjande prosessar med høgt støynivå.

På bakgrunn av dei politiske signala om at endringar i strukturen ikkje hadde politisk fleirtal for å bli vedtekne, var det fylkesrådmannen si vurdering at ein ikkje ville belaste lokalmiljøa med å utgreie alternativ til dagens skolestruktur. Fylkesrådmannen la etter dette følgjande føringar for det vidare arbeidet med struktursaka:



- Det skal ikkje utgreiast andre alternativ enn dagens skolestruktur. I praksis vil det bety at ein i det vidare arbeidet konsentrerer seg om å vurdere kva utdanningsprogram og programområde skolane i kvar region skal tilby.
- Det skal vere ei samla høyring i september/oktober 2016 før den politiske handsaminga tek til.
- Delrapportane for dei ulike regionane skal handsamast i fylkestinget desember 2016.

Utdanningsutvalet gjorde i møte 4. februar 2016 i sak UD-1/16 «Skole- og tilbudsstruktur - endring i innhald og gjennomføring av prosjektet» følgjande samrøystes vedtak:

«Utdanningsutvalet samtykkjer i at fylkesutdannings sjefen fullfører prosjektet med dei endringane som er lagt fram i saka.»

Etter dette vedtaket har ein vald å samkjøre prosessane i dei 3 siste regionane og framstille forslag til ny tilbudsstruktur i eit samla dokument der og dimensjoneringa av den vedtekne tilbudsstrukturen på Søre Sunnmøre er teke opp til vurdering.

## 1.2 Målsetjingar

Skole- og tilbudsstrukturen skal vurderast på grunnlag av målsetjingane som er lista opp nedanfor og vedtekne av utdanningsutvalet i sak UD 6-14. Nokre av kommentarane til dei ulike målsetjingane nedanfor er redigert og justert i høve til tidlegare dokument.

(Målsetjingar som gjeld skolestruktur vert ikkje lagt til grunn for vurderingane då skolestrukturen ikkje skal endrast, men er tatt med her for å ikkje lage rot i nummereringa som er brukt i fleire saker)

### Overordna målsetjingar

1. Skolestrukturen skal for kvar region i fylket vere føreseieleg over tid for elevane, tilsette, næringsliv, offentlig sektor og organisasjonar elles.

Dei vidaregåande skolane er viktige samfunnsaktørar både når det gjeld næringsliv, kulturliv, idrett og organisasjonsliv elles. Ein robust skolestruktur vil leggje eit grunnlag for å byggje fagmiljø slik at pedagogisk og fagleg planleggings- og utviklingsarbeid kan ha kontinuitet.

2. Tilbudsstrukturen ved den einskilde skole skal vere føreseieleg over tid for elevane, tilsette, lokalt næringsliv, offentlig sektor og lokale organisasjonar elles.

For både fylkeskommunal og kommunal planlegging er det viktig at ein har ein føreseieleg tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring lokalt. For rekruttering av lokal og regional arbeidskraft er det viktig å ha ein vidaregåande skole med relevante tilbud for både elevar, tilsette og arbeidslivet regionalt og lokalt.

Ein robust tilbudsstruktur vil og leggje grunnlag for å byggje fagmiljø som har kontinuitet, noko som er viktig i skolen sitt langsiktige kvalitetsarbeid.

3. Det skal vere fritt skoleval.

I samband med prosjektet Omstilling 2000 – Strukturgjennomgangen - fatta utdanningsutvalet slikt vedtak i sak Ud-32/2000 A;

«21. Frå skoleåret 2001/02 kan søkjarar til vidaregåande opplæring i fylket søkje den skolen dei ønskjer. Vedtaket i sak Sk-128/94 A er med dette oppheva.»

Vedtaket vart stadfesta av fylkesutvalet i sak U-93/00 A og av fylkestinget i sak T-26/00.

Erfaringane med fritt skoleval er at elevane i stor grad søker næraste skole når skolen har eit tilbud som dei primært ønsker. På grunn av den regionale skole- og tilbudsstrukturen har det alltid vore «lekkasjar» mellom inntaksområda, spesielt søkinga inn til dei tre byane.

Fritt skoleval har ikkje ført til store endringar i søkjarane sitt skoleønskje, det er andre faktorar som t.d. kommunikasjonar og skystid som har gjort at det er større elevutvekslingar mellom inntaksområda.

13.06.2016 vart §13.3 i Opplæringslova endra med følgjande tillegg: «Fylkeskommunar som har ledig kapasitet, har plikt til å gi tilbod til søkjarar frå andre fylke. Heimfylket skal refundere utgiftene til vertsfylket for dei som får skoleplass i eit anna fylke enn der dei bur. Departementet gir forskrift om slik refusjon.» Endringa vart innført i august 2016, men lovendringa vil først få effekt ved opptak til skoleåret 2017/2018. Endringa kan få betydning for skolar med spesielle tilbod eller som ligg nær fylkesgrensene.

4. Flest mogleg av Vg1-elevane skal ha moglegheit til å bu heime.

Dersom dei fleste elevane skal ha moglegheit for å bu heime må den vidaregåande skolen lokalt ha tilbod som er attraktive å søkje for både gutar og jenter. Dette har ein og lagt vekt på i den tilbudsstrukturen som allereie er bygt opp med kombinerte skolar i distrikta og at desse skolane har sentrale utdanningsprogram som t.d. Studiespesialisering, Helse- og oppvekstfag og Teknikk og industriell produksjon.

Ein god infrastruktur når det gjeld skoleskyss vil og vere med å leggje tilhøva til rette for at elevane kan bu heime sjølv om dei ikkje vel næraste skole.

5. 90% av rettssøkjarane skal få sitt primærønske om val av Vg1-utdanningsprogram oppfylt.

Dette er ei målsetting som har vært innarbeidd i Økonomiplanen og som står som ei målsetting for inntaket. Målsettinga har konsekvensar for den regionale tilbudsstrukturen, noko som vil bety at dei fire regionane kvar for seg må gi tilbod om flest mogleg utdanningsprogram.

I den strukturen ein har er det berre «grønt» Naturbruk som er sentralisert til ein skole – Gjermundnes vgs.

I dei siste åra har oppfylting av primærønsket variert mellom 86 - 89%.

6. 90% av elevane på Vg2-yrkesfag som søker lærekontrakt primært skal få sitt ønske oppfylt.

Status er at om lag 85% av Vg2-elevane som primært søkte lærekontrakt har fått ønsket sitt oppfylt, men det er berre om lag 56% av Vg2-elevane i relevante yrkesfag som søker lærekontrakt primært. Difor er utfordringa at ein må ha fleire lære plassar samtidig som at ein må motivere yrkesfagelevane til å velje lære plass framfor skoleplass (t.d. påbygging) eller andre tiltak.

## Dimensjonering

7. Samla skolekapasitet skal dimensjonerast ut frå forventa elevtalsutvikling i regionen og ta omsyn til utveksling av elevar mellom regionane.

I ei kapasitetsvurdering må ein både ha eit langsiktig og mellomlangt perspektiv.

8. Kapasiteten ved kvar skole skal dimensjonerast ut frå forventa elevtalsutvikling i inntaksområdet og forventa utveksling av elevar mellom inntaksområda i regionen.

9. Dimensjonering av yrkesfagtilboda skal i hovudsak samsvare med næringslivet og offentleg sektor sine behov for faglært arbeidskraft i fylket, i regionen og lokalt.

Søkjarbiletet til Vg1 er no at 49% av ungdomane søker studiespesialiserande utdanningsprogram medan 51% søker primært dei yrkesfagelege utdanningsprogramma. For nokre år tilbake var fordelinga om lag 45/55.

10. For at fylket og regionane skal ha tilgang til arbeidskraft med høgare utdanning er det ønskeleg å auke talet på elevar på som tek studiekompetanse spesielt med fordjuping i realfag.

11. Fagtilboda bør i all hovudsak fordelast slik at naboskolar og skolar i same region ikkje blir store konkurrentar.

Dersom skysordninga ikkje er eit vesentleg moment er det uheldig at naboskolar gir same utdanningstilbod. Det svekker elevgrunnet å oppretthalde like tilbod og fører til at ein ikkje har ein føreseieleg og robust struktur, noko som gir utfordringar med omsyn til rekruttering og kan gi ustabilitet i ulike fagmiljø på skolane.

12. Fagtilboda og fagmiljøa bør styrkast kvalitativt og kvantitativt ved at dei blir konsentrert til færre skolar enn den strukturen ein har i dag.

Det betyr at ein må vurdere ei samordning av utdanningstilbod i kvar region slik at ein kan oppretthalde ein robust skole- og tilbudsstruktur.

13. Elevane som startar opplæringa i eit utdanningsprogram på Vg1 skal i hovudsak ha eit påbyggjande Vg2/Vg3-tilbod på same skole innanfor dei studiespesialiserande utdanningsprogramma (heilskaplege utdanningsløp).

Normalt må ein ha fleire parallelle klassar i studiespesialisering for at skolen skal ha nok ressursar til å gje eit breitt tilbod av programfag som elevane kan velje mellom. For mange distriktsskolar har ein knapt søking til to parallelar, difor er det innført ein ressurstilodelingsmodell til skolar med 1 - 1,5 klassar innanfor studiespesialisering på kvart trinn. Ressursmodellen skal bidra til at elevane som vel studiespesialisering på ein distriktsskole og skal få kunne velje mellom fleire programfag. For å nå målsettinga må denne ressursmodellen vidareførast, men og reviderast, jf. og punkt 16.

### Opplæringsordning

14. Det skal leggjast til rette for alternative opplæringsløp/opplæring i bedrift.

Med hovudmodellen for yrkesfagopplæring – 2 år i skole og 2 år i bedrift er ein sikra ein god gjennomføringsmodell. Men den fungerer ikkje godt nok for alle med potensiale til å bli fagarbeidarar. Difor har ein fleire alternativ til å gjennomføre ei praktisk retta opplæring med opplegg som praksisbrev og opplæringskontrakt, og ein fleksibel modell som vekslar mellom fag i skole og praktisk retta opplæring. For å betre gjennomføringa og for å motivere ungdom til å gjennomføre opplæring vil ein bruke alle desse tre moglegheitene.

15. Det kan leggjast til rette for bruk av IKT-løysingar og fjernundervisning som alternativ for å kunne tilby fleire programfagtilbod.

I framandspråk på nivå III har ein etablert eit fjernundervisningstilbod innanfor fransk, spansk og tysk. Dersom skolane sjølv ikkje har grunnlag for å etablere grupper i spesielle programfag vil det vere eit alternativ å tilby val av programfag gjennom fjernundervisningstilbod.

### Fag- og læringsmiljø

16. Gode fagmiljø må sikrast gjennom å rekruttere, behalde og vidareutvikle lærarkompetansen.

Ein viser til punkta 11 og 12.

17. Gode fagmiljø/læringsmiljø må sikrast gjennom samarbeid med lokalsamfunn og næringsliv/bedrifter.

Ein viser til punkta 2 og 9.

### Skoleskyss og reisetid

18. Elever bør ikke ha mer enn 1 time reisetid fra bustaden til skolen.

Ein viser til pkt. 4.

19. Det skal leggast til rette for gode løysingar for skoleskyssen.

Ein viser til pkt. 3 og 4.

### Økonomi

20. Skole- og tilbudsstrukturen skal gi ein effektiv driftsøkonomi, m.a. ved samling av fagtilbod, betre oppfylling av klassane og betre utnytting av kapasitet på verkstader.

Ein viser spesielt til punkta 11 og 12.

21. Skoleareala skal vere driftseffektive for at driftskostnadene skal vere forsvarlege.

22. Skoleanlegga skal ha god funksjonalitet og god kopling mellom pedagogikk og utforming/arkitektur. Skoleanlegg bør vere generelle og fleksible.

Punkta 21 og 22 vert vurdert i samband med utarbeiding av utviklingsplanar for skolane.

## 1.3 Organisering og gjennomføring

Organisering av arbeidet var skissert slik i revidert prosjektplan etter vedtak i fylkesutvalet 23.02.2015:

### Overordna Prosjektgruppe:

Prosjektgruppa skal ha det overordna ansvaret for dei ulike delprosjekta og utarbeide den endelege rapporten. Dei skal ta stilling til kva alternative strukturar som skal vurderast.

- Fylkesutdanningssjef: Erik Brekken
- Prosjektleder: Ståle Solgard
- Leder av økonomistab: Melvin Tornes
- HVO – Møre og Romsdal fylkeskommune: Stein Ove Lianes
- Utdanningsforbundet – Møre og Romsdal: Ole Bjørn Helberg

### Arbeidsgruppe:

Arbeidsgruppa skal, på vegne av prosjektgruppa, gjennomføre det praktiske arbeidet med å utarbeide rapporten, og fortløpande legge fram saker til vurdering i referansegruppene. Arbeidsgruppa bør vere breitt samansett med kompetanse frå dei ulike fagområda som skal utgreiast og vurderast. Samansetninga vil kunne variere noko etter kva fase av arbeidet ein er inne i.

### Avdelingar/seksjonar:

- Prosjektleder: Utviklingsplanar, skolebygg
- Økonomistab: Økonomi, skolebruksplan
- Inntak: Elevstatistikk, vurdering av tilbudsstruktur
- Fagopplæring: Næringsliv, lærekontraktar mm
- Plan og analyse: Befolkningsutvikling, elevtalsprognoser
- Samferdsel: Skoleskyss, reisetider
- ByVe: Tilstandsvurderingar mm

### Prosjektgruppe – delprosjekt (kvar region):

Prosjektgruppa for kvart delprosjekt skal vere ein aktiv bidragsytarar i høve til å drøfte og kvalitetssikre alternativ for skole- og tilbudsstruktur i den aktuelle regionen. Høyringar og rapport skal leggast fram for prosjektgruppa før dei blir presentert i referansegruppene på skolane.

Prosjektgruppa er sett saman av prosjektleder og rektorane ved skolane i regionen.

### Referansegruppe:

Det skal vere ei referansegruppe ved kvar av skolane i regionen. Dei skal få presentert og uttalt seg om grunnlagsmateriale, høyringar, rapportar og andre ting som er vesentlege for saka.

- Tillitsvalde
- Verneombod
- Elevrepresentantar
- Driftsansvarleg
- Representantar frå alle studieprogram

Organiseringa over vart lagt til grunn for arbeidet i dei to regionane Romsdal og Nordmøre, der arbeidet vart sett i gang først.

På Nordre Sunnmøre er det for kort tid sidan vedteke ny tilbudsstruktur for byskolane og planlagt utbyggingar på dette grunnlaget. Det same gjeld Haram vgs. Prosessen her har difor ikkje vore like omfattande som i dei andre regionane. På Nordre Sunnmøre har det ikkje vore formaliserte referansegrupper på skolane, men alle skolane har levert sine innspel til strukturen gjennom arbeidet i prosjektgruppa for delprosjektet.

I utgangspunktet skulle det gjennomførast 2 høyringar før den politiske handsaminga. Dette har ein redusert til ei felles høyringsrunde sidan det berre var tilbudsstrukturen som skulle vurderast og ikkje skolestrukturen. Det vert og gjennomført møter i referansegruppene i samband med høyringsrunden.

Det har vore gjennomført 4 møter i prosjektgruppene for delprosjekta i Romsdal og Nordmøre, og 3 møter i prosjektgruppa for delprosjekt Nordre Sunnmøre.

Det har vore 8 møter i styringsgruppa/overordna prosjektgruppe og 7 møter i arbeidsgruppa.

Som ei naturleg vidareføring av jobben med å programmere skolane i Ålesund har Norconsult vore leigd inn dei siste månadene for å lede og gjennomføre utgreiingane for Nordre Sunnmøre; m.a. lede møtene i prosjektgruppa for delprosjekt Nordre Sunnmøre og skrive rapporten for denne regionen.

Norconsult har og vore leigd inn for å sjå på dimensjoneringa og tilbudsstrukturen i dei andre regionane, basert på innspel frå arbeidsgruppa, prosjektgrupper for alle delprosjekta og innspel frå alle skolane (fleire innspel frå mange av skolane), samt redigert og samanstilt samlerrapporten.

Skoleplanleggjarane Harald Høgh og Dan Lysne har gjort arbeidet i Norconsult.

## 1.4 Framdrift

Skole- og tilbudsstruktur for Søre Sunnmøre og utviklingsplanar for alle skolane i denne regionen er vedteke av Fylkestinget i desember 2014.

Opprinneleg prosjektplan la opp til å vurdere skole- og tilbudsstrukturen for dei 3 resterande regionane gjennom delprosessar med sjølvstendige rapportar for kvar region og suksessive politiske saker i Fylkestinget i april 2016 (Nordmøre), juni 2016 (Romsdal) og oktober 2016 (Nordre Sunnmøre). Utviklingsplanar for skolar som ikkje har dette, skulle og utarbeidast etter ein oppsett tidplan.

Arbeidet i Nordmøre vart difor sett i gang først og Romsdal like etterpå, begge i 2015. Arbeidet med Nordre Sunnmøre starta først i 2016 og det meste av arbeidet med denne regionen har vore gjort i juni og august 2016.

Samla høyringsutkast for tilbudsstrukturen i alle regionar vil etter planen sendast ut i månadsskiftet august/september 2016.

Sak om framtidig tilbudsstruktur er venta framlagt for Fylkestinget i møte 12. desember 2016.

## 2 Grunnlag

### 2.1 Om vidaregåande opplæring

Alle har rett til vidaregåande opplæring, men det er ikkje obligatorisk. Elevane kan velje mellom studieførebuande og yrkesfag. Det er rundt rekna like mange elevar som startar på yrkesfag som på studieførebuande. Elevane på studieførebuande går tre år i skole. Elevar på yrkesfag går normalt to år i skole og vert deretter lærlingar i ein bedrift i to år.

Det er og mogleg med alternative ordningar, spesielt for yrkesfaga, men og ulike kombinerte tilbod som gjev både yrkes- og studiekompetanse. Dei spesielle tilboda som finst i Møre og Romsdal er omtalt i kap. 2.3.15.

Elevar på yrkesfag kan oppnå generell studiekompetanse ved å fullføre og bestå Vg3 påbygging til generell studiekompetanse etter at eleven har

- fullført og bestått Vg1 og Vg2 frå eit yrkesfaglig utdanningsprogram eller
- oppnådd yrkeskompetanse (med eller utan fag- eller sveinebrev)

Dei elevane som søker vidaregåande skole rekrutterast i all hovudsak direkte frå ungdomsskolen til Vg1. Av alle søkjarane til dei vidaregåande skolane utgjer dei med ungdomsrett om lag 90%, det er relativt få vaksne søkjarar som tek i mot tilbod om plass.

Dimensjonering av elevplassar på dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal omfattar elevar med ungdomsrett. Andre søkjarar kan eventuelt få plass om det finst ledige plassar. (I følgje den sentrale inntaksforskrifta i Møre og Romsdal)

Møre og Romsdal har tradisjonelt hatt ein større del elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram enn landet sett under eitt, spesielt på utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon.

Fordeling av elevar på ulike utdanningsprogram i skoleåret 2015/16 - i landet, fylket og ulike regionar i fylket er vist nedanfor. (for definisjon av regioninndeling: sjå kap. 2.2)

Elevar i vidaregåande opplæring, %-vis fordelt på utdanningsprogram. Skoleåret 2015/16						
	Heile landet	Møre og Romsdal	Søre Sunnmøre	Nordre Sunnmøre	Romsdal	Nordmøre
<b>Alle utdanningsprogram</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>
<b>Studieførebuande</b>	<b>62,1</b>	<b>56,3</b>	<b>54,5</b>	<b>59,0</b>	<b>56,7</b>	<b>51,7</b>
Idrettsfag (ID)	6,2	6,0	8,6	4,9	6,3	5,8
Musikk, dans og drama (MD)	3,3	3,2	5,0	3,1	3,0	2,4
Påbygging til generell studiekompetanse (PÅ)	5,7	6,6	6,5	6,3	7,4	6,3
Studieførebuande Vg3 medium og kom.	1,0	1,0	0,3	0,8	1,4	1,3
Studieførebuande Vg3 naturbruk	0,2	0,1	0,0	0,0	0,3	0,0
Studiespesialisering (ST)	44,4	38,6	34,0	43,1	36,8	35,5
Studiespesialisering med formgjeving (STFO)	1,3	0,8	0,0	0,8	1,6	0,4
<b>Yrkesfaglig</b>	<b>37,9</b>	<b>43,7</b>	<b>45,5</b>	<b>41,0</b>	<b>43,3</b>	<b>48,3</b>
Bygg- og anleggsteknikk (BA)	4,1	3,8	3,3	3,8	3,4	4,4
Design og handverk (DH)	2,0	2,3	1,6	2,8	2,0	2,1
Elektrofag (EL)	5,5	6,8	6,8	6,0	6,0	9,6
Helse- og oppvekstfag (HO)	8,9	8,9	10,1	8,6	7,6	10,1
Medium og kommunikasjon (MK)	3,2	3,5	3,0	3,5	4,4	3,0
Naturbruk (NA)	1,9	1,7	1,5	1,0	4,5	0,0
Restaurant- og matfag (RM)	2,0	2,4	2,9	2,5	2,1	2,4
Service og samferdsel (SS)	3,9	3,8	3,2	4,1	3,3	4,1
Teknikk og industriell produksjon (TIP)	6,4	10,5	13,1	8,7	9,9	12,5



## Vedtekne og forventa endringar

Utdanningstilbodet i vidaregåande opplæring er endra frå hausten 2016 til å ha 13 ulike utdanningsprogram, 8 yrkesfaglege og 5 studieførebuande, i tillegg kjem påbyggingskurs som gjev generell studiekompetanse etter gjennomført yrkesutdanning på VG1 og VG2. Hovudendringa er at dagens yrkesretta utdanningsprogram Medium og kommunikasjon (MK) vert endra til eit studieførebuande utdanningsprogram, og at utdanningsprogrammet Studieførebuande med formgjevingsfag (STFO) endrar namn til Kunst, design og arkitektur (KDA).

Hausten 2016 er det venta at det vert lagt fram eit nasjonalt forslag om endring i fagopplæringa innafor utdanningsprogrammet Service- og Samferdsel. Utdanningsprogrammet kan bli delt opp i fleire utdanningsretningar, og t.d. kan kanskje IKT bli oppretta som eit eige utdanningsprogram. Nokre av dagens fag kan bli omgjort til studieførebuande utdanningstilbod, t.d. reiselivsfaget. Dagens utdanningsprogram for Service- og samferdsel består av fleire fag som ikkje har ein direkte relevans til kvarandre. Ei eventuell endring er venta å gje elevane tydelegare val allereie på VG1, og saman med nye VG2 tilbod gje utdanninga eit meir samanhengande innhald og gjere det tydelegare både for elevar og arbeidsgjevarar kva sluttkompetansen til elevane og læringane vil bli. Dette vil og kunne bidra til fleire læreplassar. Kva endringar som skjer med Service og Samferdsel vil bety noko for tilboda skal plasserast i framtida, t.d. bør kanskje kontor- og servicefaga plasserast i bysentrum med læreplassar i faga, mens transportfaget bør plasserast på skolar med verkstader og plass for truckopplæring.

## 2.2 Skolar og regionar i Møre og Romsdal

Kommunane og dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal er inndelt i 4 inntaksregionar; Søre Sunnmøre («Eiksundregionen»), Nordre Sunnmøre («Ålesundsregionen»), Romsdal («Molderegionen») og Nordmøre («Kristiansundsregionen»). Fritt skoleval inneber at elevane og kan søke på skolar i andre regionar enn den dei bur i, sjølv om tilbodet dei søker på vert gjeve på skular i bustadregionen.

I hovudsak følger grensene mellom regionane dei gamle fogderigrensene, men det er gjort endringar slik at kommunane er plassert i den regionen som skulane dei fleste elevane i kommunen søker seg til.

Kommunar som ikkje følger dei gamle fogderigrensene er:

- Eide kommune, som er plassert i Romsdal (ikkje i Nordmøre)
- Gjemnes kommune, som er plassert i Romsdal (ikkje i Nordmøre)
- Sandøy kommune, som er plassert i Nordre Sunnmøre (ikkje i Romsdal)

Tabellen på neste side viser alle kommunar og skolar elevtalet ved dei private og offentlege vidaregåande skolane i Møre og Romsdal fylke skoleåret 2015/2016.

INNTAKSREGION	KOMMUNAR	SKOLAR	ELEV TAL 2015/16
Søre Sunnmøre	Herøy	Herøy vgs	272
	Vanylven	Herøy vgs avd. Vanylven	28
	Ulstein	Ulstein vgs	489
	Volda	Volda vgs	541
	Ørsta	Ørsta vgs	315
	Sande, Hareid	-	-
<b>Sum Søre Sunnmøre</b>	<b>7 kommunar</b>	<b>4 skolar</b>	<b>1 645</b>
Nordre Sunnmøre	Ålesund	Akademiet vgs (Privat)	345
		Borgund vgs	881
		Fagerlia vgs	757
		Spjelkavik vgs	483
		Ålesund vgs	765
	Haram	Haram vgs	291
	Sykkylven	Sykkylven vgs	284
	Stranda	Vestborg vgs (Privat) Stranda vgs	79 163
Ørskog, Norddal, Stordal, Skodje, Sula, Giske, Sandøy	-	-	
<b>Sum Nordre Sunnmøre</b>	<b>11 kommunar</b>	<b>9 skolar (inkl. 2 private)</b>	<b>4 048</b>
Romsdal	Molde	Akademiet vgs (Privat)	152
		Fannefjord vgs *)	80
		Molde vgs	751
		Romsdal vgs	707
		Tøndergård vgs **)	-
	Fræna	Fræna vgs	375
	Vestnes	Gjermundnes vgs	117
	Rauma	Rauma vgs	181
Nesset, Midsund, Aukra, Eide, Gjemnes	-	-	
<b>Sum Romsdal</b>	<b>9 kommunar</b>	<b>8 skolar (inkl 1 privat)</b>	<b>2 363</b>
Nordmøre	Kristiansund	Atlanten vgs	526
		Kristiansund vgs	791
	Sunndal	Sunndal vgs	292
	Sumnadal	Sumnadal vgs	299
	Tingvoll	Tingvoll vgs	103
	Averøy, Rindal, Halså, Smøla, Aure	-	-
<b>Sum Nordmøre</b>	<b>9 kommuner</b>	<b>5 skolar</b>	<b>2 011</b>
<b>Sum Møre og Romsdal</b>			<b>10 067</b>

\*) **Fannefjord vgs** er eit spesielt tilrettelagt fylkeskommunalt skoletilbod for elevar som grunna psykiske, sosiale og emosjonelle vanskar slit med å gå på ein vanleg vidaregåande skole. Skolen har plass til 60 elevar og er eit tilbod for elevar frå heile fylket.

\*\*) **Tøndergård skole og ressurscenter** er ein interkommunal grunnskole for Romsdalsregionen for elevar med behov for særskilt tilpassa opplæringstilbod. Fylkeskommunen har kjøpt tenester til vidaregåande opplæring ved Tøndergård fordi ein ikkje har hatt tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å kunne gi eit likeverdig godt nok tilbod til denne elevgruppa ved dei vidaregåande skolane. Gjeldande avtale omfattar 17 plassar ut skoleåret 2017/18.

Kartet på neste side viser skolar og kommunar i dei ulike inntaksregionane.



Figur. Kart over kommunar og skolar i ulike inntaksregionar



## 2.3 Utdanningsprogram og programområder på skolane i Møre og Romsdal

I tabellen under er elevtalet for 2015/16 ved dei ulike utdanningsprogramma synt for kvar region. Kjelde: Statistikkportalen på udir.no (offisielle elevtal på skolane pr. 1. oktober 2015).

Merknad til tabellen: Elevar som i 2015/16 gjekk på det yrkesførebuande studieprogrammet MK er ført under MK studieførebuande, og elevar ved STFO er ført under KDA.

REGION	YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE						Sum elevar
	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
Søre Sunnmøre	55	26	112	166	25	47	53	215	107	55	83	141	-	560	1 645
Nordre Sunnmøre	155	114	241	347	41	100	167	351	254	175	126	197	34	1 746	4 048
Romsdal	80	47	142	179	113	49	79	235	174	137	70	150	38	870	2 363
Nordmøre	89	42	193	204	-	49	83	252	127	86	48	116	8	714	2 011
<b>Sum</b>	379	229	688	896	179	245	382	1 053	662	453	327	604	80	3 890	10 067
	3,8 %	2,3 %	6,8 %	8,9 %	1,8 %	2,4 %	3,8 %	10,5 %	6,6 %	4,5 %	3,2 %	6,0 %	0,8 %	38,6 %	

Som oversikta syner er så nær som alle utdanningsprogram representert i alle regionane. Dei to unntaka er at naturbruk (NA) ikkje er å finna i Region Nordmøre og at Kunst, design og arkitektur (KDA) ikkje er gjeve som tilbud i Region Søre - Sunnmøre.

REGION	YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE						Sum elevar
	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
Søre Sunnmøre	3,3 %	1,6 %	6,8 %	10,1 %	1,5 %	2,9 %	3,2 %	13,1 %	6,5 %	3,3 %	5,0 %	8,6 %	0,0 %	34,0 %	100 %
Nordre Sunnmøre	3,8 %	2,8 %	6,0 %	8,6 %	1,0 %	2,5 %	4,1 %	8,7 %	6,3 %	4,3 %	3,1 %	4,9 %	0,8 %	43,1 %	100 %
Romsdal	3,4 %	2,0 %	6,0 %	7,6 %	4,8 %	2,1 %	3,3 %	9,9 %	7,4 %	5,8 %	3,0 %	6,3 %	1,6 %	36,8 %	100 %
Nordmøre	4,4 %	2,1 %	9,6 %	10,1 %	0,0 %	2,4 %	4,1 %	12,5 %	6,3 %	4,3 %	2,4 %	5,8 %	0,4 %	35,5 %	100 %
<b>Sum</b>	379	229	688	896	179	245	382	1 053	662	453	327	604	80	3 890	10 067
	3,8 %	2,3 %	6,8 %	8,9 %	1,8 %	2,4 %	3,8 %	10,5 %	6,6 %	4,5 %	3,2 %	6,0 %	0,8 %	38,6 %	

I tabellen over er den prosentvise fordelinga av elevane på kvart utdanningsprogram i kvar region og for fylket sett under eit vist. Reknar ein MK som eit yrkesførebuande studieprogram går om lag 45 % av elevane i fylket på yrkesfag og 55% på studieførebuande utdanningsprogram.

Fordelinga mellom yrkes- og studieførebuande program er noko ulik i dei forskjellige regionane. Den yrkesfaglege andelen er størst i region Nordmøre med nær 50% og lågast i Søre - Sunnmøre med om lag 42%.

REGION	YRKESFAG	STUDIEFØREBUANDE	
Søre Sunnmøre	45,8 %	54,2 %	100,0 %
Nordre Sunnmøre	41,8 %	58,2 %	100,0 %
Romsdal	44,9 %	55,1 %	100,0 %
Nordmøre	49,6 %	50,4 %	100,0 %
<b>Sum</b>	44,7 %	55,3 %	100,0 %

På dei neste sidene er kvart utdanningsprogram presentert meir detaljert kvar for seg, med tal elevar i skoleåret 2015/16 på dei ulike programområda på alle skolane. Kjelda for desse tala er dei same som over; Statistikkportalen på udir.no (offisielle elevtal på skolane pr. 1. oktober 2015).

### 2.3.1 Bygg- og anleggsteknikk

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	VG1 Bygg- og anleggsteknikk	VG2 Anleggsteknikk	VG2 Byggteknikk	VG2 Klima-, energi- og miljøteknikk	VG2 Overflateknikk	VG2 Treteknikk	Elevlar
Søre Sunnmøre	Herøy vgs	13		7				20
	Herøy vgs avd. Vanylven							-
	Ulstein vgs							-
	Volda vgs							-
	Ørsta vgs	24		11				35
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>37</b>	-	<b>18</b>	-	-	-	<b>55</b>
Nordre Sunnmøre	Borgund vgs	73	28	40	14			155
	Fagerlia vgs							-
	Haram vgs							-
	Spjelkavik vgs							-
	Stranda vgs							-
	Sykkylven vgs							-
	Ålesund vgs							-
	Akademiet vgs (Privat)							-
	Vestborg vgs (Privat)							-
	<b>Nordre Sunnmøre</b>	<b>73</b>	<b>28</b>	<b>40</b>	<b>14</b>	-	-	<b>155</b>
Romsdal	Fannefjord vgs			1				1
	Fræna vgs	13		10				23
	Gjermundnes vgs							-
	Molde vgs							-
	Rauma vgs							-
	Romsdal vgs	33		23				56
	Akademiet vgs (Privat)							-
	<b>Romsdal</b>	<b>46</b>	-	<b>34</b>	-	-	-	<b>80</b>
Nordmøre	Atlanten vgs							-
	Kristiansund vgs	30		13				43
	Sunndal vgs	14		12				26
	Surnadal vgs	14						14
	Tingvoll vgs			6				6
	<b>Nordmøre</b>	<b>58</b>	-	<b>31</b>	-	-	-	<b>89</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>214</b>	<b>28</b>	<b>123</b>	<b>14</b>	-	-	<b>379</b>

I skoleåret 2015/16 har Bygg- og anleggsteknikk relativt sett færre elevlar i Møre- og Romsdal enn i landet sett under ett, men alle dei 3 store VG2-tilboda vert det gjeve tilbud på i fylket. Tilboda er jamt fordelt i høve til talet på elevlar i dei ulike regionane.

VG1 Bygg- og anleggsteknikk og VG2 Byggteknikk vert gjeve som tilbod i alle regionane.

VG2 Anleggsteknikk vert gjeve som fylkestilbod i region Nordre - Sunnmøre.

VG2 Klima-, energi- og miljøteknikk vert gjeve i regionane Nordre – Sunnmøre og Nordmøre, men det var ikkje nok søkjarar til å opprette klasse på Nordmøre (Kristiansund vgs) i skoleåret 2015/16.

## 2.3.2 Design og handverk

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	VG1 Design og handverk	VG2 Blomsterdekoratør	VG2 Design og tekstil	VG2 Design og trearbeid	VG2 Frisør	VG2 Interiør og utstillingsdesign	VG3 Interiør	Elevar
Søre Sunnmøre	Herøy vgs								-
	Herøy vgs avd. Vanylven								-
	Ulstein vgs								-
	Volda vgs								-
	Ørsta vgs	14	12						26
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>14</b>	<b>12</b>	-	-	-	-	-	<b>26</b>
Nordre Sunnmøre	Borgund vgs	46		12		29	15	12	114
	Fagerlia vgs								-
	Haram vgs								-
	Spjelkavik vgs								-
	Stranda vgs								-
	Sykkylven vgs								-
	Ålesund vgs								-
	Akademiet vgs (Privat)								-
	Vestborg vgs (Privat)								-
	<b>Nordre Sunnmøre</b>	<b>46</b>	-	<b>12</b>	-	<b>29</b>	<b>15</b>	<b>12</b>	<b>114</b>
Romsdal	Fannefjord vgs								-
	Fræna vgs								-
	Gjermundnes vgs								-
	Molde vgs								-
	Rauma vgs								-
	Romsdal vgs	28				12	7		47
	Akademiet vgs (Privat)								-
	<b>Romsdal</b>	<b>28</b>	-	-	-	<b>12</b>	<b>7</b>	-	<b>47</b>
Nordmøre	Atlanten vgs								-
	Kristiansund vgs	27				10	5		42
	Sunnadal vgs								-
	Surnadal vgs								-
	Tingvoll vgs								-
	<b>Nordmøre</b>	<b>27</b>	-	-	-	<b>10</b>	<b>5</b>	-	<b>42</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>115</b>	<b>12</b>	<b>12</b>	-	<b>51</b>	<b>27</b>	<b>12</b>	<b>229</b>

Design og handverk er eit utdanningstilbod med relativt få elevar i landet sett under eitt. I skoleåret 2015/16 har Design- og handverk litt høgare andel elevar i Møre og Romsdal enn i resten av landet. Høgast andel elevar er det i region Nordre Sunnmøre. 4 av skolane i fylket har tilbod i Design og handverk. Fleire av dei mindre VG2-tilboda vert gjeve som fylkestilbod på ein av skulane i fylket.

VG1 Design og handverk vert gjeve som tilbod i alle regionane.

VG2 Frisør vert det ikkje gjeve tilbod om i region Søre - Sunnmøre.

VG2 Blomsterdekoratør vert gjeve som fylkestilbod i region Søre - Sunnmøre.

VG2 Design og tekstil vert gjeve som fylkestilbod i region Nordre - Sunnmøre.

VG3 Interiør vert gjeve som fylkestilbod i region Nordre - Sunnmøre.

### 2.3.3 Elektrofag

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	VG1 Elektrofag	VG2 Automatisering	VG2 Data og elektronikk	VG2 Elenergi	VG2 Kulde- og varmepumpeteknikk	VG3 Automatiseringsfaget	VG3 Dataelektronikkfaget	Elevlar
Søre Sunnmøre	Herøy vgs								-
	Herøy vgs avd. Vanylven								-
	Ulstein vgs	28			13				41
	Volda vgs								-
	Ørsta vgs	35	12		12		12		71
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>63</b>	<b>12</b>	<b>-</b>	<b>25</b>	<b>-</b>	<b>12</b>	<b>-</b>	<b>112</b>
Nordre Sunnmøre	Borgund vgs	75	12	15	30		13	8	153
	Fagerlia vgs								-
	Haram vgs	18			21*	6			45
	Spjelkavik vgs								-
	Stranda vgs								-
	Sykkylven vgs	23	12				8		43
	Ålesund vgs								-
	Akademiet vgs (Privat)								-
	Vestborg vgs (Privat)								-
	<b>Nordre Sunnmøre</b>	<b>116</b>	<b>24</b>	<b>15</b>	<b>51</b>	<b>6</b>	<b>21</b>	<b>8</b>	<b>241</b>
Romsdal	Fannefjord vgs								-
	Fræna vgs								-
	Gjermundnes vgs								-
	Molde vgs								-
	Rauma vgs	14	4		6				24
	Romsdal vgs	58	12	12	24		12		118
	Akademiet vgs (Privat)								-
	<b>Romsdal</b>	<b>72</b>	<b>16</b>	<b>12</b>	<b>30</b>	<b>-</b>	<b>12</b>	<b>-</b>	<b>142</b>
Nordmøre	Atlanten vgs								-
	Kristiansund vgs	59	15	13	15		15	11	128
	Sunndal vgs	14			13				27
	Surnadal vgs	14	14				5		33
	Tingvoll vgs				5				5
	<b>Nordmøre</b>	<b>87</b>	<b>29</b>	<b>13</b>	<b>33</b>	<b>-</b>	<b>20</b>	<b>11</b>	<b>193</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>338</b>	<b>81</b>	<b>40</b>	<b>139</b>	<b>6</b>	<b>65</b>	<b>19</b>	<b>688</b>

Elektrofag er eit stort utdanningstilbod i Møre- og Romsdal, med ein større andel elevlar enn i landet sett under eitt. I skoleåret 2015/16 er tilbodet størst på Nordmøre, med heile 9,6% av elevane i regionen. 10 av skolane i fylket har tilbod i Elektrofag.

VG1 Elektrofag, VG2 Automatisering, VG2 Elenergi og VG3 Automatiseringsfaget vert gjevne som tilbod i alle regionane.

VG2 Data og elektronikk vert det ikkje gjevne tilbod om i region Søre - Sunnmøre.

VG2 Kulde og varmepumpeteknikk vert gjevne som fylkestilbod i region Nordre - Sunnmøre

VG3 Dataelektronikkfaget vert det gjevne tilbod om i regionane Nordre - Sunnmøre og Nordmøre.

### 2.3.4 Helse- og oppvekstfag

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	VG1 Helse- og oppvekstfag	VG2 Ambulanséfag	VG2 Barne- og ungdomsarbeidarfag	VG2 Helsearbeidarfag	VG2 Helseservicefag	VG2 Hudpleie	VG3 Apotekteknikk	VG3 Helsesekretær	VG3 Tannhelsesekretær	VG3 Hudpleiar	Elevar
<b>Søre Sunnmøre</b>	Herøy vgs	44		15	16							75
	Herøy vgs avd. Vanylven	12										12
	Ulstein vgs											-
	Volda vgs											-
	Ørsta vgs	47		19	13							79
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>103</b>	<b>-</b>	<b>34</b>	<b>29</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>166</b>
<b>Nordre Sunnmøre</b>	Borgund vgs	79			30	24	15	8	12		12	180
	Fagerlia vgs	45	16	25	13							99
	Haram vgs	19		6	8							33
	Spjelkavik vgs											-
	Stranda vgs	5										5
	Sykkylven vgs	16		8	6							30
	Ålesund vgs											-
	Akademiet vgs (Privat)											-
	Vestborg vgs (Privat)											-
	<b>Nordre Sunnmøre</b>	<b>164</b>	<b>16</b>	<b>39</b>	<b>57</b>	<b>24</b>	<b>15</b>	<b>8</b>	<b>12</b>	<b>-</b>	<b>12</b>	<b>347</b>
<b>Romsdal</b>	Fannefjord vgs	21										21
	Fræna vgs	37		11	14							62
	Gjermundnes vgs											-
	Molde vgs											-
	Rauma vgs	12		5	6							23
	Romsdal vgs	45		14	14							73
	<b>Romsdal</b>	<b>115</b>	<b>-</b>	<b>30</b>	<b>34</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>179</b>
<b>Nordmøre</b>	Atlanten vgs											-
	Kristiansund vgs	69		27	15							111
	Sunndal vgs	17		6	11							34
	Surnadal vgs	31		10	8							49
	Tingvoll vgs	10										10
	<b>Nordmøre</b>	<b>127</b>	<b>-</b>	<b>43</b>	<b>34</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>204</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>509</b>	<b>16</b>	<b>146</b>	<b>154</b>	<b>24</b>	<b>15</b>	<b>8</b>	<b>12</b>	<b>-</b>	<b>12</b>	<b>896</b>

Helse- og oppvekstfag er et utdanningstilbud som er i stor vekst i heile landet. HO er no det nest største yrkesfaglege utdanningstilbudet i Møre- og Romsdal. Storleiken på tilbudet er på nivå med landet sett under eitt (8,9%), men Nordre Sunnmøre og Romsdal ligg litt etter dei andre regionane og kunne gjerne hatt fleire elevar. Heile 16 av skolane i fylket har tilbud i Helse- og oppvekstfag, og dette er saman med ST og TIP tilbud som det er naturleg å ha på alle dei mindre skolane i fylket for å dekke den lokale etterspurnaden etter arbeidskraft.

Følgjande tilbud vert gjeve i alle regionane:

VG1 Helse- og oppvekstfag og VG2 tilboda Barne- og ungdomsarbeidarfag og Helsearbeidarfag.

Tilbud om følgjande programområde vert gjeve som fylkestilbud i region Nordre - Sunnmøre:

VG2 tilboda Ambulanséfag, Helseservicefag og Hudpleie, samt VG3 tilboda Apotekteknikk, Helsesekretær og Hudpleiar

VG3 Tannhelsesekretær er det einaste tilbudet som ikkje vert gjeve i fylket.

### 2.3.5 Naturbruk

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	VG1 Naturbruk	VG2 Akvakultur	VG2 Anleggsgartner- og idrettsanleggslag	VG2 Fiske og fangst	VG2 Hest og hovslagerlag	VG2 Landbruk og gartner næring	VG3 Naturbruk (studieførebuande)	VG3 Landbruk	Elevar
Søre Sunnmøre	Herøy vgs	13			12					25
	Herøy vgs avd. Vanylven									-
	Ulstein vgs									-
	Volda vgs									-
	Ørsta vgs									-
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>13</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>12</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>25</b>
Nordre Sunnmøre	Borgund vgs									-
	Fagerlia vgs									-
	Haram vgs									-
	Spjelkavik vgs									-
	Stranda vgs									-
	Sykkylven vgs									-
	Ålesund vgs	20	7		14					41
	Akademiet vgs (Privat)									-
Vestborg vgs (Privat)									-	
	<b>Nordre Sunnmøre</b>	<b>20</b>	<b>7</b>	<b>-</b>	<b>14</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>41</b>
Romsdal	Fannefjord vgs									-
	Fræna vgs	19	7		9					35
	Gjermundnes vgs	37		4		12	9	7	9	78
	Molde vgs									-
	Rauma vgs									-
	Romsdal vgs									-
	Akademiet vgs (Privat)									-
	<b>Romsdal</b>	<b>56</b>	<b>7</b>	<b>4</b>	<b>9</b>	<b>12</b>	<b>9</b>	<b>7</b>	<b>9</b>	<b>113</b>
Nordmøre	Atlanten vgs									-
	Kristiansund vgs									-
	Sunnadal vgs									-
	Surnadal vgs									-
	Tingvoll vgs									-
	<b>Nordmøre</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>89</b>	<b>14</b>	<b>4</b>	<b>35</b>	<b>12</b>	<b>9</b>	<b>7</b>	<b>9</b>	<b>179</b>

Naturbruk er det minste utdanningstilbodet innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram, både i Møre og Romsdal og i landet sett under eitt. I skoleåret 2015/16 har Naturbruk litt lågare andel elevar i Møre og Romsdal enn i resten av landet. Høgast andel elevar er det i Romsdal der det fylkesdekkjande tilbodet innafør grønt naturbruk ligg. 4 av skolane i fylket har tilbod i Naturbruk.

Tilbod om utdanningsprogram Naturbruk vert gjeve i dei tre regionane Søre - Sunnmøre, Nordre - Sunnmøre og Romsdal;

- Tilbod om VG1 Naturbruk og VG2 Fiske og fangst vert gjeve i alle tre regionar.
- Tilbod om VG2 Akvakultur vert gjeve i Romsdal og Nordre – Sunnmøre

Dei 5 programområda på grønt naturbruk vert gjeve som fylkestilbod på Gjermundnes vgs i Romsdal.



### 2.3.6 Restaurant- og matfag

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	VG1 Restaurant- og matfag	VG2 Kokk- og servitørfag	VG2 Matfag	Elevar
<b>Søre Sunnmøre</b>	Herøy vgs	15	10		<b>25</b>
	Herøy vgs avd. Vanylven				-
	Ulstein vgs				-
	Volda vgs				-
	Ørsta vgs	16	6		<b>22</b>
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>31</b>	<b>16</b>	<b>-</b>	<b>47</b>
<b>Nordre Sunnmøre</b>	Borgund vgs	43	27	14	<b>84</b>
	Fagerlia vgs				-
	Haram vgs				-
	Spjelkavik vgs				-
	Stranda vgs	9	3	4	<b>16</b>
	Sykkylven vgs				-
	Ålesund vgs				-
	Akademiet vgs (Privat)				-
	Vestborg vgs (Privat)				-
		<b>Nordre Sunnmøre</b>	<b>52</b>	<b>30</b>	<b>18</b>
<b>Romsdal</b>	Fannefjord vgs				-
	Fræna vgs	14	11		<b>25</b>
	Gjermundnes vgs				-
	Molde vgs				-
	Rauma vgs	12	12		<b>24</b>
	Romsdal vgs				-
	Akademiet vgs (Privat)				-
	<b>Romsdal</b>	<b>26</b>	<b>23</b>	<b>-</b>	<b>49</b>
<b>Nordmøre</b>	Atlanten vgs				-
	Kristiansund vgs	33	16		<b>49</b>
	Sunnadal vgs				-
	Surnadal vgs				-
	Tingvoll vgs				-
	<b>Nordmøre</b>	<b>33</b>	<b>16</b>	<b>-</b>	<b>49</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>142</b>	<b>85</b>	<b>18</b>	<b>245</b>

Restaurant og matfag er eit utdanningstilbod som slit med søkartala fleire stader i landet. I skoleåret 2015/16 er andelen elevar litt høgare i Møre og Romsdal enn i landet sett under eitt (2,4% mot 2,0%). Det er RM tilbod ved heile 7 av skolane i fylket. Med så få elevar bør talet på skolar med RM reduserast for å kunne ha eit fagmiljø på skolane.

VG1 Restaurant- og matfag og VG2 Kokk- og servitørfag vert gjeve som tilbod i alle regionane.

Tilbod om VG2 Matfag vert gjeve på 2 skolar i region Nordre - Sunnmøre.



### 2.3.7 Service og samferdsel

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	VG1 Service og samferdsel	VG2 IKT-servicefag	VG2 Reiseliv	VG2 Sal, service og tryggleik	VG2 Transport og logistikk	Elevar
Søre Sunnmøre	Herøy vgs						-
	Herøy vgs avd. Vanylven						-
	Ulstein vgs	11	15		10		36
	Volda vgs	9			8		17
	Ørsta vgs						-
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>20</b>	<b>15</b>	<b>-</b>	<b>18</b>	<b>-</b>	<b>53</b>
Nordre Sunnmøre	Borgund vgs						-
	Fagerlia vgs						-
	Haram vgs						-
	Spjelkavik vgs						-
	Stranda vgs						-
	Sykkylven vgs						-
	Ålesund vgs	42*	23	9	14	30	118
	Akademiet vgs (Privat)	19	19		11		49
Vestborg vgs (Privat)						-	
	<b>Nordre Sunnmøre</b>	<b>61</b>	<b>42</b>	<b>9</b>	<b>25</b>	<b>30</b>	<b>167</b>
Romsdal	Fannefjord vgs			1			1
	Fræna vgs						-
	Gjermundnes vgs						-
	Molde vgs						-
	Rauma vgs						-
	Romsdal vgs	30	11	11	26		78
Akademiet vgs (Privat)						-	
	<b>Romsdal</b>	<b>30</b>	<b>11</b>	<b>12</b>	<b>26</b>	<b>-</b>	<b>79</b>
Nordmøre	Atlanten vgs						-
	Kristiansund vgs	46	14		7	16	83
	Sunnal vgs						-
	Surnadal vgs						-
	Tingvoll vgs						-
	<b>Nordmøre</b>	<b>46</b>	<b>14</b>	<b>-</b>	<b>7</b>	<b>16</b>	<b>83</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>157</b>	<b>82</b>	<b>21</b>	<b>76</b>	<b>46</b>	<b>382</b>

Service og samferdsel er et utdanningstilbod som truleg vil endra seg mykje i løpet av få år, jfr. omtale i kap. 2.1. I skoleåret 2015/16 har SS om lag like stor andel elevar i Møre- og Romsdal som i landet sett under eitt. (3,8-3,9%). Det er 6 av skolane i fylket som har tilbod i Service og Samferdsel, men dersom innhaldet i tilbodet vert mykje endra vil det vere naturleg å sjå på fordelinga av tilbodet på skolane på nytt.

VG1 Service og samferdsel, VG2 IKT-servicefag og VG2 Sal, service og tryggleik vert i dag gjeve som tilbod i alle regionane.

VG2 Reiseliv vert gjeve som tilbod i region Romsdal og region Nordre - Sunnmøre.

VG2 Transport og logistikk vert gjeve som tilbod i region Nordmøre og region Nordre - Sunnmøre.

### 2.3.8 Teknikk og industriell produksjon

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	VG1 Teknikk og industriell produksjon	VG2 Arbeidsmaskiner	VG2 Bilskade, lakk og karosseri	VG2 Brønnteknikk	VG2 Industriteknologi	VG2 Kjemiprosess	VG2 Kjøretøy	VG2 Maritime fag	VG3 Anleggsmaskinmekanikarfaget	Elevar
<b>Søre Sunnmøre</b>	Herøy vgs	48				23			28		<b>99</b>
	Herøy vgs avd. Vanylven	13									<b>13</b>
	Ulstein vgs	9				12					<b>21</b>
	Volda vgs										-
	Ørsta vgs	36	12			21		13			<b>82</b>
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>106</b>	<b>12</b>	-	-	<b>56</b>	-	<b>13</b>	<b>28</b>	-	<b>215</b>
<b>Nordre Sunnmøre</b>	Borgund vgs	74		9		28		30			<b>141</b>
	Fagerlia vgs										-
	Haram vgs	34*				29*					<b>63</b>
	Spjelkavik vgs										-
	Stranda vgs	5									<b>5</b>
	Sykkylven vgs	25				13					<b>38</b>
	Ålesund vgs	42							62		<b>104</b>
	Akademiet vgs (Privat)										-
Vestborg vgs (Privat)										-	
	<b>Nordre Sunnmøre</b>	<b>180</b>	-	<b>9</b>	-	<b>70</b>	-	<b>30</b>	<b>62</b>	-	<b>351</b>
<b>Romsdal</b>	Fannefjord vgs										-
	Fræna vgs	38	11				12			8	<b>69</b>
	Gjermundnes vgs	13				12					<b>25</b>
	Molde vgs										-
	Rauma vgs	13						5			<b>18</b>
	Romsdal vgs	60				41		22			<b>123</b>
Akademiet vgs (Privat)										-	
	<b>Romsdal</b>	<b>124</b>	<b>11</b>	-	-	<b>53</b>	<b>12</b>	<b>27</b>	-	<b>8</b>	<b>235</b>
<b>Nordmøre</b>	Atlanten vgs										-
	Kristiansund vgs	70			14	31	17	12	30		<b>174</b>
	Sunnadal vgs	27				11					<b>38</b>
	Surnadal vgs	28				12					<b>40</b>
	Tingvoll vgs										-
	<b>Nordmøre</b>	<b>125</b>	-	-	<b>14</b>	<b>54</b>	<b>17</b>	<b>12</b>	<b>30</b>	-	<b>252</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>535</b>	<b>23</b>	<b>9</b>	<b>14</b>	<b>233</b>	<b>29</b>	<b>82</b>	<b>120</b>	<b>8</b>	<b>1 053</b>

Teknikk og industriell produksjon er eit viktig, men og det største utdanningstilbodet på yrkesfag i Møre og Romsdal. Andelen elevar på TIP i Møre og Romsdal er heile 10,5%, medan snittet for landet sett under eitt er 6,4%. Relativt sett er tilbodet størst på Søre Sunnmøre og Nordmøre, men og dei to andre regionane har mykje høgare andel elevar på TIP enn snittet for landet. Heile 16 av skolane i fylket har TIP-tilbod, og dette er saman med ST og HO tilbod som det og er naturleg å ha på mange av dei mindre skolane i fylket for å dekke den lokale etterspurnaden etter arbeidskraft.

Følgjande utdanningstilbod vert gjeve i alle regionane: VG1 Teknikk og industriell produksjon og VG2 tilboda Industriteknologi og Kjøretøy.

VG 2 Arbeidsmaskinar vert gjeve som tilbod i region Søre - Sunnmøre og region Romsdal.

VG2 Kjemiprosess vert gjeve som tilbod i region Nordmøre og region Romsdal.

VG2 Maritime fag vert ikkje gjeve som tilbod i region Romsdal.

VG2 Bilskade, lakk og karosseri vert gjeve som fylkestilbod i region Nordre - Sunnmøre.

VG2 Brønnteknikk vert gjeve som fylkestilbod i region Nordmøre.

VG3 Anleggsmaskinmekanikarfaget vert gjeve som fylkestilbod i region Romsdal.

### 2.3.9 Studiespesialisering

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	ST			Elevtal
		VG1	VG2	VG3	
<b>Søre Sunnmøre</b>	Herøy vgs				-
	Herøy vgs avd. Vanylven	3			3
	Ulstein vgs	84	92	73	249
	Volda vgs	104	87	117	308
	Ørsta vgs				-
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>191</b>	<b>179</b>	<b>190</b>	<b>560</b>
<b>Nordre Sunnmøre</b>	Borgund vgs				-
	Fagerlia vgs	143	137	148*	428
	Haram vgs	47	58	31	136
	Spjelkavik vgs	167	160	156	483
	Stranda vgs	32	29	24	85
	Sykkylven vgs	47	47	51	145
	Ålesund vgs	70	77	81	228
	Akademiet vgs (Privat)	79	60	31	170
	Vestborg vgs (Privat)	25	29	17	71
		<b>610</b>	<b>597</b>	<b>539</b>	<b>1 746</b>
<b>Romsdal</b>	Fannefjord vgs	25		1	26
	Fræna vgs	49	42	43	134
	Gjermundnes vgs				-
	Molde vgs	169	170	203*	542
	Rauma vgs	30	19	27	76
	Romsdal vgs				-
	Akademiet vgs (Privat)	29	41	22	92
	<b>Romsdal</b>	<b>302</b>	<b>272</b>	<b>296</b>	<b>870</b>
<b>Nordmøre</b>	Atlanten vgs	133	126	139	398
	Kristiansund vgs				-
	Sunndal vgs	59	32	49	140
	Surnadal vgs	53	39	47	139
	Tingvoll vgs	11	12	14	37
	<b>Nordmøre</b>	<b>256</b>	<b>209</b>	<b>249</b>	<b>714</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>1 359</b>	<b>1 257</b>	<b>1 274</b>	<b>3 890</b>

Studiespesialisering er det største utdanningsprogrammet i heile landet. Tilbodet er sjølvstort i Møre og Romsdal og, men andelen elevar på ST i Møre og Romsdal er mykje lågare enn i landet sett under eitt. (38,6% mot 44,4%).

Alle regionane og heile 20 av skolane i fylket har ST-tilbod, og ST er saman med TIP og HO tilbod som det er naturleg å ha på dei mindre skolane i fylket for i det heile å kunne oppretthalde skoletilboda. Dei 7 skolane som ikkje har ST-tilbod er skolar med store yrkesfaglege tilbod – og fleire av desse har andre skolar med store ST-tilbod i nærleiken.

### 2.3.10 Idrettsfag

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	ID			Elevtal
		VG1	VG2	VG3	
Søre Sunnmøre	Herøy vgs				-
	Herøy vgs avd. Vanylven				-
	Ulstein vgs	54	41	46	141
	Volda vgs				-
	Ørsta vgs				-
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>54</b>	<b>41</b>	<b>46</b>	<b>141</b>
Nordre Sunnmøre	Borgund vgs				-
	Fagerlia vgs				-
	Haram vgs				-
	Spjelkavik vgs				-
	Stranda vgs	22	13	16	51
	Sykkylven vgs				-
	Ålesund vgs	50	47	49	146
	Akademiet vgs (Privat)				-
	Vestborg vgs (Privat)				-
		<b>72</b>	<b>60</b>	<b>65</b>	<b>197</b>
Romsdal	Fannefjord vgs				-
	Fræna vgs				-
	Gjermundnes vgs				-
	Molde vgs				-
	Rauma vgs				-
	Romsdal vgs	53	50	47	150
	Akademiet vgs (Privat)				-
	<b>Romsdal</b>	<b>53</b>	<b>50</b>	<b>47</b>	<b>150</b>
Nordmøre	Atlanten vgs	27	28	24	79
	Kristiansund vgs				-
	Sunnadal vgs				-
	Surnadal vgs				-
	Tingvoll vgs	11	17	9	37
	<b>Nordmøre</b>	<b>38</b>	<b>45</b>	<b>33</b>	<b>116</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>217</b>	<b>196</b>	<b>191</b>	<b>604</b>

Idrettsfag er det klart største av dei studieførebuande utdanningsprogramma om ein ser bort i frå ST, både i Møre og Romsdal og i landet sett under eitt. Rundt rekna 6% av elevane går på dette tilbodet. I Møre og Romsdal er det i skoleåret 2015/16 høgare andel på Søre Sunnmøre (8,6%) og lågare andel på Nordre Sunnmøre (4,9%). Det er planlagt å auke tilbodet i Ålesund (ved Spjelkavik vgs), og det vil då kanskje vere naturleg å redusere tilbodet litt på Søre Sunnmøre (Ulstein vgs) slik at ikkje den samla andelen av idrettsfagelevar vert for høg.

Alle regionane og 6 av skolane i fylket har tilbod om Idrettsfag

### 2.3.11 Musikk, dans og drama

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	MD Dans			MD Drama			MD Musikk			Elevtal
		VG1	VG2	VG3	VG1	VG2	VG3	VG1	VG2	VG3	
<b>Søre Sunnmøre</b>	Herøy vgs										-
	Herøy vgs avd. Vanylven										-
	Ulstein vgs										-
	Volda vgs							28	29	26	<b>83</b>
	Ørsta vgs										-
	<b>Søre Sunnmøre</b>	-	-	-	-	-	-	28	29	26	<b>83</b>
<b>Nordre Sunnmøre</b>	Borgund vgs										-
	Fagerlia vgs		6	10		12	7	56	14	21	<b>126</b>
	Haram vgs										-
	Spjelkavik vgs										-
	Stranda vgs										-
	Sykkylven vgs										-
	Ålesund vgs										-
	Akademiet vgs (Privat)										-
	Vestborg vgs (Privat)										-
		-	6	10	-	12	7	56	14	21	<b>126</b>
<b>Romsdal</b>	Fannefjord vgs										-
	Fræna vgs										-
	Gjermundnes vgs										-
	Molde vgs							26	24	20	<b>70</b>
	Rauma vgs										-
	Romsdal vgs										-
	Akademiet vgs (Privat)										-
	<b>Romsdal</b>	-	-	-	-	-	-	26	24	20	<b>70</b>
<b>Nordmøre</b>	Atlanten vgs		4					23	11	10	<b>48</b>
	Kristiansund vgs										-
	Sunnadal vgs										-
	Surnadal vgs										-
	Tingvoll vgs										-
		<b>Nordmøre</b>	-	4	-	-	-	-	23	11	10
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	-	10	10	-	12	7	133	78	77	<b>327</b>

I overkant av 3 % av elevane i Møre og Romsdal og i landet sett under eitt går på det studieførebuande utdanningsprogrammet Musikk, dans og drama. I Møre og Romsdal er det i skoleåret 2015/16 høgare andel på Søre Sunnmøre (5,0%) og lågare andel på Nordmøre (2,4%).

Musikk, dans og drama har felles VG1 tilbod, for så å bli delt i dei tre programområda Musikk, Dans og Drama på VG2 og VG3. Alle regionane har tilbod om VG1 i MDD og musikk VG2 og VG3, men det er berre region Nordre – Sunnmøre som har tilbod om VG2 og VG3 i Dans og Drama.

Tilbodet på Musikk har mykje ein til ein undervisning og er relativt dyrt. Tilbodet bør difor kanskje ikkje aukast.

Det er ein skole i kvar region som har tilbodet i dag. Den nye skolen på sørsida i Ålesund er planlagt med 2 parallelle klassar på VG1, VG2 og VG3 og erstattar då tilbodet som i dag er på Fagerlia vgs.

### 2.3.12 Kunst, design og arkitektur

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	KDA (STFO)			Elevtal
		VG1	VG2	VG3	
Søre Sunnmøre	Herøy vgs				-
	Herøy vgs avd. Vanylven				-
	Ulstein vgs				-
	Volda vgs				-
	Ørsta vgs				-
	<b>Søre Sunnmøre</b>	-	-	-	-
Nordre Sunnmøre	Borgund vgs				-
	Fagerlia vgs	12	11	11	34
	Haram vgs				-
	Spjelkavik vgs				-
	Stranda vgs				-
	Sykkylven vgs				-
	Ålesund vgs				-
	Akademiet vgs (Privat)				-
	Vestborg vgs (Privat)				-
			12	11	11
Romsdal	Fannefjord vgs				-
	Fræna vgs				-
	Gjermundnes vgs				-
	Molde vgs	14	11	13	38
	Rauma vgs				-
	Romsdal vgs				-
	Akademiet vgs (Privat)				-
	<b>Romsdal</b>	14	11	13	38
Nordmøre	Atlanten vgs				-
	Kristiansund vgs		5	3	8
	Sunndal vgs				-
	Surnadal vgs				-
	Tingvoll vgs				-
	<b>Nordmøre</b>	-	5	3	8
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	26	27	27	80

KDA er eit nytt studieførebuande utdanningsprogram som frå skoleåret 2016/17 erstattar Studiespesialisering med formgjevingsfag (ST-FO). Tala i tabellen over syner kor mange elevar det var på ST-FO i skoleåret 2015/16.

ST-FO har vore eit lite utdanningsprogram med rett i overkant av 1% av elevane i landet og berre 0,8% av elevane i Møre og Romsdal i skoleåret 2015/16, der tilbodet berre finst på ein skole i kvar av dei 3 nordligaste regionane.

Den nye skolen på sørsida i Ålesund er planlagd med ein full klasse på VG1, VG2 og VG3, og erstattar då tilbodet som i dag er på Fagerlia vgs, men det vert spanande å sjå om tilbodet vert populært nok til å overleve i lengda. Basert på søkinga til det nye utdanningsprogrammet til skoleåret 2016/17 har ein andre stader i landet allereie drøfta moglegheita av å erstatte utdanningsprogrammet med å tilby nokre av programfaga til elevar i ordinære ST-klassar, men først bør ein vel gje tilbodet ein sjanse.

Møre og Romsdal er eit såpass stort fylke at det bør la seg gjere å kunne ha tilbodet, i alle høve som eit fylkesdekkjande utdanningsprogram.

### 2.3.13 Medium og kommunikasjon

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	MK			Elevtal
		VG1	VG2	VG3	
Søre Sunnmøre	Herøy vgs				-
	Herøy vgs avd. Vanylven				-
	Ulstein vgs				-
	Volda vgs	26	24	5	55
	Ørsta vgs				-
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>26</b>	<b>24</b>	<b>5</b>	<b>55</b>
Nordre Sunnmøre	Borgund vgs				-
	Fagerlia vgs				-
	Haram vgs				-
	Spjelkavik vgs				-
	Stranda vgs				-
	Sykkylven vgs				-
	Ålesund vgs	31	28	20	79
	Akademiet vgs (Privat)	52	31	13	96
	Vestborg vgs (Privat)				-
			<b>83</b>	<b>59</b>	<b>33</b>
Romsdal	Fannefjord vgs				-
	Fræna vgs				-
	Gjermundnes vgs				-
	Molde vgs	44	29	28	101
	Rauma vgs				-
	Romsdal vgs				-
	Akademiet vgs (Privat)	19	13	4	36
	<b>Romsdal</b>	<b>63</b>	<b>42</b>	<b>32</b>	<b>137</b>
Nordmøre	Atlanten vgs				-
	Kristiansund vgs	29	23	26	78
	Sunndal vgs				-
	Surnadal vgs				-
	Tingvoll vgs		8		8
	<b>Nordmøre</b>	<b>29</b>	<b>31</b>	<b>26</b>	<b>86</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>201</b>	<b>156</b>	<b>96</b>	<b>453</b>

Det yrkesfaglege utdanningsprogrammet Medium- og kommunikasjon vert gjeve som tilbod i alle regionar i skoleåret 2015/16. Frå skoleåret 2016/17 vert Medium- og kommunikasjon omgjort til eit studieførebuande utdanningsprogram. Tala i tabellen over syner kor mange elevar det var på MK i skoleåret 2015/16.

MK har dei siste åra hatt 4-4,5% av elevane både i landet sett under eitt og i Møre og Romsdal. I Møre og Romsdal har det vore ein gjennomgåande relativt stor andel av elevane som har slutta på MK både etter VG1 og VG2. At mange elevar har slutta etter VG2 er for så vidt naturleg sidan VG3 har vore eit studieførebuande år, men «avskaling» etter VG1 ved fleire av skolane tyder kanskje på at tilboda ikkje har vore interessante nok eller gode nok? (om det er slik i resten av landet er ikkje sjekka ut).

I dag er det 7 skolar i fylket som har tilbodet, men av desse er det 2 private skolar og ein liten distriktsskole. Den private skolen i Molde slit med å få opp elevtalet. Konkurransen med den private skolen i Ålesund vil og kunne bli tilspissa når den nye skolen på sørsida i Ålesund står ferdig. I byggjeprogrammet for skolen er det her planlagd for to parallelle klassar MK på VG1, VG2 og VG3.

### 2.3.14 Påbygging til generell studiekompetanse

SKOLEÅRET 2015/16	SKOLE	PÅBYGG (PÅ)		Elevtal
		VG 3 påbygg generell studiekompetanse	VG3 påbygg generell studiekompetanse etter yrkeskomp.	
Søre Sunnmøre	Herøy vgs	27	1	28
	Herøy vgs avd. Vanylven			-
	Ulstein vgs		1	1
	Volda vgs	68	10	78
	Ørsta vgs			-
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>95</b>	<b>12</b>	<b>107</b>
Nordre Sunnmøre	Borgund vgs	28	26	54
	Fagerlia vgs	50	20	70
	Haram vgs	12	2	14
	Spjelkavik vgs			-
	Stranda vgs		1	1
	Sykkylven vgs	26	2	28
	Ålesund vgs	49		49
	Akademiet vgs (Privat)	30		30
	Vestborg vgs (Privat)	8		8
		<b>203</b>	<b>51</b>	<b>254</b>
Romsdal	Fannefjord vgs	3	28	31
	Fræna vgs	18	9	27
	Gjermundnes vgs	14		14
	Molde vgs			-
	Rauma vgs	8	8	16
	Romsdal vgs	61	1	62
	Akademiet vgs (Privat)	24		24
	<b>Romsdal</b>	<b>128</b>	<b>46</b>	<b>174</b>
Nordmøre	Atlanten vgs		1	1
	Kristiansund vgs	59	16	75
	Sunnadal vgs	24	3	27
	Surnadal vgs	13	11	24
	Tingvoll vgs			-
	<b>Nordmøre</b>	<b>96</b>	<b>31</b>	<b>127</b>
	<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>522</b>	<b>140</b>	<b>662</b>

Møre og Romsdal har i skoleåret 2015/16 ein litt høgare andel elevar som tek påbygg til generell studiekompetanse enn landet sett under eitt (6,6% mot 5,7%).

Det vert gjeve tilbod om påbygging til generell studiekompetanse i alle regionar, både påbygg til generell studiekompetanse og påbygg til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.

Det var 20 skolar som hadde tilbod om påbygg i skoleåret 2015/16, men nokre av skolane hadde få elevar.

Det er ulike meiningar om tilbod om påbygg bør gjevast på skolar som har store ST-miljø eller om det bør gjevast på skolar med yrkesfag, slik at elevane slepp å byte skole. Møre og Romsdal har ikkje ei klar linje på dette; På Søre Sunnmøre er det den store studieførebuande skolen i Volda som har tilbod om påbygg, medan yrkesfagskolen i Ørsta ikkje har påbygg. I Molde er det den store yrkesfaglege skolen Romsdal vgs som har påbyggtilbodet, medan den store studieførebuande skolen Molde vgs ikkje har tilbodet.



### 2.3.15 Andre utdanningstilbod og utdanningsløp

#### Yrkes- og studiekompetanse (YSK)

YSK er eit nytt felles omgrep for Tekniske og Allmenne fag (TAF) og Sal og service og Allmenne fag (SAF).

Yrkes- og studiekompetanse (YSK) er eit opplæringsløp som gir eleven/lærlingen både yrkes- og studiekompetanse. Opplæringsløpet er på 4 år. YSK er eit tilbod for elevar med plan om høgare utdanning ved starten av opplæringsløpet, men som også ønskjer ei yrkesfagleg utdanning i botn. Elevene får fagbrev/sveinebrev og generell studiekompetanse, eventuelt med fordjuping i realfag i tillegg (spesiell studiekompetanse). Tilbodet møter eit behov for arbeidstakarar med både praktisk og teoretisk kompetanse. Primærskolar som ikkje kjem inn på YSK-tilbod har ofte studieførebuande utdanningsprogram som sekundærønske.

YSK er ikkje en del av den ordinære tilbudsstrukturen som er regulert i rundskriv Udir-01-2015 om fag- og timefordeling. YSK inngår i ordninga om fleksibilitet i fag- og timefordeling. Ordninga om fleksibilitet i vidaregåande opplæring trådte i kraft 01.08.2015 og er heimla i forskrift til opplæringsloven § 1-3 tredje ledd. I ordningar det krav til at skoleeigar skal fastsette den fleksible fag- og timefordelinga i form av ei lokal forskrift. Lokal forskrift skal beskrive opplæringa, både i forhold til fagsamansetning, tal på eksamenar o.l. som skal sikre at vitnemålskrava blir oppfylt.

YSK krev tilgang til tilstrekkelige og eigna læreplassar, noko som kan vere utfordrande. Ungdommen vil ha dobbel status, det vil seie både som elev og lærling, i inntil fire år, noko som og kan være utfordrande når det gjeld støtte frå Lånekassen.

Elevar som startar på eit YSK-tilbod når dei er 16 år, vil oppleve at det er arbeidsoppgåver i bedrift dei ikkje kan utføre på grunn av alderen. I fag der skift- og turnusarbeid er vanlig, kan dette og vere ei utfordring før eventuell teikning av lærekontrakt.

Eit tilbod som i utstrakt grad kombinerer opplæring i skole og bedrift, stiller store krav til organisering og oppfølging. Dette gjeld og krav til dokumentasjon td. der elevar sluttar eller bytter programområde.

I Møre og Romsdal fylkeskommune er eit karakterkrav for å bli tatt inn på dei dei tekniske YSK-tilboda. (Karakteren 4 eller betre i både naturfag og matematikk frå grunnskolen.) Elevane som blir tekne inn på Service og samferdsel med yrkes og studiekompetanse, 4-årig (YSK), har ikkje spesielle inntakskrav.

YSK er eit godt, men og relativt dyrt utdanningstilbod, som stettar eit behov, og som både skolane og næringslivet gjerne vil behalde. På skolane som har YSK-tilbodet er det viktig at tilbodet ikkje går ut over dei ordinære tilboda, til dømes ved at ordinære klassar ikkje vert fylt opp eller at elevar på ordinære tilbod ikkje får tilgang på læreplassar.

Desse YSK- tilboda er lagt inn i skolebruksplanen 2016/2017:

Teknikk og Industriell produksjon med Yrkes og studiekompetanse, 4. årig (YSK):  
Kristiansund vgs, Romsdal vgs og Fræna vgs (tilbod annakvart år), Haram vgs og Ulstein vgs.

Bygg og anleggsteknikk med yrkes- og studiekompetanse, 4. årig (YSK):  
Romsdal vgs og Fræna vgs (tilbod annakvart år).

Elenergi med yrkes- og studiekompetanse, 4. årig (YSK): Haram vgs.

Service og samferdsel med yrkes og studiekompetanse, 4-årig (YSK): Kristiansund vgs, Ålesund vgs

YSK-tilbodet i Møre og Romsdal vart handsama i sak i Utdanningsutvalet 12.05.2016 med følgjande samrøystes vedtak:

- 1. Møre og Romsdal fylkeskommune har YSK-tilbod i Bygg- og anleggsteknikk, Elektrofag og Industriell produksjon.*
- 2. Fylkesrådmannen kjem attende til plassering av tilboda i saka om « Struktur i vidaregåande opplæring».*
- 3. For å starte opp tilboda må det minst vere 10 søkjarar med bekrefte intensjonsavtaler om læreplass. Intensjonsavtalane må vere på plass før 1. mai.*
- 4. Om YSK-tilboda vert delt på fleire utdanningsprogram må skolen kunne kombinere dette med dei «ordinære» tilboda ved skolen.*
- 5. Utdanningsdirektoratet har signalisert store endringar i utdanningsprogrammet Service og samferdsel. Rådmannen kjem attende til YSK-tilbodet i dette utdanningsprogrammet når endringane er vedtekne.*

## Vekslingsmodell

Møre og Romsdal fylkeskommune er med i eit nasjonalt prosjekt med vekslingsmodell i **helsearbeidarfaget**. Oppstart var hausten 2014 med ein klasse på 13 elevar ved Kristiansund vidaregåande skole. Prosjektet varer i 4 år.

Elevane vekslar mellom opplæring i skole og opplæring i bedrift alle fire åra. Første året er elevane i praksis ein dag i veka, deretter aukar det med ein dag kvart av åra slik at siste året er det 4 dagar i praksis og ein dag på skole. Elevane teiknar lærekontrakt etter første året.

Fordel med ei slik ordning er at elevane er sikra læreplass frå første dag og kan gå opp til fagprøve etter dei fire åra. Ulempe kan vere at dei må ta eit val veldig tidleg, då dei startar rett frå ungdomsskolen.

## Småskalatilbod

Dersom måla om at 90 prosent av søkarar med ungdomsrett skal få tilbod om sitt 1. valde utdanningsprogram og at dei fleste som startar på Vg1 kan ha moglegheit til å bu heime, må ein i eit fylke som Møre og Romsdal ha eit desentralisert utdanningstilbod. Dette fører mellom anna til at distriktsskolane tilbyr småskalatilbod for å oppretthalde tilbod til avgangselevar frå grunnskolen. Ønsket om småskalatilbod er ofte sett fram av næringslivet i små kommunar for å kunne rekruttere fagarbeidarar til kommunen.

Jf. sak Ud-05/14 er hovudgrunnlaget for småskalatilbod at det er godt samarbeid mellom skolen og lokalt/regionalt arbeidsliv. Intensjonsavtalar med aktuelle bedrifter skal vere inngått som eit grunnlag for inntak. Skolen må i tillegg ha ein klasse yrkesfag på same nivå, for å samkøyre fellesfaga. Felles programfag og faget prosjekt til fordjuping vert gjennomført i samarbeid med næringslivet. Samarbeid med næringslivet er svært positivt for elevane som på eit tidleg tidspunkt kan få vise seg fram for bedrifter med tanke på ein seinare læreplass. Det er også viktig for bedriftene som kan vere med på å lære opp arbeidarar som seinare ønskjer å busetje seg og arbeide i kommunen.

Småskalatilbod på utdanningsprogram med små fagmiljø eller små klassar på tilsvarande program på nærliggande skolar, kan føre til utarming av fagmiljø som heller burde vore samla for å sikre god opplæring til alle. Småskalatilbod som utarmar fagmiljø på naboskolar bør ikkje brukast som avgjerande argument for å oppretthalde små skolar i distrikta.

## Studiespesialisering Toppidrett

Fagerlia vgs har saman med samarbeidspartnarar i idretten utvikla eit 4-årig utdanningsløp der vidaregåande skole og satsing mot toppidrett kan kombinerast. Tilbodet vert og gjeve på Molde vgs. Elevane som tas inn på VG1 er sikra plass i alle 4 åra. Fotball er den desidert største idretten, men det er eit ønske både frå skolen og idretten at fleire elevar frå andre idrettar og skal søke tilbodet. Føresetnaden er at dei kan dokumentere eit forsvarleg og seriøst treningsopplegg med nasjonal, regional eller lokal trenar.

Idrettsklassen har dei same faga som andre elevar på studiespesialisierende utdanning. Forskjellen ligg i at elevar i idrettsklassen tar utdanninga over fire år med eit gjennomsnittleg veketimetall på 22,5 timar. Den frigjorte tida er meint brukt til trening i regi av idrettslaga.

Inntaket legg i all hovudsak vekt på elevens idrettslige nivå og prioriteringar frå særkretsar vert tillagt stor vekt.

Statistikk frå Utdanningsdirektoratet viser (viss elevregistreringa er rett) at det berre er Møre og Romsdal som har dette tilbodet i skoleåret 2015/16. Toppidrettstilbodet på andre skolar i landet er 3-årig, men med utvida timetal kvart av åra.

## Innføringsklassar

Den seinare tida har det kome mange flyktningar til Norge. Skolane har store utfordringar i høve til denne elevgruppa og det er viktig å få tak i utfordringane så tidleg som mogleg.

Utdanningsavdelinga har som praksis at det ikkje vert sett i gong innføringskskolar/ - klassar i regi av fylkeskommunen. Fylkeskommunane har ansvar for vidaregåande opplæring med tilbod om særskilt språkopplæring etter kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine ferdigheiter i norsk. Tilbodet i innføringskskolar/ - klassar, som er opplæring i grunnskolefag og norsk som ei førebuing til vidaregåande opplæring, er eit ansvar som kviler på kommunane.

Dersom skolar saman med ein eller fleire kommunar, greier å opprette ei innføringsklasse, ser Utdanningsavdelinga på det som positivt. Føresetnaden er at skolen og kommunen/kommunane er ansvarleg både for det økonomiske og det organisatoriske.

Med bakgrunn i dette har det ikkje vore vurdert å sett opp eigne klassar til minoritetsspråklege i denne utgreiinga. Minoritetsspråklege elevar som har rett til vidaregåande opplæring inngår i dei ordinære klassane.

## Elevar med særskilt tilpassa opplæringstilbod

Fylkeskommunen har dei siste åra sett ein auke i omfanget av elevar som har behov for eit særskilt tilpassa tilbod ved dei vidaregåande skolane.

Tilpassa opplæring er eit kjent omgrep i skolen i dag: *"Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten"*, heiter det i § 1-3 i Opplæringslova.

I St.meld. nr. 30 (2003-2004) Kultur for læring på side 85 står det: *«Likeverdig, inkluderende og tilpasset opplæring er overordnede prinsipper i skolen. Det betyr at opplæringa må vere tilgjengelig for alle, og at alle skal få gode muligheter for læring, mestring og utvikling. Elever og lærlingar er ulike, og derfor har de ulike behov og forutsetningar. Et likt tilbud for alle gir ikke et likeverdig tilbud. For å gi et likeverdig tilbud, må skolen gi en variert og differensiert opplæring.»*

Dette betyr at alle elevar har rett til tilpassa opplæring, men for nokre elevar må det til ei særskilt tilpassing for å få til ei likeverdig, inkluderande og tilpassa opplæring. Dette gjeld både tiltak innafør

spesialundervisning og arealmessige tilpassingar. Elevane med dei største hjelpebehova, dei som har spesialundervisning i alle fag, vil vere dei som krev mest når det gjeld spesielt utforma areal.

I arbeid med dimensjonering av areal til tilpassa opplæring i Romsdalsregionen, vart ei nedsett arbeidsgruppe samd om å forsøke å dele inn elevane i ulike kategoriar når dei skulle prøve å definere elevgruppa og kartlegge dei reelle behova. Mange av elevane har komplekse utfordringar og kategoriane kan ikkje oppfattast som klart definerte. Elevar kan høyre heime i fleire av kategoriane og til og med gå ut og inn av ulike kategoriar gjennom eit skoleår.

Dei ulike kategoriane og litt om korleis fylkeskommunen tenkjer at elevane skal få sitt skoletilbod, basert på utgreiinga i Romsdal, er oppsummert nedanfor.

#### Kategoriar:

Kategori 1: Psykisk utviklingshemma, med og utan funksjonshemmingar og/eller store generelle lærevanskar. Stor grad av hjelpebehov og spesialundervisning i alle fag.

Kategori 2: Lettare psykisk utviklingshemma, med og utan mindre grad av funksjonshemmingar. Elevar med sosiale vanskar og/eller generelle lærevanskar.

Kategori 3: Fysiske funksjonshemmingar.

Kategori 4: Psykiske vanskar med store skjermingsbehov.

Kategori 5: Psykiske vanskar med behov for eit tilrettelagt skoleløp.

Kategori 6: Elevar med store motivasjonsvanskar som vi har vanskar med å halde i skolen.

Å plassere elevar i ein kategori er utfordrande då dei ofte vil passe meir eller mindre i to kategoriar og/eller vil vandre imellom i enkelte høve.

#### Skoletilbod:

Kategori 1 og kategori 2: Det er i hovudsak behova til elevar i desse to kategoriane som vil krevje bygningsmessige tilpassingar. Tilrettelagte tilbod for elevar i desse kategoriane skal, slik fylkeskommunen ønskjer å praktisere det, tilretteleggjast for i eigne TPO-basar på skolane. Elevane søker og høyrer i utgangspunktet til på eit av utdanningsprogramma ved skolen.

I dag kjøper fylkeskommunen 17 elevplassar til elevar i desse kategoriane på Tøndergård skole og ressurscenter.

Kategori 3: Behova til elevar i denne kategorien skal dekkast av generelle krav til universell utforming på skolane. Ved nokre høve vil det vere behov for å måtte gjere bygningsmessige tilpassingar til enkeltelevar også i denne kategorien.

Kategori 4: Når det gjeld elevar i kategori 4, så vil mange av desse elevane få plass på Fannefjord vgs om dei ikkje bur for langt unna.

Kategori 5 og 6: Dei fleste elevar i kategori 5 og 6 må få tilrettelagte skoleløp på dei ordinære vidaregåande skolane. Dette vil i mange tilfelle inneber store organisatoriske utfordringar for skolane.

I tilbudsstrukturen er det, basert på erfaringstal, tatt høgde for at omlag 2% av alle elevplassane i kvar region skal vere i TPO-basar på dei ordinære skolane. Planlagde plassar på kvar skole er vist i kap. 3.

### **Opplæring av dei som ikkje har ungdomsrett**

Opplæringstilbodet for elevar som ikkje har ungdomsrett vert ikkje vurdert i denne utgreiinga, men dei vidaregåande skolane spelar og ei viktig rolle for tilboda til desse elevane. Spesielt på dei mindre

skolane vert det gjerne oppretta klasser der andre elevar enn dei med ungdomsrett kan få ledige plassar.

Definisjonar på Ungdomsrett og vaksenrett, og rett til påbygging er summert opp nedanfor (kjelde vilbli.no):

Ungdomsrett (lovfesta rett for ungdom):

*Ungdom som har gjennomgått grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har lovfesta rett til tre års vidaregåande opplæring (ungdomsrett).*

*I lærefaga er dei to første åra av opplæringa i skole, deretter er det ei læretid i bedrift. Eleven har rett til den opplæringstida som er fastsett for faget, og i tillegg rett til påbygging til generell studiekompetanse etter at ein har oppnådd yrkeskompetanse.*

*Normalt må retten brukast i løpet av ein samanhengande periode på fem år når heile opplæringa skjer i skole, og innan seks år når heile eller delar av opplæringa skjer i lærebedrift. Heile retten må brukast innan utgangen av det året ein fyller 24 år.*

*Retten til vidaregåande opplæring gjeld i fylket eleven er bustadsregistrert i ved utløpet av søknadsfristen.*

Rett til påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse, fagbrev og sveinebrev:

*Elevar har rett til eitt års påbygging til generell studiekompetanse etter fullført yrkeskompetanse når desse to vilkåra er oppfylte:*

- *Eleven har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring innan utgangen av det året han fyller 24 år.*
- *Eleven har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014 eller seinare.*

Vaksenrett (lovfesta rett for vaksne):

*Frå og med det året ein fyller 25 år har den som har fullført grunnskolen eller tilsvarende i Noreg eller eit anna land, men ikkje fullført vidaregåande opplæring, etter søknad rett til vidaregåande opplæring (vaksenrett).*

*Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring at ein er lovleg i Noreg, men retten gjeld ikkje dersom ein ventar på å få avgjort søknad om opphaldsløyve.*

Rett til påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse, fagbrev og sveinebrev:

*Som vaksen kan ein ha rett til påbygging til generell studiekompetanse når ein har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring og fått yrkeskompetanse (med eller utan fag-/sveinebrev). Vilråra er at ein*

- *har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014 eller seinare.*
- *har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring innan utgangen av det året ein fylte 24 år, uavhengig av om du då hadde ungdomsrett eller ikkje.*

*Dei som oppfyller desse vilkåra, har rett til å ta påbygging til generell studiekompetanse når som helst.*

Tilbodet til lærlingar vert heller ikkje omtalt i utgreiinga, men behovet dei eventuelt måtte ha i dei ulike skoleanlegga må takast omsyn til i utviklingsplanar og planlegging av nye byggeprosjekt.

## Fengselsundervisning

Fagerlia vgs og Romsdal vgs har ansvaret for undervisning ved høvesvis Ålesund Fengsel og Hustad fengsel. Elevane kan ta privatisteksamenar i dei fleste fag innanfor vidaregåande opplæring. Det vert lagt mest vekt på yrkesfagleg kompetanse, men og fag frå studieførebuande kurs vert det undervist i.

Opplæring innanfor kriminalomsorga er underlagt fylkesmannen i Hordaland, og er ikkje vurdert i denne utgreiinga. Det kan likevel nemnast at det ved den nye Åsane vgs i Bergen er programmert inn eigne lokalar til fengselsundervisninga i skolen.




## 2.4 Folketalsutvikling og utvikling i talet på 16-18 åringar

### 2.4.1 Folketalsutvikling (historisk)

Møre og Romsdal har hatt ei god folketalesutvikling dei siste 10 åra, særleg sidan 2007. Dei siste 10 åra (2006-2015) har folketalet i fylket auka med over 20.000 personar. Veksten i folketalet skyldast i hovudsak eit fenomen; innvandring frå utlandet. Innvandrarane kjem for å arbeide, og dette gjer at folketalesutviklinga i Møre og Romsdal har vore tett knytt til utviklinga i arbeidsmarknaden. Som kartet under syner så har veksten kome i dei ytre delane av fylket og kring byane.

Folketalesveksten i Møre og Romsdal siste 10 åra, 1.1 2005-2015



Møre og Romsdal 7,8 prosent  
Landet 12,1 prosent


1) 1. jan 2006 blei Tustna og Aure ei kommune - Aure kommune  
2) 1. jan 2008 blei Kristiansund og Frei ei kommune - Kristiansund kommune

Folketalesutviklinga på Nordre Sunnmøre har vore den sterkaste i fylket i absolutte tal, og det er Ålesund, fylkes største by, som er motoren i regionen. Veksten kjem dels knytt til arbeidsinnvandring, men og gjennom innanlands tilflytting. Særleg omlandskommunane til Ålesund nyt godt av nærleiken til Ålesund, og får flyttegevinst av unge vaksne.

Over 50% av auken i folketalet i fylket dei siste 10 åra har vore på Nordre Sunnmøre. Folketalesauken på Nordre Sunnmøre har vore på ca 10800 personar. Tilsvarande tal for dei andre regionane er ca 4000 i Romsdal, ca 3600 på Søre Sunnmøre og ca 1950 på Nordmøre.

Flyttebalansen til Møre og Romsdal består av eit innanlands flyttetap, medan vi får ein solid vinst frå innvandring frå utlandet. Figuren under syner korleis aldersfordelinga i nettoflyttinga er. Svært mange unge flytter frå Møre og Romsdal i aldersgruppa 18-30 år, medan nokre få flytter heim seinare. Dette kan ein sjå i den positive innanlandsflyttinga i aldersgruppa 31-40 og 0-7 år. Innvandringa frå utlandet er derimot positiv i alle aldersgrupper, men er særleg høg i aldersgruppa 20-40 år. Det grønne feltet er

samla nettoflytting, summen av både netto innanlands- og utanlandsk flytting. Som ein kan sjå har fylket eit samla flyttetap i aldersgruppa 18-28 år, medan den er positiv i dei yngre aldersgruppene og frå 28 år og eldre.



Den sterke koplinga mellom vekst i arbeidsmarknaden og befolkning gjer det interessant å sjå på utvikling i sysselsetting også. Dette er omtalt i kap. 2.9.

## 2.4.2 Forventa utvikling i folketalet i åra framover

SSB la i juni 2016 fram nye framskrivingar av folketalet i alle norske kommunar fram mot 2040. Dei nye framskrivingane er samla sett lågare enn framskrivingane frå 2014. Dette heng først og fremst saman med at dei siste framskrivingane legg til grunn ein lågare fruktbarheit i åra framover. Tala for nyfødde i dei siste 2 åra har vore mykje lågare enn det SSB trudde for 2 år sidan. På landsbasis var fødselstala i 2014 og 2015 så låge at fruktbarheita, målt med det samla fruktbarheitstalet (SFT) for kvinner på 1,73 var det lågaste sidan 1986. (SFT = Gjennomsnittleg tal på levandefødde barn pr. kvinne i løpet av livet).


Hovudalternativet (middelalternativet) i SSB sine framskrivingar i 2016 syner at folketalet i Møre og Romsdal vil auke med 25150 personar fram mot 2030 og ytterlegare 15200 personar fram mot 2040. Folketalet vil i dette alternativet passere 300000 i 2037. Folketalsendringane i dei ulike regionane varierer, men Nordre Sunnmøre er forventa å få heile 45% av auken, Romsdal 21% og dei to andre regionane 17% kvar.

Fortset dagens konjunkturar innan petroleumsretta næringer vil truleg arbeidsinnvandringa være lågare i perioden framover enn kva den har vore dei siste 10 åra. Samstundes vil innvandringa kanskje bli like høg eller høgare om ein får ein vekst i innvandring av flyktningar. Det er difor stor usikkerheit knytt til framskrivingane som ligg til grunn.

Figuren nedanfor syner den forventa endringa i folketalet i kommunane dei komande 10 åra når ein legg SSB sitt hovudalternativ frå 2016 til grunn. *Grunnen til at ein her har vald å berre vise utviklinga fram mot 2026 er todelt; det er dette året som har det høgaste talet på 16-18 åringar i fylket før 2037 – og alle 16-18 åringar i 2026 er allereie fødde (når vi kjem til 2037 er tala meir usikre sidan ingen av desse 16-18 åringane er fødde).*

## Venta folketalsvekst mot 2026

alternativ MMMM - middels nasjonal vekst



Figuren viser at dei fleste kommunane kan vente folketalsvekst i åra framover, men at det kan ventast størst prosentvis vekst i Ålesund og omegnskommunane Skodje, Sula og Giske på Nordre Sunnmøre, Ulstein og Volda på Søre Sunnmøre, samt Aukra i Romsdal. Norddal på Nordre Sunnmøre og Vanylven på Søre Sunnmøre skil seg ut med stor forventa nedgang i folketal.

### 2.4.3 Utvikling i talet på 16-18 åringar

Den store folketalsauka i Møre og Romsdal dei seinare åra har ikkje resultert i vekst i dei yngre aldersgruppene. I dei aldersgruppene som kjem inn i dei vidaregåande skolane i åra framover, har talet blitt lågare. Det er knapt 1000 færre barn og unge i aldersgruppa 0-15 år 1. januar 2016 enn 1. januar 2006. Samla sett kan elevtalet i vidaregåande opplæring ikkje ventast å auke i åra framover, sjølv om det kan ventast netto innflytting i desse aldersgruppene (jfr figur lenger oppe).

Nordre Sunnmøre er den einaste av regionane som har hatt auke i talet på barn og unge dei siste 10 åra. Her har det vorte 720 fleire 0-15 åringar i løpet av desse åra. Nedgangen i dei andre regionane har vore slik: -422 på Søre Sunnmøre, -541 i Romsdal og -732 på Nordmøre.


Talet på 16-18 åringar er ein god indikasjon på elevtalsutviklinga i vidaregåande opplæring (for elevar med ungdomsrett).



Figuren på neste side syner den forventa endringa i talet på 16-18 åringar i kommunane dei komande 10 åra når ein legg SSB sitt hovudalternativ frå 2016 til grunn.

## Venta folketalsvekst mot 2026 for aldersgruppa 16-18 år

alternativ MMMM - middels nasjonal vekst




Figuren viser at berre 16 av 36 kommunar kan forvente auke i talet på 16-18 åringar dei neste 10 åra i denne framskrivinga. Kommunane Skodje og Sula på Nordre Sunnmøre skil seg ut med stor prosentvis vekst, medan kommunane Sandøy og Stranda på Nordre Sunnmøre, Vanylven og Sande på Søre Sunnmøre, samt kommunane Sunndal, Surnadal og Aure på Nordmøre skil seg ut med stor forventa nedgang i talet på 16-18 åringar i denne perioden.

Prognose for talet på 16-18 åringar i alle år fram mot 2040 i alle kommunane i dei ulike inntaksregionane, er vist i figurane nedanfor. Tal frå SSB sitt hovudalternativ frå 2016 er lagt til grunn.


*NB! Tala for 2015 og 2016 i figurane nedanfor er historiske tal.*

### Søre Sunnmøre



Det er ingen av kommunane i regionen som kan forventast å få stor auke i talet på 16-18 åringar i åra framover. Ørsta, Volda, Ulstein og Hareid har alle litt høgare tal i slutten av perioden enn i starten av perioden, men endringane er relativt små. Ulstein har den mest stabile utviklinga av desse kommunane, mens dei andre tidvis har til dels store variasjonar i tala frå år til år. I Herøy og Sande kan det ventast ein gradvis nedgang utover i perioden. I Vanylven er det venta ein stor nedgang som vil kunne gje ei dramatisk utvikling av elevtalet ved Herøy vgs si avdeling der.

### Nordre Sunnmøre




Ålesund kan forventast å få ein stor auke på nær 300 16-18 åringar mot slutten av perioden. Dette er den kommunen i fylket som kan vente størst vekst i absolute tal. Relativt sett er den forventa veksten i kommunane Sula, Giske og Skodje større, og ungdomane frå desse nabokommunane går og på skolane i Ålesund. Også i Ørskog kan det ventast ein auke, men der er tala relativt små.

I alle dei andre kommunane; Haram og Sandøy i ytre del og Stordal, Norddal, Sykkylven og Stranda i indre del, kan det forventast ein nedgang. Sykkylven og Stranda er dei to kommunane som ser ut til å få den klart største nedgang dei næraste åra.

## Romsdal


Framskrivning av talet på 16-18 åringar i kommunar i inntaksregion  
Romsdal pr. 1.1. 2015-2040 (Kjelde: SSB / Hovedalternativ MMMM, juni 2016)



I Romsdal er det kun Molde som utover i perioden kan forvente stor auke i talet på 16-18 åringar. Nabokommunane i nord vest Fræna og Aukra kan og forvente litt vekst. Fram mot 2030 ser det og til å bli ei positiv utvikling i Rauma kommune, men med fare for lågare tal fram mot 2040. Midsund og Eide har relativt stabile tal, medan dei andre kommunane i regionen; Vestnes, Nesset og Gjemnes, over tid ser ut til å få ei negativ utvikling.

## Nordmøre

Framskrivning av talet på 16-18 åringar i kommunar i inntaksregion  
Nordmøre pr. 1.1. 2015-2040 (Kjelde: SSB / Hovedalternativ MMMM, juni 2016)



Det er ingen av kommunane på Nordmøre som kan seiast å ha ein stabil positiv utvikling i talet på 16-18 åringar. Kristiansund og Averøy er dei einaste av kommunane som har høgare tal i 2040 enn i 2016 (+48), men i Kristiansund er det venta lange periodar med lågare tal.

Den største nedgangen og mest dramatiske endringa i talet på 16-18 åringar er venta i kommunane Sunndal og Surnadal i indre del av regionen, og i Aure kommune. Kommunane Averøy, Rindal og Halså ser ut til å få ei relativt jamn og stabil utvikling, medan kommunane Smøla og Tingvoll kan venta ein mindre nedgang.

## 2.5 Søking og elevpendling

Det er kun søkarar med ungdomsrett som er omtalt i kapittelet.

### 2.5.1 Søking i og mellom ulike regionar

Med utgangspunkt i elevane sitt 1. ynske ved søknad om skoleplass for skoleåret 16/17 er det utarbeidd ein oversikt som syner i kva omfang elevane er villig til å reise for å gå på skole. Tabellane under synar kor mange søkarar frå ulike regionar som søker skoleplass eller plass i fagopplæringa i eigen bustadregion og andre regionar i Møre og Romsdal fylke.

Søklarar frå	Søklarar til							Sum
	Søre Sunnmøre	Nordre Sunnmøre	Romsdal	Nordmøre	Fagopplæring	Andre tilbod		
Søre Sunnmøre	1684	263	11	2	229	3	2192	
Nordre Sunnmøre	18	3737	47	6	335	6	4149	
Romsdal	2	157	1984	50	216	8	2417	
Nordmøre	1	43	306	1935	232	41	2558	
Sum	1934	4535	2564	2225		58	11316	

Søklarar frå	Søklarar til							Sum
	Søre Sunnmøre	Nordre Sunnmøre	Romsdal	Nordmøre	Fagopplæring	Andre tilbod		
Søre Sunnmøre	76,8 %	12,0 %	0,5 %	0,1 %	10,4 %	0,1 %	100,0 %	
Nordre Sunnmøre	0,4 %	90,1 %	1,1 %	0,1 %	8,1 %	0,1 %	100,0 %	
Romsdal	0,1 %	6,5 %	82,1 %	2,1 %	8,9 %	0,3 %	100,0 %	
Nordmøre	0,0 %	1,7 %	12,0 %	75,6 %	9,1 %	1,6 %	100,0 %	
Sum	77,4 %	110,2 %	95,7 %	77,9 %	36,5 %	2,2 %		

Elevar i «Andre tilbod» er enten utanfor opplæringssystemet eller elevar ved private eller offentlege skolar i andre fylker.

Tabellen viser at Nordre Sunnmøre er den regionen som har størst netto innsøking til regionen. Til skulane i denne regionen var det i skoleåret 2016/17 386 fleire som søkte skoleplass i regionen enn det var busette søkarar i regionen). I Romsdal var det netto innsøking på 147 elevar.

I dei to andre regionane er det netto utsøking frå regionane (258 fleire elevar som søker seg frå enn til Søre Sunnmøre og 333 fleire elevar som søker seg frå enn til Nordmøre).

#### Elevar frå region Søre Sunnmøre

Samla har 2192 elevar frå regionen søkt om skoleplass for kommande skoleår. 1684 av elevane har søkt skoleplass i eigen region, 263 har søkt plass i region Nordre Sunnmøre, 11 i region Romsdal, 2 i region Nordmøre, 3 elevar har søkt tilbod utanfor eige fylke og 229 har søkt plass i fagopplæring

Samla er det 1913 elevar frå regionen som ha søkt skole eller fagopplæring i eigen region, og dette utgjer om lag 87,5% av søkjarane frå region Søre Sunnmøre. Vidare har om lag 12% søkt seg til region Nordre –Sunnmøre, 0,5% til Romsdal og 0,1% til Nordmøre.

Av dei 263 som har søkt seg til region Nordre Sunnmøre har om lag 60 ynskt seg plass ved fag som det også er tilbod om i Søre Sunnmøre, medan om lag 200 ynskjer seg plass ved fag det ikkje er tilbod om i Søre Sunnmøre. Talet på elevar frå kvar kommune i region Søre Sunnmøre som søker seg til region Nordre Sunnmøre er som følgjer: 74 frå Hareid, 57 frå Ulstein, 45 frå Ørsta, 41 frå Herøy, 22 frå Vanylven, 15 frå Volda og 9 frå Sande.

Av dei 11 som har søkt seg til region Romsdal har 5 ynskt seg plass ved fag det ikkje er tilbod om i regionen. Dei resterande 6 har søkt seg til fag det vert gjeve tilbod om i regionen.

Av dei 2 som har søkt seg til Nordmøre ynskjer ein elev tilbod som vert gjeve i eigen region, og ein elev tilbod som ikkje er å få i eigen region.

### **Elevar frå region Nordre – Sunnmøre**

Samla har 4149 elevar frå regionen søkt om skoleplass for kommande skoleår. 3737 av elevane har søkt skoleplass i eigen region, 18 har søkt plass i region Søre Sunnmøre, 47 i region Romsdal, 6 i region Nordmøre, 6 elevar har søkt tilbod utanfor eige fylke og 335 har søkt plass i fagopplæring.

Samla er det 4072 frå regionen som ha søkt skole eller fagopplæring i eigen region, og dette utgjer om lag 98,1% av søkerane frå region Nordre Sunnmøre. Vidare har om lag 0,4% søkt seg til region Søre Sunnmøre, 1,1% til Romsdal og 0,1% til Nordmøre.

Av dei 18 som har søkt seg til region Søre Sunnmøre har 2 ynskt seg tilbod dei ikkje har i eigen region. Dei resterande 16 har søkt seg til tilbod som vert gjeve i eigen region. Talet på elevar frå kvar kommune i region Nordre - Sunnmøre som søker seg til region Søre - Sunnmøre er som følgjer: 6 frå Stranda, 4 frå Haram, 2 frå Ålesund, 2 frå Giske, 1 frå Norddal, 1 frå Skodje, 1 frå Sula, 1 frå Sykkylven, 0 frå Sandøy, 0 frå Ørskog og 0 frå Stordal.

Av dei 47 som har søkt seg til region Romsdal har 10 ynskt seg fag som ikkje vert gjeve som tilbod i eigen region. Dei resterande 37 har ynskt seg til tilbod som vert gjeve i eigen region. Talet på elevar frå kvar kommune i region Nordre Sunnmøre som søker seg til region Romsdal er som følgjer: 13 frå Ålesund, 7 frå Norddal, 7 frå Skodje, 5 frå Haram, 4 frå Sula, 4 frå Ørskog, 3 frå Stranda, 2 frå Stordal, 2 frå Sandøy, 0 frå Giske og 0 frå Sykkylven.

Av dei 6 som har søkt seg til region Nordmøre har 4 ynskt seg til fag det er tilbod om i eigen region, medan 2 har ynskt seg til tilbod dei ikkje har i eigen region.

### **Elevar frå region Romsdal**

Samla har 2417 elevar frå regionen søkt om skoleplass for kommande skoleår. 1984 av elevane har søkt skoleplass i eigen region, 2 har søkt plass i region Søre- Sunnmøre, 157 i region Nordre – Sunnmøre, 50 i region Nordmøre, 8 elevar har søkt tilbod utanfor eige fylke og 216 har søkt plass i fagopplæring.

Samla er det 2200 frå regionen som ha søkt skole eller fagopplæring i eigen region, og dette utgjer om lag 91,0% av søkerane frå region Romsdal. Vidare har om lag 0,1% søkt seg til region Søre – Sunnmøre, 6,5% til Nordre – Sunnmøre og 2,1% til Nordmøre.

Av dei 2 som har søkt seg til region Søre – Sunnmøre har begge ynskt seg tilbod som vert gjeve i eigen region.

Av dei 157 som har søkt seg til region Nordre – Sunnmøre har om lag 60 ynskt seg fag som ikkje vert gjeve som tilbod i eigen region. Dei om lag 100 resterande har ynskt seg til tilbod som vert gjeve i eigen region. Talet på elevar frå kvar kommune i region Romsdal som søker seg til region Nordre – Sunnmøre er som følgjer: 58 frå Vestnes, 26 frå Midsund, 24 frå Molde, 21 frå Rauma, 15 frå Fræna, 7 frå Nesset og 6 frå Aukra.

Av dei 50 som har søkt seg til region Nordmøre har 33 ynskt seg til fag det er tilbod om i eigen region, medan 17 har ynskt seg til tilbod dei ikkje har i eigen region. Talet på elevar frå kvar kommune i region

Romsdal som søker seg til region Nordmøre er som følger: 28 frå Nesset, 8 frå Rauma, 5 frå Molde, 5 frå Fræna, 2 frå Vestnes, 2 frå Aukra og 0 frå Midsund.

### Elevar frå region Nordmøre

Samla har 2558 elevar frå regionen søkt om skoleplass for kommande skoleår. 1935 av elevane har søkt skoleplass i eigen region, 1 ha søkt plass i region Søre- Sunnmøre, 43 i region Nordre – Sunnmøre, 306 i region Romsdal, 41 elevar har søkt tilbod utanfor eige fylke og 232 har søkt plass i fagopplæring.

Samla er det 2167 frå regionen som ha søkt skole eller fagopplæring i eigen region, og dette utgjer om lag 86,1% av søkjarane frå region Romsdal. Vidare har 1,7% søkt seg til Nordre – Sunnmøre og 12,2% til Romsdal.

Den eine som har søkt seg til region Søre – Sunnmøre har ynskt seg tilbod som ikkje vert gjeve i eigen region.

Av dei 43 som har søkt seg til region Nordre – Sunnmøre har 25 ynskt seg fag som ikkje vert gjeve som tilbod i eigen region. Dei resterande 18 har ynskt seg til tilbod som vert gjeve i eigen region.

Av dei 306 som har søkt seg til region Romsdal har om lag 215 ynskt seg til fag det er tilbod om i eigen region, medan om lag 90 har ynskt seg til tilbod dei ikkje har i eigen region. Talet på elevar frå kvar kommune i region Nordmøre som søker seg til region Romsdal er som følger: 136 frå Eide, 69 frå Gjemnes, 34 frå Averøy, 14 frå Sunndal, 12 frå Tingvoll, 12 frå Kristiansund, 11 frå Surnadal, 8 frå Smøla, 5 frå Halså, 4 frå Aure, og 1 frå Rindal.

## 2.5.2 Søking til skolar frå ulike kommunar og vurdering av forventa søkartal ved skolane i åra framover

I utgreiinga er talgrunnlaget som er omtalt i kap. 2.5.1 brote ned på enkeltskular. Krysstabell som viser kva skole dei ulike søkarane i alle kommunane har som sitt 1. val, definerer eit søkemønster, som saman med prognose for busette 16-18 åringar og andelen av desse som søker vidaregåande opplæring (sjå kap. 2.4.3), vert lagt til grunn for å rekne ut forventa elevtal for skulane i åra framover.

Utrekninga legg til grunn det same søkemønsteret og den same tilbudsstrukturen som i skoleåret 2016/17. Skolane i dei store byane i fylket er slått saman til ein skole i kvar by i desse utrekningane (slik at det til dømes er søkinga til skular i Ålesund som har fokus, og ikkje kva skole i Ålesund dei ulike søkarane søker på).

Utrekningane vert ikkje brukt til å definere eksakte framtidige elevtal, men til å fange opp om det er grunn til å auke eller redusere tilbodet på/i dei ulike skulane/byane ut frå kor elevane frå ulike kommunar søker og kor mange som kan forventast å søke frå dei ulike kommunane i framtida.

Tabellar med resultat av utrekningane er vist og kommentert nedanfor. Det er grunn til å understreke at endringar av tilbudsstrukturen sjølvstøtt vil påverke tala i større eller mindre grad, men dei fleste elevane vil nok uansett søke seg til tilbod som ikkje medfører lang reisetid.



### 2.5.2.1 Søking til skolar på Søre Sunnmøre

Forventa endring i talet på søkarar til skolar på Søre Sunnmøre, i absolutte tal og prosentvis \*)

	Primærsøkarar med ungd.rett 2016/17	endring 2016-2026	endring 2016-2030	endring 2016-2040	%-vis endring 2016-2026	%-vis endring 2016-2030	%-vis endring 2016-2040
Herøy	259	-10	-23	-16	-3,9 %	-8,9 %	-6,2 %
Herøy avd Vanylven	53	-22	-22	-23	-41,5 %	-41,5 %	-43,4 %
Ulstein	585	-31	-56	-23	-5,3 %	-9,6 %	-3,9 %
Volda	479	44	-11	55	9,2 %	-2,3 %	11,5 %
Ørsta	335	36	-1	32	10,7 %	-0,3 %	9,6 %
Sum skolar på Søre Sunnmøre	1711	17	-113	25	1,0 %	-6,6 %	1,5 %

\*) Basert på søkemønsteret til skolane frå ulike kommunar i 2016/17, prognose for forventa elevtal frå dei ulike kommunane i åra framover og uendra tilbudsstruktur

For regionen samla er det ikkje venta dramatisk vedvarande endringar i søkartala. Rundt og like etter 2030 ser det ut til å kunne forventast under 1600 primærsøkarar til skolane i regionen. Høgast søkartal kan ventast i 2025/26 (1728) og 2040 (1736).

Samanlikna med søkartala i 2016/17 kan det ventast mykje lågare søkartal til Herøy vgs si avdeling i Vanylven i heile perioden, medan nedgangen i søkartala til hovudskolen ser ut til å bli mykje mindre. Ulstein vgs kan og forvente færre søkarar, men prosentvis er ikkje nedgangen så stor (ein stor del av åra framover kan det forventast meir enn 550 primærsøkarar til skolen). På skolane i Volda og Ørsta kan det forventast auke i søkartala; samla sett på det meste opp mot 100 fleire primærsøkarar enn i 2016/17.

### 2.5.2.2 Søking til skolar på Nordre Sunnmøre

Forventa endring i talet på søkarar til skolar på Nordre Sunnmøre, i absolutte tal og prosentvis \*)

	Primærsøkarar med ungd.rett 2016/17	endring 2016-2026	endring 2016-2030	endring 2016-2040	%-vis endring 2016-2026	%-vis endring 2016-2030	%-vis endring 2016-2040
Skolar i Ålesund (inkl. Akademiet)	3406	132	73	295	3,9 %	2,1 %	8,7 %
Ytre (Haram)	284	-11	-9	-27	-3,9 %	-3,2 %	-9,5 %
Indre (Sykkylven, Stranda, Vestborg)	497	-62	-105	-99	-12,5 %	-21,1 %	-19,9 %
Sum skolar på Nordre Sunnmøre	4187	59	-41	169	1,4 %	-1,0 %	4,0 %

\*) Basert på søkemønsteret til skolane frå ulike kommunar i 2016/17, prognose for forventa elevtal frå dei ulike kommunane i åra framover og uendra tilbudsstruktur

For regionen samla kan det over tid ventast ein auke i søkartala. Høgast søkartal kan ventast i 2025/26 (4246) og i dei siste åra fram mot 2040 (4356 i 2039/40). I nokre år rundt 2020 og like etter 2030 er det venta lågare søkartal i regionen (under 4100). Det er store skilnader mellom ulike delar av regionen. I indre del er det venta ein relativt stor nedgang, i ytre del ein mindre nedgang, mens skolane i Ålesund på sikt kan forvente ein stor auke i søkartalet samla sett.

Nedgangen i søkartala i indre del av regionen er dramatisk. Den forventa nedgangen på rundt 100 søkarar fordeler seg på dei 2 fylkeskommunale skolane Stranda vgs og Sykkylven vgs. Den relative nedgangen fram mot 2030 er likt fordelt mellom skolane, men vidare fram mot 2040 er det Sykkylven som kan forvente litt meir nedgang, medan Stranda kan forvente ein liten auke.

Til Haram vgs er talet på primærsøkarar venta å halde seg stabilt mellom 250 og 280 i heile perioden.

Skolane i Ålesund ligg i det området som samla sett kan forvente den største absolutte auken i søkartal i heile fylket; frå ca 3400 primærsøkarar i 2016/17 til 3700 i 2039/40. Søkartala kan forventast å svinge litt opp og ned, men allereie i 2025/26 ser det ut til bli nærare 3550 primærsøkarar til skoletilboda i Ålesund.

### 2.5.2.3 Søking til skolar i Romsdal

#### Forventa endring i talet på søkarar til skolar i Romsdal, i absolutte tal og prosentvis \*)

	Primær søkerar med ungd.rett 2016/17	endring 2016-2026	endring 2016-2030	endring 2016-2040	%-vis endring 2016-2026	%-vis endring 2016-2030	%-vis endring 2016-2040
Skolar i Molde (med Akademiet, utan Fannefj.)	1721	40	35	158	2,3 %	2,0 %	9,2 %
Fræna	363	23	6	20	6,3 %	1,7 %	5,5 %
Gjermundnes	121	-4	-6	-5	-3,3 %	-5,0 %	-4,1 %
Rauma	134	-4	16	-8	-3,0 %	11,9 %	-6,0 %
Sum skolar i Romsdal (ekskl. Fannefjord)	2339	55	51	165	2,4 %	2,2 %	7,1 %

\*) Basert på søkemønsteret til skolane frå ulike kommunar i 2016/17, prognose for forventa elevtal frå dei ulike kommunane i åra framover og uendra tilbudsstruktur

Også i denne regionen kan det samla sett ventast ein auke i søkartala. Høgast søkartal kan ventast i 2027/28 (2409) og i dei siste åra fram mot 2040 (2504 i 2039/40). Det er skilnader mellom ulike delar av regionen, men langt mindre enn i dei andre regionane. Det er ingen skolar i regionen som kan vente store endringar i søkartala, så lenge tilbudsstrukturen og søkemønsteret ikkje vert endra.

Gjermundnes, som m.a. har eit fylkesdekkjande tilbod på NA og får søkjarar frå heile fylket, kan forvente 210-220 primær søkerar i heile perioden. Til Rauma vgs kan det forventast eit varierende tal på mellom 120 og 150 primær søkerar (150 i 2029/30).

Fræna vgs, som ligg relativt nær Molde, kan forvente mellom 360 og 400 primær søkerar i heile perioden (400 i 2023/24).

Skolane i Molde ligg i det området som samla sett kan forvente den nest største absolutte auken i søkartal i heile fylket; frå ca 1720 primær søkerar i 2016/17 til ca 1880 i 2039/40. Søkartala kan forventast å svinge litt opp og ned, men er over tid meir jamt aukande enn t.d. i Ålesund der svingingane er større.

### 2.5.2.4 Søking til skolar på Nordmøre

#### Forventa endring i talet på søkarar til skolar på Nordmøre, i absolutte tal og prosentvis \*)

	Primær søkerar med ungd.rett 2016/17	endring 2016-2026	endring 2016-2030	endring 2016-2040	%-vis endring 2016-2026	%-vis endring 2016-2030	%-vis endring 2016-2040
Skolar i Kristiansund	1361	-17	-70	-1	-1,2 %	-5,1 %	-0,1 %
Sunnal	261	-58	-63	-48	-22,2 %	-24,1 %	-18,4 %
Surnadal	282	-72	-61	-39	-25,5 %	-21,6 %	-13,8 %
Tingvoll	95	-11	-17	-17	-11,6 %	-17,9 %	-17,9 %
Sum skolar på Nordmøre	1999	-158	-211	-105	-7,9 %	-10,6 %	-5,3 %

\*) Basert på søkemønsteret til skolane frå ulike kommunar i 2016/17, prognose for forventa elevtal frå dei ulike kommunane i åra framover og uendra tilbudsstruktur

Nordmøre er den einaste regionen som samla sett kan forvente lågare tal på primær søkerar i 2039/40 enn i dag; frå 2000 søkarar i dag til under 1800 søkarar i 2030 (1735 i 2031/32). Mot slutten av perioden kan det igjen ventast auke i søkartala til knapt 1900 søkarar i 2040. Alle skoleområda i regionen har sitt høgaste forventa primær søkartal i skoleåra 2016/17 eller 2017/18.

Skolane i Kristiansund kan forvente eit svingande søkartal mellom 1220 og 1380 fram mot 2040. Dei høgaste tala er venta i 2017/18 (1381), 2027/28 (1355) og i 2039/40 (1360). Dei lågaste tala er venta i åra etter 2030, men allereie i åra etter 2020 er det venta under 1300 søkarar. Svingande søkartal gjer at talet på elevplassar i Kristiansund uansett ikkje kan reduserast i perioden.

Dei andre skolane i indre og midtre del av regionen; Sunndal vgs, Surnadal vgs og Tingvoll vgs., kan forvente stor nedgang i talet på primær søkerar, spesielt i åra fram mot 2030. Talet på primær søkerar til Surnadal kan forventast å bli redusert frå nesten 300 i 2017/18 til under 220 tre år seinare. Deretter kan søkartalet forvente å halde seg mellom 210 og 230 til midt på 2030-talet, for så å auke til 240 i 2039/40. Nedgangen på Sunndal vgs går over litt fleire år, men i 2030 kan begge skulane forventast å ha vel 60 færre primær søkerar enn i dag. Også på Sunndal er det venta ein liten oppgang igjen fram mot 2040, men det er grunn til å understreke at søkarar til desse åra enno ikkje er født og at



prognosen difor er meir usikker enn for tidlegare år. Tingvoll vgs, som er ein liten skole samanlikna med dei to andre, kan naturleg nok forvente mindre absolutt nedgang i søkartala, men også her er det venta ein betydeleg reduksjon frå nesten 100 primær søkerar i 2016/17 til under 80 søkerar utover i perioden.

## 2.6 Behovet for elevplassar i regionane fram mot 2030 og 2040

Ved å multiplisere prognosen for 16-18 åringar med ein faktor som viser forholdet mellom talet på elevar på skolane i regionen dividert med talet på busette 16-18 i regionen (det same året) får vi fram ei prognose for elevtalsutviklinga i regionen. Denne metoden aukar elevtala i prognosen for regionar med netto innpendling av elevar frå andre regionar, og reduserer elevtala for regionar der mange elevar går på skole i andre regionar. Metoden legg til grunn at andelen busette 16-18 åringar i ulike regionar som får skoleplass i andre regionar ikkje endrar seg vesentleg i perioden, t.d. som følgje av endringar i tilbudsstrukturen på tvers av regionar.

Elevtallsprognosen som er utrekna etter metoden over vil vere for lav til å kunne leggjast til grunn for dimensjonering av elevplassar på ulike utdanningsprogram på skolane i regionen.

Det må m.a. vere

- nok elevplassar om prognosen skulle slå feil (være for lav) – t.d. som følgje av endra flyttemønster, høgare innvandring og fleire som får asyl.
- nok elevplassar dersom den generelle søkinga til vgs skulle bli høgare enn i dag (t.d. ved høgare arbeidsløyse blant ungdom)
- ledige elevplassar i klasser som ikkje kan fyllast opp, fordi romma som vert brukt ikkje kan ta imot fulle klasser
- ledige elevplassar i klasser på grunn av lav søkning (men der klassene likevel vert starte opp)

Talet på dimensjonerande elevplassar i regionane inneheld eit påslag på elevtalsprognosen som er utrekna slik at talet ligg minst 10% over det høgaste prognosetalet i perioden og opp mot 20% over det lågaste prognosetalet i perioden. Det er laga eit dimensjonerande tal for kvar region for åra fram mot 2030 og eit for åra mellom 2030-2040.

Følgande elevplassar er med i tala:

- Elevplassar for alle søkerar med ungdomsrett (andre søkerar kan sjølvstgått få plassar som er ledige, men det er i utgangspunktet ikkje dimensjonert for desse søkerane)
- Elevplassar på ordinære fylkeskommunale skolar i regionen (også Fannefjord vgs i Romsdal)
- Elevplassar på private skolar i regionen

Elevar som får sitt tilbud på Tøndergård skole og ressurscenter er ikkje med.

Alle elevplassar til påbygging til generell studiekompetanse er med – også plassar for elevar som først har tatt fagbrev.

Ledige plassar vil om fylkeskommunen ønskjer det kunne brukast til å kunne gje tilbud til søkerar utan ungdomsrett.

Ledig kapasitet kan og gje plass til å starte opp eigne innføringsklassar dersom fylkeskommunen ønskjer å gjere det på eit seinare tidspunkt.


### 2.6.1.1 Tiltrådd dimensjonering av elevplassar i region Søre Sunnmøre

I heile perioden fram mot 2040: 1850 elevplassar

Det tilrådde elevplasstalet er vel 200 lågare enn det som er vedteke i utviklingsplanen for skolane i regionen, men bør vere meir enn høgt nok for å sikre nok elevplassar i regionen i åra framover. Tiltrådd elevplasmstal ligg ca 200 over elevtalet på skolane i skoleåret 2015/16 og det er ikkje venta auke i elevtalet i regionen i åra framover. Om ein legg utviklingsplanane til grunn er vi redd for at skolane i regionen vil få mykje ledig kapasitet i åra framover.

Samanhengen mellom det tilrådde talet på elevplassar, forventa elevtal (elevtalsprognose) og prognose for busette 16-18 åringar i region Søre Sunnmøre er vist i figuren nedanfor. Tiltrådd fordeling av utdanningsprogram og elevplassar på skolane i regionen er oppsummert i kap. 3.

Elevplassar fram mot 2030 og 2040 i region Søre Sunnmøre, med framskriving av busette 16-18 åringar og forventa elevtal for kommunar og skolar i regionen for skuleåra 2015/16 - 2039/40  
(Kjelde: SSB / Hovedalternativ MMMM, juni 2016)




### 2.6.1.2 Tiltrådd dimensjonering av elevplassar i region Nordre Sunnmøre

I perioden fram mot 2030: 4650 elevplassar. I perioden 2030-2040: 4750 elevplassar

Det tilrådde elevplasstalet for åra fram mot 2030 ligg ca 600 over elevtalet på skolane i skoleåret 2015/16. Dette heng m.a. saman med at det er venta ein auke i elevtalet i regionen mot slutten av 2020-talet. Ny forventa auke i elevtalet mot 2040 krev ytterligare auke i kapasiteten.

Samanhengen mellom det tilrådde talet på elevplassar, forventa elevtal (elevtalsprognose) og prognose for busette 16-18 åringar i region Nordre Sunnmøre er vist i figuren nedanfor. Tiltrådd fordeling av utdanningsprogram og elevplassar på skolane i regionen er oppsummert i kap. 3. Den store utfordringa i regionen er handteringa av lågare elevtal i indre del og den forventa auken i Ålesundsområdet.

**Elevplassar fram mot 2030 og 2040 i region Nordre Sunnmøre, med framskriving av busette 16-18 åringar og forventa elevtal for kommunar og skolar i regionen for skuleåra 2015/16 - 2039/40**  
(Kjelde: SSB / Hovedalternativ MMMM, juni 20)



I perioden fram mot 2030: 4650 elevplassar.

I perioden 2030-2040: 4750 elevplassar

Det tilrådde elevplasstalet for åra fram mot 2030 ligg ca 600 over elevtalet på skolane i skoleåret 2015/16. Dette heng m.a. saman med at det er venta ein auke i elevtalet i regionen mot slutten av 2020-talet. Ny forventa auke i elevtalet mot 2040 krev ytterligare auke i kapasiteten.

Samanhengen mellom det tilrådde talet på elevplassar, forventa elevtal (elevtalsprognose) og prognose for busette 16-18 åringar i region Nordre Sunnmøre er vist i figuren nedanfor. Tilrådd fordeling av utdanningsprogram og elevplassar på skolane i regionen er oppsummert i kap. 3. Den store utfordringa i regionen er handteringa av lågare elevtal i indre del og den forventa auken i Ålesundsområdet.


### 2.6.1.3 Tilrådd dimensjonering av elevplassar i region Romsdal

I heile perioden fram mot 2040: 2750 elevplassar.

Det tilrådde elevplasstalet ligg i underkant av 400 over elevtalet på skolane i skoleåret 2015/16. Dette er naudsynt for å ta høgde for ein forventa auke i elevtalet i åra framover, spesielt mot slutten av perioden. Regionen har og eit fylkesdekkjande skoletilbod på Fannefjord vgs – og det er knytt usikkerheit til korleis det går med det private skoletilbodet i regionen.

Samanhengen mellom det tilrådde talet på elevplassar, forventa elevtal (elevtalsprognose) og prognose for busette 16-18 åringar i region Romsdal er vist i figuren nedanfor. Tilrådd fordeling av utdanningsprogram og elevplassar på skolane i regionen er oppsummert i kap. 4.

**Elevplassar fram mot 2030 og 2040 i region Romsdal,  
med framskriving av busette 16-18 åringar og forventa elevtal  
for kommunar og skolar i regionen for skuleåra 2015/16 - 2039/40**  
(Kjelde: SSB / Hovedalternativ MMMM, juni 2016 og




#### 2.6.1.4 Tiltrådd dimensjonering av elevplassar i region Nordmøre

I perioden fram mot 2030: 2150 elevplassar. I perioden 2030-2040: 2100 elevplassar

Det tilrådde elevplassalet for åra fram mot 2030 ligg berre ca 150 over elevtalet på skulane i skoleåret 2015/16. Dette er lite, men heng m.a. saman med at det er venta nedgang i elevtalet i regionen i åra framover. Litt lågare tal på elevpassar i åra etter 2030 skuldast ytterlegare forventa nedgang i elevtalet. Tiltrådd tal på elevplassar i den første perioden hadde truleg vorte lågare om ein hadde gjort den same utrekinga nokre år fram i tid. 2100 elevplassar ser ut til å vere meir enn nok frå og med skoleåret 2018/19.

Samanhengen mellom det tilrådde talet på elevplassar, forventa elevtal (elevtalsprognose) og prognose for busette 16-18 åringar i region Nordmøre er vist i figuren nedanfor. Tiltrådd fordeling av utdanningsprogram og elevplassar på skulane i regionen er oppsummert i kap. 4. Den store utfordringa i regionen er handteringa av lågare elevtal i indre del, men det vil og bli ei utfordring å handtere dei forventa store svingingane i elevtalet i Kristiansund.

**Elevplassar fram mot 2030 og 2040 i region Nordmøre,  
med framskriving av busette 16-18 åringar og forventa elevtal  
for kommunar og skolar i regionen for skuleåra 2015/16 - 2039/40**  
(Kjelde: SSB / Hovedalternativ MMMM, juni 2016 og Norconsult, august 2016)



## 2.7 Skoleskyss, kollektivtrafikk og reisetider

Kollektivstrategi for Møre og Romsdal 2012-2021 vart vedtatt i fylkestinget 13.juni 2012. Hovudmål for kollektivtrafikken er at det skal bli lettare for folk å reise kollektivt innanfor tenlege rammer for trafikktrygging, miljø og samfunnet sin ressursbruk.

Skoleskyssen er den daglege transporten mellom bustad og opplæringsstad. Det er fylkeskommunen som er ansvarleg for skoleskyss til vidaregåande skole. Fylkeskommunen har eige skyssreglement for skoleskyss til grunnskole og vidaregåande skole. Skyssreglementet fastsett rettar, rutinar og praksis for skoleskyssen i Møre og Romsdal. Opplæringslova ( med rundskriv) omtalar skoleskyssen i kapittel 7 og paragraf 13-4.

Ifølge opplæringslova paragraf 7-2 har elevar i vidaregåande skole som bur meir enn seks kilometer frå skolen rett til gratis skoleskyss. «Skoleveg» skal reknast frå dør til dør (bustad og opplæringsstad) etter kortaste farande veg.

Ved vurdering av avstand mellom skole og bustad legg fylkeskommunen til grunn kortaste farande veg for gåande. Dette omfattar køyreveg, gangveg, og private vegar som er open for ferdsel. Som oppmålingsverktøy nyttar fylkeskommunen kartgrunnlag frå statens kartverk som vist på nettsida <http://skoleskyss.stfk.no>. Denne nettenesta måler automatisk avstanden. I tillegg kan oppmålinga bli korrigert for eventuelle feil, omvegar og avstand fram til inngangsdør. Det er lagt inn eit slingringsmonn på 25 meter i den automatisk oppmålte lengda.

Ved handsaming av klagesaker legg Fylkesmannen i Møre og Romsdal i sine tilbakemeldingar vekt på at fylkeskommunen nyttar eit fast oppmålingsverktøy for å sikre likebehandling.

All operativ drift vert utført av ulike operatørselskap som køyrer på kontrakt for fylkeskommunen innanfor same billett- og prissystem. Innan 1. januar 2017 skal alle kontraktane vere overført frå nettokontraktar til bruttokontraktar. I ein bruttokontrakt får fylkeskommunen inntektsansvaret samt ansvar for marknadsføring.

For skoleskyss inneber overgangen frå nettokontraktar til bruttokontraktar blant anna at arbeidet innan økonomi, skysskortproduksjon og kontakt med kommunane vert overført frå operatørselskap til fylkeskommunen.

Samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune skal, med merkevaren «Fram», sikre reisande eit godt tilbud med buss, hurtigbåt og ferje. Elevar i vidaregåande skole i Møre og Romsdal har fritt skoleval. Det inneber at fleire elevar reiser langt og nyttar ofte kombinasjon av fleire reisetilbod undervegs.

Skyss med skolebuss, ferje og hurtigbåt som er oppsett til skolane sine start- og sluttider kallar vi *ordinær skoleskyss*. I opplæringslova paragraf 7-3 står det at elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett på det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden. Dette kallar vi *tilrettelagt skoleskyss*.

For å gjennomføre skyssen i praksis vil det vere behov for at operatørselskap, som fylkeskommunen har kontrakt med, også nyttar undertransportørar, til dømes taxi eller minibuss, slik at skyssen blir gjennomført rasjonelt og forsvarlig. Dette gjeld og for elevar i vidaregåande skole som bur meir enn 3 kilometer frå næraste haldeplass til buss.

Fleire elevar i vidaregåande skole har lang veg til skolen og nokre nyttar både hurtigbåt/ferje og buss. Kollektivtransporten heng difor nøye saman. Skolane må vere merksame på at endring i start- og sluttider kan ha stor betydning for skoleskyssen.

Møre og Romsdal er eit komplekst fylke når det gjeld infrastruktur. Møre og Romsdal fylkeskommune står for drifta av 22 av totalt 26 ferjesamband og for alle fem hurtigbåtsamband i fylket. Vi har eit ekspressstilbod med buss mellom Kristiansund- Molde – Ålesund – Ørsta/Volda. Bussrutene er delt i fire regionar, Ytre Sunnmøre, Søre Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre. Vi har fylkeskryssande reiser med fly, jernbane, båt og buss.

Fritt skoleval inneber at nokre elevar reiser langt. Dette gjev utfordringar i høve til ventetid og start- og sluttidspunkt ved skolane. Skoleskyss og kollektivtilbod der det ikkje er sett opp eigne skoleruter er planlagt ut frå korresponderande trafikk og ordinære start- og sluttider. Det gir difor ventetid dersom elevar pendlar frå stadar kor det er få oppsette kollektivruter dersom skolane har variable start- og sluttider. Det er også ei utfordring dersom skolane endrar sine start- og sluttider eller at start- og sluttider er avvikande får skole til skole.

Etter skolestart om hausten melder dei vidaregåande skolane inn talet på elevar som har rett på skoleskyss. Skoleskyssen vert dimensjonert etter denne innmeldinga.

YSK elevar i Møre og Romsdal får skyss til og frå lærebedrift dei to første åra av utdanningstilbodet.

Elevane vel å bu i nærleiken av skolen eller sentrum men får ofte lærekontrakt ved bedrifter som ligg langt frå bustadområdet. Dette gjev i mange tilfelle motstrøms reise til og frå lærebedrift. Det er generelt krevjande og kostbart å organisere skyss for den enkelte elev til og frå lærestad i fylket.

## Søre Sunnmøre

Ikkje omtalt, sidan endringar i tilbudsstrukturen har vore handsama tidlegare.

## Nordre Sunnmøre

Busstilbodet i regionen er oppdelt i 3 rutepakkar/område. Etter anbudskonkurranse er Nettbuss AS operatør i alle tre områda:

Rutepakke 1: Ålesund, Giske og Sula kommunar

Rutepakke 4: Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal kommunar

Rutepakke 5: Sykkylven og Stranda kommunar

### Skysstilbodet til og frå dei ulike skolane:

#### Haram vgs:

Det er dekkjande busstilbod frå heile kommunen til og frå skolen. Det er og tilbod med buss/ferje for elevar frå Sandøy kommune og busstilbod frå Ålesund og Skodje kommune. Det er ferjeavgang frå Fjørtofta 0700 og frå Harøya 0715. Frå Haramsøya er det ferjeavgang 0700 og frå Lepsøya 0720.

#### Stranda vgs:

Det er dekkjande busstilbod frå Hellesylt og Sykkylven. Det er og tilbod med buss/ferje frå Ørskog, Stordal og Norddal kommune. Det er bussavgang for elevar frå Valldal 0735. Bussen frå Valldal har forbindelse med ferje frå Eidsdal, men det er ikkje busstilbod frå Geiranger.

#### Sykkylven vgs:

Det er dekkjande busstilbod frå heile kommunen til og frå skolen. Det er og busstilbod for elevar frå Stranda.

#### Borgund vgs / Spjelkavik vgs

Skulane er plassert nær Moa Trafikkterminal som er knutepunkt for all busstrafikk i fylket. I tillegg til ordinære bussruter er det sett opp ekstrabussar for å ta trafikken til og frå skulane til Sula og Giske kommunar. Det er og sett opp tilbod frå Skateflua til Borgund vgs for elevar som kjem med båt frå Nordøyane.

#### Fagerlia vgs, samt sentrumsskolane Ålesund vgs (Latinskolen og Voldsdalsberga) og Akademiet vgs:

Det er dekkjande busstilbod frå heile kommunen, og frå Giske kommune. Elevar frå Sula har tilbod med hurtigbåt (for elevar på Fagerlia hurtigbåt og buss).

## Reisetid

Elevar som bur langt frå skolen eller som er avhengig av ferje og buss har i regelen meir enn ein time reisetid kvar veg. Ventetid før og etter skolestart kjem i tillegg til reisetida.

Avgangstider for reise med buss til skolane på Moa/ i Ålesund

Avgang frå	Klokken
Brattvåg, Haram kommune	06:50
Søvik, Haram kommune	07:10
Skodje, Skodje kommune	07:05
Sjøholt, Ørskog kommune	06:55
Vaksvik, Ørskog kommune	06:30*
Roald, Giske kommune	07:05
Alnes, Giske kommune	06:55

\*) Avg. 0720 til Stranda vg skole via Liabygda.

### Endeskyss og tilpassa skyss:


Gjennom anbudskontraktane har fylkeskommunen avtale om transport av skoleelevar med tilpassa skyss. Operatørane (Busselskapa) utfører denne skyssen med eigne kjørety eller dei nyttar godkjent undertransportør, oftast lokale drosjer.

Elevar som vel skole utanom nærområdet får lang reisetid dersom dei vel å bu heime. Slike transportar blir kostbare om ikkje reisa kan skje med det oppsette rutetilbodet, men må skje med eige opplegg.

## Reisetid til skolane i regionen

Kartet på neste side viser områda i regionen som har reisetid på inntil 1 time til dei ulike skolane/skolestadane. Kartet viser reisetid med bil og ferje (utan venting). Kollektivtransport tek lenger tid og når ikkje like store område innanfor den same reisetida.







## Romsdal

Busstilbodet har følgjande operatørar frå 2017:

Rutepakke 3: Molde og Gjemnes, Nettbuss AS

Rutepakke 4: Gjemnes-Molde – Fram Ekspress, Nettbuss AS

Rutepakke 6: Nettet-Molde, Nettbuss AS

Rutepakke 7: Rauma, Vestnes og Skálahalvøya i Molde, Vøøy Buss AS

Rutepakke 8: Eide, Fræna, Aukra og Midsund, Boreal Trafikk Midt-Norge AS

### Skysstilbodet til og frå dei ulike skolane:

#### Fræna vgs:

Det er ordinære skysstilbod med buss til og frå skolen frå Fræna, kommune, Eide kommune, Aukra kommune og Molde kommune.

#### Gjermundnes vgs:

Skolen har internat, men det er og skoleskysstilbod samordna med ekspressbusstilbodet som betener kommunen, samt skysstilbod med hurtigbåt. Frå januar 2017 vil hurtigbåten berre betene Helland kai, og skyssen for elevar som kjem frå Molde blir samordna med skoleskys til/frå Helland og Fiksdal.

#### Rauma vgs:

Det er dekkjande busstilbod frå heile Rauma kommune til og frå skolen. Tresfjordbrua har og opna for eit tilbod til og frå Vestnes sentrum, og det er busstilbod til og frå Molde. Reisetida frå Molde til Åndalsnes er 1 time og 25 minutt.

#### Romsdal vgs, avd. Nesjestranda:

Det er dekkjande busstilbod frå Åndalsnes og Molde. (Skolen har og internattilbod)

#### Skolane i Molde by: (Molde vgs og Fannefjord vgs)

Det er busstilbod tilpassa skoledagen frå dei kringliggande kommunane. Frå Aukra og Midsund er det gjennomgåande bussar på ferje. Elevar som pendlar frå Vestnes har tilbod med buss/ferje til Molde.

#### Romsdal vgs:

Skolen ligg om lag to kilometer frå Molde Trafikkterminal. Skoleelevar frå Vestnes kommune får tilbod med hurtigbåt til Molde og buss frå sentrum til skolen. Bussar frå Aukra, Midsund, Nettet og frå Kleive-området fortsett via sentrum til skolen, medan bussar frå Fræna, Eide og Skálahalvøya/Rauma køyrer via skolen til sentrum. Etter skoletid er det ulike tilbod for returreisa.

#### Tøndergård skole:

Det er internattilbod på skolen, men det er og elevar som har dagleg skys til og frå heimkommunen. Skys av elevar frå grunnskole og vidaregåande skole blir samordna. Det er dekkjande busstilbod, og fleire elevar nyttar buss til og frå skolen. Det er haldeplass for bybussen ved skolen, medan distriktsbussane har haldeplass på E39, der skolen møter elevane.

### Reisetid

Elevar som bur langt frå skolen eller som er avhengig av ferje og buss må rekne med meir enn ein time reisetid kvar veg. Ventetid før og etter undervisninga kjem i tillegg til reisetida.

Døme på avgangstider for reise med buss til skolane i Molde:

Avgang frå	Klokken
Angvik, Gjemnes kommune	06:35
Batnfjord, Gjemnes kommune	06:55
Botterli (kommunegrense Molde Gjemnes)	06:50
Falkhytten, Aukra	06:55
Midsund, Midsund kommune	06:45
Vevang, Eide kommune	07:00
Tornes, Fræna kommune	07:07
Tomrefjord, Vestnes kommune	06:55


### Endeskyss og tilpassa skyss:

Gjennom anbudskontraktane har fylkeskommunen avtale om transport av skoleelevar med tilpassa skyss. Operatørane (Busselskapa) utfører denne skyssen med egne kjørety eller dei nyttar godkjent undertransportør, oftast lokale drosjer.

Elevar som vel skole utanom nærområdet får lang reisetid dersom dei vel å bu heime. Slike transportar blir kostbare om ikkje reisa kan skje med det oppsette rutetilbodet, men må skje med eige opplegg.

### Reisetid til skolane

Kartet nedanfor viser områda i regionen som har reisetid på inntil 1 time til dei ulike skolane/skolestadane. Kartet viser reisetid med bil og ferje (utan venting). Kollektivtransport tek lenger tid og når ikkje like store område innafør den same reisetida.



## Nordmøre

Busstilbodet har følgjande operatørar frå 2017

Rutepakke 2: Kristiansund, Averøy, Smøla og Aure, Tide Buss AS

Rutepakke 6: Rindal, Surnadal, Halså, Tingvoll, Sunndal og Nesset, Nettbuss AS

Skysstilbodet til og frå dei ulike skolane:

### Kristiansund vgs/Atlanten vgs:

Det er busstilbod til og frå skolen frå Averøy, frå nordre del av Tingvoll kommune. Det er og eit busstilbod frå Leira i Aure kommune og ekspressbuss til/frå Molde og Gjemnes. Elevar med lengre avstand til skole vel å bu på hybel.

### Tingvoll vgs:

Det er skolebuss frå/til Kristiansund og frå/til alle bygdelaga i Tingvoll kommune. I tillegg er det eit godt tilpassa rutetilbod til Sunndalsøra, Halsanaustan og Batnfjordsøra. Elevar som bur utanfor desse områda vel å bu på hybel.

### Sunndal vgs:

Det er busstilbod til skolen frå Tingvoll, Surnadal, Nesset og frå bygdene i Sunndal.

### Surnadal vgs:

Det er busstilbod til skolen frå Rindal, Sunndalsøra og frå bygdene i Surnadal kommune.

Elevar som bur langt frå skolen eller som er avhengig av ferje og buss må rekne med meir enn ein time reisetid kvar veg. Ventetid før og etter undervisninga kjem i tillegg til reisetida.

Døme på avgangstider for reise med buss til skolane i Kristiansund:

Batnfjord, Gjemnes kommune	06:55
Kårvåg, Averøy	06:55
Meek, Averøy	06:50
Kvisvik, Tingvoll	07:15
Kanestraum, Tingvoll	07:05
Leira, Aure	06:45


### Endeskyss og tilpassa skyss:

Gjennom anbudskontraktane har fylkeskommunen avtale om transport av skoleelevar med tilpassa skyss. Operatørane (Busselskapa) utfører denne skyssen med egne kjøretøy eller dei nyttar godkjent undertransportør, oftast lokale drosjer.

Elevar som vel skole utanom nærområdet får lang reisetid dersom dei vel å bu heime. Slike transportar blir kostbare om ikkje reisa kan skje med det oppsette rutetilbodet, men må skje med eige opplegg.

### Reisetid til skolane i regionen

Kartet nedanfor viser områda i regionen som har reisetid på inntil 1 time til dei ulike skolane/skolestadane. Kartet viser reisetid med bil og ferje (utan venting). Kollektivtransport tek lenger tid og når ikkje like store område innafør den same reisetida.



## 2.8 Hybelbuarar

Oversikt over hybelbuarar byggjer på informasjon innhenta frå skolane hausten 2016 og rapporten «Utviklingsplanar for dei vidaregåande skolane i Eikesundregionen» (2014). Utgangpunktet var å samle inn tal for skoleåret 2015/16. Nokre av skolane hadde ikkje desse tala tilgjengeleg og har levert tal for 2016/17, andre har berre levert grove anslag. Sjølv om talmaterialet ikkje gjev eit korrekt augneblinksbilete av situasjonen slik den var i 2015/16 har ein likevel valt å bruke dei for å få ein peikepinn på andelen elevar som bur på hybel.

Informasjon om elevtal og hybelbuarar ved dei private skolane er ikkje med i oversikta.

SKOLE	Elevtal 2015/16	Hybelbuarar	Prosent andel
Søre Sunnmøre	1645	182	11,1 %
Nordre Sunnmøre	3624	285	7,9 %
Romsdal. eksl. Romsdal vgs	1504	226	15,0 %
Nordmøre	2011	328	16,3 %
<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>8784</b>	<b>1021</b>	<b>11,6 %</b>

Av dei om lag 8800 registrerte elevane i fylkeskommunale skolar (ekskl. Romsdal vgs), er rundt rekna 1000 av dei registrert som hybelbuarar, noko som utgjer knapt 12%. Prosentvis er det flest elevar på skolar i Nordmøre som bur på hybel, og det er hybelbuarane ved Kristiansund vgs som utgjer den største delen av dei. Tala på hybelbuarar skoleåret 15/16 ved Romsdal er ikkje registrert.



### Søre Sunnmøre

	SKOLE	Elevtal 2015/16	Hybel- buarar	Prosent andel
Søre Sunnmøre	Herøy vgs	300	23	7,7 %
	Ulstein vgs	489	31	6,3 %
	Volda vgs	541	76	14,0 %
	Ørsta vgs	315	52	16,5 %
	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>1645</b>	<b>182</b>	<b>11,1 %</b>

Tala for hybelbuarar er henta frå skoleåret 13/14, medan elevtalet er frå 15/16. Dette gjev sjølvstgatt ikkje eit heilt korrekt bilete av kor stor prosentdel elevar som er hybelbuarar i 2015/16, men informasjon frå MRFK seier at talet på elevar og hybelbuarar har vore relativt stabilt dei siste åra, så tala er nok ikkje heilt feile.

I region Søre Sunnmøre er det skolane Volda og Ørsta som har flest elevar på hybel. Av hybelbuarane ved Volda vgs kjem 42% frå Vanylven og 25% frå Volda, 18% frå Herøy og dei resterande frå Ørsta, Sande, Ulstein eller utanfrå regionen. Av hybelbuarane ved Ørsta vgs kjem 44% frå Volda, 17% frå Vanylven, 17% frå Ørsta og 17% utanfrå regionen. Ved Ulstein vgs kjem 71% av hybelbuarane frå Vanylven, dei resterande fordel seg mellom Ørsta, Sande og utanfrå regionen.

### Nordre Sunnmøre

	SKOLE	Elevtal 2015/16	Hybel- buarar	Prosent andel
Nordre Sunnmøre	Borgund vgs	881	70	7,9 %
	Fagerlia vgs	757	70	9,2 %
	Haram vgs	291	56	19,2 %
	Spjelkavik vgs	483	40	8,3 %
	Stranda vgs	163	18	11,0 %
	Sykkylven vgs	284	3	1,1 %
	Ålesund vgs	765	28	3,7 %
	<b>Nordre Sunnmøre</b>	<b>3624</b>	<b>285</b>	<b>7,9 %</b>

I region Nordre Sunnmøre er det skolane Borgund og Fagerlia som har flest elevar som bur på hybel, men det Haram vgs som har størst prosentdel av elevane på hybel. I tala frå Haram vgs og Fagerlia vgs kan ein ikkje lese ut i kva for kommune hybelbuarane kjem frå. Ved Borgund vgs kjem 25% frå region Søre Sunnmøre, 28,5% frå Nordre Sunnmøre utanom Ålesund og 27% frå region Romsdal. Ved Stranda vgs kjem 11 av 18 hybelbuarar frå Stranda.

### Romsdal

	SKOLE	Elevtal 2015/16	Hybel- buarar	Prosent andel
Romsdal Romsdal vgs. ikkje inkludert	Fannefjord vgs	80	33	41,3 %
	Fræna vgs	375	30	8,0 %
	Gjermundnes vgs	117	83	70,9 %
	Molde vgs	751	54	7,2 %
	Rauma vgs	181	26	14,4 %
	Romsdal vgs	Tal ikkje tilgjengeleg		
	<b>Romsdal. eksl. Romsdal vgs</b>	<b>1504</b>	<b>226</b>	<b>15,0 %</b>

Fannefjord vgs og Gjermundnes vgs er skolar med fylkesdekkjande tilbod, og mange av elevane kjem då naturlegvis frå andre stader i fylket, og ikkje overraskande bur ein stor del av elevane på hybel (eller internat på Gjermundnes). I talgrunlaget frå desse to skolane kan ein ikkje lese ut kva for kommune elevane er heimheyrande i. Hybelelevane ved Rauma vgs kjem i hovudsak frå Romsdal (61%) eller utanfor fylket (23% er frå Lesja kommune i Oppland).

Talet på hybelbuarar ved Romsdal skoleåret 15/16 er ikkje registrert.

### Nordmøre

	SKOLE	Elevtal 2015/16	Hybel- buarar	Prosent andel
Nordmøre	Atlanten vgs	526	67	12,7 %
	Kristiansund vgs	791	200	25,3 %
	Sunndal vgs	292	14	4,8 %
	Surnadal vgs	299	31	10,4 %
	Tingvoll vgs	103	16	15,5 %
	<b>Nordmøre</b>	<b>2011</b>	<b>328</b>	<b>16,3 %</b>

I region Nordmøre er det Kristiansund vgs som har dei fleste og den høgaste andelen hybelbuarar. I talgrunnlaget er det ikkje mogeleg å finne kva for kommune hybelelevane ved Atlanten vgs og Kristiansund vgs er heimehørande i. Ved Surnadal vgs kjem om lag halvparten av hybelbuarane frå Halså kommune, og om lag 20% kjem utanfrå fylket. 57% av hybelbuarane ved Sunndal vgs kjem frå kommunar i region Nordmøre utanom Sunndal, og 36% har heimkommune i region Romsdal eller Nordre Sunnmøre.

## 2.9 Næringsliv, sysselsetting og læreplassar

### Omtale av næringsliv og utdanningssystem i utkast til fylkesplan

#### *Internasjonalt konkurransedyktig næringsliv*

Næringslivet i fylket har basis i ressursbaserte næringar og industriell produksjon bygd på erfaringsbasert kunnskap. Bedriftene er i global konkurranse og må i stadig sterkare grad levere kunnskapsbasert produksjon og tenesteyting, og klimaendringar og digitalisering gjer at bedriftene vert utfordra på både omstillingshastigheit, nye produksjonsmåtar og forretningsmodellar. I tett samarbeid med næringsliv og academia er det ved inngangen til fylkesplanperioden laga ein forskning og innovasjonsstrategi som gir retning for kva vi skal prioritere for å utløyse utviklingspotensialet framover.

#### *Fleksibelt utdanningssystem og betre gjennomføring*

Dynamiske regionar er prega av sterke kompetansemiljø, nyskaping og entreprenørskap. Oppvekst og utdanningssystemet i Møre og Romsdal skal opplevast som attraktivt og godt tilrettelagt for brukarane, og skulane skal levere kompetanse som arbeidslivet har bruk for.

Krav til kompetanse i arbeidslivet har endra seg mykje dei siste tiåra, og dette gjer arbeidet med betre gjennomføring i den vidaregåande opplæringa svært viktig. I betre gjennomføring ligg både at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring, men og at elevane fullfører med høgare kunnskapsnivå.

Ein viktig føresetnad for å auke gjennomføringa er god tilgang til lære- og opplæringsplassar i privat og offentlege sektor. God karrierettleiing og rådgiving skal gi målgruppa innsikt i dei mulegheitene som finst i arbeidslivet i fylket.

#### *Entreprenørskap – for omstilling og nyskaping*

Entreprenørskap er for å stimulere til nyskaping og omstilling i bedrifter og samfunnet i Møre og Romsdal. Forsking viser at sjansen for å starte eiga bedrift er større for dei som har vore gjennom entreprenørskapsundervisning i skulen. I Møre og Romsdal bør alle elevar og studentar ha tilgang til praktisk entreprenørskapsutdanning.

## Ny strategi skal møte utfordringane til næringslivet

Møre og Romsdal er inne i ei tid med omstilling. For å møte utfordringane som næringslivet står overfor, har fylkeskommunen saman med representantar frå næringslivet og academia, utarbeidd ein forskings- og innovasjonsstrategi.

Strategidokumentet peikar på kvar vi må rette innsatsen for å sikre eit konkurransedyktig næringsliv i framtida og tar utgangspunkt i følgande forhold:

- Generelt behov for omstilling og høgare innovasjonstakt i næringslivet.
- Reduksjon i petroleumsaktiviteten med ringverknader i store delar av den maritime næringa.
- Det grønne skiftet som stiller krav om berekraft og mindre påverknad på miljøet.


Den nye strategien vart vedteken av fylkestinget juni 2016, og skal erstatte den førre FoU-strategien, som var gjeldane frå 2012 -2016.

Den nye strategien rettar seg ikkje mot ei bestemt næring eller bransje, men mot å sikre fylket tilgang til relevant kunnskap, der fylket vårt har konkurransemessige fortrinn. Likevel er det ei tydeleg satsing på havrommet, fordi det er her vi har våre største konkurransefortrinn.

Implementering av strategien vil skje gjennom «Handlingsprogram for verdiskaping og kompetanse». Her vil det bli utforma relevante tiltak i det einssilde år. Strategien er godt forankra i næringsliv, forskingsmiljø og i verkemiddelapparatet. Det ligg difor godt til rette for at vi gjennom forskning og innovasjon saman fornyar, utviklar og skaper eit konkurransedyktig næringsliv.

## Syssettinga i fylket

Det er ei sterk kopling mellom vekst i arbeidsmarknaden og befolkninga i fylket, og det gjer det interessant å sjå nærare på utvikling i syssettinga. På same måte som for befolkningsutviklinga er det store geografiske skilnader mellom ulike delar av fylket, og tidspunktet ein måler endringa frå har og stor betydning. Kartet nedanfor syner prosentvis vekst i syssetting frå 2010 til 2014.



Samla i regionen var veksten på om lag 2200 arbeidsplassar, kor av veksten i Ålesund utgjorde 1600 arbeidsplassar eller 73 prosent av arbeidsplassveksten.

Ei grunn til uro er konsekvensane av dei utfordrande tidene som næringane innan maritim og petroleumretta næringar opplev grunna låg oljepris. Samstundes gjev dette negative ringverknader i andre næringar. Allereie no ser vi at arbeidsløysa aukar i fylket, og særleg i ein rekke kommunar på Sunnmøre. Det usikkert kva konsekvensane blir på sikt, og kor lenge oljeprisen vil halde seg lav, og i kor stor grad dette vil ha konsekvensar i regionen.

I samband med revidering av fylkesplanen er det utarbeidd eit notat om sysselsetting og næringsutvikling i Møre og Romsdal. Notatet ser på utvikling i sysselsettinga frå 4. kvartal 2010 til 4. kvartal 2015. Ein konklusjon er at mykje av veksten fylket opplevde frå 2010 til 2014 forsvann i 2015.

Sekundærnæringane hadde frå 2010 til 2014 ein vekst på om lag 2 200 sysselsette, frå 2014 til 2015 forsvann nær 1 900 sysselsette i næringa. I sørvisnæringane var tala enno verre, veksten frå 2010 til 2014 var på om lag 1 500 sysselsette, medan nedgangen frå 2014 til 2015 var på om lag 2 800 sysselsette. I sum var sysselsettinga i 2015 berre 0,7 prosent høgare enn kva den var i 2010.


I samband med revidering av fylkesplanen er det og utarbeida eit notat om innvandrar og integrering i Møre og Romsdal. Eit av temaa her er innvandrarane si deltaking i arbeidslivet. Samla for begge kjønn var delen sysselsette blant innvandrarane i fylket 63,4 prosent, det er tredje høgast i landet etter Akershus og Sogn og Fjordane, som har 69,3 prosent.

Det verkar ikkje som om nedgangen i oljeindustrien og relaterte næringar har ført til at færre utlendingar flyttar til fylket eller at fleire innvandrarar vel å flytte frå fylket. Innvandrarbefolkninga i Møre og Romsdal, inkludert norskfødde med to innvandrarforeldre, utgjorde ved siste årsskiftet 31 490 personar – 11,9 prosent av befolkninga i fylket. Til samanlikning talte denne gruppa 29 579 personar 1.1.2015. Det inneber ein auke på 1 911 personar i løpet av 2015. Året før auka innvandrarbefolkninga med 2 240 personar. Veksten har med andre ord flata noko ut, men er framleis historisk høg.

## Retts kompetanse for framtida

Figuren nedanfor viser prognose for utvikling av behovet for kompetanse fram mot 2030 (frå SSB sine Økonomiske analyser 3/2012 – «Utdannes det riktig kompetanse for fremtiden?»)

Figur 2. Sysselsetting etter utdanning, andel av total sysselsetting, 1986-2030



I rapporten frå SSB oppsummerast utfordringane med m.a.



«Ved hjelp av demografiske og økonomiske modeller finner Statistisk sentralbyrå at det norske utdanningssystemet er godt tilpasset fremtidens etterspørsel etter utdannet arbeidskraft. Men det utdannes trolig for få personer med vidaregåande fagutdanning rettet inn mot industri og bygge- og anleggsvirksomhet, ingeniører, andre med realfagsbakgrunn, helsepersonell og lærere. På den andre siden kan utdanningen av personer med økonomi og administrasjon, samfunnsfag, sosialfag og humanistiske og estetiske fag være i overkant av den forventede veksten i etterspørselen.»

«I tillegg til endring i utdanningspolitikken og påvirkning av ungdoms utdanningsvalg, vil ubalansene (relatert til dagens utdanningsetterspørsel) bli motvirket ved at arbeidsgiverne fyller behovene for en gruppe de ser knapphet på med en nærliggende gruppe. I de siste årene har knapphet på arbeidere med vidaregåande fagutdanning rettet inn mot industri og bygge- og anleggsvirksomhet, ingeniører og andre med realfagsbakgrunn og helsepersonell også blitt motvirket gjennom økt innvandring. Men det er likevel et bekymringsfullt trekk at underdekningen for disse gruppene ser ut til å vedvare samtidig som det utdannes for mange innenfor økonomi og administrasjon, samfunnsfag og humanistiske og estetiske fag.»

Desse problemstillingane vart og omtalt i Stortingsmelding 44 – Utdanningslinja – og behandla i sak Ud-34/12 (Yn-11/12) – Evaluering av Kunnskapsløftet - der ein peikte på hovudutfordringa for rekruttering til arbeidslivet;

«Medan berekningar av arbeidskraftbehovet framover viser at ein i 2025 vil ha behov for at 50 prosent av arbeidsstyrken har utdanning på vidaregåande nivå, er det berre 17 prosent av ungdomskullet som går ut av vidaregåande med slik kompetanse. At berre vel 70 % gjennomfører vidaregåande opplæring, viser at ein etter kvart vil risikere å få ei stor gruppe på arbeidsmarknaden som konkurrerer om stadig færre ufaglærte jobbar. Når nesten 50 prosent av ungdomskullet går vidare til høgare utdanning, tyder det på at mange nok vel den vegen. På den andre sida viser gjennomføringsstatistikk for høgare utdanning at 41 prosent av dei som begynte i 2001, ikkje hadde fullført med ein akademisk grad ti år etter».

Det er difor viktig at ein har gjennomgåande tilbod innafor yrkesfag med ei utvikling som gjer at fleire vel læreplass som fullføring av si opplæring. Dette krev godt samarbeid med næringslivet for å sikre nok læreplassar, spesielt på fag der det er mogleg for dei som utdannar seg å få jobb.

I SSB sin Økonomiske analyse 3/2012 – «Utdannes det riktig kompetanse for fremtiden?» - og i NAV sine bedriftsundersøkningsrapporter vert det understreka at ein vil få knappheit på ingeniørar og sivilingeniørar dersom ikkje fleire vel realfag. I SSB sin Økonomiske analyse seier ein;

«Etterspørselskurvene for både ingeniørar, sivilingeniørar og andre personer med realfagsbakgrunn burde trolig også ha vært hevet for å ta hensyn til det udekkede behovet i utgangspunktet. For ingeniørane utdannes det dessuten færre enn det som er nødvendig for opprettholde bestanden. En vesentlig årsak til dette er at gruppen har et stort innslag av eldre arbeidstakere som snart går av med pensjon. Sivilingeniørane består i større grad av yngre arbeidstakere sammenlignet med ingeniørane. Både for ingeniørar og sivilingeniørar er etterspørselen frem mot 2030 påvirket av en forutsetning om en mogleg nedtrapping av petroleumsvirksomheten. Det er imidlertid stor usikkerhet forbundet med når og hvor raskt dette vil gjøre seg gjeldende, og betydningen av alternative forutsetninger om utviklingen i denne næringen er drøftet av Gjelsvik (2011). Forutsetninger om økende bruk av ingeniørar og sivilingeniørar i alle andre næringer som følge av den teknologiske utviklingen trekker etterspørselen opp.»

Det er viktig å motivere elevar til å velje realfag og sikre at skolane kan gi tilbod om fordjuping innafor dei ulike realfaga, gjerne som samarbeid mellom fleire skolar gjennom nett- og fjernundervisningsressursar, jf. pkt.16 i målsettingane for tilbudsutgreiinga.

For at fylket og regionane skal ha tilgang til relevant arbeidskraft med høgare utdanning, må nasjonale prognosar for trong for arbeidskraft brytast ned til vårt eige fylke.

Nett no er det realfaga som er i fokus, men skal vi nå måla i fylkesplanen treng vi også kompetanse innanfor humanistiske fag som språk og estetiske fag, samfunnsfag og profesjonsutdanningar.

### 3 Tilbudsstruktur for framtida

Til grunn for arbeidet med forslag til ny struktur låg det mellom anna ei styrande føring om at dagens skolar skulle bestå. Dermed er arbeidet med strukturen avgrensa til å sjå på tilboda ved dei einskilde skolestadane og i kva grad ei flytting eller justering av tilboda kan oppfylle målsetjingane i kap.1.2 . Når ei slik avgrensing ligg til grunn, vil det naturlegvis ikkje vere enkelt å kunne oppnå alle målsettingar. Ein klarer då ikkje samtidig å etablere store skolar, gje elevane kort reiseveg, ha eit breitt tilbod på VG2 og VG3 nivå ved alle skolar, innfri 90% av elevane sine primærønske, og ha ein økonomisk fordelaktig struktur.

Ein annan premiss som ligg til grunn for gjennomgangen er at distriktsskolar bør ha tilbod om helse og oppvekstfag, teknikk og industriell produksjon og studiespesialiserande utdanningsprogram.

Når ein må forhalde seg til desse premissane står ein igjen med at det viktigaste grepet ein kan få til er å etablere større fagmiljø på dei ulike utdanningsprogramma ved nokre av skolane. I dei tilfella kor det er kort reisetid mellom skolane vil dei ikkje konkurrere med kvarandre om elevane, og ein kan då redusere talet på elevgrupper ved å samle ulike tilbod på ein av skolane.

Som døme på avgrensingar desse føringane gjev kan det nemnast at det på Nordmøre ville vore naturleg å vurdere om det er grunnlag for tre skolar i indre delar av regionen. Med ny bru over fjorden mellom Sunndal og Surnadal og gode kollektivtilbod, ville reiseavstanden mellom Tingvoll, Surnadal og Sunndal bli kortare, og ein kunne vurdert om to skolar med 300 elevar eller ein skole for 600 elevar ville vore meir tenleg enn dagens struktur.

I dagens tilbudsstruktur er det ulik praksis for storleiken på ei elevgruppe. Nokre skolar nyttar 12 elevar på yrkesfag og 25-27 elevar på studieførebuande program som maksimalt elevtal i ei gruppe. Dette kan hengje saman med dei fysiske rammene til skolen, utstyrsparken, vurdering av sikkerheit, eller rett og slett vere resultat av historisk praksis. I forslag til ny struktur har vi ikkje teke omsyn til dagens praksis, men konsekvent nytta 30 elevar i ein heil klasse på studieførebuande program og 15 elevar i ein heil klasse på yrkesfag. Det vil og vere hovudregelen om skolane skal byggast til eller om, noko som vil vere aktuelt for mange av skolane fram mot 2030 eller 2040. I nokre høve er det og sett opp halve klassar med høvesvis 15 og 8 elevar på studieførebuande og yrkesfag, men då er det fordi elevgrunnet vert vurdert å ikkje vere større.

Mange næringar som rekrutterer frå dei yrkesfaglege studieprogramma er konjunkturutsett og opplever for tida nedgangstider. Fylkeskommunen opplever at dette også får konsekvensar for elevar som søker lærlingplass. Forslaget til ny struktur har eit perspektiv fram mot 2040 og legg mindre vekt på kortsiktige svingingar i arbeidsmarknaden, enn på det historiske perspektivet som seier at etterspurnaden etter lærlingar og faglært personell truleg vil ta seg opp igjen. Dette gjeld spesielt EL og TIP. Vi har tru på at behovet for elektrofag snarare vil auke enn minke i åra framover, men det kan og hende at det på sikt kan bli ei sterkare kobling mellom elektrofaga og enkelte TIP-fag.

I helsevesenet er det framleis et aukande behov for fleire hender og det er klare indikasjonar på at behovet for utdanning innan HO kjem til å auke ytterlegare i framtida

Når det gjeld omfang og plassering av YSK-tilboda, vert vedtaket i Utdanningsutvalet 12.05.2016 lagt til grunn, jfr. kap. 2.3.15.

Summert opp er følgjande moment tillagt vekt i vurderinga:

- Talet på elevplassar ved eit utdanningsprogram bør ikkje vere under ein halv klasse
- Ein skole bør ha både VG1 og VG2 tilbod på yrkesfaglege utdanningsprogram

- Tilbodet bør spegle elevanes ynsker og gje flest mogleg plass på primærønsket
- Flest mogleg kan bu heime når dei er elevar på VG1
- Styrking av HO
- Unngå reduksjon av EL, TIP og ST

Gjennomføring av forslaga til endringar i tilbudsstrukturen er ikkje tidfesta. Dette vil m.a. avhenge av framdrifta i pågåande og framtidige byggjeprojekt og søkinga til elevane i åra framover. Forslaga som vert vedtekne vil vere styrande for årlege skolebruksplanar og kunne implementerast etter kvart som dei respektive skoleanlegga har plass til å ta i mot endringane.

### 3.1 Dimensjonering av utdanningsprogram på fylkesnivå

Tabellen nedanfor viser fordelinga av elevar på ulike utdanningsprogram i fylket for skoleåret 2015/16, samt fordelinga av elevplassar på ulike utdanningsprogram fram mot 2040 i heile fylket og dei 4 regionane, slik forslag om endringar i tilbudsstrukturen er presentert i resten av kapittelet.

Tabellen viser stor auke i andelen elevplassar på HO, framleis høge tal for TIP og ein liten samla auke for studieførebuande fag, EL, BA og NA.

(Elevar på Fannefjord vgs er ikkje med i tabellen fordi vi ikkje veit kva utdanningsprogram dei vil søkje seg til. Tala fram mot 2040 inneheld av same grunn heller ikkje planlagde elevplassar i TPO-basar på dei einskilde skolane).

Elevar og elevplassar i vidaregåande opplæring, %-vis fordelt på utdanningsprogram. Elevar i 2015/16 og elevplassar fram mot 2040						
	Elevtal Møre og Romsdal (2015/16)	Elevplassar Møre og Romsdal (-->2040)	Elevplassar Søre Sunnmøre (-->2040)	Elevplassar Nordre Sunnmøre (-->2040)	Elevplassar Romsdal (-->2040)	Elevplassar Nordmøre (-->2040)
<b>Alle utdanningsprogram</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>
<b>Studieførebuande</b>	<b>56,2</b>	<b>58,9</b>	<b>56,4</b>	<b>61,5</b>	<b>59,4</b>	<b>54,8</b>
Idrettsfag	6,0	6,3	7,5	5,5	6,7	6,6
Musikk, dans og drama	3,3	3,6	5,0	3,9	3,4	2,2
Påbygging til generell studiekompetanse	6,3	6,3	6,6	5,9	6,5	6,6
Medium og kommunikasjon	1,0	4,5	4,1	3,9	6,0	4,4
Studieførebuande Vg3 naturbruk	0,1	0,1	0,0	0,0	0,3	0,0
Studiespesialisering	38,7	37,0	33,2	41,5	34,8	32,8
STFO/ Kunst Design og Arkitektur	0,8	1,2	0,0	1,0	1,7	2,2
<b>Yrkesfaglig</b>	<b>43,8</b>	<b>41,1</b>	<b>43,6</b>	<b>38,5</b>	<b>40,6</b>	<b>45,2</b>
Bygg- og anleggsteknikk	3,8	4,0	3,3	3,9	4,1	4,8
Design og handverk	2,3	2,2	1,7	2,6	2,8	1,1
Elektrofag	6,9	7,0	6,6	6,8	5,7	9,5
Helse- og oppvekstfag	8,8	10,0	11,6	10,0	7,9	11,3
Medium og kommunikasjon	3,6	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Naturbruk	1,7	1,9	1,7	1,3	4,7	0,0
Restaurant- og matfag	2,5	2,2	3,3	1,9	1,7	2,6
Service og samferdsel	3,8	3,6	3,3	3,6	3,9	3,6
Teknikk og industriell produksjon	10,5	10,0	12,1	8,4	9,7	12,3

Tala for 2015/16 omfattar ikkje elevar på Fannefjord vgs

I tala fram mot 2040 er verken elevplassar på Fannefjord vgs eller i TPO basar medrekna (dei utgjør ca 2,8% av elevplassane)

I dei følgjande kapitla vert tilbudsstrukturen i regionane handsama kvar for seg.

### 3.2 Tilbudsstruktur - Søre Sunnmøre

I region Søre Sunnmøre inngår kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta. Regionen har 4 fylkeskommunale vidaregåande skular; Herøy vgs og Ulstein vgs i ytre del og Volda vgs og Ørsta vgs i indre del av regionen. Regionen har i ingen private skoletilbod.

Herøy vgs har i tillegg til hovudskolen ei avdeling i Vanylven.

Regionen har etter opninga av Eiksundsambandet utvikla seg som ein stadig meir integrert bu- og arbeidsmarknad. Alle skolane i regionen rekrutterer i hovudsak frå same inntaksområde, men på tross av betra kommunikasjon er det lite utveksling av elevar mellom indre og ytre delar av regionen. Dette heng naturleg nok saman med at elevane har eit relativt breitt studietilbod å velje mellom i sin del av regionen. Kollektivtransporttilbodet er ikkje godt nok til at det er tilstrekkeleg attraktivt å dagpendle mellom indre og ytre delar av regionen.

Tilbudsstrukturen på Søre Sunnmøre vart utgreia i samband med utarbeiding av utviklingsplanar for alle skolane i 2013-2014 og handsama politisk i desember 2014.

#### Vedteke endringar:

Vedtak i Fylkestinget desember 2014 i sak T-69/14 «Utviklingsplanar for dei vidaregåande skolane i Eiksundregionen»

1. Fylkestinget vedtek å vidareføre dagens skolestruktur i Eiksundregionen med føreslegne endringar i tilbudsstrukturen. Endringane skal gjennomførast når det er gjort nødvendige bygningsmessige endringar, eller om ein får ei utvikling i søkartalet som gjer at ein kan samle utdanningsprogramma utan tiltak. Endringane gjeld følgjande utdanningsprogram:
  - a. Service og samferdsel samla ved Ulstein vgs
  - b. Bygg og anleggsteknikk samla ved Ørsta vgs
  - c. Restaurant og matfag samla ved Herøy vgs
2. Fylkestinget godkjenner framlagde utviklingsplanar datert oktober 2014 som grunnlag for vidare opprustingsarbeid/nybygg ved Herøy vgs, Ulstein vgs, Volda vgs og Ørsta vgs. Planane justerast i henhold til vedtak i pkt. 1.
3. Framdrift for vedtekne byggesteg må tilpassast løyvingar i budsjett og økonomiplan.

Ingen av dei vedtekne endringane for BA, SS og RM er til no gjennomført. Når dei vedtekne endringane er gjennomført vert følgjande tilbod gjeve ved berre ein skole i regionen:

BA og DH (Ørsta), NA og RM (Herøy), SS og ID (Ulstein), MDD og MK (Volda).

Sjølve tilbudsstrukturen har ikkje vore vurdert på nytt no, men det vert i denne utgreiinga lagt fram forslag om å skalere ned talet på elevplassar på enkelte skolar og utdanningsprogram som følgje av lågare elevtalsprognosar og endring i søkemønsteret til enkelte tilbod. Alle føreslegne endringar er kommentert i det følgjande.

### 3.2.1 Dimensjonering og fordeling av utdanningsprogram mellom skolane i regionen

#### Region Søre Sunnmøre

Elevtal 2015/16:

SKOLE	SAMLA ELEV TAL 2015/16	YRKESFAG											STUDIEFØREBUANDE								
		TPO	BA	DH	EL	HO	MK	NA	RM	SS	TIP	SUM YRK	PB	MK	MD	NA	ID	KDA (STFO)	ST	SUM SFØ	
Herøy vgs	272		20			75		25	25			99	244		28						28
Herøy vgs avd. Vanylven	28					12						13	25								3
Ulstein vgs	489				41						36	21	98		1			141			249
Volda vgs	541						50				17		67		78	5	83				308
Ørsta vgs	315		35	26	71	79			22			82	315								474
<b>Sum Søre Sunnmøre</b>	<b>1 645</b>	<b>-</b>	<b>55</b>	<b>26</b>	<b>112</b>	<b>166</b>	<b>50</b>	<b>25</b>	<b>47</b>	<b>53</b>	<b>215</b>	<b>749</b>	<b>107</b>	<b>5</b>	<b>83</b>	<b>-</b>	<b>141</b>	<b>-</b>	<b>560</b>	<b>896</b>	
		0,0 %	3,3 %	1,6 %	6,8 %	10,1 %	3,0 %	1,5 %	2,9 %	3,2 %	13,1 %	45,5 %	6,5 %	0,3 %	5,0 %	0,0 %	8,6 %	0,0 %	34,0 %	54,5 %	

Elevplassar fram mot 2030:

SKOLE	SUM ELEV PLASSAR	YRKESFAG											STUDIEFØREBUANDE								
		TPO	BA	DH	EL	HO	MK	NA	RM	SS	TIP	SUM YRK	PB	MK	MD	NA	ID	KDA (STFO)	ST	SUM SFØ	
Herøy vgs	297	12				75		30	60			90	255		30						30
Herøy vgs avd. Vanylven	47	2				15						15	30								15
Ulstein vgs	529	10			45						60	24	129		30			135			225
Volda vgs	591	6													60	75	90				360
Ørsta vgs	385	10	60	30	75	120						90	375								585
<b>Sum Søre Sunnmøre</b>	<b>1 849</b>	<b>40</b>	<b>60</b>	<b>30</b>	<b>120</b>	<b>210</b>	<b>-</b>	<b>30</b>	<b>60</b>	<b>60</b>	<b>219</b>	<b>789</b>	<b>120</b>	<b>75</b>	<b>90</b>	<b>-</b>	<b>135</b>	<b>-</b>	<b>600</b>	<b>1 020</b>	
I utgreiinga er det planlagt for om lag 140 fleire skoleplassar i 2030 og 80 fleire i 2040 enn talet på elevar i 2015/16. Elevtalet er venta å gå ned, og auken i talet på elevplassar skuldast at det vert planlagt for 10-20% fleire plassar enn elevprognosane visar, mellom anna fordi ikkje alle klassar vert fylt opp. Auken er i hovudsak knytt til utdanningsprogramma HO, ID og KDA. Andre mindre endringar er konsekvens av at yrkesfagklassar og studieførebuande klassar vert planlagt med høvesvis 15 eller 30 elevar, mot dagens praksis kor det ved ein skule er 12 og 27 elevar.

### 3.5.2 Vurdering av tilbudsstruktur, sortert på utdanningsprogram

#### 3.5.2.1 Yrkesfaglege utdanningsprogram

##### Bygg- og anleggsteknikk

Bygg- og anleggsteknikk	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
<b>Kristiansund vgs</b>										
VG1 Bygg- og anleggsteknikk	24	41	10	15	12	28	39	29	30	30
Vg2 Byggteknikk	11	12	17	14	12	11	16	14	15	15
VG2 Klima-, energi- og miljøteknikk	5	6	13	16	1	0	12	14	15	15
<b>Sum</b>	<b>40</b>	<b>59</b>	<b>40</b>	<b>45</b>	<b>25</b>	<b>39</b>	<b>67</b>	<b>57</b>	<b>60</b>	<b>60</b>
<b>Sunnadal vgs</b>										
VG1 Bygg- og anleggsteknikk	11	13	14	13	12	10	9	14		
Vg2 Byggteknikk	4	0	9	10	10	9	7	8		
<b>Sum</b>	<b>15</b>	<b>13</b>	<b>23</b>	<b>23</b>	<b>22</b>	<b>19</b>	<b>16</b>	<b>22</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Surnadal vgs</b>										
VG1 Bygg- og anleggsteknikk	3	0	5	6	12	13	10	7	23	23
Vg2 Byggteknikk	12	14			2	0	13	13	15	15
<b>Sum</b>	<b>15</b>	<b>14</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>14</b>	<b>13</b>	<b>23</b>	<b>20</b>	<b>38</b>	<b>38</b>
<b>Tingvoll vgs</b>										
VG1 Bygg- og anleggsteknikk	2	1	4	4	2	0	6	6		
Vg2 Byggteknikk	5	5			6	6				
<b>Sum</b>	<b>7</b>	<b>6</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>8</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Totalsum</b>	<b>77</b>	<b>92</b>	<b>72</b>	<b>78</b>	<b>69</b>	<b>77</b>	<b>112</b>	<b>105</b>	<b>98</b>	<b>98</b>

VG1 bygg og anleggsteknikk har hatt færre primær-søkjarar dei siste fire åra enn dei som har fått tilbod om plass ved skolestart. Ved Tingvoll kan det sjå ut som om søkjargrunnlaget er under ein halv klasse, og tilbodet har enkelte år ikkje vore oppretta. Ved Surnadal har det vore ein oppgang i søkjartalet til VG1 dei siste åra. I sum er søkinga til BA i regionen på eit nivå som gjer det naturleg å samla tilbodet ved færre skolar enn i dag. Då vil ein og kunne sikre stabile fagmiljø på VG2-nivå på skolane som har tilbodet.

VG2 klima, energi og miljøteknikk er det berre tilbod om på Kristiansund. Tilbodet har hatt låge søkjartal og tilbodet kom ikkje i gang i skoleåret 2015/2016. Sjølv om dette er det einaste tilbodet i regionen, må vi vurdere å legge ned tilbodet om ikkje søkinga tek seg opp. Tilbodet vert starta opp på Romsdal vgs i 2017/18.

I forslag til ny struktur er tilbodet samla ved Kristiansund og Surnadal. Dette er gjort for å sikre eit godt tilbod både på VG1 og VG2 nivå. Det er og ei økonomisk vinning på å ha færre og større elevgrupper.

##### Design og handverk

Design og handverk	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
<b>Kristiansund vgs</b>										
VG1 Design og håndverk	29	24	19	19	17	21	27	28	23	15
VG2 Design og trearbeid	4	4	2	3	1	0				
VG2 Frisør	13	13	16	14	10	10	8	7	8	8
VG2 Interiør og utstillingsdesign	5	6	2	2	5	7	4	0		
<b>Sum</b>	<b>51</b>	<b>47</b>	<b>39</b>	<b>38</b>	<b>33</b>	<b>38</b>	<b>39</b>	<b>35</b>	<b>31</b>	<b>23</b>
<b>Totalsum</b>	<b>51</b>	<b>47</b>	<b>39</b>	<b>38</b>	<b>33</b>	<b>38</b>	<b>39</b>	<b>35</b>	<b>31</b>	<b>23</b>

Ut i frå talet på primær-søkjarar til VG1 dei siste åra kan det sjå ut som om det er grunnlag for mellom ein og to klassar. På VG2 er søkinga til frisør nedgåande og på sikt er det truleg berre grunnlag for ein halv klasse. I forslag til ny struktur er dette lagt til grunn når det er dimensjonert for 1,5 klassar på VG1 mot 2030 og 1 klasse mot 2040, og ein halv klasse VG2 frisør i heile perioden. VG1 har kryssløp til VG2 Barne og ungdomsarbeidar, og elevar som ikkje ønskjer vidare utdanningsløp innan DH kan endre til HO.

## Elektrofag (EL)

Elektrofag	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
<b>Kristiansund vgs</b>										
VG1 Elektrofag	77	67	57	60	60	60	54	45	45	45
VG2 Elenergi	8	15	24	15	31	15	23	15	15	15
VG2 Automatisering	21	15	24	15	20	15	19	15	15	15
VG2 Data og elektronikk	21	15	11	15	6	15	14	15	15	15
VG3 Automatiseringsfaget	16	15	17	15	20	15	15	15	15	15
VG3 Dataelektronikerfaget	11	11	10	11	11	11	8	10	15	15
<b>Sum</b>	<b>154</b>	<b>138</b>	<b>143</b>	<b>131</b>	<b>148</b>	<b>131</b>	<b>133</b>	<b>115</b>	<b>120</b>	<b>120</b>
<b>Sunnadal vgs</b>										
VG1 Elektrofag	16	14	13	14	13	14	22	14	30	30
VG2 Elenergi	8	14	11	14	9	14	16	14	15	15
VG2 Automatisering									15	15
VG3 Automatiseringsfaget									15	15
<b>Sum</b>	<b>24</b>	<b>28</b>	<b>24</b>	<b>28</b>	<b>22</b>	<b>28</b>	<b>38</b>	<b>28</b>	<b>75</b>	<b>75</b>
<b>Surnadal vgs</b>										
VG1 Elektrofag	6	14	19	14	20	14	14	14		
VG2 Automatisering	8	14	7	14	13	14	7	14		
VG3 Automatiseringsfaget	7	8	8	9	5	5	12	12		
<b>Sum</b>	<b>21</b>	<b>36</b>	<b>34</b>	<b>37</b>	<b>38</b>	<b>33</b>	<b>33</b>	<b>40</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Tingvoll vgs</b>										
VG1 Elektrofag	5	6	7	4	3	0	5	6		
VG2 Elenergi			7	6	5	5				
<b>Sum</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>14</b>	<b>10</b>	<b>8</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Totalsum</b>	<b>204</b>	<b>208</b>	<b>215</b>	<b>206</b>	<b>216</b>	<b>197</b>	<b>209</b>	<b>189</b>	<b>195</b>	<b>195</b>

Det har vore god søking til VG1 Elektrofag ved alle skolane som har dette tilbodet, mens søkinga til VG2 tilbodet ved dei minste skolane tidvis har vore låg. Av den grunn er det i forslag til ny struktur lagt fram forslag om å samle alle elektrotilboda ved Kristiansund og Sunndal. Sunndal får då Elektrofag i byte mot å flytte Bygg- og anleggsgfag til Surnadal. Talet på elevplassar ved dei ulike VG2 tilboda er i liten grad endra i forslag til ny struktur.

## Helse- og oppvekstfag (HO)

Helse- og oppvekstfag	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
<b>Kristiansund vgs</b>										
VG1 Helse- og oppvekstfag	66	70	68	72	76	60	83	68	90	75
VG2 Barne- og ungdomsarbeiderfag	28	22	20	16	26	23	28	26	30	30
VG2 Helsearbeiderfag	25	30	27	30	13	15	23	29	45	30
VG2 Helsearbeiderfag, veksl.m.			13	13	13	13	12	12		
<b>Sum</b>	<b>119</b>	<b>122</b>	<b>128</b>	<b>131</b>	<b>128</b>	<b>111</b>	<b>146</b>	<b>135</b>	<b>165</b>	<b>135</b>
<b>Sunnadal vgs</b>										
VG1 Helse- og oppvekstfag	21	14	28	18	25	15	24	25	15	15
VG2 Barne- og ungdomsarbeiderfag	15	15	9	10	8	6	9	13		
VG2 Helsearbeiderfag	18	14	10	10	13	9	7	7	15	15
<b>Sum</b>	<b>54</b>	<b>43</b>	<b>47</b>	<b>38</b>	<b>46</b>	<b>30</b>	<b>40</b>	<b>45</b>	<b>30</b>	<b>30</b>
<b>Surnadal vgs</b>										
VG1 Helse- og oppvekstfag	23	22	20	15	26	30	36	30	30	30
VG2 Barne- og ungdomsarbeiderfag	7	6	11	7	8	6	13	15	15	15
VG2 Helsearbeiderfag	9	7	11	12	6	4	9	7	15	15
<b>Sum</b>	<b>39</b>	<b>35</b>	<b>42</b>	<b>34</b>	<b>40</b>	<b>40</b>	<b>58</b>	<b>52</b>	<b>60</b>	<b>60</b>
<b>Tingvoll vgs</b>										
VG1 Helse- og oppvekstfag	2	0	1	0	11	8	6	4	8	8
VG2 Barne- og ungdomsarbeiderfag	0	0								
VG2 Helsearbeiderfag	6	5					2	0		
<b>Sum</b>	<b>8</b>	<b>5</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>11</b>	<b>8</b>	<b>8</b>	<b>4</b>	<b>8</b>	<b>8</b>
<b>Totalsum</b>	<b>220</b>	<b>205</b>	<b>218</b>	<b>203</b>	<b>225</b>	<b>189</b>	<b>252</b>	<b>236</b>	<b>263</b>	<b>233</b>

Dette utdanningsprogrammet har så god rekruttering og er så viktig for samfunnet at det i forslag til ny struktur er anbefalt å behalde tilbodet ved alle skolane i regionen. Særleg er det viktig å ha nok helsefagarbeidarar, og det samla talet på HA-plassar er dimensjonert opp. I midtre og indre del av regionen er barne- og ungdomsarbeiderfaget anbefalt samla ved ein av skolane, i forslaget er dette på Surnadal vgs.

Vekslingsmodellen på Vg2 helsearbeidarfag ved Kristiansund vart sett i gang skoleåret 2015/2016 som eit prosjekt, men er ikkje vidareført i forslag til ny struktur.

### Naturbruk (NA)

Det er ikkje tilbod om naturbruk i denne regionen.

### Restaurant og matfag (RM)

Restaurant- og matfag	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
<b>Kristiansund vgs</b>										
VG1 Restaurant- og matfag	27	26	25	26	35	31	32	32	30	30
VG2 Kokk- og servitørfag	22	21	26	25	16	17	27	23	23	23
VG2 Matfag										
<b>Sum</b>	<b>49</b>	<b>47</b>	<b>51</b>	<b>51</b>	<b>51</b>	<b>48</b>	<b>59</b>	<b>55</b>	<b>53</b>	<b>53</b>
<b>Totalsum</b>	<b>49</b>	<b>47</b>	<b>51</b>	<b>51</b>	<b>51</b>	<b>48</b>	<b>59</b>	<b>55</b>	<b>53</b>	<b>53</b>

Søkinga til RM har vore stabil dei siste 4 åra, og i forslag til ny struktur er det ikkje gjort endringar i talet på elevplassar. Dei 2 halvfulle klassane på VG2 kan samkjørast i mange fag.

### Service og samferdsel (SS)

Service og samferdsel	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
<b>Kristiansund vgs</b>										
VG1 Service og samferdsel	18	15	17	20	33	30	23	15	45	30
VG2 IKT-servicefag	9	10	7	15	11	15	7	14	15	15
VG2 Reiseliv	6	7	1	0						
VG2 Salg, service og tryggleik	13	14	6	7	10	7	16	9	15	15
VG2 Transport og logistikk	19	15	11	14	14	16	18	14	15	15
YSK VG1 - SS					25	16	7	6		
YSK VG2 - SS							12	12		
<b>Sum</b>	<b>65</b>	<b>61</b>	<b>42</b>	<b>56</b>	<b>93</b>	<b>84</b>	<b>83</b>	<b>70</b>	<b>90</b>	<b>75</b>
<b>Totalsum</b>	<b>65</b>	<b>61</b>	<b>42</b>	<b>56</b>	<b>93</b>	<b>84</b>	<b>83</b>	<b>70</b>	<b>90</b>	<b>75</b>

Utdanningsprogrammet service og samferdsel står truleg framfor ei omorganisering kor dagens tilbod vert endra. I lys av dette er det gjort få endringar i talet på elevplassar på SS. Dei siste åra har talet på primær-søkjarar til VG1 vore høgare enn talet på elevar som har fått tilbod om plass frå skolestart, og difor er talet på VG1 plassar auka frå 15 til 45 i 2030, for så å verte redusert til 30 i 2040.

Grunna den usikre framtida til dagens utdanningsprogram service og samferdsel, er YSK tilbodet ikkje vidareført. Desse elevane vil då og gå inn i dei ordinære SS-tilboda (som etter alt å dømme vert endra) om dei ikkje vel andre tilbod.

Kristiansund vgs har tilbod om kurs for lærlingar i yrkessjåførfaget og et 19-ukers yrkessjåførkurs for vaksne (over 21 år). Det siste kurset er eit landslinjetilbod. Elevar på desse kursa er ikkje med i tabellen, men kursa vert administrert av Service og samferdsel.

## Teknikk og industriell produksjon (TIP)

Teknikk og industriell produksjon	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjjarar	Tatt inn	Primær-søkjjarar	Tatt inn	Primær-søkjjarar	Tatt inn	Primær-søkjjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
<b>Kristiansund vgs</b>										
VG1 Teknikk og industriell produksjon	74	60	95	66	98	60	58	61	60	60
VG2 Brønnteknikk	58	14	63	14	20	14	7	0	8	8
VG2 Kjemioprosess	21	14	17	12	14	12	12	12	15	15
VG2 Kjøretøy	11	12	8	12	16	12	37	12	15	15
VG2 Maritime fag	41	10	46	30	39	30	47	30	30	30
VG2 Industriteknologi	18	12	16	12	21	26	7	28	15	15
YSK VG1 - TIP	30	12	40	10	24	8	18	8	10	10
YSK VG2 - TIP	10	10	11	11	10	10	8	8	10	10
YSK VG3 - TIP	10	10	10	10	8	8	9	9	10	10
YSK VG4 - TIP	12	12	10	10	7	7	10	10	10	10
<b>Sum</b>	<b>285</b>	<b>166</b>	<b>316</b>	<b>187</b>	<b>257</b>	<b>187</b>	<b>213</b>	<b>178</b>	<b>183</b>	<b>183</b>
<b>Sunnadal vgs</b>										
VG1 Teknikk og industriell produksjon	17	28	14	13	35	28	28	28	15	15
VG2 Kjemioprosess	7	13	9	13	4	0	18	14	8	8
VG2 Industriteknologi	12	14	9	12	10	12	6	12	8	8
<b>Sum</b>	<b>36</b>	<b>55</b>	<b>32</b>	<b>38</b>	<b>49</b>	<b>40</b>	<b>52</b>	<b>54</b>	<b>31</b>	<b>31</b>
<b>Surnadal vgs</b>										
VG1 Teknikk og industriell produksjon	27	28	18	18	20	28	30	28	23	23
VG2 Industriteknologi	12	12	18	12	12	12	14	12	15	15
<b>Sum</b>	<b>39</b>	<b>40</b>	<b>36</b>	<b>30</b>	<b>32</b>	<b>40</b>	<b>44</b>	<b>40</b>	<b>38</b>	<b>38</b>
<b>Totalsum</b>	<b>360</b>	<b>261</b>	<b>384</b>	<b>255</b>	<b>338</b>	<b>267</b>	<b>309</b>	<b>272</b>	<b>252</b>	<b>252</b>

Utdanningsprogrammet har hatt store søkartal i Møre og Romsdal dei siste åra. Det er såleis nok søkarar til å ha solide fagmiljø på fleire skolar også i Nordmøre-regionen.

Industrien som rekrutterer frå TIP-faga har vore, og er, inne i ein lågkonjunktur, noko som truleg er årsaka til nedgangen i talet på primær-søkjjarar til VG1 siste året. Fylkeskommunen meiner at ein utifrå erfaring kan anta dette er forbigåande og at sysselsettinga igjen vil ta seg opp. Saman med prinsippet om at distriktskolar skal ha TIP tilbod er det difor ikkje forslag om å avvike tilbodet ved nokon av skolane i regionen, men det er gjort ein reduksjon av tilbodet ved Sunndal. Dette er gjort for å avstemme det totale tilbodet med elevtalsprognosen og for å kunne oppretthalde tilbodet på Surnadal.

VG2 Brønnteknikk har i mange år vore eit populært fag på Kristiansund vgs, med mange fleire primær-søkarar (og frå andre regionar i fylket og andre fylkeskommunar) enn elevplassar. Tilbodet er konjunkturutsatt og vart ikkje oppretta i skoleåret 2016/17, men er lagt inn igjen som søkbart tilbod i skolebruksplana i 2018/19 og er lagt inn i forslag til ny struktur med ein halv klasse.

YSK tilbodet på Kristiansund vert vidareført i den nye strukturen med 10 elevar kvart år, men fordeling på ulike YSK-tilbod vil avhenge av søking og tilgang på samarbeidande bedrifter, og er difor ikkje spesifisert.

### 3.5.2.2 Studieførebuande utdanningsprogram

#### Idrettsfag (ID)

Idrettsfag	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjjarar	Tatt inn	Primær-søkjjarar	Tatt inn	Primær-søkjjarar	Tatt inn	Primær-søkjjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
<b>Atlanten vgs</b>										
VG1	22	22	38	27	44	27	43	28	30	30
VG2	25	25	22	22	28	28	25	26	30	30
VG3	27	27	23	23	24	24	28	27	30	30
<b>Sum</b>	<b>74</b>	<b>74</b>	<b>83</b>	<b>72</b>	<b>96</b>	<b>79</b>	<b>96</b>	<b>81</b>	<b>90</b>	<b>90</b>
<b>Tingvoll vgs</b>										
VG1	7	11	16	19	11	12	14	16	15	15
VG2	15	15	9	9	17	17	10	10	15	15
VG3	5	5	14	14	9	9	15	15	15	15
<b>Sum</b>	<b>27</b>	<b>31</b>	<b>39</b>	<b>42</b>	<b>37</b>	<b>38</b>	<b>39</b>	<b>41</b>	<b>45</b>	<b>45</b>
<b>Totalsum</b>	<b>101</b>	<b>105</b>	<b>122</b>	<b>114</b>	<b>133</b>	<b>117</b>	<b>135</b>	<b>122</b>	<b>135</b>	<b>135</b>

I forslag til ny struktur vert det ikkje gjort endringar for idrettsfag.



## Kunst, design og arkitektur (KDA)

Kunst desig og arkitektur	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
Kristiansund vgs										
VG1 KDA							10	10	15	15
VG2 KDA									15	15
VG3 KDA									15	15
VG1 STFO	8	9	5	8	1	0				
VG2 STFO	14	14	5	5	5	5				
VG3 STFO			10	10	3	3	3	3		
<b>Sum</b>	<b>22</b>	<b>23</b>	<b>20</b>	<b>23</b>	<b>9</b>	<b>8</b>	<b>13</b>	<b>13</b>	<b>45</b>	<b>45</b>
<b>Totalsum</b>	<b>22</b>	<b>23</b>	<b>20</b>	<b>23</b>	<b>9</b>	<b>8</b>	<b>13</b>	<b>13</b>	<b>45</b>	<b>45</b>

Historisk har det vore få primær-søkjarar til STFO VG1, og tala syner at få søker seg vidare på VG2 og VG3. Av dei 9 elevane som fekk tilbod om VG1 ved skolestart 2013, var det berre 9 som søkte seg til VG3 i 2015.

På bakgrunn av dei historiske tala for primær-søkjarar er det i forslag til ny struktur berre planlagt for ein halv klasse med 15 elevar pr. årssteg på det nye tilbodet. Dersom elevane i framtida veljer seg bort frå utdanningsprogrammet på VG2 og VG3, eller ikkje søker seg til utdanninga i det heile, kan ein endre tilbodet til et studieførebuande program med KDA som programfag.

## Medium og kommunikasjon (MK)

Medium og kommunikasjon	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
Kristiansund vgs										
VG1	30	30	34	30	23	30	42	45	30	30
VG2	25	25	26	26	25	24	25	25	30	30
VG3	18	18	19	23	27	26	17	17	30	30
<b>Sum</b>	<b>73</b>	<b>73</b>	<b>79</b>	<b>79</b>	<b>75</b>	<b>80</b>	<b>84</b>	<b>87</b>	<b>90</b>	<b>90</b>
Tingvoll vgs										
VG1	2	0	9	13	2	0	6	6		
VG2	9	10			8	8				
VG3	6	5	1	2	0	0				
<b>Sum</b>	<b>17</b>	<b>15</b>	<b>10</b>	<b>15</b>	<b>10</b>	<b>8</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Totalsum</b>	<b>90</b>	<b>88</b>	<b>89</b>	<b>94</b>	<b>85</b>	<b>88</b>	<b>90</b>	<b>93</b>	<b>90</b>	<b>90</b>

Til utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon har søkinga i Kristiansund halde seg stabil, medan søkinga til Tingvoll har gått ned. Utdanningsprogrammet er gjort om til eit studieførebuande program frå hausten 2016, og i kva grad søkjarmønsteret vil endre seg er for tidleg å seie noko om. Her er det viktig å merke seg at det kan sjå ut som om elevane veljer seg bort frå utdanningsprogrammet etter VG1 og VG2. Det er difor valt å planleggje for berre ein klasse med 30 elevar pr. årssteg på MK.

Søkinga ved Tingvoll har vore varierende og tilbodet vert foreslått avvikla.

## Musikk, dans og drama (MD)

Musikk, dans og drama	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
Atlanten vgs										
VG1, Musikk	17	19	8	9	22	26	18	18	15	15
VG2, Musikk	17	19	11	11	11	10	22	22	15	15
VG3, Musikk	16	16	12	12	10	10	12	11	15	15
<b>Sum</b>	<b>50</b>	<b>54</b>	<b>31</b>	<b>32</b>	<b>43</b>	<b>46</b>	<b>52</b>	<b>51</b>	<b>45</b>	<b>45</b>
VG1, Dans			4	4	1	0	2	0		
VG2, Dans					4	4				
VG3, Dans							4	4		
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>6</b>	<b>4</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Totalsum</b>	<b>50</b>	<b>54</b>	<b>35</b>	<b>36</b>	<b>48</b>	<b>50</b>	<b>58</b>	<b>55</b>	<b>45</b>	<b>45</b>

Historisk har talet på primær-søkjarar vore lågare enn talet på elevar som har fått tilbod ved skolestart. I forslag til ny struktur er det planlagt for ein halv klasse med 15 elevar ved Atlanten vgs. Det er ikkje nok elevar til å ha tilbod i dans eller drama. Elevar som vil ta desse programområda kan søke seg til Ålesund.

## Studiespesialisering (ST)

Studiespesialisering	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
<b>Atlanten vgs</b>										
VG1	137	132	113	133	119	135	104	120	150	150
VG2	115	117	123	124	125	127	118	117	150	150
VG3	105	100	118	118	139	136	126	124	150	150
<b>Sum</b>	<b>357</b>	<b>349</b>	<b>354</b>	<b>375</b>	<b>383</b>	<b>398</b>	<b>348</b>	<b>361</b>	<b>450</b>	<b>450</b>
<b>Sunnal vgs</b>										
VG1	50	50	41	40	57	58	38	40	30	30
VG2	57	57	66	68	33	34	56	56	30	30
VG3	43	43	57	56	45	5	36	36	30	30
<b>Sum</b>	<b>150</b>	<b>150</b>	<b>164</b>	<b>164</b>	<b>135</b>	<b>97</b>	<b>130</b>	<b>132</b>	<b>90</b>	<b>90</b>
<b>Surnadal vgs</b>										
VG1	54	57	45	46	48	49	41	41	30	30
VG2	57	57	46	47	39	39	34	35	30	30
VG3	51	50	59	59	44	44	37	37	30	30
<b>Sum</b>	<b>162</b>	<b>164</b>	<b>150</b>	<b>152</b>	<b>131</b>	<b>132</b>	<b>112</b>	<b>113</b>	<b>90</b>	<b>90</b>
<b>Tingvoll vgs</b>										
VG1	11	11	7	7	7	7	7	7	15	15
VG2	8	8	10	9	9	10	8	6	15	15
VG3	5	6	9	9	9	8	7	7	15	15
<b>Sum</b>	<b>24</b>	<b>25</b>	<b>26</b>	<b>25</b>	<b>25</b>	<b>25</b>	<b>22</b>	<b>20</b>	<b>45</b>	<b>45</b>
<b>Totalsum</b>	<b>693</b>		<b>694</b>	<b>716</b>	<b>674</b>	<b>652</b>	<b>612</b>	<b>626</b>	<b>675</b>	<b>675</b>

I forslag til ny struktur er tilbodet på ST vidareført som i dag. Det betyr at dei skolane som har tilbodet i dag også vil ha det i framtida. Talet på elevplassar ved dei minste skolane er justert slik at det er heile eller halve klassar.

Historisk har søkinga til Tingvoll vore låg. Nedlegging av andre tilbod ved Tingvoll vil kanskje kunne gje fleire søkjarar til ST. To halve klassar på idrettsfag og ST kan samkjørast i mange fag.

## Påbygg (PÅ)

Påbygg til generell studiekompetanse	2013 - 14		2014 - 15		2015 - 16		2016 - 17		Forslag ny struktur	
	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Primær-søkjarar	Tatt inn	Fram mot 2030	Fram mot 2040
<b>Kristiansund vgs</b>										
Påb.gsk e yrkeskompetanse	10	9	11	12	13	15	29	27	30	30
Påbygg.gen. studiekompetanse	57	65	52	54	59	54	58	54	60	60
<b>Sum</b>	<b>67</b>	<b>74</b>	<b>63</b>	<b>66</b>	<b>72</b>	<b>69</b>	<b>87</b>	<b>81</b>	<b>90</b>	<b>90</b>
<b>Sunnal vgs</b>										
Påb.gsk e yrkeskompetanse	4	4			3	8	3	7	8	8
Påbygg.gen. studiekompetanse	15	16	30	20	17	18	15	15	15	15
<b>Sum</b>	<b>19</b>	<b>20</b>	<b>30</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>26</b>	<b>18</b>	<b>22</b>	<b>23</b>	<b>23</b>
<b>Surnadal vgs</b>										
Påb.gsk e yrkeskompetanse	6	5			7	7	3	5	8	8
Påbygg.gen. studiekompetanse	15	14	18	17	11	12	8	11	15	15
<b>Sum</b>	<b>21</b>	<b>19</b>	<b>18</b>	<b>17</b>	<b>18</b>	<b>19</b>	<b>11</b>	<b>16</b>	<b>23</b>	<b>23</b>
<b>Tingvoll vgs</b>										
Påb.gsk e yrkeskompetanse	0	0								
Påbygg.gen. studiekompetanse	5	6	7	7						
<b>Sum</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>7</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Totalsum</b>	<b>112</b>	<b>119</b>	<b>118</b>	<b>110</b>	<b>110</b>	<b>114</b>	<b>116</b>	<b>119</b>	<b>136</b>	<b>136</b>

Frå Fylkeskommunen si side er det ynskjeleg at flest mogleg av dei elevane som startar på eit yrkesfagleg utdanningsløp fullfører fram til fagbrev, og talet på påbyggsplassar før fagbrev, er difor ikkje auka i fylket sett under eitt.

I regionen er dagens nivå på elevplassar ved påbygg vidareført.

### 3.5.2.3 Andre utdanningstilbod

#### TPO

Tilpasset opplæring	Forslag ny struktur	
	Fram mot 2030	Fram mot 2040
Atlanten vgs	5	5
Kristiansund vgs	25	25
Sunnadal vgs	5	5
Surnadal vgs	5	5
Tingvoll vgs	2	2
<b>Totalsum</b>	<b>42</b>	<b>42</b>

I dei historiske tala er elevplassane for TPO inkludert i tala for dei respektive utdanningsprogramma som elevane har søkt seg inn på.

Men så lenge elevane søker ulike program frå år til år er ca 2% av elevplassane i regionen sett av som TPO-plassar. Plassane på dei einskilde skolane går fram av tabellen over.

Møre og Romsdal fylkeskommune

# Oppsummering av høringsuttaler

Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring



Oppdragsnr.: 5140157 Dokumentnr.: 2 Versjon: 1  
2016-10-20

<b>Oppdragsgjevar:</b>	Møre og Romsdal fylkeskommune
<b>Oppdragsgjevares kontaktperson:</b>	Ståle Solgard
<b>Rådgjevar:</b>	Norconsult AS, Valkendorfsgate 6, NO-5012 Bergen
<b>Oppdragsleiar:</b>	Dan Lysne
<b>Fagansvarleg:</b>	Dan Lysne
<b>Andre nøkkelpersonar:</b>	Harald Høgh

Framsidedeilete henta frå mrfylke.no

1	2016-10-20	Oppsummering av høringsuttaler	Harald Høgh	Dan Lysne	Dan Lysne
<b>Versjon</b>	<b>Dato</b>	<b>Omtale</b>	<b>Utarbeidet</b>	<b>Fagkontrollert</b>	<b>Godkjent</b>

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

## Forord

Dokumentet *Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal* vart lagt ut til offentleg høyring 1. september 2016. Høyringsdokumentet inneheldt vurderingar og anbefalingar om korleis den framtidige tilbudsstrukturen i Møre og Romsdal kan møte behova fram mot 2030 og 2040.

Saka om tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring skal behandlast i Fylkestinget i desember 2016. Den vedtekne strukturen vil vere retningsgjevande for korleis skolebruksplanen skal sjå ut dei komande åra og legge føring for dimensjonering av nybygg og rehabilitering av skolane.

Høyringa er sett på som ein viktig del av prosessen, og er ein viktig del av fylkesrådmannen sitt grunnlag for utforming av framlegg til endeleg vedtak i saka.

Høyringa gjekk i hovudsak ut til dei vidaregåande skolane og kommunane i fylket, men sidan høyringa vart lagt ut offentleg, var det høve for alle som hadde interesse i saka til å kome med uttaler. Skolane og kommunane vart oppmoda til å formidle høyringa til andre som var aktuelle.

Høyringsfristen var 30. september 2016 og det kom inn 76 høyringsuttaler.

Dei originale høyringsuttalene vert og lagt ved saka til fylkestinget, men i dette dokumentet er det gjort ei regionvis oppsummering av innspela, sortert på skolar og tema. Oppsummeringa er gjort av Norconsult v/Harald Høgh og Dan Lysne på oppdrag av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Alt som står i dokumentet er innspel som har kome i høyringa, med unntak av det som er tydeleg merka som kommentarar (frå Norconsult).

Nokre hovedintrykk frå høyringa er oppsummert punktvis nedanfor:

- Fleire høyringsuttaler har uttrykt at dei er positiv til endring, at dei overordna målsettingane var rette/fornuftige og at fleire av grepa er gode, men dette er stort sett ikkje uttaler frå dei stadene/skolane der det er lagt fram forslag om større endringar.
- Enkelte målsettingar vert oppfatta som viktigare enn andre. Dei som mister eit utdanningstilbod er stort sett imot forslaget og viser til at hovedmålsettingar som at flest mogleg av VG1 elevane skal kunne bu heime, elevar ikkje bør ha meir enn 1 time reisetid, at 90% av søkjarane skal få sitt primærønskje på val av VG1-program, då ikkje blir oppfylt for desse elevane, mens ein ser heilt bort i frå at andre av hovedmålsettingane gjerne blir oppfylt, t.d. målsettinga om store fagmiljø og føreseielege tilbod.  
**Kommentar:** Innspelet frå Kristiansund kommune om at fylkeskommunen bør gjere tydelegare prioritering mellom målsettingane er i høve til dette eit godt innspel.
- Fleire av hovedmålsettingane for strukturutgreiinga vert referert til som om dei må oppfyllast 100% for alle elevar, skolar og nærmiljø i fylket, og ikkje som overordna målsettingar som ein i størst mogleg grad ønskjer å oppfylle samla sett.
- Målsettinga om at dimensjonering av yrkesfagtilboda i hovudsak skal samsvare med næringslivet og offentleg sektor sine behov, vert brukt som argument for at lokale tilbod ikkje kan leggjast ned, samlast på færre skolar eller reduserast (sjølv om elevtalet går ned).  
**Kommentar:** Det kan vel ikkje vere slik at ein t.d. ikkje kan leggje ned Bygg og anleggsteknikk på ein skole fordi lokalt næringsliv treng lærlingar? Kva då med tilsvarande lokalt næringsliv i andre kommunar – som kanskje ikkje har vidaregåande skole i det heile? Vi tenkjer at målsettinga må gjelde på meir overordna nivå – slik at fylket samla sett får utdanna til den kompetansen som det er behov for – men sjølv sagt slik at distriktsskolar og får ha dei tilboda som er mest aktuelle lokalt.
- Elevgrunnlaget er omstridt. Det er svært mange høyringsuttaler som peikar på at søkjarar med vaksenrett og eldre søkjarar med ungdomsrett må takast med i utrekningar av framtidig elevtal, ikkje minst med tanke på det aukande talet på flyktningar. Det er og innspel som går på auke i elevgrunnlaget som følgje av trulege endringar i kommune- og fylkesstruktur.  
**Kommentar:** I utgangspunktet er alle med ungdomsrett tatt med i prognosen, fordi ein har justert talet på 16-18 åringar i høve til det faktiske talet på elevar på skolane. Men prognosane har ikkje med eventuelle endringar i talet på eldre søkjarar med ungdomsrett, som følgje av auka

innvandring. Søkjarar med vaksenrett er ikkje tatt med i prognosen, men samstundes er det lagt inn 10-20% fleire elevplassar på skolane enn det elevtalet som prognosen viser – så i praksis er det og plass til mange søkjarar med vaksenrett på skolane sjølv om dei i utgangspunktet ikkje er med i grunnlaget. Viss talet på elevplassar på skolane vert auka vil ein risikere å sitje igjen med mange tomme plassar.

- Fleire av høringsinnspela viser til høgare elevtal dei næraste åra enn det som ligg i framlegget. Det er ikkje alle som tek inn over seg at elevtalet på mange skolar, spesielt distriktsskolar, kan ventast å bli mykje lågare fram mot 2030 og 2040.  
**Kommentar:** Det er viktig å understreke at dimensjoneringa som ligg i framlegget er tenkt å vere styrande for komande skolebruksplanar, men at endringane mange stader må skje gradvis i tråd med endring i søkartala. På studiespesialiserande utdanningsprogram vil det til dømes, sjølv om det på enkelte skolar berre er sett opp ein klasse, vere naturleg å ta inn fleire og gjerne flest mogleg av søkarane for å sikre best mogleg fagleg breidde i tilbodet.
- Fleire høringsinnspel peiker på at dei av ulike grunnar har tru på fleire søkjarar/elevlar på bestemte tilbod i tida framover, sjølv om det har vore lite søking dei siste åra.  
**Kommentar:** Enkelte av desse innspela er meir overtlydande enn andre, spesielt på skolar med forventning om aukande elevtal og t.d. om tilboda er relativt nye. På skolar med forventna nedgang i elevgrunnlaget hjelper det kanskje ikkje så mykje om skolen har starta ei ny satsing eller sett i gang eit nytt tilbod, fordi tilboda på slike skolar ofte vil vere i konkurranse med kvarandre meir enn i konkurranse med andre skolar, jfr. punktet nedanfor.
- Fleire høringsinstansar frå distriktsskolane hevdar at ein stor del av elevane uansett struktur vil velje lokale tilbod og at nedlegging av tilbod vil føre til fleire feilval, dårlegare gjennomføring og større kamp om læreplassane på gjenverande fag, medan det lokale næringslivet til fag som vert nedlagt ikkje vil få lærlingar.  
**Kommentar:** Lokal søking er nok eit poeng, spesielt viss reisetida til alternativ skole er lang. Vi trur likevel at den samla søkinga til ulike fag vil jamne seg ut så lenge det er nok elevplassar på ulike utdanningar i fylket samla sett, og det går an å ha læreplass lokalt sjølv om ein går på ein skole langt heimanfrå.
- Høringsinnspel frå fleire distriktsskolar uttaler at dei meiner at mindre skolar må kunne ha fleire marginale tilbod enn skolar i meir sentrale strøk.  
**Kommentar:** Slik vi ser det er det allereie slik, men spørsmålet er kor små tilboda eigentleg skal kunne vere.

#### Andre ting:

Innspelet om at eventuelle strukturendringar på Service og samferdsel bør vente til ein veit meir om kva endringar som truleg snart kjem på dette utdanningsprogrammet, bør takast omsyn til slik vi ser det.

På Nordmøre er det fleire høringsinstansar som peikar på at eventuelle strukturendringar først kan sjåast på etter at Todalsfjordsambandet er realisert. Slik vi forstår det er det grunn til å tru at dette vil skje om ikkje så altfor lenge. I så fall bør det kunne gjerast vedtak om endringar som skal realiserast fram mot 2030 allereie no.

Vi er usikre på korleis utspelet om ny skole på Tingvoll skal handterast i saka. Slik vi ser det har dette bidrege til manglande innspel frå skole og nærmiljø på dei føreslegne strukturendringane i høringsdokumentet.



# Innhald

<b>1</b>	<b>Uttaler som gjeld heile fylket, fleire regionar eller ikkje er knytt til skole eller region</b>	<b>7</b>
1.1	Premiss og målsetjingar	7
1.2	VG2 Transport og logistikk	7
1.3	Ordning med praksisbrev	8
1.4	Ungdomspanelet	8
1.5	Innføringsklassar	8
<b>2</b>	<b>Søre Sunnmøre</b>	<b>9</b>
2.1	Tilbod ved Herøy vidaregåande skule	9
2.2	Tilbod ved Herøy vgs avdeling Vanylven	9
2.3	Tilbod ved Ørsta vidaregåande skule	10
2.4	Tilbod ved Volda vidaregåande skule	12
2.5	Utdanningsprogrammet Idrettsfag (ID)	13
2.6	Utdanningsprogrammet Bygg og anleggsteknikk (BA)	13
2.7	Utdanningsprogrammet Service og samferdsel (SS)	13
2.8	Påbygging til generell studiekompetanse (PÅ)	13
2.9	Godt skole- og fagmiljø på yrkesfag	13
2.10	Kommunesamanslåing	14
2.11	Tilbod til minoritetsspråklege elevar	14
2.12	Gjennomføring av vedtak i utviklingsplanen	15
2.13	Kvaliteten på skoleanlegga	15
2.14	Tidlegare vedtak sett i høve til reisetid og kriteriet om at elevar på VG1 skal kunne bu heime.	15
<b>3</b>	<b>Nordre Sunnmøre</b>	<b>16</b>
3.1	Tilbod ved Haram vidaregåande skole	16
3.2	Tilbod ved Stranda vidaregåande skule	17
3.3	Tilbod ved Sykkylven vidaregåande skule	18
3.4	Tilbod ved Borgund vidaregåande skole	19
3.5	Tilbod ved Fagerlia vidaregåande skole	21
3.6	Tilbod ved Ålesund vidaregåande skole	22
3.7	Tilbod ved Spjelkavik vidaregåande skole	24
3.8	Innspel på Bygg og anleggsteknikk	24
3.9	Innspel på Helse og oppvekstfag (HO)	24
3.10	Innspel på Idrettsfag (ID)	25
3.11	Innspel på samfunnskonskvensar	25
<b>4</b>	<b>Romsdal</b>	<b>26</b>

4.1	Tilbod ved Rauma vidaregåande skole	26
4.2	Tilbod ved Fræna vidaregåande skole	28
4.3	Tilbod ved Molde vidaregåande skole	31
4.4	Tilbod ved Romsdal vidaregåande skole	33
4.5	Tilbod ved Gjermundnes vidaregåande skole	35
4.6	Utdanningsprogrammet Service og samferdsel	35
4.7	Ingen økonomisk vinst	35
<b>5</b>	<b>Nordmøre</b>	<b>36</b>
5.1	Tilbod ved Atlanten vidaregåande skole	36
5.2	Tilbod ved Kristiansund vidaregåande skole	37
5.3	Tilbod ved Sunndal vidaregåande skole	39
5.4	Tilbod ved Surnadal vidaregåande skole	43
5.5	Om skoletilbodet i Sunndal og Surnadal	47
5.6	Om Tingvoll vidaregåande skule	47
5.7	Nye utdanningstilbod i regionen	49
5.8	Generelt om skoletilbodet på Nordmøre	50

# 1 Uttaler som gjeld heile fylket, fleire regionar eller ikkje er knytt til skole eller region

Det er kome inn 5 generelle uttaler som ikkje er knytt til bestemte skolar eller regionar:

Nr.	Avsendar
5	Oppfølgingstenesta
6	Ungdomspanelet
34	Transportbransjens opplæringskontor
39	Molde kommune
60	Kristiansund kommune

## 1.1 Premiss og målsetjingar

Kristiansund kommune peikar på at høringsframlegget kan vere motstridande i høve einskilde mål for utgreiinga, t.d. målsetjingane om maksimal reisetid på 1 time, at VG1 elevar skal kunne bu heime og samstundes få 90% oppfylling av primærønske når ikkje alle skolar kan tilby alle fag. Kommunen er samd i at konflikten mellom målsetjingane er eit vanskeleg dilemma og ønskjer at fylkeskommunen prioriterer målsetjingane - slik at det vert tydelegare korleis fylkeskommunen vektar mellom dei ulike målsetjingane.

- **Kommentar:** Innsendar peikar på eit sentralt poeng. Prioritering mellom ulike målsetjingar er naudsynt dersom ein skal få til endringar i tilbudsstrukturen, men det vil vere naturleg å leggje noko ulik vekt på dei einskilde målsetjingane for ulike utdanningstilbod og t.d. i høve til elevar/skolar i meir sentrale strok og i distrikta.

## 1.2 VG2 Transport og logistikk

Opplæringskontoret for transportbransjen uttaler at det har vorte færre læreplassar både i og omkring Kristiansund både i logistikk og yrkessjåførfaget (i skoleåret 2014-15 fekk berre 3 av 15 elevar ved Kristiansund vgs læreplass på Nordmøre). Samstundes er det fleire bedrifter i Romsdal som ikkje får fylt opp læreplassane sine. Opplæringskontoret ønskjer difor at VG2 tilbodet i transport og logistikk vert flytta frå Kristiansund vgs til Romsdalsregionen. Romsdal vgs har VG1 service og samferdsel.

- **Kommentar:** Elevar frå Kristiansund vgs vil og kunne få læreplass ved verksemder i Romsdalsregionen. Kristiansund vgs har eit godt fagmiljø på transportfag, og har m.a. tilbod om kurs for lærlingar i yrkessjåførfaget og landslinetilbod i yrkessjåfør. Det er truleg lite aktuelt å flytte fagmiljøet og tilboda til Romsdal.

Både i Surnadal og Sunndal har store transport- og logistikkmiljø. Surnadal vgs har i fleire år hatt småskalatilbod om VG2 transport og logistikk der både programfag og prosjekt til fordjuping har gått føre seg ute i læreverksemdene.

- **Kommentar:** Det har ikkje vore tilbod på Service og samferdsel ved Surnadal vgs dei siste åra, og det ligg ikkje føre planar om å opprette fleire SS-tilbod i regionen enn det som allereie er på Kristiansund vgs.

### 1.3 Ordning med praksisbrev

Møre og Romsdal fylkeskommune har hatt forsøk med Praksisbrev frå hausten 2012. Det er berre Kristiansund vgs som har tilbodet i dag, men både Romsdal vgs og Ørsta vgs har hatt tilbodet. Borgund vgs har i følgje innsendar hatt ønskje om å starte tilbodet, men ikkje fått moglegheita frå Utdanningsavdelinga.

Ordning med praksisbrev er ikkje omtalt i struktursaka. I samband med handsaminga av Prop. 72L (2015-2016) vart departementet sitt framlegg om Praksisbrev som tilbod i alle fylkeskommunar godkjend, og er no tatt inn i Opplæringslova. Det er viktig at dette vert eit reelt tilbod for aktuelle elevar i alle regionar.

- **Kommentar:** Ordninga med Praksisbrev har lite omfang og vart diverre utegløynd i struktursaka. Endringa i Opplæringslova inneberer at alle fylkeskommunar no har ei plikt til å tilby praksisbrevordning som eit supplement til ordinær yrkesfagleg vidaregåande opplæring. Møre og Romsdal fylkeskommune oppfyller i dag dette gjennom tilbodet på Kristiansund vgs.

### 1.4 Ungdomspanelet

Ungdomspanelet stiller seg stort sett positiv til planframlegget. Ved å slå saman liner får ein eitt betre læringsmiljø, spesielt på yrkesfag når skolane kan nytte tida si på å utvikle eit betre samarbeid med næringsliv - og kan bruke meir ressursar på moderne utstyr som er nærare det arbeidslivet elevane gjer seg klare til.

Ungdomspanelet er kritisk til den sentraliseringa som ligg i saka, samt det manglande fokuset på skolane som ligg i distrikta. Større miljø og gode lærearena er viktig, men ein må og utnytte det potensialet mange linetilbod på enkelte skolar faktisk har. Nedlegging av små tilbod (t.d. på Tingvoll vgs) kan føre til at lærarar mistar arbeidsplassar, elevar mistar eit tilbod som er nært dei og at Tingvoll kommune opplever fråflytting av både elevar og lærarar sidan dei mistar eit tilbod som kunne blitt utvikla og gjort betre.

Det er viktig å redusere andelen elevar som må flytte heimanfrå og bu for seg sjølv fordi det vil føre til fleire som fell utanfor, og gje elevane mindre motivasjon til å starte på vidaregåande skolar.

Elevråda må i stor grad bli høyrte i saka -spesielt elevråd på små skolar som mistar ein eller fleire linetilbod. Ein må ikkje berre sjå på løysingar som resulterer i kutt av linetilbod, men også alternativ som styrkar skolane i distrikta.

- **Kommentar:** Ungdomspanelet peiker på den største utfordringa i skulestrukturen; å ha store og gode fag- og læringsmiljø og samstundes oppretthalde små tilbod på små skolar slik at elevar ikkje må reise langt for å gå på skole. Kort reisetid og store fagmiljø er berre mogleg å kombinere i dei mest folkerike delane av fylket. Skolar i meir sprettbygde strok vil uansett ikkje kunne ha alle fagtilbod, og det bør stillast spørsmål om kor små skolane og tilboda skal vere (både av faglege og økonomisk grunnar). Når elevgrunnlaget på små skolar går ned, er det naturleg å ta skole og tilbudsstrukturen opp til vurdering.

### 1.5 Innføringsklassar

For tida deltek Molde kommune saman med tre andre kommunar og Møre og Romsdal fylke, i NAFO-prosjektet «Ungdom med kort botid» Vi erfarer det positive med informasjon og kunnskap på tvers av skoleslag og forvaltningsnivå. Molde kommune vil utfordre Møre og Romsdal fylket til å ta ei meir aktiv rolle/- ansvar i oppfølginga av denne elevgruppa i samarbeid med kommunane. Molde kommune kan vere interessert i å drøfte nærmare etablering av innføringstilbod på tvers av forvaltningsnivåa, men truleg ville ei slik etablering bli enklare å få i stand om fylkeskommunen var ein direkte part i tillegg til ein lokal skole.

- **Kommentar:** Dette er ikkje eit direkte tema i strukturutgreiinga, og må eventuelt svarast ut av fylkeskommunen i den politiske saka eller i seinare saker.

## 2 Søre Sunnmøre

Det er kome inn 9 høringsuttaler som heilt eller delvis omhandlar framlegg til ny struktur i Søre Sunnmøre:

Nr.	Avsendar
7	Vanylven kommune
16	Opplæringskontoret for anleggs og bergfagene (OKAB)
18	Volda kommune
26	Volda vgs
34	Transportbransjens opplæringskontor
37	Ørsta næringskontor
50	Ørsta vgs
65	Entreprenørforeningen Bygg og anlegg
73	Ørsta kommune

### 2.1 Tilbod ved Herøy vidaregåande skule

Frå næringa er det uttrykt skepsis til at VG1 bygg og anleggsteknikk vert lagt ned i Herøy, då denne klassen er med på å danne grunnlaget for rekrutteringa til VG2 anleggsteknikk. Med tanke på korleis skips- og oljenæringa er, kan det vere grunn til å anta at talet på søkjarar ved VG1 bygg og anleggsteknikk i Herøy, vil kunne auke i åra som kjem. At talet på elevplassar ved VG2 arbeidsmaskiner vert auka, er innsendar positive til, då anleggsbransjen tradisjonelt rekrutterer frå denne lina.

- **Kommentar:** Vedtaket om å leggje ned BA ved Herøy vart gjort i 2014, og det er i denne utgreiinga ikkje funne argument for å endra dette. Å samle tilbodet ved Ørsta vil gje eit større fagmiljø og ei betre utnytting av verkstadareala.

### 2.2 Tilbod ved Herøy vgs avdeling Vanylven

#### Hybeltilvære for elevane

Vanylven kommune peiker på at sjølv om talet på 16-åringar i Vanylven går ned, er ikkje føresetnadane for pendling til dei omkringliggjande skolane endra så lenge det ikkje er fast samband over Rovdefjorden. Utan eit vidaregåande tilbod i Vanylven kommune vil fylkeskommunen bryte med prinsippet om at elevane skal kunne bu heime så langt som råd er, når dei skal starte på vidaregåande skole.

- **Kommentar:** Det er ikkje mogleg å finne ein skolestruktur som innfrir alle dei overordna målsetningane. Om elevtalet går så mykje ned som dagens prognosar kan tyde på, vil nok fylkeskommunen måtte vurdere framtida for avdelinga i Vanylven med heimebuande elevar opp mot eit skoletilbod som vil vere meir solid over tid, som er meir økonomisk forsvarleg og som har gode fagtilbod og fagmiljø. Allereie i dag er det elevar frå Vanylven som vel å gå på skole utanfor kommunen fordi dei vil gå på tilbod som ikkje finst i Vanylven.

#### Elevtalsframskriving

Det kjem ikkje fram i høyringa at Vanylven kommune i åra framover vil ta i mot ei gruppe mindreårige flyktningar, noko som gjer at tala på potensielle søkjarar til Herøy vgs avd. Vanylven vert større enn det som er estimert i høringsdokumentet.

- **Kommentar:** Det er høgst usikkert kor mange innvandrarak som kjem i dei neste åra og tilsvarende problemstilling har ein og i mange andre kommunar. Framskrivningane for elevtalsutviklinga som er nytta i utgreiinga er henta frå SSB i 2016 og tek opp i seg den historiske innvandringa og forventa inn- og utvandring til/frå regionen i framtida. Det er lite truleg at innvandringa vil bli så stor at den vil bidra til å kunne halde elevgrunnet på dagens nivå, som heller ikkje gjev skolen eit særleg høgt elevtal.

### Kvalitet i opplæringa

Herøy vgs avd. Vanylven kan syne til svært gode tal på kvalitetsmålingar og fullføringsprosent.

- **Kommentar:** Fylkeskommunen har som mål at alle dei vidaregåande skolane skal levere god kvalitet, og skolane sitt arbeidet for kvalitet i opplæringa er omtalt og handsama i andre fylkeskommunale planar. I drøftinga om skolestruktur er den einskilde skole sin kvalitet og fullføringsprosent ikkje tatt med som eit avgjerande argument - fordi dette vil kunne variere over tid.

Møre og Romsdal fylkeskommune vert oppmoda til å vurdere kva ressursar og nettverk som er tilgjengeleg rundt skoletilbodet i Vanylven, av omsyn til å utvikle nye tilbod, kunne rekruttere elevar «utanfrå» og t.d. utvikle samarbeid med vaksenopplæringa for å styrke fagmiljøet. Samtidig vil ein kunne bidra til at ein har eit utdanningssystem som gir minoritetsspråklege ei reell moglegheit til å etablere seg i det norske samfunnet med utdanning og deltaking i arbeidslivet.

- **Kommentar:** Med utgangspunkt i det elevgrunnet SSB prognostiserer for Vanylven har det ikkje vore aktuelt å vurdere utviding av tilbodet ved skolen. Det skal mykje til å få fylt opp dei tilboda som skolen allereie har, og oppretting av fleire små tilbod vil vere uaktuelt så lenge elevtalet ikkje er aukande. Dersom tilbodet skulle vore utvida ville plassane måtte fyllast av elevar «utanfrå» med lang reiseveg, og det er ikkje i tråd med målsetjingane.

## 2.3 Tilbod ved Ørsta vidaregåande skule

### Generelt

Ørsta, som er blant dei største landbrukskommunane i Møre og Romsdal, opplever at det er avgjerande for lokalmiljøet å gjere mennesket i stand til å skape seg ei framtid. At ein opprettheld talet på elevplassar ved den vidaregåande skolen er viktig i så måte. Innsendar peikar på at det i alt vesentleg er næringslivet i ytre Søre Sunnmøre som har redusert talet på læreplassar, og ikkje næringslivet i indre Søre Sunnmøre. Difor vert det opplevd at reduksjonen i skoleplassar i strukturutgreiinga i beste fall er gjort på feil lokasjon.

Skolen peikar på at det er sentralt at utdanningstilboda ved Ørsta vgs, så langt råd er, vert tilpassa etterspurnaden etter skoleplassar og behova for kompetanse i regionen. Det vert opplevd at Ørsta vgs skal ta all tilpassing og finansiering på Søre Sunnmøre. Derfor ønskjer innsendar å seie i frå før sterke fagmiljø og skoletilbod vert rasert og kjem med fleire framlegg til korleis det kan satsast på utvikling og å bygge relasjonar til næringslivet i nedgangstider.

- **Kommentar:** Hovudgrepa i Søre Sunnmøre er i tråd med Fylkestingets vedtak i sak T-69/14, men elevtalsprognosane er lågare no enn det som låg til grunn for vedtaket i 2014. Målt mot det faktiske elevtalet i 2015/16 er det i strukturframlegget lagt inn ei auke i talet på elevplassar i regionen med om lag 200, kor om lag 70 er ved Ørsta vgs (ca. 35%). Det som vert kommentert som nedgang i skoleplassar ved Ørsta vgs og i regionen generelt er difor ikkje ein reell reduksjon, men samanlikna med ein altfor høg tidlegare prognose. Fylkeskommunen kan ikkje ha tilbod om mange fleire skoleplassar enn det som ein trur vert etterspurd.

### Bygg- og anleggsteknikk (BA)

Skole og næringslivet saknar omtale av behovet for VG2- Klima, energi og miljøteknikk (KEM) på Søre Sunnmøre. Behovet er godt kjend og har vakse over tid. Innsendar er samd i at det er behov for fleire

fagarbeidarar innan klima, energi og miljøteknikk i åra framover og meiner det er behov for eit KEM-tilbod på Søre Sunnmøre.

- **Kommentar:** Sjølv om søkinga til KEM har vore relativt stabil dei siste fire åra er det i strukturframlegget foreslått ein auke i elevplassar på KEM. Dei fleste nye plassane lagt til Nordre Sunnmøre og Borgund vgs, i eit område med stort elevgrunnlag og kapasitet i verkstader til fleire elevar. I tillegg er det lagt inn oppstart av tilbodet på Romsdal vgs der KEM har vore planlagd for byggeprosjekt. Ytterlegare auke er truleg urealistisk, men om det vert aktuelt vil det vere naturleg å vurdere oppstart på Ørsta vgs, kanskje då i staden for den eine VG2 klassen på Byggtknikk.

### Design og handverk (DH)

Skolen skulle ønske å ha sett at framlegget var noko meir «framover lent» i høve programområdet Blomsterdekoratør ved Ørsta vgs, og ber om at tilbodet vert vurdert som ei landsline, då dette tilbodet er det nordligaste tilbodet i Norge. Skolen har eit anerkjent fagmiljø på landsbasis og ønskjer å utvikle og styrke denne posisjonen.

- **Kommentar:** Talet på primærsekkjarar til VG2 blomsterdekoratør har dei siste fire år vore lågt. Det er difor ikkje gjort framlegg om å auke talet på elevplasser. Om tilbodet eventuelt skal endrast til eit landslinetilbod ligg utanfor ramma til arbeidet med denne utgreinga, men det er sjølvst og i dag fritt fram for elevar frå andre fylke å søke seg til tilbodet.

### Elektrofag (EL)

Skolen er usamd i tiltaket som er gjort for skoleåret 2016/17. Innsendar frå næringslivet stiller seg uforståande til endringa på EL då det er svært mange sekkjarar til utdanninga, det er behov for kompetansen i næringslivet og at ein reduksjon i talet på plassar, kan føre til at ein ikkje kan tilby 90 % av rettssøkkjarane sitt primærønskje om val av utdanningsprogram på VG1.

- **Kommentar:** Målsetjinga om at 90% av sekkjarane skal få innfridd primærønsket sitt, gjeld ikkje for det einskilde utdanningsprogram, men for den samla sekkjarmassen i fylket, og ein vil difor ved nokre av dei populære utdanningsprogramma oppleve at ein lågare del får innfridd primærønsket sitt.

Dimensjonering av yrkesfagtilbod skal i hovudsak samsvare med næringslivet og offentleg sektor sine behov for faglært arbeidskraft i fylket, i regionen og lokalt. Vi kan ikkje sjå at ein reduksjon av 1 klasse ved Ørsta vgs på Elektrofag finn noko støtte for det.

Ørsta vgs har det største fagmiljøet innan Elektrofag på Søre Sunnmøre. Å redusere dette vil vere dårleg kompetanseplanlegging og gje færre valmoglegheiter og kryssløp for elevane.

- **Kommentar:** I framlegg til ny struktur er det for region Søre Sunnmøre lagt opp til ein reduksjon på berre 4 elevplassar samanlikna med dei historiske tala. Ved Ørsta er reduksjonen 6 elevplassar. Denne justeringa skuldast at det i planen vert dimensjonert for klassar med 15 elevar, og ikkje 12 slik det historisk har vore ved skolane. Om næringslivet sine behov og søkinga til EL tilseier det, vil sjølvst talet på VG1-klassar på sikt kunne aukast, men då vil truleg klassetalet på andre tilbod måtte reduserast.

Tilbod på VG2 Kulde- og varmpumpeteknikk kan etablerast på Ørsta vgs. Gjennom skolen sitt fagmiljø kan ein med små justeringar verte den einaste skolen på Søre Sunnmøre og i Sogn og fjordane som tilbyr denne retninga. Verksemdene på Søre Sunnmøre må i dag hente lærlingar frå Høgskole og Fagskole i Bergen og Trondheim.

- **Kommentar:** I dag er dette tilbodet eit landslinetilbod ved Haram vgs. Dei siste fire åra har talet på sekkjarar vore under ein klasse og det er difor ikkje gjort framlegg om å auke talet på elevplassar på dette programområdet i struktursaka.



### Restaurant og matfag (RM)

Ørsta vgs støttar utgreiinga i at det er usikkerheit i om det er elevgrunnlag til to klassar ved Herøy. Det vart peikt på tidlegare innspel om at Herøy vgs kan ha fokus på behovet for den maritime utdanninga for RM, medan Ørsta vgs kan fokusere på den landbaserte næringa. Sagt på ein annan måte: Ørsta vgs kan fortsette å tilby både VG1 Restaurant og matfag- og VG2 Kokk og servitør også i framtida.

- **Kommentar:** Framlegget om å samle RM-tilbodet ved Herøy vgs er i tråd med fylkestingsvedtak gjort i sak T-69/14, og har ikkje vore vurdert på nytt i denne utgreiinga.

### Teknikk og industriell produksjon (TIP)

Innsendar meiner det er naturleg at dimensjoneringa av VG1 TIP vert oppretthalde med same elevtall som for skoleåret 2016/17, det vil seie med 3 VG1 klassar på TIP. Skolen har mange søkjarar som ønskjer å gå denne retninga og dette er i samsvar med næringslivet sitt behov.

- **Kommentar:** I utgreiinga er det framlegg om å halde fram med 3 klassar TIP VG1, men elevtalet i kvar klasse er sett til 15 og ikkje 12 som det har vore historisk. Dette gjev ein auke på 9 plassar samanlikna med dagens elevtal.

### Helse og oppvekstfag

Skolen er nøgde med tiltaka planen legg opp til for HO ved skolen.

## 2.4 Tilbod ved Volda vidaregåande skule

### Kunst, design og arkitektur (KDA)

Skolen peikar på (s. 70) at det ikkje finns tilbod innan KDA i regionen. Dette stemmer, men det er sentralt å påpeike at vi søker om å få opprette ei halv klasse KDA frå hausten 2017. Tilbodet er tenkt samkøyrte med ei halv klasse ST, og det er inngått samarbeid med Høgskulen i Volda med tanke på leige av verkstad for å unngå investeringar i ei prøveperiode for tilbodet.

- **Kommentar:** Struktursaka søker å stake ut ein kurs for tilbodet i regionen fram mot 2030 og 2040. Om forsøket med KDA som er tenkt starta opp i 2017 vert ein suksess vil det vere naturleg å vurdere å ta dette inn i komande skolebruksplanar eller ved seinare strukturutgreiingar.

### Medium og kommunikasjon (MK)

Frå skolen vert det påpeikt at 25 elevar på MK er lågare enn ambisjonsnivået skolen har med tanke på å gjere tilbodet meir attraktivt i og med omlegginga til studieførebuande, og at skolen forventar å kunne ta inn 30 elevar også her.

- **Kommentar:** Talet på elevplassar tek utgangspunkt i at det historisk har vore under ein klasse som har fullført VG3. Om dette endrar seg når MK vert eit studieførebuande program kan dimensjoneringa justerast i årlege skolebruksplanar eller ved seinare strukturutgreiingar, men då kan det og hende at dimensjoneringa av andre utdanningsprogram må reduserast.

### Studiespesialisering (inkl. påbygg) og Musikk, dans, drama (MDD)

Kommunar og skole er nøgd med at kapasiteten på studiespesialisering ved Volda er uendra. Det er ingen innspel vedkomande MDD.

## 2.5 Utdanningsprogrammet Idrettsfag (ID)

Elevplassar til ID på Søre Sunnmøre bør ikkje reduserast. Volda vgs bør få opprette ID/toppidrett som utdanningsprogram. Møre og Romsdal fylkeskommune si målsetjing om at flest mogleg av VG1-elevane skal ha moglegheit til å bu heime vert vanskeleg å oppfylle for idrettsfagselevane når tilbodet berre er på Ulstein vgs. Innsendar trur at interessa for ID er langt større enn dei faktiske tala viser.

- **Kommentar:** Framlegg om ein liten reduksjonen i plassar på ID skuldast den samla reduksjonen i talet på elevplassar i regionen og må sjåast i samheng med tilsvarande reduksjon på studiespesialisering. Til tross for denne reduksjonen vil andelen elevplassar på ID framleis vere høgare i Søre Sunnmøre enn i dei andre regionane, og godt over landsgjennomsnittet.

## 2.6 Utdanningsprogrammet Bygg og anleggsteknikk (BA)

Frå næringslivet er det fleire innsendarar som støtter opp om framlegga knytt til BA på Søre Sunnmøre, medan ein annan er skeptisk til å leggje ned VG1 BA ved Herøy vgs, for så å auke talet på plassar ved Ørsta. Dette fordi VG1 er med på å danne grunnlaget for rekrutteringa til VG2 anleggsteknikk. Med tanke på korleis skips- og oljenæringa er, meiner innsendar 2 at det kan vere grunn til å tru at talet på søkjarar ved VG1 BA i Herøy vil auke i åra som kjem.

At talet på elevplasser ved VG2 arbeidsmaskiner vert auka stiller og innsendar 2 seg positiv til, sidan anleggsbransjen tradisjonelt sett rekrutterer frå dette utdanningsprogrammet.

- **Kommentar:** Framlegget om å samle BA tilbodet ved Ørsta er i tråd med fylkestingsvedtak gjort i sak T-69/14, og har ikkje vore vurdert på nytt i denne utgreiinga.

## 2.7 Utdanningsprogrammet Service og samferdsel (SS)

Frå næringslivet er det kome innspel på at det er positivt at VG1 SS vert samla ved Ulstein vgs. På denne måten vil det bli eit større fagmiljø og fleire elevar er samla. Elevane vil og ha fleire VG2-tilbod som dei kan velje.

- **Kommentar:** Framlegget om å samle SS-tilbodet ved Ulstein vgs er i tråd med fylkestingsvedtak gjort i sak T-69/14, mellom anna med bakgrunn i argumenta over.

## 2.8 Påbygging til generell studiekompetanse (PÅ)

Det bør vurderast å legge tilbod om PÅ etter yrkeskompetanse til Ørsta vidaregåande skule, slik at elevane kan kome tilbake til den skolen dei tidlegare har tatt VG1 og VG2 på - for å ta påbygg.

- **Kommentar:** I tråd med elevtalsframskrivingane er det ikkje gjort framlegg om å endre det samla talet på elevplassar på påbygg i regionen. Å flytte det eine PÅ-tilbodet frå Volda vgs til Ørsta vgs kunne ha vore eit alternativ, men ein har i staden valt å oppretthalde begge tilboda på Volda vgs som har lang erfaring med PÅ. Avstanden mellom dei to skolane er heller ikkje lang.

## 2.9 Godt skole- og fagmiljø på yrkesfag

Innsendar frå næringslivet skriv at strukturutgreiinga er grundig og godt dokumentert, med framlegg til løysingar utifrå at skolar skulle bestå, men peikar samtidig på framtidige premisser som må ligge til grunn for å få ein framtidretta skole i utviklingstakt med næringslivet, slik at utdanningsinstitusjonane vert attraktive å søkje til p.g.a. sterke fagmiljø.

Det er viktig at ein skole har både VG1 og VG2 tilbod på yrkesfaglege utdanningsprogram. Dette gjev samheng og mening med tanke på å fullføre utdanningsløpet i same skolemiljø og opprettheld

kontaktane til næringslivet i arbeidsmarknadsregionen, som tilbyr læreplassar med tanke på framtidig kortreist kompetansesarbeidskraft.

## 2.10 Kommunesamanslåing

Volda og Ørsta kommunar peikar på at Hornindal og Volda høgst truleg vert slått saman. Dette er det ikkje teke omsyn til i høyringsframlegget. Med ei slik samanslåing vert inntaksgrunnlaget for skolane i Volda og Ørsta ytterlegare styrka. Kan hende bør prioriteringane i utviklingsplanen for Søre Sunnmøre vurderast på nytt i lys av det nye talmaterialet? Er rekkefølga på tiltaka tilpassa den nye situasjonen?

- **Kommentar:** Strukturutgreiinga er gjort for dei regionar, kommunar og elevar som er fylkeskommunen sitt ansvar pr. dags dato. Dersom føresetnadene vert endra, kan talgrunnlaget verte justert, men allereie i dag er det fritt skoleval over fylkesgrensene så det er ikkje sikkert at ei kommunesamanslåing i seg sjølv vil ha stor innverknad på elevane si søking. Talet på framtidige elevar frå Hornindal er på sikt berre rundt rekna 15 elevar på kvart årssteg i følgje hovudalternativet i den siste prognosen frå SSB (ca 5% auke i elevgrunnlaget for Ørsta og Volda), så ei slik samanslåing vil nok ikkje påverke anbefalingane i høyringsdokumentet i nemneverdig grad.

## 2.11 Tilbod til minoritetsspråklege elevar

Ungdom frå språklege minoritetar har dei same rettane i vidaregåande opplæring som alle andre ungdomar. I tillegg kan elevar frå språklege minoritetar ha rett til særskilt språkopplæring. Elevar i vidaregåande opplæring som har rett til særskilt språkopplæring, har rett til inntil to år ekstra opplæringstid når eleven treng det ut frå opplæringsmåla for den enkelte, jf. opplæringslova § 3-1 femte ledd. Det er høve til å innvilge utvida tid allereie i løpet av VG1, dersom vilkåra er oppfylte. På den måten kan ein elev få eit tilpassa opplæringsløp der ein kan kombinere norskopplæring og fagopplæring.

Møre og Romsdal fylkeskommune skriv i sitt høyringsnotat at utdanningsavdelinga har som praksis at «det ikkje vert sett i gong innføringskolar/ -klassar i regi av fylkeskommunen».

Fleire har kome til Noreg seint i grunnskoleløpet, og har dårlege norskkunnskapar når dei startar vidaregåande opplæring. Sjølv om dei har delteke i innføringstilbod sidan dei kom til Noreg, har mange ikkje «brukt opp» dei to åra som eit innføringstilbod kan vare etter opplæringslova. Når Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje har eit innføringstilbod vil elevar som har budd i Noreg i kort tid vere dårleg budde til å ta vidaregåande opplæring.

Innspela om minoritetsspråklege kjem både frå kommunar og skolar.

- **Kommentar:** Det er kommunane som har ansvar for innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar. Fylkeskommunen vil etter vurdering av elevanes norskkunnskapar gje tilbod om særskild språkopplæring for elevar i ordinære klassar.

I avsnittet om elevar med særskilt tilpassa opplæringstilbod i høyringsdokumentet er elevar frå språklege minoritetar ikkje omtala, noko som kan tyde at Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje reknar desse elevane som ei gruppe som har behov for særskilt opplæringstilbod. Det vert sett spørsmålsteikn ved at elevar frå språklege minoritetar verken får tilbod om innføringsklasse eller vert rekna som ei gruppe som treng særskilt tilpassa opplæringstilbod i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.

- **Kommentar:** Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn fell ikkje automatisk inn under dei kategoriane som definerer elevar med særskilt behov. Det betyr ikkje at einskilde elevar med minoritetsspråklege bakgrunn ikkje kan vere i denne gruppa.

## 2.12 Gjennomføring av vedtak i utviklingsplanen

Skolane og nokre kommunar viser til utviklingsplanen frå 2014, kor det vart vedteke å erstatte nedre bygg ved Volda vidaregåande skule med nytt bygg knytt til hovudbygget, samt å bygge ny skole i Ørsta (endra til rehabilitering i fylkestinget i juni 2016). Høyringsframlegget nemner ingenting om desse vedtaka.

Bygningsmassen ved Ørsta vgs eignar seg ikkje til dagens undervisning. Det ligg no føre nye opplysningar om arealdisponeringar for den delen av Ørsta sentrum som omfattar Ørsta vgs. Fylkestinget vert oppmoda om å sjå på sak om nybygg ved Ørsta vgs på nytt. Avsatt beløp på 23 mill. til renovering av skolen, slik at den kan fungere dei neste 10 åra bør nyttast til prosjektering av ein ny framtidsretta skole for yrkesfag.

- **Kommentar:** Strukturutgreiinga omhandlar ikkje bygningsmessige tiltak. Det er difor heller ikkje omtalt i kva grad eller når vedtak om bygging ved Volda vgs og Ørsta vgs vert gjennomført.

## 2.13 Kvaliteten på skoleanlegga

I kapittel 1.2 punkt 22 står det at «skoleanlegga skal ha god funksjonalitet og god kopling mellom pedagogikk og utforming/arkitektur. Skoleanlegg bør vere generelle og fleksible».

Det vert peika på mangelen på spesialrom for regionstilboda MDD og MK ved Volda vgs. Tidlegare har og den krevjande situasjonen knytt til kroppsøving, breiddeidrett og toppidrett vore påpeikt. Dei dårlege fasilitetane gjer det vanskeleg for skolen å utvikle tilbod innan toppidrett volleyball, samt eit tiltak for å redusere talet på elevar i fylket som reiser til toppidrettstilbodet på Sand (i Rogaland).

- **Kommentar:** Strukturutgreiinga omhandlar ikkje bygningsmessige tiltak. Dette vert gjort i Utviklingsplanen for dei einskilde skolane. Det er difor heller ikkje teke med i kva grad tidlegare vedtak om bygging er effektuert.

## 2.14 Tidlegare vedtak sett i høve til reisetid og kriteriet om at elevar på VG1 skal kunne bu heime.

Innsendar peikar på at mange tilbod på VG1 allereie er vedteke samlokalisert og at dette kan resultere i at målsetjing 4: «Flest mogleg av VG1-elevane skal ha moglegheit til å bu heime» og målsetjing 18: «Elever bør ikkje ha meir enn 1 time reisetid frå bustaden til skolen» ikkje lar seg innfri. Innsendar er uroa for at dette kan gje seg utslag i mange negative retningar, som kanskje overstig dei positive effektane det vart argumentert med.

- **Kommentar:** Det er ikkje mogleg å finne ein framtidig struktur som innfrir alle dei overordna målsetjingane. Større fagmiljø er og viktig for å sikre elevane eit godt og føreseielege opplæringstilbod. Det har ikkje kome fram nye moment i høve til tidlegare vedtak. Vedtak gjort i sak T-69/14 har difor ikkje vore vurdert på nytt i denne utgreiinga.

## 3 Nordre Sunnmøre

Det er kome inn 22 høringsuttaler som heilt eller delvis omhandlar framlegg til ny struktur i Nordre Sunnmøre:

Nr.	Avsendar
1	Sula ungdomsskule
4	Fagforbundet M&R (HO ungdom)
10	Sykkylven kommune
16	Opplæringskontoret for anleggs og bergfagene(OKAB)
22	Spjelkavik vgs
27	Haram kommune
30	Haram vgs
35	Sykkylven vgs
43	Fagerlia vgs
44	Fagerlia vgs elevråd
45	Fagerlia vgs fagforeningane
57	Stranda, Norddal og Stordal kommune
61	Borgund vgs
63	Stranda vgs
64	Stranda vgs Elevrådet
65	Entreprenørforeningen Bygg og anlegg
67	Ålesund vgs ST
68	Ålesund vgs Skuleutvalet
69	Ålesund vgs Elevrådet
70	Ålesund vgs Organisasjonane
71	Arne Tunheim
72	Ålesund vgs

### 3.1 Tilbod ved Haram vidaregåande skole

Haram vgs er spesielt oppteken av YSK/TAF-ordninga som vert vidareført i framlegget til ny struktur. TAF har vore med på å auke statusen til skolen. Ordninga vert finansiert til sjølvkost og TAF vert høgt verdsett i bedriftene. Skolen meiner at det også bør vurderast om TAF kan kombinerast med helsefag.

- **Kommentar:** I framlegg til ny struktur er det ikkje gjort endringar i YSK/TAF-tilbodet ved skolen. Når det gjelde YSK-helsefag vert det vist til vedtak i Utdanningsutvalet i møte 12.05.2016: «Møre og Romsdal fylkeskommune har YSK-tilbod i Bygg- og anleggsteknikk, Elektrofag og Industriell produksjon».

Skolen er glad for at det er lagt opp til 1 klasse VG2 Elenergi og 1 klasse VG2 Kulde- og varmepumpeteknikk.

Når det gjeld studiespesialiserande (ST) meiner skolen at det framleis bør vere 1,5 klassar per årssteg.

Skolen er elles open for å endre/justere tilboda i høve til behov og samfunnsoppdrag.

- **Kommentar:** Dimensjoneringa i framlegg til ny struktur byggjer på SSB-framskrivingar av elevtal, historisk fordeling mellom dei ulike faga ved skolen og historisk reisemønster. Med dette som bakgrunn er 30 elevplassar per årssteg på ST høveleg. Dersom søkinga er større enn til 1 klasse, noko den mest sannsynlig vil vere (i alle høve) dei næraste åra, bør det sjølvstøtt opprettast ein halv eller ein heil klasse til for å få eit best mogleg grunnlag for eit breitt programfagtilbod.

Haram kommune uttaler at dei får dekt sine behov for kompetanse gjennom framlegg til ny tilbudsstruktur, men meiner m.a. og at robotisering og automatisering må inn som fagområde i skolen, og at det må leggest til rette for arbeid som skal motverke fråfall.

- **Kommentar:** Automatisering er allereie eit tilbod ved fleire av skolane i fylket, men elevgrunnlaget på Haram tilseier ikkje at skolen kan starte dette tilbodet om då ikkje andre tilbod fell vekk.

Haram kommune er interessert i at flest mogleg av elevane i kommune kan bu heime. For Haram vgs er det viktig med eit godt tilrettelagt skuleskysstilbod, særleg kollektivtilbodet til Brattvåg frå nabokommunane.

- **Kommentar:** Fylkeskommunen er klar over at elevar og skolar i distrikta er avhengig av eit kollektivtilbod som svarar til skoledagens start og slutt, og går så langt råd er i dialog med skysoperatørane for å få etablert høvelege skysstilbod.

### 3.2 Tilbod ved Stranda vidaregåande skule

Skolen og lokalsamfunnet kjem med innspel på at det i høyringsframlegget er foreslått å legge ned Restaurant og matfag (RM) ved Stranda vgs. Med bakgrunn i den posisjonen næringsmiddelproduksjon og reiseliv har i kommunane rundt Stranda vgs, finn høyringspartane nedlegginga svært uheldig og heilt i utakt med næringslivet sine behov for faglært arbeidskraft. Dei vil på det sterkaste understreke betydinga av at tilbodet framleis vert oppretthalde på Stranda.

Likeeins peiker innsendarane på kor viktig det er for distriktet at tilbodet innan Helse og omsorgsfag (HO) vert oppretthalde skolen. I tillegg til å peike på det generelle behovet som finst i alle kommunar for slik kompetanse, må det også peikast på at Norddal kommune har ei særleg satsing på helseturisme - noko som fører til eit auka behov for rekruttering av denne typen kompetanse.

- **Kommentar:** I vurderinga om RM bør oppretthaldast ved Stranda vgs, har spesielt tre av målsetjingane for strukturgjennomgangen vore mest utslagsgjevande; det eine er målet om å bygge sterke fagmiljø for elevar og lærarar, det andre er målet om eit solid og føreseieleg tilbod og det tredje er ein effektiv driftsøkonomi. Ved Stranda vgs har det over tid vist seg vanskeleg å etablere eit sterk miljø på RM, noko som gjer dette til eit kostbart utdanningsprogram for fylkeskommunen når Borgund vgs samstundes har kapasitet til fleire elevar på RM. Når det gjeld HO er dette eit av tilboda som fylkeskommunen ynskjer å ha på dei fleste distriktsskolane. Difor er det og viktigare å oppretthalde eit tilbod på HO enn på RM på Stranda. På grunn av historisk lite søking og for å unngå konkurranse med Sykkylven er det ikkje funne rom for eit VG2 tilbod på HO.

Stranda vgs peiker på at skolen har høg fullføringsgrad blant elevane. Heile 91 % av elevane frå Stranda kommune som starta på vidaregåande skule i 2010 hadde fullført vidaregåande opplæring med studie- eller yrkes-kompetanse i løpet av fem år. Det er best i landet! 70-80 % av desse elevane gjekk på Stranda vgs. Stranda vgs er rangert på tredje plass blant dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal i den nasjonale rapporten om skulekvalitet som vart publisert i vår.

- **Kommentar:** Fylkeskommunen har som mål at alle dei vidaregåande skolane skal levere god kvalitet, og skolane sitt arbeidet for kvalitet i opplæringa er omtalt og handsama i andre fylkeskommunale planar. I diskusjonen om skolestruktur er den einskilde skoles kvalitet og fullføringsprosent ikkje tatt med som argument, og fordi dette kan variere mykje over tid.

### Elevtalsframskrivingane

Stranda vgs meiner det er realistisk med ei elevtalsutvikling som er meir optimistisk enn det som vert lagt til grunn i høyringsdokumentet for Stranda vgs. Stranda vgs har hatt ei positiv elevtalsutvikling dei siste åra, frå 155 elevar skuleåret 2014/2015 til 175 elevar inneverande skuleår. Det er etter innsendarar vurdering realistisk med ei søking godt over prognosen for elevtalsutviklinga som er presentert i høyringsdokumentet. Det er forventat at ein større del av ungdommane frå indre Storfjord (Norddal, Stordal og Stranda) vil søkje Stranda vgs, og i tillegg noko høgare søking frå andre regionar.



Dette vil etter innsendars vurdering gi Stranda eit tilstrekkeleg elevgrunnlag til å oppretthalde dei tilboda skulen har i dag, inkludert Restaurant- og matfag.

- **Kommentar:** Fylkeskommunen har valt å leggje historisk utvikling, SSBs folkeframskrivingar og historisk reisemønster til grunn for vurderingane om ny tilbodsstruktur. Ein har ikkje for nokon av skolane tatt inn lokale forventningar eller eventuelle konsekvensar av lokale satsingsområder, ei heller for Stranda.

### 3.3 Tilbod ved Sykkylven vidaregåande skule

Skolen meiner at med rundt 300 elevar er Sykkylven ein stor skole med viktige og gode tilbod til elevane i området, og den er også ein viktig kompetansesarbeidsplass for Sykkylven.

- **Kommentar:** Fylkeskommunen ser at skolen er ein viktig arbeidsplass i lokalsamfunnet, men strukturplanen omhandlar i fyrste rekke primæroppgåva for skolen som gjeld sjølve opplæringa.

#### Studiespesialisering (ST)

Skolen meiner det kan vere vanskeleg å forstå framlegget om å redusere ST frå 6 til 4,5 klassar i 2030, og ytterlegare reduksjon til 3 klassar i 2040, og peiker på at elevtalet ved skolen i dag er 151 medan det i framlegget er maks 90 plassar i 2040.

Det er grunn til å merke seg at det vert vanskeleg å gje eit brukbart tilbod 2. og 3. året med berre ein klasse på kvart årssteg. Vi har også notert at Stranda vgs med 83 elevar på ST i år, mot Sykkylven sine 151, skal ha same klassetal som Sykkylven i 2040.

- **Kommentar:** Fylkeskommunen legg prognosar for busette i skolen sitt inntaksområde og historisk reise- og søkjemønster til grunn for elevprognosane. Dimensjoneringa er styrt etter dei overordna målsettingane og heilskapelege prioriteringar og val for dei ulike regionane. For Sykkylven er elevtalsgrunnlaget tillagt stor vekt (forventa nedgang er større her enn for Stranda), medan det for Stranda også har vore vektlagt at skolen må ha eit elevmiljø av ein viss storleik om skolen skal bestå som ein eigen skole. Difor er ST-tilbodet på lang sikt dimensjonert likt ved Sykkylven og Stranda. Dersom søkinga vert større enn til 1 klasse, noko den mest sannsynlig vil vere (i alle høve) dei næraste åra, bør det sjølvsagt opprettast ein halv eller ein heil klasse til for å få eit best mogleg grunnlag for eit breitt programfagtilbod.

#### Design og handverk (DH)

Design og handverk er føreslege nedlagt. Det vil i så fall få uheldige konsekvensar. Skolen peiker på at sjølv om kjønnsfordeling ikkje skal spele ei rolle, syner all erfaring at søkinga til utdanningsprogramma på yrkesfaga er særskild kjønnsdelt. Om DH vert avvikla ved Sykkylven vil berre Helse og oppvekstfag vere igjen som typisk "jentefag".

DH VG1 på Sykkylven er viktig for m.a. Borgund vgs, for å halde VG2-tilboda der gåande. Dei treng rekruttering frå andre skolar. Med fleire skolar som tilbyr DH på VG1, vert det betre tilbod på VG2 for dei skolane som tilbyr det.

- **Kommentar:** Fylkeskommunen har som målsetjing at alle elevane, gutar som jenter, skal ha eit tilbod ved distriktsskolane. Det har difor vore ei målsetjing at skolane i distrikta skal ha utdanningsprogramma HO, TIP og ST. Andre målsetjingar som er vektlagt, er målet om at tilboda skal vere solide og føreseielege over tid, og kvalitativt og kvantitativt å styrkje dei andre fagmiljøa ved å samle dei på færre skolar. Når det gjeld DH ved Sykkylven har talet på primærskolarar til utdanningsprogrammet vore lågt over fleire år, og skoleåret 15/16 vart det ikkje sett i gang. Når det er få elevar og reiseavstanden til Borgund ikkje er avskrekkande stor vil elevane truleg få eit betre tilbod på Borgund. Det er og eit poeng at jo fleire tilbod skolen har jo meir konkurranse vil det bli mellom tilboda for å få tak i elevane, noko som gjerne fører til få elevar på fleire tilbod. Når elevtalet går ned bør skolen samle seg om færre og meir stabile tilbod. Av desse grunnane er det valt å ikkje vidareføre tilbodet ved Sykkylven.



Alle utdanningsprogram ved skulen har vore aktiv med ungdomsbedrift gjennom mange år, og design og handverk har vist seg å vere "limet" som yter tenester til andre ungdomsbedrifter gjennom sin kompetanse på utstilling, brosjyrar, plakatar osv. Ei slik tverrfagleg satsing har skapt engasjement blant elevane.

- **Kommentar:** Utgreiinga omhandlar tilbudsstrukturen og elevplassar i kvar region og på tvers av regionane – tufta på elevtalsutvikling i regionane og i fylket. Kvalitet og innhald i opplæringa vert omhandla i andre fylkeskommunale planar. Når «limet» er eit tilbod med lite/ustabil søking, vil dette tiltaket heilt sikkert kunne vidareførast utan DH-elevane, slik det og vert gjort på mange andre skolar.

### Elektrofag (EL); VG1 EL og VG2 Elenergi

Skolen peiker på at VG2 El-energi ved Sykkylven ikkje er tatt med i planframlegget, sjølv om det er avklart at dette skal liggje inne frå 2017/18. Skolen ber om at det vert retta opp. VG1 EL er synt med berre ein klasse. Vi har no 2 klassar på VG1, pga stor søking. Om vi i framtida berre får ein VG1-klasse, vil grunnlaget for VG2 falle bort. Det er difor avgjerande for VG2-tilboda på elektrofag at vi ligg inne med 2 klassar på VG1.

- **Kommentar:** Talet på elevar i regionen som har VG1 elektrofag som primærynskje har dei siste fire åra talt mellom 130 og 160 elevar. Dei siste tre åra kan det sjå ut som om talet på søkjarar til den største skolen har gått noko ned, medan det har vore ein auke ved distriktsskolane, men det samla talet har vore relativt stabilt. Framlegget til ny struktur for EL-tilbod i regionen byggjer på elevtalsframskrivingane og målsetjingane om å skape føreseielege tilbod, sterke fag- og elevmiljø sett i høve til forventa elevtalsutvikling på dei einskilde skolane. Når ny struktur er vurdert ut frå dette har ein kome til at det ikkje er elevgrunnlag nok til å ha 2 klassar på VG1 EL ved Sykkylven i framtida, og difor har ein og tatt ut igjen tilbodet på VG2 Elenergi fram mot 2030 og 2040, sjølv om tilbodet vert oppretta i 2017/18. Her må ein skilje mellom kortsiktig og langsiktig planhorisont, høvesvis i skolebruksplan og i strukturutgreiinga. Slik vi ser det er det viktigare å bygge vidare på det etablerte fagmiljøet innan automatiseringsfaget på Sykkylven framfor å starte opp (eller vidareføre) eit heilt nytt tilbod.

### Elevtalsframskrivingane

Sykkylven vgs er kjent med at elevtalet går ned fram mot 2030 og vidare mot 2040 ut frå statistiske berekningar. Frå 2033 kjenner vi ikkje fødselstala og elevtalet vert då usikkert. Det same gjeld for Ålesund der elevtalet går ned mot 2030 for så å stige mykje mot 2040. Vi lurar på korleis dette er mogleg og kvifor ein da dimensjonar ut frå økt berekna elevtal?

- **Kommentar:** Elevtalsprognosene baserer seg på befolkningsframskrivingar frå Statistisk Sentralbyrå i 2016. Prognosane er sjølv sagt meir usikre jo lenger fram i tid ein kjem, men når det gjeld fødselstala er dei utrekna på bakgrunn av talet på kvinner i fruktbar alder (dei fleste av desse er allereie født) og forventningar om deira fruktbarheit. Forventa flyttemønster i befolkninga er og teke omsyn til. For så store einingar som kommunar og fylkeskommunar er dette det beste verktøyet som finst, men om utviklinga endrar seg må sjølv sagt fylkeskommunen og endre sine planar.

## 3.4 Tilbod ved Borgund vidaregåande skole

Borgund vgs er nøgd med at skolen vidareførast som ein rein yrkesfagleg skole og meiner det er svært bra at skolen får utvida tilbodet med allmennfagleg påbygging.

I den grad skolane skal ha undervisning på same utdanningsprogram i byen, er det viktig at det ikkje blir lagt opp til konkurransen mellom skolane. Det er også viktig at utdanningsprogramma blir noko lunde jamt fordelt. Når det gjeld fordeling av utdanningsprogram og programområde kring om i fylket, er det viktig med tanke på kvalitetssikring av elevane si opplæring at det er robuste og gode fagmiljø. Når det gjeld TPO må ein finne balansen mellom å bygge opp gode fagmiljø og opphoping på enkelte skolar.

For alle yrkesfaglege VG2 og VG3 løp der Borgund vgs er åleine i fylket om å ha desse, er det viktig at det blir gitt undervisning første året kring om i heile fylket. Eksempel er Design og håndverk slik det fungerer i dag.

HMS – for alle yrkesfaga er det viktig å ivareta sikkerheita til både elevar og tilsette. Dette må det takast omsyn til ved planlegging, det gjeld i høve til personaltettheit og tilrettelegging med alternative praksisrom.

Følgjande konkrete synspunkt til dimensjoneringa er peikt på i uttalen:

### Design og handverk (DH)

Det vil bli ei omlegging av heile utdanningsprogrammet. På Borgund vgs reknar vi med at dei store faga frisør og tekstil blir verande i ei eller anna form. Vi håper det same for interiørfaget. Når det gjeld samanhengen mellom VG1 og VG2 i forslaget, så er der 15 for mange plassar på VG2 i høve til VG1 i region Nordre Sunnmøre. Det må bety at ein enten må ha ei VG1 klasse på Sykkylven vgs eller må auke opp til 60 elevar på VG1 på Borgund vgs. For å sikre nok rekruttering til for eksempel frisørfaget, er det viktig å rekruttere ungdom frå resten av regionen vår og frå Søre Sunnmøre.

- **Kommentar:** I strukturforslaget er det lagt opp til at VG2 og skal kunne ta i mot fleire elevar frå heile fylket. Omlegging av programmet er sannsynleg, og ein får heller sjå på dimensjoneringa i heile fylket på nytt etter dette. Ein VG1-klasse på Sykkylven vil nok uansett ikkje gje særleg mange elevar.

### Elektrofag (EL)

Det er ikkje samsvar mellom VG1 og VG2 tilboda i regionen. Der vil vere 15 for mange VG1 elevar i høve til VG2 plassar.

- **Kommentar:** Det er vanskeleg å få alle tala til å gå opp matematisk, og i vurderinga må det også takast omsyn til at ikkje alle klassane vert fylt opp. Samla er det 44 plassar meir på VG1 enn VG2 i fylket. Det er difor grunn til å sjekke desse tala litt nærare.

### Helse- og oppvekstfag (HO)

Forholdet mellom VG1 elevar og VG2 og VG3 elevar harmonerer ikkje. I dag er 15 av dei 75 elevplassane på VG1 knytt til TPO. Det betyr at det manglar 15 plassar på VG1 for å ha balansen. Det same gjeld forholdet mellom VG2 og VG3. Nokre elevar går over frå VG2 helseservice til VG3 påbygging. Det er difor behov for eit større grunnlag på VG2 for å rekruttere til 2 klasser på VG3. Det er viktig å ha to klasser VG2 helseservice på Borgund vgs, og for rekruttering til arbeidskraft i heile fylket, er det også viktig at VG2 helseservice bli undervist i nord om Romsdalsfjorden. Det er behov for denne arbeidskrafta også der.

- **Kommentar:** Det manglar ikkje elevar på VG1 for å få balanse (sjå kommentar om TPO-klassen i kap. 3.9. Søkinga vil avgjere framtidig dimensjonering på VG2-helseservice, men i forslaget er fagmiljøet i faget vektlagt som grunn for å ikkje starte tilbodet andre stader i fylket (og dei fleste elevane på VG2-helseservice skal jo uansett hald fram på Borgund på VG3)

### Service og samferdsel (SS)

Flytting av VG2 IKT-servicefag og VG2 Transport og logistikk til Borgund vgs er fagleg mogleg å få til.

- **Kommentar:** Sjå og Ålesund vgs for IKT-servicefag (kap. 3.6).

### Andre utdanningsprogram

Forslaga på Restaurant og matfag og Teknisk og industriell produksjon ser greie ut. Auken som er lagt inn på Bygg- og anleggsteknikk vil nok kome, men skolen er usikker på kva fagområde auken kjem.

### 3.5 Tilbod ved Fagerlia vidaregåande skole

Fagerlia vgs ser framlegget til skolestruktur for Nordre Sunnmøre som eit balansert og godt framlegg der det ser ut til at det er tatt omsyn til både regionale behov og behovet for sterke fagmiljø. Forslaget har og ei god fagfordeling mellom skolane i Ålesund.

Dei tilsette sine organisasjonar ser og positivt på forslaga i høyringsdokumentet og sluttar seg til dette. Organisasjonane er opptekne av fagleg tyngde og viser til at eit breitt tilbod til elevane og inneber store fagmiljø blant lærarane.

Elevane ved skulen er opptekne av at skolen er populær på grunn av den store bredda i studietilboda. Dei meiner at det å auke talet på tilgjengelege programfag er ein god ide for å auke populariteten ytterlegare.

#### Studiespesialisering (ST)

Skolen uttaler at søkinga til ST øker år for år på Fagerlia vgs. Hovedårsaka til dette er at skolen kan tilby et bredt programfagstilbud. Det blir viktigare og viktigare for elevar som søker ST å kunne kombinere forskjellige programfag med ulik fordjuping for å bygge opp eit ønska vitnemål. Det må da være store studiespesialiserande skolar med bredde nok i programfagtilbodet. Det er derfor viktig at skolen framleis kan ha minst 6 parallellar på ST. Organisasjonane meiner og at 6 parallele klassar på ST er eit minimum for å kunne gje elevane eit variert og godt programfagtilbod, men dei er skeptiske til auken av talet på elevar i klassane.

Fagerlia vgs er en del av Campus Ålesund. Samarbeidet med aktørar på Campus, på felles undervisningsprogram og forskings- og utviklingsprosjekter er sterkt aukande. Fagerlia vgs jobbar for å bli Universitetsskole.

I dag har skolen lange ventelister på ST, til tross for at skolen tilbyr ekstra klassar på ST. Må elevar skifte skole, er det fare for at den nye skolen ikkje har bredt nok programfagtilbod til at eleven kan få førstegangsvitnemål, noko som er svært viktig for elevane si framtid.

I og med at skolen får et større tilbud på yrkesfag er det og viktig at dagens tilbod på «påbygging» (PB) vert vidareført.

Fagerlia vgs har ST-linje for idrettstalantar som eit 4-årig tilbod. Dette er eit viktig tilbod for å behalde idrettstalantar i regionen og å utvikle idretten lokalt. Elevane kan satse på toppidrett, samstundes som dei kan oppnå spesiell studiekompetanse.

- **Kommentar:** Forslag til tilbudsstruktur legg opp til å vidareføre eit stort og godt ST-tilbod ved Fagerlia vgs, med nok parallellar til å kunne halde fram med eit breitt og godt programfagtilbod, ST-linje for idrettstalantar og som vil gjere det mogleg å vidareutvikle samarbeidet med aktørar på Campus. Alternativet ville vore å redusert tilbodet til 4 parallellar og auka tilbodet på Ålesund til 3 parallellar, men det trur vi begge skolane på sikt ville ha tapt på.

#### Teknikk og industriell produksjon (TIP)

Fagerlia vgs viser til at planane innanfor TIP, marine- og maritime fag ser ut til å vere i samsvar med dei planar som er lagt saman med næringa, men eitt unntak. Det gjeld kjemiprosessfaget som er tatt bort i strukturframlegget. Faget er viktig for den marine næringsmiddelindustrien som er sterkt representert i regionen. For den industrielle utvikling generelt i regionen og innan dei marine fag spesielt, vil dette tilbodet vere viktig for framtida. Det er i samarbeid med fagmiljøet utarbeid ein plan for å utvikle og synleggjere tilbodet. I høyring til Skolebruksplanen 2016- 2019 er det vist til ein prosess der tilbodet er planlagt med oppstart 2018. Det sentrale i prosessen er at næringane deltar og forpliktar seg til å ta inn lærlingar. Det er viktig å utvikle og behalde Kjemiprosess-fag i Ålesund.

- **Kommentar:** Det samla talet på primærskolar til kjemiprosess har på fylkesnivå vore låge dei siste åra, og då spesielt i region Nordre Sunnmøre. Ei av målsetjingane for utgreiinga har vore at tilboda skal vere føreseieleg over tid noko det har vist seg ikkje er tilfelle for kjemiprosess i

Ålesund. På denne bakgrunn er difor VG2 Kjemiprosess ikkje foreslått oppretta i regionen. Det er viktig å få avklart dette før byggeprosjektet på Fagerlia vert sett i gang.

### Helse- og oppvekstfag (HO)

Skolen registrerar at søkinga til VG1 er aukande, og meiner det er viktig for regionen at tilbodet innan Helsefagarbeidar er i god utvikling.

Skolen viser til at Ambulansefag kan bli endra til eit VG3 tilbod, med grunnlag frå gjennomført VG2 Helsefagarbeiderfag. Tilbodet må i så fall styrkast, men skolen meiner dette kan gjennomførast innafor dei planlagde elevplassane på skolen.

- **Kommentar:** Viss ambulanséfag vert endra vil ein måtte justere dimensjoneringa på dei ulike tilboda på HO.

## 3.6 Tilbod ved Ålesund vidaregåande skole

Innspela som gjeld dimensjonering og fagtilbod ved Ålesund vgs er enten skolen sin offisielle uttale, eller kome frå fagorganisasjonar og tilsette ved skolen. Det er ikkje kome uttaler frå kommunar eller næringsliv som gjeld Ålesund vgs.

### Studiespesialisering (ST)

Mange av innsendarane ytrar at framlegget til ny struktur vil gjere Ålesund vgs flott og pedagogisk spennande. Men samstundes har fleirtalet av innsendarane kritiske merknader til at studiespesialisering (ST) er vurdert flytta frå Ålesund vgs, m.a.

- Utan eit ordinært ST-tilbod vil skolen slite med å kunne tilby fordjuping i realfag til elevar som ynskjer dette.
- Med berre ein klasse Creo igjen, vil dette tilbodet bli ekstra sårbar som einaste ST tilbod.
- At også Påbygging er foreslått flytta svekker finansieringa av programfag til dei studieførebuande(SF)-tilboda ytterlegare.
- Dersom skolen har ST vert den vesentleg mindre sårbar, både fordi ST vil tilføre dei ulike SF-tilboda etterspurde programfag, og fordi det er stabilt god søking til ST.
- Ålesund vgs har i fleire tiår rekruttert mange elevar frå sentrumsnære område som Giske, Sula og ytre bydel. Om ST vert borte frå sentrum kan det bidra til å styrke private skolar fordi mange av desse elevane må reise gjennom sentrum til Fagerlia og Spjelkavik.
- ST høyrer av mange grunnar naturleg heime i en sentrumsskole.

Alle punkta er utdjupa nærare i uttalen frå skolen og i eige vedlegg frå Studiespesialisering

- **Kommentar:** Følgjande målsetjingar har vore tillagt vekt i vurderinga kring ST ved Ålesund vgs, den samla kapasiteten på ST i regionen, at skolar i same region minst mogleg skal konkurrere med kvarandre, at fagmiljø vert styrka kvalitativt og kvantitativt ved å samla utdanningsprogram på færre skolar, samt at skoleareala skal vere driftseffektive. Den samla kapasiteten i regionen vil vere tilfredsstillande når Spjelkavik og Fagerlia er ferdigstilte. Eit ST tilbod ved Ålesund kan gje uheldig konkurranse med Fagerlia og Spjelkavik, og tilbodet ved Ålesund ville vore lite. Ved sentrumsskolar bør det vere minst 5 parallelle klassar på ST for å kunne gje eit godt programfagtilbod til alle elevane. For dei samla drifts- og investeringskostnadane vil ei ekstra utbygging ved Ålesund og vere negativt.

### Kunst design og arkitektur (KDA) og Medium og kommunikasjon (MK)

Det vert peika på at KDA ligg inne med berre ein halv klasse (ikkje 1) og at MK berre ligg inne med ein klasse (ikkje 2). Høyringsuttalene er på det reine med at søkinga til desse utdanningsprogramma ikkje har vore stabilt god, men meiner at det er ting som tyder på at den kan ta seg opp. MK er nyleg og omgjort til eit studieførebuande program.

- **Kommentar:** Fylkeskommunen har som målsetting å planleggje for ein struktur som svarar til samfunnets behov og elevanes sine ynskjer, og nyttar historiske tal for søkjarmønster og

framskrivingstal for å avgjere dimensjoneringa. I desse tala finn ein ikkje grunnlag for å dimensjonere høgare, men om søkinga tek seg opp vil det ikkje vere noko problem å ta inn ein heil klasse på KDA og 2 parallellar på MK. Tilbodet på MK er i direkte konkurranse med Akademiet vgs.

### Service og samferdsel (SS)

Nedbygging av SS tilbodet vil redusere det siste yrkesfaget som skolen har igjen. Det vil vere positivt om tilboda på SS i større grad vert verande på skolen. IKT-servicefag høyrer t.d. saman med servicefag og media, og må ikkje flyttast.

Det fireårige SS-løpet der elevane vekslar mellom skole og praksis i bedrift og går ut med både fagbrev og generell studiekompetanse er og borte i høyringsdokumentet. Vi meiner at dette unike tilbodet skal oppretthaldast og førast vidare i nytt utdanningsprogram «Handel, service og reiseliv».

- **Kommentar:** Skolen har gode poeng når det gjeld å behalde meir av SS-tilboda ved skolen, ikkje minst når det gjeld IKT-servicefag. I og med at heile tilbodsstrukturen på SS er under vurdering på landsbasis, bør endeleg dimensjonering av SS-tilboda utsettast til den overordna tilbodsstrukturen er på plass.  
Grunna den usikre framtida til utdanningsprogrammet, er YSK tilbodet (i alle fall inn til vidare) ikkje vidareført ved Ålesund vgs. Å ikkje vidareføre YSK-tilbod på SS er i tråd med sak som vart handsama i Utdanningsutvalet 12.05.2016 med følgjande samrøystes vedtak: Møre og Romsdal fylkeskommune har YSK-tilbod i Bygg- og anleggsteknikk, Elektrofag og Industriell produksjon.

### Den nye sentrumsskolen på sørsida

Med berre ein ST-klasse (Creo), utan påbygg og med reduserte klassetal på MK og KDA og redusert tilbod på SS, er dette heilt noko anna enn det som tidlegare vart tenkt og som vart planlagt i programmeringa av den nye skolen. Det einaste som ligg stabilt og fast er MDD-tilbodet.

Sjølv om skolen har mange studieførebuande tilbod vil den slite med å kunne ha fordjuping i realfag og god bredde på dei andre programfaga til ST utan fleire reine ST-klassar. ST ville ha gjort Byskolen vesentleg mindre sårbar fordi det er eit utdanningsprogram med stabilt god søking. Visjonen om Ålesund vgs som kulturelt samlingspunkt er spanande og god, men ST er eit viktig «lim» i denne samanheng.

- **Kommentar:** Det sentrale spørsmålet i høve til den nye sentrumsskolen på sørsida er om skolen må ha eit større ST-tilbod for å lykkast. Erfaring frå nye Vågen vgs, som starta opp i nye lokalar i sentrum av Sandnes i august 2010, viser at ein kreativ sentrumsskole ikkje treng ST for å lykkast. Det kan faktisk vere eit poeng å ikkje ha ST som eit stort og dominerande utdanningsprogram på ein slik skole slik at dei kreative utdanningsprogramma kan «få meir plass».  
Vågen vgs er ein svært populær skole med stor søking og 850 elevar fordelt på utdanningsprogramma MDD, MK, KDA og DH. Einaste skilnaden frå den skolen som ein no kan sjå føre seg på sørsida i Ålesund er at Vågen har DH, medan Ålesund har SS og ein klasse ST-Creo. Sandnes kulturskole er ein stor og integrert brukar av lokalar på Vågen vgs, på same måten som Ålesund kulturskole skal ha sine lokalar saman med Ålesund vgs.  
Det er unødvendig å risikere konkurranse mellom 3 ST-skolar i Ålesund, i tillegg til den private skolen, der den eine (Ålesund vgs) uansett ikkje vil kunne få like god bredde på programfagtilbodet som dei to andre. Då er det betre å satse på 2 store ST-skolar med gode og varierte programfagtilbod, og ein kreativ skole med andre bein å stå på.  
Sjølv om ST på Ålesund vgs har sine lokalar på Latinskolen i sentrum, er søkinga til dei to andre skolane med ST (Fagerlia og Spjelkavik) i dag langt større enn til Ålesund vgs. Dette tyder at det ikkje er nok å ligge i sentrum for å få søkjarar.

Ein innsendar peikar på at den gamle kombinerte skolen i Ålesund er mest borte i framlegg til ny struktur. Det vert eit tap - eit danningsperspektiv når SF- og YF-elevar ikkje får gå side om side og utvikle gjensidig respekt og forståing for ulike kompetansar. Det vert peikt på at skolen slik den opphavelig var planlagt - som ein stor, spanande, mangfaldig og solid kombinertskule som skulle



spegle byen og næringslivet og vere ein motor i utviklinga av byen og regionen omkring, både i arkitektur og innhald - er borte. Det ny framlegget oppfattast som ein liten skole med eit einseitig og sårbart studietilbod. Ein innsendar meiner at NA og TIP bør oppretthaldast ved Ålesund vgs.

- **Kommentar:** Det nye framlegget byggjer på tidlegare vedtak om å flytte NA og TIP til Fagerlia, ID til Spjelkavik og KDA og MDD frå Fagerlia til Ålesund. Desse vedtaka bør ikkje endrast, ikkje minst sidan planlegginga av dei andre skolane er kome langt.

### 3.7 Tilbod ved Spjelkavik vidaregåande skole

#### Studiespesialisering (ST)

Skolen set pris på den dimensjoneringa av ST-tilbodet som ein har fått. Samtidig vil skolen framheve viktigheita av at ST-tilbodet på skolane elles i Ålesund ikkje vert fordelt slik at ein ender opp med små fagmiljø. Det er viktig for kvaliteten i det totale tilbodet at fagmiljøa får ein slik storleik at dei er robuste.

#### International Baccalaureate (IB) Diploma Programme

Spjelkavik vgs presiserer at dei tilbyr International Baccalaureate (IB) Diploma Programme, og at dette burde stå vore handsama som et eige utdanningsprogram i strukturutgreiinga, på lik linje med alle dei andre utdanningsprogramma. IB er ikkje eit ST-tilbod, slik oppfatninga ofte er. IB er eit internasjonalt tilbod med eigne læreplaner, eigne eksamenar og eigne vitnemål.

- **Kommentar:** I oversikta over elevplassar ved Spjelkavik er IB-elevane inkludert i dei ordinære klassane for ST. Dette er nok gjort sidan IB-elevar er plassert under ST i statistikkportalen til Utdanningsdirektoratet, som har vore grunnlaget for samanlikningar mellom ulike utdanningsprogram, skolar, regionar og fylker. Tekst om tilbodet i kapittel 2.3 hadde sjølvstøtt vore på sin plass.

### 3.8 Innspel på Bygg og anleggsteknikk

Ein høyringsuttale frå næringslivet registrerer at tilbudsstrukturen på Nordre Sunnmøre er føreslått tilnærma lik dagens situasjon, men med forslag om 15 elevar i kvar klasse i VG1 Anleggsteknikk, mot dagens 14. Det vert peikt på at det er god oversøking til VG2 Anleggsteknikk, og dersom det held fram kan det på sikt bli behov for ein klasse til.

- **Kommentar:** Forslaget i strukturplanen tek sikte på å møte næringa sitt behov og elevanes ønske om utdanningsretning. Fordi desse to målsetjingane ikkje alltid er samsvarande og fordi det samla tilbodet på VG1 og VG2 nivå skal harmonere, må fylkeskommunen gjere ei prioritering når det gjeld tal på elevplassar i VG2-tilboda. I denne prosessen er difor planlagt for 90 VG1 plassar og 30 plassar på kvar av dei tre VG2 tilboda i regionen. Fylkeskommunen er av den oppfatning at dette i stor grad møter næringas behov og elevane sine ønskjer. Om søkemønsteret eller behova til næringslivet endrar seg over tid, vil ein sjølvstøtt kunne endre dimensjoneringa.

### 3.9 Innspel på Helse og oppvekstfag (HO)

Ungdomsutvalet til Fagforbundet peiker på at Borgund vgs har 5 klassar VG1 HO i dag – av desse er det 4 ordinære klassar og 1 klasse med ATO-elevar (funksjonshemma elevar i eigen avdeling). Men me kan sei at dei totalt sett har 75 elevplasser. Fylkeskommunen har nå i et pennestrøk redusert dette til 4 klassar totalt. Det vil seie at skolen frå neste år får redusert talet på ordinære skoleplassar frå 60 til 45 på VG1. Dei er den skolen i regionen som har hatt oversøking i fleire år. Dei siste åra har skolen hatt over 100 primærstøttjarar til VG1.

Det er og foreslått og redusere VG2 Helsestjernefag, dette er ikkje i samsvar med etterspurnaden etter denne arbeidskrafta i regionen. Det er og desse klassane som legg grunnlaget for VG3 Helsesekretær og VG3 Apotekteknikk.

- **Kommentar:** I framlegg til ny tilbudsstruktur må talet på elevplassar på HO ved Borgund og Fagerlia bli sett under eitt, og tilbødet i Ålesund er dermed styrka. I framlegg til ny struktur kjem elevplassane på ATO i tillegg. Dette betyr at dei 75 plassane ved Borgund vert å regna som ordinære elevplassar på HO, altså 15 fleire enn i dag.

### 3.10 Innspel på Idrettsfag (ID)

Frå rådgjevar ved ein ungdomsskole i regionen er det kome innspel på at dersom idrett hadde vore knytt opp mot yrkesfag ved Borgund vgs, ville mange elevar hatt eit viktig motivasjonselement på skulen, og feilvala ville vore Ein vil og få færre feilval.

- **Kommentar:** Idrettsfag (ID) er eit studieførebuande utdanningsprogram og fleire av elevane som vel dette utdanningsprogrammet har historisk også ønskt seg fordjuping i realfag. Av den grunn er ID lagt til to skolar i regionen som har studiespesialiserande utdanningsprogram. Det er ikkje rom for fleire elevplassar på ID i regionen. Toppidrettstilbødet er foreslått vidareført på Fagerlia, som er ein kombinert skole.

### 3.11 Innspel på samfunnskonsesvensar

Frå fleire kommunar er det kome innspel på at skulen er ein viktig ressurs for lokalsamfunnet/bygda. Den vidaregåande skulen knyter ungdom til distriktet, noko som kan vise seg å vere av stor tyding med tanke på busetjing etter fullført utdanning.

Lengre skuleveg fører ofte til at elevar må flytte på hybel, og bygdene vert tappa for ungdom. Dette fører til mindre deltaking i lokalt samfunnsliv/kulturaktivitet, noko som er uheldig med tanke på det totale oppvekstmiljøet i bygdene våre.

- **Kommentar:** Fylkeskommunen ser at skolen på mange måtar er ein viktig aktør i lokalsamfunnet, men strukturplanen omhandlar først og fremst primæroppgåva for skolen, som gjeld opplæringa.



## 4 Romsdal

Det er kome inn 20 høringsuttaler som heilt eller delvis omhandlar framlegg til ny struktur i Romsdal:

Nr.	Avsendar
14	Rauma kommune
15	Fræna kommune
16	Opplæringskontoret for anleggs og bergfagene(OKAB)
19	Molde vgs
21	Eide Næringsforum
25	Fræna Næringsforum
32	Romsdal vgs
34	Transportbransjens opplæringskontor
36	Rauma vgs - Skoleutvalget
39	Molde kommune
42	Norsk Lektorlag ved Fræna vgs
46	Rauma vgs
48	Rauma Næringslag
49	Gjermundnes vgs
52	Fræna vgs
53	Fræna vgs AMU
54	Restaurant- og institusjonskokkbransjen i Molderegionen
58	Fræna vgs Utdanningsforbundet
65	Entreprenørforeningen Bygg og anlegg
76	Romsdal forum for teknologiske fag
77	Åndalsnes bilverksted m/fleire

### 4.1 Tilbod ved Rauma vidaregåande skole

#### Skolestruktur

Næringslivet er på det reine med at skolestruktur ikkje er tema i høringsrunden, men peikar på at svekking av skolen kan bidra til at det vert eit spørsmål i neste runde. Ei endring og reduksjon av tilbod, fag og liner ved ein relativt liten vidaregåande skole som Rauma, vil bidra til eit svekka elevtal og å skape eit skjørt og usikkert fagmiljø.

- **Kommentar:** I framlegg til ny tilbudsstruktur er det for Rauma prioriter å danne større elevmiljø ved færre utdanningsprogram enn skolen har i dag. Dette er gjort ved at det minste yrkesfaglege tilbodet er avvikla, medan restaurant og matfag, elektrofag og helse- og oppvekstfag er styrka. Påbygg er foreslått avvikla og studiespesialiserande er styrka. Samla vil talet på elevplassar ved Rauma vgs vere om lag som i dag.

#### Samanheng mellom skole og næringsliv/læreplassar

Samanhengen mellom lokalt næringsliv, læreplassar og det å kunne oppretthalde eit fagtilbodet ved Rauma vgs vert og understreka. Nærleik mellom lokalt næringsliv og ein lokal vidaregåande skole er svært viktig for å kunne skaffe læreplassar ute i bedriftene. Det er slik ein utviklar og rekrutterer industriarbeidarar for framtida. Difor er ein TIP-line ved Rauma så viktig. Om tilbodet vert sentralisert fell ein viktig del av rekrutteringa til industrien bort, og det er svært alvorleg.

- **Kommentar:** God kontakt mellom utdanningsinstitusjonane og næringsliv er viktig i arbeidet med å skaffe læreplassar for elevar. Av dagens 36 kommunar i fylket er det berre vidaregåande skole i 17, men vi finn læreplassar innan både privat og offentleg sektor i brorparten av kommunane. Samarbeid mellom skole og lærebedrifter er uavhengig av kommunegrensene, sjølv om samarbeidet naturleg nok er enklare når avstandane er korte.

## Bygg og anleggsteknikk (BA)

Rauma kommune viser til at den lokale vidaregåande skolen ikkje lenger er tenkt å kunne tilby VG1 BA med grunnlag i låge søkjartal dei seinare årane. Rauma er definert som eit eige arbeidsmarknadsområde og har hatt tradisjon for eit rikt og variert næringsliv der byggenæringa har hatt ein brei plass. Det er viktig at ein i framtida sikrar naudsynt rekruttering til eksisterande arbeidsplassar, samstundes som ein legg grunnlag for utvida satsing innafør denne næringa.

- **Kommentar:** BA har vore forsøkt etablert som eit småskalatilbod på Rauma vgs, men dei siste to åra har det ikkje vore søkjarar. Det er difor ikkje grunnlag for å vidareføre tilbodet. Byggnæringa i Rauma kan likevel tilby læreplassar til elevar på andre skolar i fylket, t.d. Romsdal vgs.

## Teknikk og industriell produksjon

Sjølv om delar av industrien som rekrutterer frå TIP-utdanninga er inne i ein lågkonjunktur, har det vore stabile søkjartal på utdanningsprogrammet. Det er og lite som tyder på at ikkje Rauma skal vere eit regionalt kraftsentrum knytt til transport og logistikk i tida framover. Rauma kommune ser det som naudsynt at det vert lagt til rette lokalt for utdanningsprogram i framtida som støttar og utviklar denne næringa. Godt samarbeid med lokalt næringsliv over år har skapt ei forankring som har vore tenleg og utviklande for både fagmiljø på skulen og i transportnæringa i kommunen.

Skolen kan vise til fulle klassar på TIP gjennom mange år. Dette er ofte elevar som har forholdsvis låge inntakspoeng, som difor ikkje kjem inn på VG1 Elektrofag. Det er lite truleg at dei veljer studiespesialiserande, eller at dei flytter ut av kommunen for å ta vidaregåande. For desse elevane vil det gje store konsekvensar om TIP tilbodet ikkje er tilgjengelig. Skolen har venteliste til TIP, tross små lokale årskull, og lokalt næringsliv treng kompetansen. Elevane er ikkje klare for å bu på hybel.

- **Kommentar:** Tala fylkeskommunen legg til grunn for sine vurderingar syner at talet på primærsøklarar til VG1 TIP har vore likt med talet på elevar som har fått tilbod om skoleplass på TIP. Forslag om nedlegging av TIP er gjort etter vurdering av det samla TIP-tilbodet i regionen og sett i høve til at Rauma vgs får behalde Elektrofag og Restaurant og matfag. Det er ikkje nødvendigvis slik at elevar som ønskjer å gå på TIP vil velje ein av desse faga, men det er ikkje nok elevar samla sett til å oppretthalde gode tilbod på alle 3 utdanningane.

4 bedrifter i kommunen uttaler at dei ønskjer å samarbeide med skolen på VG2 Kjøretøy fordi det er behov for lærlingar i den lokale kjøretøybransjen. VG2 Kjøretøy må bli oppretta kvart år på Rauma vgs, slik at det vert eit stabilt tilbod til elevane og dei har reell moglegheit for lokal læreplass. Skolen og næringa har hatt eit nært samarbeid over fleire år og dei aller fleste elevane har fått tilbod om lokale læreplassar. Bedriftene har tatt den praktiske delen av opplæringa, og skolen, med bidrag fra Åndalsnes bilverksted, har hatt den teoretiske delen og oppfølgingsansvar. Bedriftene har kapasitet til 4 - 5 lærlingar, kvart andre år, men vil likevel delta i opplæringa som vanleg.

- **Kommentar:** Til VG2 Kjøretøy har søkjartalet vore lågt og tilbodet ikkje sett i gong enkelte år. Sett frå skoleeigar si side er dette ikkje eit tilbod med kontinuitet i fagmiljøet eller føreseieleg for elevar og tilsette. I byggeprosjektet på Romsdal vgs har det vore planlagt 2 parallelle klassar på VG2 Kjøretøy – og all erfaring tilseier at dette er nok plassar i denne regionen.

## Påbygg (PÅ)

Fleire uttaler, m.a. skolen understrekar kor viktig det er at tilbod om Påbygg vert oppretthalde ved Rauma vgs. Dersom skolen ikkje har påbygg er det ein sannsynleg konsekvens at søkninga til yrkesfag også vert redusert, og dette vil på sikt svekke skolen. Om det ikkje lengre er mogleg for elevar å ta generell studiekompetanse ved skolen kan Rauma vgs om få år risikere å stå att med berre yrkesfaglege program. Dette støttar ikkje opp om målsettingane som det er synt til i utgreiinga.

Det må nemnast at elevar som har tatt fagbrev er sikra plass på påbygg, og fordelten med å ta dette på den same skolen kor dei tok yrkesfagleg utdanning er stor.

Rauma har allereie studiespesialiserande tilbod og difor eit stort fagmiljø for allmenne fag på skolen, og det er ein styrke å ha studiespesialiserande og påbygg ved same skole. Samarbeid om fag og ulike valmoglegheiter innanfor programfag let seg gjere.

Rauma kommune treng personar med høgare utdanning, og då må elevar som går yrkesfag også stimulerast til dette. Kommunen peikar og på at det er viktig å kunne tilby påbygg lokalt for vaksne.

- **Kommentar:** Det er fylkeskommunens ynske å arbeide for at flest mogleg av elevane som startar eit yrkesfagleg utdanningsløp fullfører fram til fagbrev, av den grunn er ikkje talet på påbyggsplassar auka i framlegg til struktur. Det er berre plass til eit tilbod i indre del av regionen, og valet vart då Gjermundnes vgs, m.a. tufta på prinsippet om at skolar ikkje bør vere for små, og at denne skolen og tilbyr VG3 Landbruk og VG3 Studieførebuande innan naturbruk, som begge kan sjåast i samanheng med påbygg.

### Restaurant og matfag (RM)

Alle innsendte høyringssvar, frå skole, kommunar og næringsliv er positiv til å auke kapasiteten på RM.

## 4.2 Tilbod ved Fræna vidaregåande skole

Innspela som er kome frå kommune, næringsliv og skolen i Fræna er samstemde om at BA og RM ikkje må flyttast frå Fræna. Under er innspela frå innsendarane summert opp.

### Bygg og anleggsfag (BA)

Kapasiteten ved kvar skole skal dimensjonert ut frå forventa elevtalsutvikling i inntaksområdet og forventa utveksling av elevar mellom inntaksområda i regionen. I vårt inntaksområde er det forventa ein høgare elevtalsutvikling enn i Molde. Det er svært liten utveksling av elevar mellom våre to inntaksområder på dette utdanningsprogrammet. Vi har derimot 6 av 14 elevar på VG1 som kjem frå Averøya.

- **Kommentar:** I vurderinga av kapasitet og fagtilbod ved skolane må ein vege dei ulike målsetjingane opp mot kvarandre. I Romsdal er det samla talet på framtidige elevplassar på BA tilnærma på dagens nivå. YSK-tilbodet er samla ved Fræna og det ordinære BA-tilbodet ved Romsdal. Dei historiske tala på primærskolar til VG1 BA ved Fræna har vore låge, og difor har ein vald å samle tilbodet ved Romsdal vgs. Søkinga til YSK-tilbodet har vore stabilt og uavhengig av plassering.

Fagmiljøet ved Fræna er heller ikkje lite. Det er klassar på alle tre trinn og fem høgt kvalifiserte faglærarar i avdelinga med lang erfaring frå byggebransjen og med gode kontaktar i både lokalsamfunnet og med bedriftene i bransjen. Det finnes fagmiljø rundt om på skolane i fylket som er mindre eller av same storleik. Å flytte Byggfag til Romsdal for å rigge eit solid fagmiljø der, er ikkje eit haldbart argument når begge fagmiljøa står seg godt slik dei er.

- **Kommentar:** I vurderinga av BA-tilbodet ved Fræna er storleiken på fagmiljøet ved skolen ikkje vurdert som veldig lite, men det er heller ikkje lang avstand til naboskolen og samanlikna med struktur og reiseavstandar i dei andre regionane er det naturleg å samle BA i Romsdal på ein skole. I byggeprosjektet på Romsdal vgs vart skolen dimensjonert for 90 elevar på BA og det er dette talet på elevplassar som det samla sett er rom for i regionen.

Næringsinteresser ynskjer at BA ved Fræna skal bestå. BA er nært knytt til steinarbeidsfag og innsendar ser det som naturleg at bygging i stein kan bli del av fagområde byggfag.

- **Kommentar:** Innhald i opplæringa og oppbygging av utdanningsløpa er ikkje tema i denne utgreiinga. Utdanning til steinfagarbeidar er eit eige definert løp innafor BA, men å spreie VG2-elevane på Fræna på fleire utdanningsløp skaffar ikkje skolen fleire elevar og er ikkje ei god løysing.

## Restaurant og matfag (RM)

Fræna og Rauma ligg i kvar si ende av Romsdalen, og er såleis ikkje direkte konkurrentar om RM-elevane. Ei flytting av RM-tilbodet inneber slik vi ser det i realiteten nedbygging av faget i Fræna, då søkjarmassen frå skolen sitt kjerneområde til dette utdanningsprogrammet dersom det vert flytta til Rauma, vil gå ned pga. bortebuaraspektet.

Avvikling av RM er stort sett grunngeve ut frå manglande lokalar ved skolen, og at Rauma vgs har nye og egna lokalar til formålet. Ein kan naturlegvis ha forståing for denne argumentasjonen. Samstundes vil det svekke det totale tilbodet for elevane i Romsdalsregionen dersom ein legg eit utdanningsprogram berre til éin skole i utkanten av regionen. Det er fleire elevar som søker seg til RM på Fræna enn til Rauma. I tillegg er elevtalsutviklinga i Fræna mye høgare enn i Rauma dei neste åra.

Avvikling av RM vil også føre til at typiske «jenteutdanningar» vert redusert, noko som vil gje eit for smalt tilbod for jentene i Fræna kommune.

Vi meiner difor det er naudsynt å oppretthalde tilbodet om RM ved begge skolane i framtida.

- **Kommentar:** Motivasjonen for å samle RM på ein skole er for å skape eit større fagleg miljø. Når Fræna i dag er i leigde lokalar medan Rauma har nye lokalar som er eigd av fylkeskommunen, var det naturleg at valet falt på Rauma. Tal fylkeskommunen legg til grunn syner at skilnaden på primærskolar til Rauma og Fræna har vore mellom 1 og 6 elevar. Innspelet om at tiltaket reduserer dei lokale valalternativa for elevar i ytre del av regionen er sjølv sagt eit poeng, men over heile landet ser vi tendensar til samling av RM-tilbod på færre skolar fordi den samla interessa for faget er minkande – og då må det kanskje bli slik at mange av dei som verkeleg vil gå på RM vil få lang reisetid eller måtte flytte på hybel. I dei andre regionane i Møre og Romsdal vil det etter ei eventuell nedlegging av Fræna og Stranda berre vere ein skole i kvar region med RM (På Søre Sunnmøre er det allereie gjort vedtak om samanslåing)

Det er også viktig å nemne at RM har eit utstrakt samarbeid med lina for Naturbruk i foredling av råvarer. Lærarane er vant til å samarbeide tverrfagleg; eit samarbeid som elevane på begge utdanningsprogram dreg nytte av. Ei flytting av RM vil dermed kunne redusere kvaliteten ved Naturbruk. Ettersom dette betyr at moglege positive synergieffektar av samarbeid tar slutt, ber vi om at fylkeskommunen også tek dette i betraktning, og ikkje berre vurderer kvart utdanningsprogram ved Fræna vgs isolert når framtidig skolestruktur skal leggjast.

- **Kommentar:** Dette er eit poeng som har vore vurdert, men slik vi ser det er ikkje framtida for Naturbruk avhengig av eit samarbeid med RM. Naturbruk har nok kraft i seg til å stå på egne bein.

## Reisetid og hybeltilvere

Ein utdanningsinstitusjon eksisterer berre for å tene elevane, og omsynet til dei må difor vere det mest tungtvegande her.

- **Kommentar:** Fylkeskommunen meiner at utdanningsinstitusjonane har fleire oppgåver enn berre å tene elevane. Det samla tilbodet ved skolane i fylket skal mellom anna svare til det behovet offentleg tenestyting og private næringsliv har for arbeidskraft og kompetanse. For å klare dette må fylkeskommunen gjere prioriteringar, avgrensa av den økonomiske ramma, for mellom anna kva fagtilbod som skal etablerast ved dei einskilde skolane og storleiken på fagtilboda. Vidare skal fagtilboda vere tilgjengeleg for så mange av elevane i fylket som mogleg.

Framlegget om å flytte RM til Rauma vil innebere at fleire elevar vil måtte bu på hybel, og det vil bli ei stor ulempe for elevar frå Molde. Dei vil få reisetid på over ein time og fleire 15-åringar må truleg flytte på hybel. Fræna vgs og Rauma vgs er heller ikkje naboskolar og er slik sett ikkje konkurrentar om dei same elevane. Rapporten oppgir at dette framlegget vil styrke fagmiljøet på Rauma, men dette er i beste fall svært optimistisk. Det er ikkje slik at elevar flytter med når utdanningsprogram vert flytta. Det er difor realistisk å anta at Rauma berre får ein brøkdel av elevane som elles ville ha søkt til Fræna. Det einaste man då oppnår er at søkinga totalt sett i regionen går ned, noe som igjen gjer at rekruttering til yrket vert svekka.

- **Kommentar:** Dersom forslaget vert gjennomført er det sjølv sagt ikkje sikkert at Rauma vil få så mange fleire søkarar, men slik ville det og ha vore den andre vegen, og om ein ikkje hadde gjort

noko ville kanskje begge skolane fått reduserte elevtal. Det er diverre slik at nokre elevar får lengre reisetid og nokre fleire elevar må bu på hybel dersom ein skal få gjort noko med tilbudsstrukturen i det heile. Målsettinga om at det samla sett skal vere få som får ei slik belastning står likevel fast. Håpet må vere at gode fagmiljø og gode lokalar veg opp for desse ulempene.

Ei av dei overordna målsetningane er at flest mogleg av VG1-elevane skal kunne bu heime. Elevane frå Vikan-området vil måtte ta buss kl. 06.45 dersom dei skal bu heime, og gå på vidaregåande skole i Molde. Elevane frå Hustad vil måtte ta buss 06.35, og få ei samla reisetid éin veg på 1 time og 20 minutt. I tillegg kjem den tid elevane bruker fram til haldeplass. Det vil vere krevjande for elevar å starte skoledagen så tidleg, og mange vil nok av den grunn vurdere hybel.

- **Kommentar:** Det er på det reine at elevar og skolar i distrikta er avhengig av eit kollektivtilbod som svarar til skoledagens start og slutt, og går så langt råd er i dialog med skyssoperatørane for å få etablert høvelege skysstilbod.

### Satsing på skolebygg - nybygg og tilbygg

Innsendar har registrert at dei seinare års satsing og utbygging innanfor vidaregåande skole har blitt lagt til byane i fylket. Elevane vil truleg ha eit ynske om å gå på den skolen som har dei beste fasilitetane, og dermed vil distriktsskolane bli ytterlegare svekka.

- **Kommentar:** Det er naturleg at dei største investeringsmidlane vert brukt der det er flest elevar, men det er vanskeleg å sjå at det er ei systematisk forfordeling mellom skolar i byane og i distrikta. Ålesund vgs er eit eksempel på ein byskole med svært dårlege lokalitetar. Det er heller ikkje grunn til å tru at kvaliteten på skolebygget aleine er avgjerande for kva skole elevane søker seg til. Andre viktige faktorar er kva utdanningsprogram som er ved skolen, nærleik til heim, kva skole venene søker seg til osv.

### Konsekvensar for tilsette

Flytting av utdanningsprogram har negative konsekvensar for tilsette som ikkje kan pendle.

- **Kommentar:** Tilbod kan ikkje oppretthaldast på grunn av dette. Endringar vil naturleg nok og kunne ha konsekvensar for tilsette, men arbeidslivet sine reglar, fylkeskommunen sine interne prosedyrar og arbeidstakarane sine rettar vil bli følgd ved handtering av endring i arbeidsoppgåver, arbeidsstad, overtalige osv.

### YSK-tilbod

I dokumentet foreslår ein å leggje hele YSK-tilbodet innanfor Bygg- og anleggsgag og Teknisk og industriell produksjon til Fræna vgs. Dette er positivt då dette styrker næringslivet, samstundes som det styrker realfagsseksjonen ved skolen. Men ein må kunne spørje om det å avvikle studieprogrammet Bygg- og anleggsgag vil svekke drifta av YSK-tilbodet. Vil Fræna vgs klare å rekruttere og behalde naudsynt fagkompetanse for å ivareta eit godt tilbod for desse elevane? Dagens fagmiljø ved BA er godt etablert, og skolen har 5 kvalifiserte lærarar. Mange andre fagmiljø ved vidaregåande skolar kan ein anta er svakare enn dette.

Næringslivet melder at deira erfaring er at det er lettare å skaffe læreplassar i omlandet til Romsdal vgs enn i omlandet til Fræna vgs, og dei anbefaler å leggje tilbodet ved Romsdal.

- **Kommentar:** Plassering av YSK-tilboda har vore ei vanskeleg vurdering i strukturutgreiinga. Vi har landa på at YSK-tilboda bør samlast og at dette er viktigare enn at skolen har tilhøyrande utdanningsprogram. Det er og viktig at skolar med YSK-tilbod har ST/realgag, noko Romsdal vgs ikkje har. I utgreiinga har det vore lagt til grunn at lærebedriftene er dei same uansett kva skole som har tilbodet (mange av bedriftene ligg naturleg nok i eller nær Molde)



## Andre utdanningsprogram

Skolen har kvart år hatt eitt tilbod om Fagopplæring i skole (VG3) i byggfag. Dette gjeld elevar som ikkje har fått lærekontrakt. Tilbodet gjeld for dei 6 nordlegaste fylka. Opplegg og kompetanse som her er bygd opp ved skolen lar seg ikkje lett flytte eller byggast opp på nytt. Ei avvikling av BA vil også avvike dette tilbodet.

- **Kommentar:** Det er intensjon om at kompetanse, kontaktar og tilbod ikkje skal svekkast ved endring i tilbodsstrukturen, og tiltak som dette vil måtte følgjast opp på den skolen som eventuelt overtek tilbodet.

## Elevar med behov for tilrettelegging

Ved Fræna vgs har utdanningsprogramma RM og BA eit større innslag av elevar med behov for spesiell tilrettelegging og føreseielege rammer enn kva som er tilfelle for dei andre utdanningsløpa ved skolen. Desse elevane vil i dei fleste tilfella ikkje vere i stand til å takle hybtilver, og kjem difor truleg til å søkje seg til ein anna line ved Fræna. Særleg gjeld dette potensielle RM elevar.

- **Kommentar:** Uansett struktur vil elevar med særskilte behov måtte få den tilrettelegginga dei har trong for på den skolen dei søker på.

## Naturbruk

Utdanningsprogram for Naturbruk tilbyr VG2 Fiske og fangst og VG2 Akvakultur. I framlegg om ny tilbodsstruktur er det ikkje lagt opp til å auke talet på elevplassar ved desse faga. For det første er programma populære blant elevane og dei siste åra har utdanningsprogrammet opplevd ein auke i talet på søkjarar. For det andre har fylkeskommunen eksplisitt uttalt at havbruk er ei vekstnæring som det skal satsast på. Det er difor underleg at det ikkje er føreslått å auke talet på elevplassar når alt ligge til rette for det. Næringa sjølv har uttalt at dei kjem til å trenge fleire kvalifiserte fagfolk innan fiske og oppdrett i årene som kjem.

- **Kommentar:** Framlegg til storleiken på det einskilde utdanningsprogram er å oppfatte som talet på elevar ein kan forventast søker seg til programmet. Om det i framover vert ein auke i talet på søkjarar til naturbruk, vil det vere kapasitet ved Fræna til å opprette fleire klassar. Sjå og kommentar i kap. 5.7.

## 4.3 Tilbod ved Molde vidaregåande skole

### Maksimalt elevtal ved Molde vgs

Skolen peikar på at søkninga til VG1-tilboda hausten 2016 var formidabel, og talet på elevplasser ved både KDA og MK måtte utvidast. Skolen trur ikkje at det vert ei avskaling av årets VG1- elevar når dei begynner i VG2 og VG3. Dersom søkninga til VG1-tilboda held fram som til dette året, noko som ikkje er usannsynlig, vil skolen hausten 2018 ha ca. 900 elevar, dvs. ein auke på 100 frå dagens 800.

I høringsutkastet er det anslag på totalt 840 elevar ved skolen i 2030 og 2040. Dersom elevtala frå skoleåret 16/17 vert framskriva, noko som synest fornuftig i og med at det er frå og med dette skoleåret MK har blitt studieførebuande og KDA har blitt eige utdanningsprogram, verker det totale elevtalet i strukturrapporten å vere for lågt. Det er påpeikt i høringsdokumentet at elevtalsveksten vil kome i byane. Det er heller ikkje teke omsyn til ei flytting av idrettsfag frå Romsdal vgs til Molde vgs, ei heller ei eventuell landsline i jazz.

- **Kommentar:** I framlegg til ny struktur er idrettsfag lagt til Romsdal vgs. Ei eventuell landsline i jazz er kommentert lenger nede, men er ikkje eit tilbod i dag. Ingen av desse tilboda er difor med i grunnlaget for prognosen for elevplassar på Molde vgs. Grunnlaget for elevtalsframskrivingane som er nytta til å anslå behovet for elevplassar ved Molde vgs er omtalt i kapittel 2.4 og 2.5 i høringsutkastet. Viss søkinga vert mykje høgare enn prognosene viser på ein skole, vil den sannsynlegvis vere lågare på andre skolar. Det er og viktig

å merke seg at det framskrivne elevtalet som er lagt til grunn inneheld ein 10% margin på det høgste forventa elevtalet i regionen.

Dimensjoneringa av dei ulike tilboda må sjølvsagt kunne endrast over tid om søkinga eller behova endrast. Fylkeskommunen vil gjennom skolebehovsplanen kvart år måtte søkje å tilpasse tilbodet slik at det treff med den reelle elevtalsutviklinga, eventuelle endring i søkjarmønster osb.

### Studiespesialiserande (ST)

For ST er framlegget å opprette fleire elevplasser ved Fræna vgs dersom søkinga til Molde vgs overstig 6 parallellar. Trua er at elevar som ikkje kjem inn i Molde, då vil reise til Fræna. Dette er ikkje realistisk og er ein gåvepakke til Akademiet vgs i Molde. Det kan også diskuteras om det er fornuftig planlegging å sende dei svakast presterande elevane til skolar dei primært ikkje ønskjer å gå på.

- **Kommentar:** I framlegg til ny struktur vert det anbefalt at kapasiteten ved Fræna nyttast fullt ut før ein utvidar ved Molde. Det er ikkje slik at framlegget sett eit tak på 6 parallellar ved Molde, men er meint slik at ein skal forsøkje å gjere seg nytte av ledig kapasitet i regionen før ein legg til rette for auka kapasitet ved nokon av skolane. Momenta som vert påpeika må sjølvsagt takast med i vurderinga i dei årlege skolebruksplanane.

### Musikk, dans og drama (MDD)

Molde kommune peikar på at nye funksjonelle lokale no står ferdig til innflytting, der Møre og Romsdal fylkeskommune har vedteke å delta både med investering og drift.

I tillegg til musikkfaga inneheld nybygget funksjonar for dans, kunst og teater. Det ligg difor til rette for å kunne utvide samarbeidet mellom kulturskolen og den vidaregåande skolen til også å gjelde andre kulturfag. Kompetansen er på plass og kan inngå i eit mogleg utvida samarbeid.

- **Kommentar:** Det er dimensjonert med 1 klasse på kvart steg på MDD – med fordjuping i musikk på VG2 og VG3. Det bør ikkje opprettast tilbod med fordjuping i dans eller drama i Molde fordi det vil undergrave fylkestilbodet på dette i Ålesund.

Skolen skriv at det er krefter både lokalt, regionalt og nasjonalt som håper på å få til ein landsline innanfor jazz. Hausten 2016 vert det heldt møter mellom sentrale aktørar med tanke på ein realisering, og Molde vgs er positiv til å huse eit slikt tilbod. Når og om ein landsline i jazz lar seg realisere er usikkert, men bør likevel takast omsyn til når tilbodsstrukturen i regionen vert diskutert.

- **Kommentar:** Nye tilbod av denne typen fell utanfor denne utgreiinga, men vil sjølvsagt bli tatt omsyn til og inkludert om dei eventuelt blir realisert.

### Andre innspel

Det vert registrert av Molde vgs at det i fylkeskommunal regi vert konstruert løp der yrkesfaglege utdanningsprogram vert kombinert med studieførebuande. Når det er eit uttalt mål for arbeidet med skole- og tilbodsstrukturen at tilbod skal verte samla og effektivisert, er det rart at det stadig vert sett i gang tilbod som går motsett vei.

- **Kommentar:** Planen for ny struktur legg i all hovudsak opp til ordinære yrkesutdanningsløp og treårige studieførebuande utdanningsløp. Av andre tilbod med eit visst omfang er det det fireårige YSK og toppidrett som er tatt med, i tillegg til tilbod for elevar med behov for særskilt tilpassa opplæring. For omtale av grunnlaget for oppretting av småskalatilbod ved distriktsskolane vert det vist til kap. 2.3.15 i høyringsdokumentet.

Skolen meier at elevtalsutviklinga og skolens mangel på rom bør resultere i at skolens byggetrinn III vert sett i gang hurtigast mogleg.

- **Kommentar:** Struktursaka omhandlar ikkje bygningsmessige tiltak, eller i kva grad tidlegare planar er realisert eller må realiserast. Dette vert gjort i utviklingsplanen for dei einskilde skolane.



## 4.4 Tilbod ved Romsdal vidaregåande skole

### Bygg og anleggsteknikk (BA)

Med nye og moderne byggfaghallar og klasserom, reknar Romsdal vgs med å få økt søking til skolen dei komande årane. Dei meiner at det vil vere naturleg at også tilbodet om VG3 i skole i Tømrrarfaget vert flytta frå Fræna vgs til Romsdal, slik at all kompetanse på byggfagområdet vert samla ved Romsdal vgs.

Næringslivet peiker på at Romsdal vgs må ha plass til det dimensjonerte elevtalet på BA før tilbodet ved Fræna vert avvikla.

- **Kommentar:** For å ta det siste punktet først er det sjølv sagt at tilbod ikkje kan leggjast ned før det finst nok plassar på skolen som skal overta tilbodet. Når det gjeld tilbod om VG3 i skole så vil det og vere sjølv sagt at dette tilbodet følgjer med på lasset til Romsdal om det må vidareførast.

### YSK-tilbodet

I framlegg til ny tilbudsstruktur er YSK plassert ved Fræna. Skolen forstår ikkje argumentet om å samle opplæringa ved YSK ved den skolen som har realfag. Den realfagskompetansen som alt er ved Romsdal vgs kan forsterkast gjennom samarbeid med det nye tilbodet om elektrofag (EL) og TIP treårig løp med spesiell studiekompetanse. Med inntak til YSK kvart år vil skolen få eit solid realfagstilbod som også kjem andre elevar (t.d. idrettsfag) til gode. Vi vil hevde at kompetanse innan byggfag, saman med eit kontaktnett til bransjen som er solid bygd opp gjennom mange år, vil vere ein vesentleg føresetnad for å greie å skaffe praksisplassar for desse elevane. Vi stiller oss undrande til korleis Fræna vgs skal gå fram i åra som kjem for å få på plass desse praksisplassane dersom dei skal miste BA. Dette er allereie utfordrande slik YSK er organisert i dag. Vi vil også poengtere at den yrkesteorietiske delen av opplæringa skal gjerast i skole, og denne kompetansen vil då liggje hos oss.

Næringslivet kjem med innspel om at å avvikle YSK ved Romsdal kan medføre at elevar som ynskjer seg denne utdanninga ikkje søkjer seg til Fræna fordi avstanden er for lang eller fordi dei ikkje ynskjer å bu på hybel.

- **Kommentar:** Plassering av YSK-tilboda har vore ei vanskeleg vurdering i strukturutgreiinga. Vi har landa på at YSK-tilboda bør samlast og at dette er viktigare enn at skolen har tilhøyrande utdanningsprogram. Det er og viktig at skolar med YSK-tilbod har ST/realfag, noko Romsdal vgs ikkje har. I utgreiinga har det vore lagt til grunn at lærebedriftene er dei same uansett kva skole som har tilbodet (mange av bedriftene ligg naturleg nok i eller nær Molde)

### Elektrofag (EL)

Skolen registrerar at det i framlegg til ny tilbudsstruktur er dimensjonert med 15 plassar i klassane på EL. Dagens areal er ikkje tilpassa dette elevtalet og det vil difor vere behov for ein vurdering av disponibelt areal.

- **Kommentar:** I utgangspunktet er det i heile klassar dimensjonert med 15 elevar på alle yrkesfag. I ein langsiktig plan er det ikkje grunn til å dimensjonere med noko mindre, men om det ikkje er plass til 15 elevar så kan ein heller ikkje ta inn fleire elevar før det eventuelt er gjort noko med bygningsmassen.

Pr i dag er IKT-servicefag lokalisert ved Elektrofag. Dette gir synergjar som er positive for både faget og avdelinga. Skolen registrerar at Utdanningsdirektoratet anbefaler eit nytt programområde «IKT- og mediefag» lagt til Service og samferdsel, og ynsker i så fall at dette faget eventuelt vert lagt til Romsdal vgs, med synergieffektar for både EL, SS og DH.

- **Kommentar:** Alle endringar av utdanningsprogram og programområder må vurderast når/dersom dei vert vedteke. Tilsvarande problemstilling vedkomande IKT-servicefag er og reist i Ålesund.

Hausten 2016 hadde skolen plan om å starte opp faget «Elektrofag - treårig med studiekompetanse». Dette er planlagt som eit samarbeid med TIP, med 12 elevar frå kvart programområde, med fellesundervisning i fellesfag, realfagsfordjuping og delt klasse i programfaga. Vi opplevde oversøking

til elektrofag, men dessverre for få søkarar til TIP tilbodet, og dermed fekk vi ikkje starte opp tilbodet. Vi har stor tro på dette faget og legg opp til å starte VG1 hausten 2017. Vi meiner VG1, VG2 og VG3 «Elektrofag – 3årig med studiekompetanse» må synleggjerast i tabellen for elektrofag i høyringsutkastet, og dermed må også elevtalet endras på VG2 Elenergi (ein klasse med studiekompetanse).

- **Kommentar:** Utgreiinga omfattar langsiktig struktur og har ikkje tatt inn over seg tilbod som dei einstilte skolane har tru på utan at realismen i dette er meir dokumentert. Justering av tilbudsstruktur og dimensjonering på EL kan eventuelt gjerast seinare dersom tilbodet vert starta opp og vert vidareført.

### Helse- og oppvekstfag (HO)

Det er viktig å presisere at fylkeskommunen som skoleeigar må presse på for at kommunane tar inn fleire lærlingar til helsearbeidarfaget. I dag tek kommunane inn litt over halve kullet med elevar. Å auke talet på elevplassar utan at det er tilgang til lære-plassar vil medføre press på VG3 påbygg.

- **Kommentar:** Dette er ei kjent problemstilling over heile landet, men fleire og fleire kommunar ser no ut til å ta dette ansvaret på alvor. For å betre situasjonen må det nok pressast på både sentralt frå fylkeskommunen og lokalt frå dei einstilte skolane. Det er ikkje noko alternativ å ikkje auke talet på elevplassar på HO så lenge behovet for helsearbeidarar blir mykje større i framtida.

Vi ber om at det i tillegg til framlegga i høyringsutkastet, også vert vurdert å planleggje for VG2 Helseservice ved Romsdal vgs. Dette vil vere i samsvar med behova i kommunane, men også ein rekrutteringsstøtte til VG3 fag ved Borgund vgs.

- **Kommentar:** VG2 Helseservicefag er vurdert i utgreiinga, men vi trur det er betre å ha 2 parallelle klassar på Borgund vgs framfor å spreie tilbodet på fleire regionar. Den same problemstillinga er reist i Kristiansund.

### Service og samferdsel (SS)

Vi ser at VG3 Innovasjon og ledelse er utelatt frå tabellen under SS. Skolen ber om at dette vert retta opp, og at totalsummen ved SS aukast med 15 elevar.

- **Kommentar:** Det er venta at det snarleg kjem endringar på SS. Av den grunn er berre tilbod på VG1 og VG2 som fører til yrkeskompetanse teke med i oversikten for utdanningsprogrammet. Tilbod på SS-YSK er heller ikkje tatt med etter vedtak i Utdanningsutvalet. Dimensjonering av heile utdanningsprogrammet bør vurderast på nytt og justerast når framtida for programmet er avgjort, men det er ikkje grunn til å auke elevtalet samla sett.

### Teknikk og industriell produksjon (TIP)

TIP-avdelinga flyttar inn i nye og moderne verkstader, og skolen reknar med at det vil bli auka søking til skolen dei kommande åra.

- **Kommentar:** Om det vert auka søking til TIP vil det truleg bli redusert søking til noko anna, eventuelt på andre skolar.

Innspel og argument mot at YSK TIP vert lagt til Fræna er likelydande som for YSK BA. Hovudtyngda av teknologibedriftene regionen er lokalisert i Molde, og skolen har eit solid kontaktnett i bransjen. Dette er to viktige føresetnadar for å få praksisplassar for desse elevane.

- **Kommentar:** Plassering av YSK-tilboda har vore ei vanskeleg vurdering i strukturutgreiinga. Argumenta for YSK-TIP er dei same som for YSK-BA (sjå over)

## Påbygg

Påbygg har stort sett hatt god søking, og det må takast omsyn til at det frå 2019 vil vere ein ekstra klasse EL/TIP 3-årig med studiekompetanse. Kapasiteten må aukast i samsvar med EL/TIP – treårig.

- **Konklusjon:** Som nemnd i kommentar tidlegare er 3-årig EL/TIP med studiekompetanse ikkje rekna inn som eige utdanningsprogram, men elevplassar til aktuelle elevar er inkludert i dei respektive utdanningsprogramma.

## Alternativ opplæring (TPO)

Nybygget ved skolen er dimensjonert til å ta inn det anbefalte talet på elevar, men det er usikkert om det er tilstrekkeleg elevgrunnlag til at 40 elevar vil søke til TPO.

- **Kommentar:** Dimensjoneringa av TPO-plassar ved skolane i fylket er sett for sikre at tilbudet er tilgjengeleg i alle regionar med ca 2% av samla elevplassar i regionen. For denne elevgruppa er det ikkje talet på elevar men graden av tilpassingsbehov og hjelp som vil ha mest å seie for arealbehovet.

## 4.5 Tilbod ved Gjermundnes vidaregåande skole

Om dei 20 TPO-plassane det er gjort framlegg om i høyringsdokumentet skal realiseras, er det heilt naudsynt at bygget tilpassas dette og at det kjem ressursar til å tilsette spesialpedagogar.

- **Kommentar:** Fylkeskommunen vil kvart år tildele skolar driftsmidlar utifrå kva utdanningsprogram, elevtal og personalbehov skolen vurderast å ha. Det er i høyringsutkastet til ny tilbudsstruktur ikkje gjort vurderingar av skoleanlegga. Eventuelle byggmessige endringar vil måtte vurderast i ettertid av strukturvedtaket, før eventuelle strukturendringar trer i kraft.

## 4.6 Utdanningsprogrammet Service og samferdsel

Næringa ynskjer at VG2 Transport og logistikk vert flytta frå Nordmøre til Romsdal. Dette fordi det har vore vanskeleg å finne læreplassar i Nordmøre, medan det er bedrifter i Romsdal som har behov for lærlingar.

- **Kommentar:** VG2 Transport og logistikk i Kristiansund er og kopla til kurs for lærlingar i yrkessjåførfaget og yrkessjåførkurs for vaksne. Det siste er eit landslinetilbod. Vi ser ikkje noko poeng i å flytte tilbudet som har god søking, frå Nordmøre, om ikkje nært foreståande endringar i SS skulle tilseie noko anna.

## 4.7 Ingen økonomisk vinst

Innsendar er av den oppfatning at det er merkeleg å flytte på fulle klassar på VG1, og kan ikkje sjå at rapporten peiker på nokon økonomisk vinst av desse grepa. Kostnaden for ein full klasse må vere det same uavhengig av kva for skole den er lokalisert ved. Innsendar meiner at flytting kan bety økte utgifter for fylkeskommunen i form av økte skyssutgifter til elevane.

- **Kommentar:** Økonomisk vinst er ikkje nemnt som del av dei overordna målsetjingane for strukturgjennomgangen, og endring av tilbudsstrukturen tek difor ikkje mål av seg å vere innsparende (men bør sjølvsagt heller ikkje vere dyrare). Dei økonomiske målsetjingane handlar om «å få mest for pengane» ved å samle små fagtilbod til større, auke elevtalet i klassane og å nytte tilgjengeleg kapasitet i verkstadareal.

## 5 Nordmøre

Det er kome inn 31 høringsuttaler som heilt eller delvis omhandlar framlegg til ny struktur på Nordmøre:

Nr.	Avsendar
2	Sunndal SV
3	Fagforbundet M&R (HO ungdom)
8	Pipelife
9	Indre Nordmøre opplæringskontor
11	Fagforeningar - Surnadal vgs
12	Bygg- og anleggsbedrifter i Sunndal v/Grytnes entreprenør
13	Sunndal kjemiske fagforening
16	Opplæringskontoret for anleggs og bergfagene(OKAB)
17	SuSu-Programmet
20	Sunndal Næringsforening
23	Storvik AS
24	Tingvoll vgs
28	Surnadal Næringsforening
29	Opplæringskontoret Sunndal, Nesset, Tingvoll, Gjemnes
31	Surnadal vgs
33	Elektromiljøet i Sunndal kommune
34	Transportbransjens opplæringskontor
38	Atlanten vgs
40	Surnadal kommune
41	Tingvoll kommune
47	Kristiansund vgs
51	Sunndal vgs
55	Rindal kommune
56	Smøla kommune
59	Kristiansund og Nordmøre næringsforum (KNN)
60	Kristiansund kommune
62	SIV Industri-inkubator
65	Entreprenørforeningen Bygg og anlegg
66	Sunndal Høyre
74	Sunndal kommune
75	Halsa kommune

### 5.1 Tilbod ved Atlanten vidaregåande skole

Skolen vil vere ein stor og solid studieførebuande skole for Kristiansund og tilhøyrande region, og meiner det er viktig at den er dimensjonert for 5-6 klassar på Studiespesialisering, 1-2 (1,5) klassar på Idrettsfag og ein felles heil klasse for Musikk, dans, drama & Musikk, dans, drama med dans.

#### Studiespesialisering (ST)

Skolen uttaler at den har eit breitt og godt fagtilbod og fagmiljø, og at det er viktig at skolen får eit godt nok dimensjonert tilbod på ST som tar høgde for store kull, søkemønster mot byområda og ikkje minst ei potensiell dreining mot studieførebuande tilbod blant søkarane. Skolen meiner at det er avgjerande å dimensjonere skolebygget og kapasiteten på skolen for fleire parallellar enn i dag.

Skolen har eit nybygg for realfag og renoverte fellesareal og arbeidsrom for tilsette. Skolen har eit stort og prekært renoveringsbehov for mange klasserom, og eit utbyggingsbehov med tanke på fleire klasserom og mindre grupperom (som manglar i dag). Klasseromma for ST er små og godt under dagens standard, noko som gjer at kapasiteten vert dårleg utnytta for potensielt store ST-klassar.

- **Kommentar:** Dimensjoneringa i framlegget har fleire elevplassar enn det elevtalet skolen har hatt dei siste åra, og skal vere nok i høve til forventta elevtal. Byggmessige endringar har ikkje vore tema i utgreinga.

### Musikk, dans og drama (MDD)

Skolen, Kristiansund kommune og KNN uttaler at det er viktig at tilbodet om fordjuping i dans og drama i Kristiansund må oppretthaldast. Ein er sterkt kritisk til at tilbodet i dans skal avviklast og berre skal vere i Ålesund. Dette støttar ikkje opp under den fylkeskommunale satsinga på eit breitt kulturliv og kulturnæringane. Skolen bygger opp om eit sterkt kulturmiljø i heile regionen ved å m.a. å samarbeide med eksterne samarbeidspartar/kulturinstitusjonar, ha elevar frå alle delar av regionen og besøke ungdomsskolar på heile Nordmøre med årlege framsyningar. Skolen har eit veldig positivt omdømme.

Skolen si musikkline har lang historie ved skolen, er viktig aktør for musikklivet i Kristiansund og regionen og godt innarbeida som ein sentral del av skolen sin identitet. Tilbodet om fordjuping i dans er berre 3 år gamalt. Ein er framleis i ferd med å starte opp tilbodet og gjere det kjent. Med eigen danselærer og eksterne samarbeidspartar er ein sikker på at tilbodet vil utvikle seg, få fleire søkjarar og supplere musikktilbodet ved skolen på ein god måte.

Eit godt fagsamarbeid og ein eigenutvikla organiseringsmodell gjer at skolen tilbyr to fordjupingar innanfor rammene av ein klasse, utan ekstra kostnader. Økonomi er derfor ikkje eit argument i saka. Modellen er ikkje ferdigutvikla med omsyn til måten fordjuping musikk og fordjuping dans vert vevd i saman på, men skolen håpar å få utvikle modellen vidare. Ut frå søkartala dei siste åra har kommunen forståing for ein reduksjon i talet på elevplassar, men då frå 30 til 25 og ikkje til 15.

- **Kommentar:** Målt mot landssnittet har Møre- og Romsdal nok elevplassar på MDD med det framlegget som er lagt fram. Dans og Drama vert då gjeve som fylkestilbod i Ålesund. Om det vert tatt inn fleire elevar på MDD i Kristiansund vil det truleg bli færre elevar på ST.

### Idrettsfag (ID)

Skolen, Kristiansund kommune og KNN poengterer at det er ei generelt aukande interesse for ID. Ut frå søkinga meiner skolen at elevgrunnet for å starte 2 klassar er til stades, men kommunen uttaler at det kanskje ikkje er rett å auke tilbodet akkurat no. Høyringspartane er einige om at det er viktig å sikre tilstrekkeleg kapasitet på tilbodet. Eksisterande idrettsanlegg og fasilitetar i skolen sitt nærområde gjev eit godt grunnlag, og med realisering av skøytehall og utbetring av friidrettsanlegg ligg det godt til rette for vidare utvikling av tilbodet.

Skolen tar framlegget til ny tilbodsstruktur til vitande, men ser moglegheitene for å utvikle og eventuelt utvide tilbodet gjennom 2 parallelle klassar og/eller å tilby «spissa toppidrett» (eit 4-årig skoleløp der potensielle toppidrettsutøvarar får eit utvida og tilrettelagt skoleløp i samarbeid med skoleeigar, Olympiatoppen, idrettslag/klubb og ein vidaregåande skole)

- **Kommentar:** Den planlagde andelen elevplassar på ID på Nordmøre i åra framover er høgare enn landsgjennomsnittet og andelen i Møre- og Romsdal i inneverande skoleår. Ein klasse er difor og vurdert å vere tilstrekkeleg i framtida i og med at elevtalet i regionen samla sett er venta å bli lågare enn i dag. Dersom ein tar inn fleire elevar på ID, vil truleg talet på elevar på ST bli lågare.

## 5.2 Tilbod ved Kristiansund vidaregåande skole

Kristiansund vgs er i utgangspunktet godt nøgd med framlegget til tilbodsstruktur for eigen skole. Skolen ønskjer også for framtida å vere den skolen på Nordmøre med størst fagmiljø og med sterke og solide fagmiljø på alle utdanningstilboda skolen har.

### Bygg- og anleggsteknikk (BA)

Kristiansund kommune og ein representant for næringslivet meiner at ei eventuell nedlegging av VG2-Klima, energi og miljøteknikk (KEM) på Nordmøre vil vere i utakt med behovet til næringslivet og

uheldig med tanke på målsetting om eit føreseieleg utdanningstilbod. Det er då og uheldig at tilbodet vert starta opp på Romsdal vgs. Kristiansund vgs har oppgraderte lokalar og utstyr til KEM.

- **Kommentar:** KEM-tilbodet ligg inne i framlegget til struktur, men søkartala må vere høge nok over tid for at tilbodet ikkje skal bli vurdert nedlagt. Slik vil det i praksis vere med dei fleste litt mindre tilboda i alle regionar. I Romsdal har KEM heile tida lagt inne i planane for det pågåande byggeprosjektet. Vi har tru på at tilbodet er liv laga på begge skolane.

### Design- og handverk (DH)

Kristiansund kommune er ikkje einig i å redusere talet på elevplassar på DH. Spesielt vert det reagert på at det er foreslått halv klasse i VG2 Frisør sjølv om søkinga har vore god dei siste åra. Med unntak av inneverande skoleår kan søkartala i Kristiansund samanliknast med tala for Romsdal vgs, der det er foreslått full klasse. Det bør også dimensjonerast for full klasse i Kristiansund.

- **Kommentar:** Forventa utvikling i talet på elevar i dei to regionane ligg til grunn for ulik dimensjonering.

### Elektrofag (EL)

Kristiansund kommune meiner at talet på elevplassar må aukast i høve til søking og elevtal dei siste åra.

- **Kommentar:** Det er oversøking på EL i alle regionar. Forventa elevtal styrer dimensjoneringa.

### Helse- og oppvekstfag (HO)

Kristiansund kommune støttar auken i talet på elevplassar, men ønskjer at det og vert vurdert å opprette fleire liner på HO.

- **Kommentar:** VG2- Helseservicefag er i så fall det mest aktuelle tilbodet å opprette, men vi trur det er betre å ha 2 parallelle klassar på Borgund vgs framfor å spreie tilbodet på fleire regionar. Den same problemstillinga er reist i Molde (Romsdal vgs).

### Medier og kommunikasjon, Restaurant og matfag, Teknikk og industriell produksjon og Påbygg til generell studiekompetanse

Det har ikkje kome inn merknader til desse utdanningstilboda i høyringa.

### Service- og samferdsel (SS)

Skolen meiner at framlegget til tilbudsstruktur inneber ei underdimensjonering av VG2-tilbod i høve til 3 parallelar på VG1. Det er få elevar som søker VG2 IKT-servicefag og under halvparten av elevane på VG2 Transport og logistikk som kjem frå VG1 SS på Kristiansund vgs. Skolar med tilsvarande tilbod i Ålesund og Romsdal har fleire elevplassar på VG2 enn på VG1. Kristiansund vgs meiner difor at det bør aukast til 2 klassar på VG2 Sal, service og tryggleik for å sikre at alle VG1 elevane kjem inn på eit av VG2-tilboda på skolen.

- **Kommentar:** Det kan godt vere at dette er ein god ide, men i og med at heile tilbudsstrukturen på SS er under vurdering på landsbasis, bør endeleg dimensjonering av SS-tilboda utsettast til den overordna tilbudsstrukturen er på plass. Innspel om flytting av VG2 Transport og logistikk frå Kristiansund vgs til Romsdalsregionen er omtalt i kapittel 4.6.

Skolen og KNN uttaler at det etablerte 4-årige YSK-tilbodet på SS må oppretthaldast inntil det er gjort ei skikkeleg evaluering av tilbodet, og ein eventuell ny struktur på SS er på plass. YSK-tilbodet er eit skoletilbod for framtida, der elevane vekslar mellom å vere i bedrift og på skolen og både får fagbrev og generell studiekompetanse. YSK tilbodet kan kombinerast med VG2 Reiseliv, slik at elevane kan få fleire val på VG2 utan store kostnader.



YSK-tilbodet vart oppretta hausten 2015. Fylkeskommunen sine retningslinjer seier at nye tilbod ikkje skal leggjast ned før etter minimum 3 år. Skolen har brukt mykje tid og ressursar på å starte opp tilbodet og er oppteken av at tilbodet, som har eit tett samarbeid med næringslivet, må få tid til å «sette seg» før ein spreier usikkerheit om tilbodet vil bli oppretthalde. YSK-tilbodet ved Kristiansund vgs har så langt ikkje hatt problem med å skaffe nok læreplassar.

- **Kommentar:** Sjå omtale om YSK-sak i Utdanningsutvalet 12.05.2016, på side 30-31 i utgreiinga.

### Kunst, design og arkitektur (KDA)

Kristiansund kommune uttaler at det er viktig for elevane og marknadsføringa av tilbodet at vidareføring av tilbodet er føreseieleg. Styringssignal frå fylkeskommunen må vere tydelege og framsynte. For kommunen er tilbodet viktig som ledd i satsing innan kunst og kulturfag.

- **Kommentar:** KDA er eit nytt tilbod som ligg inne i framlegget til struktur med ein halv klasse på kvart årssteg. Tilbodet må sjølvstøtt ha høge nok søkartal over tid for at det ikkje skal bli vurdert nedlagt.

## 5.3 Tilbod ved Sunndal vidaregåande skole

Sunndal vgs har levert eit konkret framlegg til framtidig tilbudsstruktur med til saman 301 elevplassar. Framlegget inneber i motsetnad til høyringsframlegget at tilbodet til Bygg og anleggsteknikk vert oppretthalde med halve klassar både på VG1 og VG2, medan VG2 Barne- og ungdomsarbeidar vert lagt ned slik høyringsframlegget la opp til. Skolen sitt framlegg har 1,5 parallelle klassar på studiespesialisierende mot 1 klasse i høyringsframlegget. I høve til høyringsframlegget er elevtalet på elektrofag redusert med ½ klasse både på VG1-Elektrofag og VG2-Elenergi, medan det er auka med ½ klasse på VG1-TIP og VG2 Kjemiprosess.

Skolen har konkludert med at det er teknisk mogleg å organisere opplæringa på yrkesfaglege utdanningsprogram på VG2 med 3 heile klassar med 15 elevar og 3 halve klassar med 8 elevar. Dei halve klassane må då samordnast med heil klasse i fellesfaga. Ut frå dette meiner skolen at den kan tilby 4 ulike yrkesfaglege utdanningstilbod på VG1 med maksimalt 6 tilhøyrande utdanningstilbod på VG2.

Framlegget er resultatet av ei samla vurdering basert på innspel frå tilsette, elevråd, tillitsvalde, skoleleiinga, skoleutvalet, Sunndal kommune og lokale verksemder.

Argumentasjon for skolen sitt framlegg er kommentert for kvart utdanningsprogram nedanfor, saman med ulike andre innspel.

- **Kommentar:** Framlegget til skolen har litt fleire elevplassar enn dagens elevtal og tek ikkje opp i seg at prognosane viser at elevgrunnlaget vil bli mykje lågare. (skolen sitt innspel på elevtal lenger nede forklarar korleis det er tenkt). Skolen kan nok organisere opplæringa med 4 ulike utdanningsprogram på yrkesfag, men då vert fagmiljøa mindre (ikkje minst om elevtalsprognosen stemmer).

### Bygg og anleggsteknikk (BA)

Sunndal kommune vil på det sterkaste tilrå at BA oppretthaldast som utdanningsprogram ved Sunndal vgs. Bygg og anlegg er den 3.dje største næringa i Sunndal kommune med i overkant av 300 sysselsette personar. Tilbudsstrukturen ved skolen bør spegle dette. Ungdommen sine utdanningsval bør og telje. Skoleåret 15/16 var det 26 elevplassar ved BA i Sunndal (og 14 elevar i Sunndal). BA har vore eit attraktivt tilbod blant ungdom i Sunndal, og blant elevar med innvandrarbakgrunn.

Opplæringskontor og representantar for bygg- og anleggsnæringa, uttaler seg og negativt til nedlegging av BA i Sunndal. Det vert mellom anna vist til at skolen har eit sterkt fagmiljø og at nedlegging vil ha stor negativ konsekvens for mange bedrifter i Sunndal og nærliggjande kommunar. Det er etablert et Fagforum for bygg og anlegg som består av representantar frå bedrifter og skole. Gjennom samarbeid i næringa er det etablert ei garantiordning for læreplassar. Det er til ei kvar tid 15-



20 lærlingar i desse bedriftene. For å ivareta rekruttering av lokal ungdom til næringa er det viktig at tilbodet vert vidareført. Ungdom vel utdanningstilbod lokalt.

På landsbasis er det stort behov for fagarbeidarar på BA, men tilgangen er mindre enn etterspurnaden. Ein høyringsuttale påpeikar at det er grunnlag for VG1 bygg og anleggsteknikk ved både Sunndal vgs og Surnadal vgs. Å samle tilbodet i Surnadal vil gje eit stort press på å skaffe nok lære- og utplasserings-plassar. Å pendle med buss og ferje vert vanskeleg, om ikkje umogleg for elevane når dei må møte på byggeplass kl 07.00.

Når tilgang på lærlingar stopper opp lokalt vil bedrifter i Sunndal få problem med å vere kvalifiserte tilbydarar til det offentlege. Å leggje ned linja i Sunndal vil gjere kommunen meir einsretta og for avhengig av hjørnesteinsbedrifta Hydro.

Sunndal Høyre har stor tru på at dei framtidige klassane på Byggfag i Sunndal vil ha tilfredstillande storleik. Når næringslivet stiller med lære-plassar ville det vært ukløkt å ikkje la ungdom få ha denne moglegheita. Dette kan og tiltrekke seg ungdom frå andre kommunar.

- **Kommentar:** Innspela frå næringa er tydeleg, men skolen sjølv har ikkje funne plass til meir enn 2 halve klassar på BA i sitt framlegg. Det vert i så fall eit lite og truleg ustabil tilbod.

### Elektrofag (EL) inkl. automasjon

Skolen meiner at talet på elevplassar på VG1-EL må vere slik at skolen kan ha tilbod både innan VG2-Elenergi og VG2-Automatisering, noko som er i tråd med prioritert satsing i Sunndal kommune sin næringsplan og i samsvar med ønskje frå Hydro Aluminium Sunndal og Storvik AS.

Framlegget om eit nytt tilbod i automatiseringsfaget (VG2 og 3) vert støtta av kommunen. Om tilbodet ikkje vert etablert i Sunndal så må det leggest til rette for samarbeid med Surnadal vgs om tilbodet.

Fleire innspel frå lokal industri uttrykkjer og sterke ønskje om at skolen i framtida skal ha utdanning innan automatisering. Ein stor mekanisk/engineeringsbedrift uttaler at automatisering, robotteknikk, sensorikk etc er i rask utvikling, og at dette vil utgjere kjernen i fleire lokale verksemder i framtida. Sunndal Høyre ønskjer og automasjon velkomen som ei framtidsretta og rett satsing til rett tid.

Representantar for elektromiljøet i Sunndal vil behalde dagens struktur på EL og er skeptiske til å få automatiseringsfaget til Sunndal vgs, Dei er bekymra for at dette vil gå ut over søkinga til dagens elektrofag og at det vil medføre større konkurranse om dei lokale lære-plassane.

- **Kommentar:** Det er tydeleg at automatisering er eit tilbod som dei fleste ynskjer velkomen til Sunndal, og det er mykje som tyder på at det ikkje vil vere problem å skaffe lære-plassar.

### Helse og oppvekstfag (HO)

HO er eit av kjernetilboda ved Sunndal vgs, men i konkurranse med andre utdanningstilbod på VG2 ser ikkje skolen det like viktig å halde fram med tilbod på VG2 Barne- og ungdomsarbeidarfag (BU). Ein ønskjer då heller å konsentrere seg om VG2 Helsearbeidarfag (HA).

Dette har og høgast prioritet for Sunndal kommune. Alderssamansetninga i kommunen er bakgrunnen for denne prioriteringa. Sunndal kommune gjev garanti til Sunndal vgs om at kommunen vil stille 12 lære-plassar (puljer på 6 kvart år) til disposisjon for helsefagarbeidarar frå Sunndal vgs. Sunndal kommune er likevel sterk imot nedlegging av VG2 BU. Kommunen treng fagarbeidarar innan området og gjev og garanti til Sunndal vgs om at ein vil stille 4 lære-plasser (pulje på 2 kvart år) til disposisjon for BU-elevar frå Sunndal vgs.

Opplæringskontoret for Sunndal, Nesset, Tingvoll, Gjemnes uttaler at det vil være behov for mange nye barne- og ungdomsarbeidarar dei neste 10 åra. Ungdomsutvalet i Fagforbundet er også opptatt av at VG2 BU vert oppretthalde på Sunndal vgs. I uttalen deira vert det m.a. vist til at kommunen og skolen har eit godt samarbeid og det vert og vist til ein avtale frå 2012 om lære-plassar i kommunen. Ungdomsutvalet ser det som viktig å ha utdanning og lære-plassar der ungdomane bur. BU er og ei utdanning som mange av flyktningane i kommunen vil vere interessert i. Om Øye-utvalet sine anbefalingar om kompetanse vert lagt til grunn, skal 25% av dei tilsette i barnehagen ha BU-utdanning.

- **Kommentar:** HO er det utdanningsprogrammet som er lagt inn med størst auke i talet på elevplassar i fylket sett under eitt. Dei fleste er einig i at behovet for helsearbeidarar er større enn behovet for barne- og ungdomsarbeidarar. Med bakgrunn i forventa elevnedgang samla sett, er BU difor berre lagt inn på ein av skolane (Surnadal), medan begge skolane har fått vidareført tilbod om HA.

### Teknikk og industriell produksjon (TIP)

Skolen uttaler at høyringsframlegget si halvering av utdanningskapasiteten innan TIP samsvarer lite med behova i større lokale verksemder i Sunndal. TIP er eit av kjernetilboda ved Sunndal vgs og det bør vere minst 1,5 klassar på VG1 for å kunne ha tilbod på VG2 Kjemiprosess og VG2 Industriteknologi.

Sunndal kommune vil på det sterkaste råde frå ein reduksjon frå 27 til 15 elevplassar på VG1 TIP som er eit utdanningstilbod som er særdeles viktig for Hydro Sunndal. Behovet for å vidareføra TIP får og støtte frå næringslivet, men dei skriv ikkje noko om storleiken på tilbodet.

- **Kommentar:** Framlegg om reduksjon i talet på elevplassar skuldast forventa lågare elevtal.

### Studiespesialisering (ST)

ST er eit av kjernetilboda til Sunndal vgs. Fleire høyringsuttaler, bl.a. frå Sunndal kommune, understrekar at det er viktig at skolen kan gje eit forsvarleg tilbod med fordjuping både innan realfag og språk/økonomi, slik at lokal ungdom kan kvalifisere seg for ulike vidare studiar. Også representantar for det lokale næringslivet er oppteken av dette. Skolen og kommunen meiner at talet på elevar per årssteg på ST bør aukast til (minst) 40. Høyringsframlegget legg opp til at ST berre skal utgjere 33% av kapasiteten på VG1. Denne andelen må aukast til minst 40% og då er 40 elevar eit meir passende tal.

- **Kommentar:** Grunnen til at det berre er lagt inn 1 klasse på kvart årssteg i utgreiinga heng saman med den forventa reduksjonen i elevgrunnlaget, men %-andelen på ST er kanskje litt låg. Dersom søkinga er større, noko den mest sannsynlig vil vere – ikkje minst dei næraste åra - bør det opprettast ein halv eller ein heil klasse til for å få eit best mogleg grunnlag for eit breitt programfagtilbod. Men jo fleire elevar på ST, jo færre vil det vere på yrkesfaglege program – der klassane då truleg ikkje vil bli fylt opp.

### Påbygg

Skolen er nøgd med at tilbodet er vidareført slik at yrkesfagelevar som ønskjer det kan skaffe seg studiekompetanse.

### Om det samla tilbodet på Sunndal vgs.

Sunndal næringsforening som representerer eit breitt samansett næringsliv, vil ikkje prioritere mellom linetilboda på yrkesfag. Dei ynskjer eit breiast mogleg tilbod ut frå dei val som elevane gjer, etterspurd kompetanse frå næringslivet og der kvaliteten på utdanninga er sett i høgsetet. Ein er bekymra dersom ungdom vel utdanning etter kva som vert tilbode og ikkje det dei ønskjer.

Sunndal SV peiker m.a. på at det ikkje må leggjast opp til at fleire ungdomar skal bu heimanfrå. Elevane ønskjer å halde fram på sin lokale skole og ein kan få mykje feilval om tilbodet vert for snevert, med den følgje at fleire at færre gjennomfører og fleire får dårlege resultat.

Sunndal Høyre stiller seg bak skolen sin uttale og vil sterkt råde frå å redusere elevtal eller tilbod ved Sunndal vgs. Skolen er ein viktig grunnpilar for ungdom og deira oppvekstvilkår, og representerer ein viktig arena med rekruttering i yrkesfag for næringslivet i Sunndal. Dei fleste større teknologibedriftene, bygg og anleggsbransjen, elektrobransjen og ikkje minst Hydro har alle nytt godt av den gode jobben Sunndal vgs har gjort for å skaffe nye tilsette og lærlingar.

Den vidaregåande skolen med sine elevar bidreg og positivt til kulturlivet, i idretten og i organisasjonslivet i Sunndal.

## Samling av tilbod på ein skole

Ein uttale frå næringslivet er av den oppfatning at det må vere fokus på kvaliteten i undervisninga, fagmiljø og utviklingsmoglegheiter for lærarane. Dersom dette best kan realiserast gjennom ein slik samling av fagtilbod som høyringsutkastet skisserer, stiller ein seg bak dette prinsippet (men det er då viktig at elektrofag/automatisering vert lagt til Sunndal og at tilbodet på ST ikkje vert dårlegare).

## Samarbeid med lokalt næringsliv

Representant for ein av dei største bedriftene i Sunndal skriv at det både for lokalsamfunn og bedrifter er ein fordel at yrkesfaglinene på Sunndal vgs er etterspurd av lokale bedrifter. Det er viktig med eit tett samarbeid i utdanningsløpet i form av utplassering og fagleg samarbeid. Dei lokale elevane er best førebudde på å vere lærlingar og fortsetter og gjerne karriæra si i bedrifta. På grunn av mange pensjonsavgangar vil det i åra framover vere stort behov for rekruttering av fagarbeidarar på kjemiprosess, mekaniske fag, elektro og automatisering. Næringa er difor svært bekymra for kva konsekvensar den drastiske reduksjonen i talet på elevplassar ved Sunndal vgs vil få.

- **Kommentar:** Fagområda som her er nemnt er alle med i framlegget i utgreiinga. Reduksjon i talet på elevplassar er ikkje ei ønska utvikling, men heng saman med forventa reduksjon i elevgrunnlaget.

## Om tilgang på læreplassar i byggfag og elektrofag

Opplæringskontoret for Sunndal, Nesset, Tingvoll, Gjemnes uttaler at det ein viktig faktor som er utelatt i rapporten; kva læreplassar finst i Sunndal? Det er i dag 11 lærlingar i byggfag i bedrifter i Sunndal, 3-4 lærlingar i elektrofag og ingen i automasjonsfaget. Bedriftene gjev garanti om læreplassar på byggfag.

Å ikkje ha byggfag i Sunndal vil ha konsekvensar for rekruttering av lokal arbeidskraft til den lokale byggenæringa. Elevane vil då i større grad søke elektrofag, der det ikkje er mange læreplassar. Utdanninga må vere der læreplassane og arbeidsplassane finst.

- **Kommentar:** Dette innspelet står i sterk kontrast til andre innspel som understrekar det framtidige behovet for arbeidsplassar innan elektro og automasjon.

## Elevgrunnlaget

Sunndal kommune og mange andre av dei som har uttalt seg meiner at elevar med ungdomsrett og elevar med vaksenrett frå Sunndal vaksenopplæring må takast med i vurderinga av det framtidige elevgrunnlaget ved Sunndal vgs. Sunndal har eit stort asylmottak og ein av dei største og mest veldrivne vaksenopplæringsskolane for asylsøkjjarar, flyktningar og innvandrarar. Sunndal er ein fleirkulturell kommune med 9,3 % med innvandrarakgrunn i befolkninga. Utdanning og arbeid er viktige suksesskriterier for god integrering og økonomisk sjølvstende for innvandrarar. Sunndal kommune meiner at ein på nasjonalt nivå må ta med søkjarar med vaksenrett i bereknings- og finansierings-grunnlaget, på same måte som ungdomsretten når ein dimensjonerer linetilboda ved dei vidaregåande skolane. Tilbod må gjevast lokalt der elevane bur.

Sunndal vgs meiner at elevgrunnlaget i prognosen må aukast med 20 elevar på både VG1 og VG2 dei komande åra (10 søkjarar med ungdomsrett frå Sunndal Vaksenopplæring og 10 søkjarar med vaksenrett). På VG3/4 må tilboda frå VG2 følgjast opp.

- **Kommentar:** Denne problemstillinga er felles for mange av dei vidaregåande skolane. I talet på elevplassar er det lagt inn mellom 10 og 20% fleire elevar enn den ordinære prognosen for elevar med ungdomsrett viser. For dei fleste skolane vil dette vere meir enn tilstrekkeleg for å ha plass til alle søkjarar med ungdomsrett.

## Todalsfjordsambandet

Sunndal vgs meiner at strukturen ved Sunndal vgs og Surnadal vgs må vurderast på nytt når Todalsfjordsambandet er realisert. Skolen skriv at viss dette ikkje er realisert innan 2023, vil

elevgrunnlaget vere for lite til den strukturen skolen tilrår, og at ein då må over på ein strammare struktur med reduksjon i elevtal på BA og EL.

- **Kommentar:** Dette er i tråd med høringsframlegget, som og antyder at det kan bli ein felles skole når Todalsfjordsambandet er realisert. Samstundes antyder innspelet over at skolen i sitt framlegg ikkje har hatt same tidshorisont som høringsdokumentet, som såg på strukturen fram mot 2030 og 2040 og dermed hadde færre elevar til fordeling på ulike utdanningsprogram.

#### Uttale frå elevrådet

«Elevrådet synes elevene blir forlangt til å pendle/flytte for langt. Vi tror ved å legge ned liner kommer flere elever til å velge liner som de ikke vil ha. Dette vil mest sannsynlig påvirke trivselen og frafallet til elever.»

## 5.4 Tilbod ved Surnadal vidaregåande skole

Surnadal vgs legg fram eit framlegg til ny tilbudsstruktur for skolen, som tek inn over seg ein viss reduksjon i årgangstala. Skolen insisterer på at ein ny tilbudsstruktur må

- ta vare på verdifulle kompetansemiljø i eit lokalsamfunn med lågt utdanningsnivå
- gje elevane tilsvarende tilbod som andre elevar i fylket og landet får
- hindre at elevane må flytte på hybel, slik at dei kan bidra til eit levande lokalsamfunn
- ta omsyn til geografi/kommunikasjon og elevåtferd når det gjeld skoleval, pendling etc.

Desse punkta er og nemnt i andre høringsuttaler, som t.d. frå Surnadal kommune. Surnadal kommune understrekar og at dei opplever at Surnadal vgs har god kvalitet på sine studietilbod.

Dei tilsette sine organisasjonar støttar som skolen opp om dei tilboda skolen allereie har. Skolen sitt konkrete framlegg til tilbudsstruktur er kommentert for kvart utdanningsprogram nedanfor.

### Bygg og anleggsteknikk (BA)

Skolen ser for seg å føre vidare tilbod om ein halv- eller ein heil klasse på både VG1 BA og VG2 byggteknikk. Samanslåing av tilboda i Sunndal og Surnadal på Surnadal vgs har skolen lite tru på. Dei trur ikkje at elevar frå Sunndal og Tingvoll vel BA-tilbod i Surnadal. Det er likevel viktig å behalde tilbodet, både i høve til næringslivet sine behov og i eit gjennomføringsperspektiv.

### Elektrofag (EL)/automasjon

Framlegget om å legge ned EL i Surnadal ser skolen på som dramatisk. Skolen ser det som avgjerande at tilbodet vert vidareført med 1 klasse på VG1 og tilbod på VG2 og VG3 (heil eller halv klasse). Surnadal vgs har bygd opp eit tungt og godt fag-/kompetansemiljø på EL, tilbodet har gode søkjartal og skolen tilbyr automatisering på VG2 og VG3 (tilbod som Sunndal ikkje har). Skolen trur ikkje at elevar frå Surnadal vil søke seg til EL-tilbod i Sunndal, men det vil bli fleire som søker seg til Kristiansund og Meldal og som då må flytte på hybel.

Fleire representantar for næringslivet uttaler seg og negativt til nedlegging av EL i Surnadal. Skolen har eit sterkt fagmiljø innan EL/automasjon som ikkje må byggast ned. Tilbodet har gode søkjartal og næringslivet i Surnadal etterspør kompetansen. Det er etablert prøvestasjon for fagprøvar i automatiseringsfaget ved Surnadal vgs. NITO v/Surnadal vgs påpeiker at fleire bedrifter har vore tungt inne i oppbygginga av linene og har behov for lærlingar.

Fleire representantar for næringslivet uttaler at industrien i Surnadal har spesielt stort fokus på innovasjon, effektivisering og ny teknologi, m.a. automatisert og robotisering av produksjon. Dette ser ein igjen i meir enn 10 ulike pågåande utviklings- og forskingsprosjekt. Det er difor grunnleggjande viktig at utdanningstilbodet innan digitalisering og programmering vert styrka og forsterka både på fagskolenivå og i vidaregåande opplæring. Dette betyr at VG1 EL, VG2 Automatisering og Påbygging

til generell studiekompetanse i det minste må oppretthaldast på dagens nivå på alle skolane på Indre Nordmøre. Automatisering kan det gjerne satsast meir på andre stader også.

- **Kommentar:** Det er ikkje lett å foreslå flytting av EL/automasjon til Sunndal. Innspela i høyringa tyder på at næringslivet begge stader ser på dette som ei framtidsretta utdanning. Når elevtalet går ned bør det gjerast noko med strukturen for å unngå for mange små klassar og fagmiljø. Så lenge ST, HO og TIP er dei grunnleggjande utdanningane ved dei fleste distriktsskolane, står valet her mellom BA og EL, men ingen av skolane vil gje slepp. Med Todalsfjordsambandet på plass ville endringa vore enklare.

### Helse og oppvekstfag (HO)

Surnadal kommune er glade for at tilbodet om HO vert foreslått vidareført. Surnadal har gode søkartal til HO og 2 fulle klassar i 2016/17. Når det er venta nedgang i elevtalet meiner skolen det er i overkant å dimensjonere for 2 fulle klassar på VG1, som og vil vere i konkurranse med andre tilbod ved skolen. Skolen ser for seg 1 klasse på VG1, eventuelt med noko utvida elevtal om søkinga skulle tilseie det, samt to halvklassar VG2 helsearbeidarfag og VG2 barne- og ungdomsarbeidarfag (BU). Tilbod på helsearbeidarfag er i følgje skolen det viktigaste. Dei tilsette sine organisasjonar hevdar at det er liten interesse for å tilsette fagarbeidarar innafor barne- og ungdomsarbeidarfaget.

- **Kommentar:** Skolen har fått 2 klassar på VG1 fordi VG2 BU vert foreslått samla på denne skolen.

### Teknikk og industriell produksjon (TIP)

Skolen ser for seg å ha berre 1 klasse på VG1-TIP, i tillegg til 1 klasse på VG1 EL. Halv eller heil klasse på VG2 Industriteknologi kan sjåast i samanheng med klassen på VG2 Automatisering. Uttale frå næringslivet peikar spesielt på behovet for fagarbeidarar produksjonsteknikkfaget, som og bør ha automatisering i utdanninga si.

- **Kommentar:** Dersom automatisering ikkje vert flytta i tråd med framlegget, vil 1 klasse VG1 TIP vere nok.

### Studiespesialisering (ST)

Surnadal vgs uttaler at det med dagens ressursfordelingsnøkkel ikkje vil vere mogleg å gje eit tilfredsstillande fagtilbod med mindre enn 1,5 klasse på ST. Dette har å gjera med undervisning i ulike matematikkvariantar, eit framandspråktilbod som gjev eit minimum av valmoglegheiter, og eit programfagtilbod innan realfag og språk, samfunnsfag og økonomi som er breitt nok til å kvalifisere elevar til spesiell studiekompetanse og oppfylle fagkombinasjons- og fordjupingskrava til vitnemål i begge programområda.

ST er sjølve grunnmuren til skolen og ein reduksjon her vil og påverke yrkesfaga ved at kompetanse i fellesfag forsvinn frå skolen og frå lokalsamfunnet. Dette er spesielt uheldig med tanke på at utdanningsnivået i området er blant det lågaste i fylket. Gode kunnskapar innan alle fag er avgjerande for å bli ein god fagarbeidar.

Mange andre høyringsuttaler, m.a. frå Surnadal kommune, er og bekymra for eit redusert ST-tilbod og meiner at det minst må vere 1,5 parallelle klassar.

- **Kommentar:** Grunnen til at det berre er lagt inn 1 klasse på kvart årssteg i utgreiinga heng saman med den forventta reduksjonen i elevgrunnlaget fram mot 2030/40. Dersom søkinga er større enn til 1 klasse, noko den mest sannsynlig vil vere dei næraste åra, bør det opprettast ein halv eller ein heil klasse til for å få eit best mogleg grunnlag for eit breitt programfagtilbod. Men utover i perioden vil fleire elevar på ST truleg henge saman med mindre søking til andre tilbod.

### Påbygg

Skolen er nøgd med at tilbodet er vidareført og at det og omfattar påbygging etter yrkeskompetanse.



## Idrettsfag (ID)

Skolen uttaler at oppretting av eit anna studieførebuande program, nærare bestemt ID, truleg ville ha demt opp for noko «lekkasje» frå skolen sitt nærrområde til andre skolar.

- **Kommentar:** Oppretting av ID ville kanskje ha gitt skolen nokre fleire elevar, men sikkert og redusert elevtalet på ST. Slik vi ser det har ikkje skolen råd til intern konkurranse om studieførebuande elevar om ein skal kunne ha eit breitt ST-tilbod. Dessutan er det samla sett nok elevplassar på ID på Nordmøre med den klassen som er plassert i Kristiansund.

## Samling av tilbod på ein skole og elevutveksling med naboskolane

Surnadal vgs og dei tilsette sine organisasjonar meiner samling av program på ein skole på Indre Nordmøre er ein sær sårleg ide, i og med at elevmobiliteten mellom skolane er bortimot ikkje-eksisterande. Elevar frå Surnadal, Rindal og Halså søker då heller skolar i Trøndelag, Kristiansund og Molde. Det er så godt som ingen lekkasje andre vegen heller, og det er lite som tyder på at dette vil endre seg med samling av tilbod på ein av skolane.

Dei tilsette sine organisasjonar ved Surnadal vgs meiner at samling av fagtilbod på ulike skolar vil føre til økt konkurranse mellom skolane for å trekkje elevar til sine fagtilbod. Dårlegare fagtilbod på Surnadal vgs vil heller ikkje gjere det meir attraktivt å busette seg i Surnadal, der folketalet peiker nedover.

Ein innsendar skriv at ein ikkje kan sjå at den økonomiske gevinsten for fylket kan bli særleg stor med framlegga som er lagt fram (talet på klassar vert ikkje mykje endra).

- **Kommentar:** Når skolane har mykje dei same tilboda er naturleg nok lekkasjen liten. Kva som vil skje om dette endrast er vanskeleg å vite noko sikkert om. Argumenta mot samling av tilbod er mykje dei same som på Søre Sunnmøre der samling av tilbod er vedteke. Om/når det vert ferjefritt samband over Todalsfjorden, vil det vere naturleg å samle alle tilboda på ein (eventuelt ny) skole.

## Bytehandel med Sunndal vgs.

Surnadal vgs meiner at framlegget i rapporten om ein bytehandel med Sunndal vgs er ein usedvanleg dårleg deal for Surnadal. Skolen mister då eit solid fagmiljø og viktig kompetanse for lokalsamfunnet (elektrofag/automasjon) og får ikkje tilført noko i staden. Det vert vist til at byggfag har variable søkartal, og enkelte år kan falle heilt ut. Barne- og ungdomsarbeidarfag er og ei utdanning som no verkar å vere mindre etterspurt. Framlegget føyer seg inn i rekkja av framlegg og vedtak som flytter ressursar sørover i fylket og nærer opp under dei politiske kreftene som ønskjer overflytting til Trøndelag.

- **Kommentar:** Valet om samordning av tilbod sto her, som tidlegare nemnt, mellom BA og EL, sidan ST, TIP og HO er grunnpilarane på dei fleste distriktsskolane

## Samarbeid med lokalt næringsliv

Fleire høringsinnspel er opptatt av samarbeidet med det lokale næringslivet. Sterke fagmiljø på skolane er viktig, men det er og verdien av eit tett og godt samarbeid med det lokale næringslivet. Spesielt på tekniske fag er det viktig at lærarane er oppdatert på ny teknologi og det får ein lettare tilgang til ved nær kontakt med næringslivet. Prosjektet SKILLS, der Surnadal vgs er med, er eit godt døme på dette. SKILLS er finansiert gjennom Forskningsrådet og har som mål «å utvikle modeller for høyt kvalifiserte yrkesfaglige kunnskapspraksiser i fremtidens fabrikk». Surnadal vgs samarbeider og m.a. med In2Offshore om eit nytt tilbod knytt til elektrofaglinja som har svært stor tyding for det lokale næringsnettverksarbeidet.

Indre Nordmøre Opplæringskontor uttaler at store elevgrupper på få fag gir økt press på læreplassane. Nedlegging av elektrolinja vil føre til at bedriftene i Rindal, Surnadal og Halså mister den gode kontakten som dei i dag har med elevane, fleire elevar vel feil utdanning med umotiverte lærlingar som resultat.

Næringslivet i Surnadal meiner at det er vanskeleg å rekruttere stabil arbeidskraft frå nabokommunen i sør, på grunn av ferjesamband som ikkje klaffar med skiftarbeid. Dersom dei mogelege vala ved Surnadal vgs vert redusert, vil det på sikt utgjere ein dramatisk trussel for breidda i næringslivet i Surnadal. Vegsamband og vidaregåande opplæring er nemnt av ein innsendar som dei 2 viktigaste oppgåvene til fylkeskommunen for næringslivet; det er dårleg vegstandard, men håper at ein i framtida ikkje og vil slite med dårleg rekruttering frå den vidaregåande skolen.

Den vidaregåande skolen er sentral leverandør av arbeidskraft til eit næringsliv i positiv utvikling. Høyringsdokumentet synes i liten grad å vektlegge dette perspektivet, og tek difor ikkje omsyn til målsettinga om at tilboda skal samsvare med næringslivet og offentleg sektor sine behov for faglært arbeidskraft.

- **Kommentar:** Samarbeidet med næringslivet er sjølv sagt bra, men det betyr ikkje at det er dårleg samarbeid andre stader. Sunndal vgs har og godt samarbeid med næringslivet. Målsettinga om at tilboda skal samsvare med næringslivet og offentleg sektor sine behov må vegast opp mot andre målsettingar, m.a. gode fagmiljø og å det å kunne ha føreseielege tilbod. Når tilboda vert for små vil nok samanslåing av tilbod for å gjere dei meir levedyktige truleg vere det beste på sikt. Målsettinga om å tilfredstille næringslivet og offentleg sektor sine behov kan ikkje sjåast isolert sett for alle skolar og områder av fylket, fordi det aldri vil vere mogleg å få oppfylt dette for alle fag på alle skolar og i alle områder. Kva då med kommunar som ikkje har vidaregåande skole, eller næringer som må hente sine lærlingar frå fylkestilbod eller landsdelstilbod.....?

### Elevgrunnlaget

Surnadal kommune uttaler at med den busettinga og det som no skjer i kommunen, vil elevtalsnedgang på grunn av minkande fødselskull bli motverka noko av nye elevgrupper med vaksenrett. Kommunen er i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune om dette akkurat no, med tanke på særskild språkopplæring også på vidaregåande skule. Dette kan også føre til fleire elevar på t.d. elektrofag og helse- og oppvekstfag enn prognosane i rapporten viser. Dette er noko andre uttaler og er opptatt av. Dersom dei som ikkje har røter i kommunen må reise bort for å ta vidaregåande utdanning, er dei i praksis tapt for det lokale næringslivet.

- **Kommentar:** Dette er eit moment som er reist i mange høyringsuttaler. Fylkeskommunen har ikkje tatt med elevar med vaksenrett i dimensjoneringa, men samstundes er det lagt inn 10-20% fleire elevplassar enn elevtalsprognosen viser, slik at det i praksis nok vil vise seg å vere plass til dei fleste av desse elevane om ein vil ta dei inn.

### Fleire moment frå Surnadal og Rindal kommune

Rindal kommune har Surnadal vgs som sin nærskole. Elevar frå Rindal som går i Surnadal kan bu heime og reise til og frå skolen kvar dag. Til andre skolar vil reisetida bli meir enn 1 time. Begge kommunane er uroa over at eit redusert tilbod ved Surnadal vgs kan føre til at ungdom som ikkje ønskjer det, må flytte på hybel for å få sitt primære lineval oppfylt. Dei uttaler at det er viktig at fagtilboda på Surnadal vgs samsvarer med behov for fagutdanning som næringslivet og lokalsamfunnet etterspør. For Surnadal er den vidaregåande skolen og ein viktig offentleg arbeidsplass. Med tanke på faglært kompetanse og læreplassar er kommunane spesielt bekymra dersom elektrofag forsvinn. Det er og viktig å ha eit godt utval av programfag på studiespesialisering. Begge kommunane er glad for at tilbod om helsefag vert vidareført, og meiner generelt at mindre vidaregåande skolar bør ha rom for fleire marginale tilbod enn skolar i meir sentrale strom.

- **Kommentar:** Strukturendringar vil kunne føre til at fleire får lenger reisetid og at fleire må flytte på hybel. Andre kan få kortare reisetid. Det er uansett eit overordna mål at dei fleste elevane skal kunne bu heime lengst mogleg, men dette er vanskeleg å oppfylle i mindre kommunar med lang vei til vidaregåande skolar. I Møre- og Romsdal er det allereie slik at dei minste skolane har fleire marginale tilbod enn skolar i meir sentrale strom, men spørsmålet er kor ein skal setja grensa for marginale tilbod.



## Gruppestorleik

Surnadal kommune er imot at gruppestorleiken for tilboda vert endra frå 12 og 27 til 15 og 30 elevar, slik at mindre tilbod lettare kan falle bort.

- **Kommentar:** 15 og 30 elevar er meir i tråd med det som er vanleg klassestorleik rundt i landet og det vil vere feil å ikkje planleggje for å kunne ha klassar med slik storleik. Dette betyr ikkje at det ikkje kan opprettast mindre klassar om det ikkje er nok elevar til ei full klasse.

## Feil i rapporten

Surnadal vgs har påpeikt at tilboda som er merka med raud farge i oversiktstabellen for regionen i kap. 3.5.1 ikkje er vedteke overført til andre skolar.

- **Kommentar:** Dette er ein trykkfeil i rapporten. Tilboda med raud farge er i denne regionen dei som er føreslegne flytta til andre skolar.

## 5.5 Om skoletilbodet i Sunndal og Surnadal

Programstyret for næringsssamarbeidet mellom Sunndal og Surnadal (SuSu-programmet) uttaler at før Todalsfjordprosjektet er realisert og for å sikre ei positiv utvikling i regionen er det av avgjerande tyding at begge skolar framleis har

- tilbod innan studiespesialisering med tilstrekkelege ressursar for god fagbredde
- tilbod innan helse- og oppvekstfag, byggfag og elektrofag – og at desse tilboda vert samkjørt og utvikla vidare i nært samspel mellom skolane, kommunane og lokalt næringsliv.

Programstyret viser til at ferjefri forbindelse mellom Sunndal og Surnadal er prioritert som nr 2 på lista over fylkeskommunale vegprosjekt. Programstyret trur ikkje at elevar vel det same linetilbodet i nabokommunen om tilbodet vert lagt ned ved eigen skole, men med Todalsfjordprosjektet på plass vil denne føresetnaden kunne oppfyllast i sterkare grad. Surnadal kommune peiker og på at tilboda ved Surnadal vgs må dekkje behova i Surnadal kommune så lengje fastlandsforbindelse manglar og kommunikasjonstilbodet er dårleg.

SuSu programmet skriv og at dei vidaregåande skolane er sentrale leverandørar av arbeidskraft til eit næringsliv i positiv utvikling. Høringsdokumentet synes i for liten grad å vektlegge dette perspektivet. Det vert og vist til at dersom ein tek med elevar med «vaksenrett», vil elevtalsutviklinga bli meir positiv enn det høyringsdokumentet legg til grunn.

Ein annan innsendar frå næringslivet uttaler at det ikkje er «fri bevegelse» av elevar mellom Sunndal og Surnadal, spesielt ikkje for VG1-elevar. Sunndal og Surnadal ikkje kan sjåast på som eit samla «vidaregåande marknad» før etter ei realisering av Todalsfjordprosjektet.

## 5.6 Om Tingvoll vidaregåande skule

### Ny skole?

Høyringsuttaler frå Tingvoll vgs og Tingvoll kommune peikar på at fylkesrådmannen har gitt melding om at fylkeskommunen tar sikte på å erstatte dagens skole med nybygg, og at dette må få som konsekvens at utdanningstilboda ved skolen vert oppretthaldne og ikkje vert bygd ned. Fylkeskommunen vert beden om snarast å gjennomføre utgreiing av det framtidige skoletilbodet på Tingvoll inn i ein ny skole.

Det vert uttalt at dette er ein offensiv og framtidsretta strategi som forener skolen sin pågåande fagutvikling innafor bærekraftig utdanning, energi- og miljøkrav og skolebygg på Tingvoll og at det vil styrkje elevane sitt utdanningstilbod i Tingvollsamfunnet og på Nordmøre.

Skolen skriv at dette initiativet inneber at det må utarbeidast ein utviklingsplan for Tingvoll vgs. Dette er i tråd med tidlegare politiske vedtak i sak T-79-11 og sak U-19/15 og må gjennomførast før evt. langsiktige og vesentlege endringar i tilbudsstrukturen vert gjennomført.

Tingvoll vgs er svært nøgd med initiativet frå fylkesrådmannen om å samarbeide med kommunen om utvikling av eit nytt skolebygg. Fylkesrådmannen vil bygge et framtidretta bygg med ambisiøse miljøkrav. Tingvoll vgs ønsker gjennom sitt pågåande utviklingsarbeid å bidra til realisering av fylkeskommunens ambisiøse mål for omstilling, kompetanse og verdiskaping, likestilling og inkludering og klima og miljø.

- **Kommentar:** Eventuelle nye byggeprosjekt har ikkje vore tema i strukturutgreiinga. Sidan ingen skolar skulle leggast ned er den framtidige strukturen vurdert uavhengig av bygg.

### Tilboda ved skolen

Høyringsdokumentet foreslår å leggje ned alle småskala yrkesfagtilbod ved Tingvoll vgs. Ei halvering av talet på VG1 tilbod frå 6 - 3 vil være ein vesentleg negativ endring i tilbudsstrukturen ved skolen, som krev ein langt grundigare saksutgreiing med konsekvensanalysar enn det som er lagt fram. Strukturen vil då bli reversert til perioden før 2004 med halvklassemodell på ID og ST og HO, færre elevar som fekk oppfylt primærønskje, fleire elevar som måtte flytte på hybel og mindre samarbeid og sikring av lokal arbeidskraft til lokalt næringsliv. Kommunen peiker på det gode samarbeidet mellom Tingvoll vgs og det lokale næringslivet som har ført til høgare gjennomføringsgrad for elevane.

Tingvoll vgs meiner at tilbudsstrukturen ved skolen må oppretthaldast i komande skolebruksplanperiode 2017 – 2020. Argumenta for dette er: (dei same punkta er og nemnt i uttalen frå kommunen)

- Årskulla i inntaksområdet held seg stabilt i komande 10-årsperiode.
- Tilboda skal vere føreseieleg for elevar, tilsette og lokalsamfunn inntil eit nytt skolebygg med evt. endra tilbudsstruktur er på plass
- Tingvoll vgs er ein viktig bedrift i Tingvoll med 35 offentlige kompetansearbeidsplasser
- Tingvoll har ikkje rekrutteringsproblem på personalsida med ei ung lærargruppe
- Tingvoll vgs har i partnerskap med lokalt næringsliv, Tingvoll kommune og fylkeskommunen arbeida systematisk siden 2005 med å utvikle dagens tilbudsstruktur, som er unik; ei suksesshistorie.
- Inntil 90% av elevane som går ut av grunnskolen i Tingvoll har Tingvoll vgs som sitt første ønskje.
- Opplæringa har høg kvalitet med ein årleg gjennomføringsprosent på skolenivå på over 80%.
- Skolen har lite fråfall og er blant de beste skolane i Møre og Romsdal i en fersk nasjonal rapport om skolekvalitet i vidaregåande opplæring (den såkalte SØF-rapporten).
- Tingvoll vgs deltar i fleire utviklingsprosjekt innafor sentrale nasjonale og fylkeskommunale satsingsområde som ledd i arbeidet med å utvikle «framtidens skole» på Tingvoll
- Tingvoll vgs har som mål å vere ein «spydspiss» blant dei vidaregåande skolane i arbeidet med det grøne skiftet
- Tingvoll kommune har status som økokommune og lokalsamfunnet har mykje spisskompetanse blant bedrifter, institusjonar og innbyggjarar på dette feltet.

- **Kommentar:** Høyringsuttalene skriv lite om tilboda ved skolen.

### Om rapporten

Tingvoll kommune og Tingvoll vgs er nøgd med konklusjonen i rapporten om å oppretthalde den vidaregåande skolen i Tingvoll fram mot 2030 og 2040. Rapporten sine tal og prognosar for befolkningsutvikling og årgangstal vil vere nyttig for det vidare utviklingsarbeidet framover. Rapporten er imidlertid svært mangelfull når det gjeld vesentlege vurderingar og analysar i høve til

kvalitative vurderingar om vidaregåande opplæring, skolen sin samfunnsmessige tyding og fylkeskommunen som regional utviklingsaktør.

- **Kommentar:** Rapporten har ikkje vurdert om skolane skal behaldast eller ikkje. Utgreiinga har teke utgangspunkt i dei vedtekne målsettingane for arbeidet og vurdert aktuelle endringar av

tilbudsstrukturen ut frå dette. Kvaliteten på det vidaregåande skoletilbodet skal uansett vere best mogleg ut frå dei til ein kvar tid gjeldande rammevilkår.

### Tingvoll sin plass i regionen og samarbeidet mellom skolane

Det er liten eller ingen konkurranse mellom skoletilboda ved Tingvoll vgs og skolane i Surnadal og Sunndal. Tilboda på Tingvoll vgs er ingen trussel for tilboda i indre del av regionen. Småskalatilbod ved Tingvoll vgs har ikkje bidrege til å utarme fagmiljø på nokon av naboskolane. Eit samarbeid mellom skolane kan likevel vere aktuelt – spesielt på VG2 der tilboda er så mange at ei spesialisering på kvar skole kan ha noko for seg. Men alle skolar bør ha tilbod om VG2 Helsefagarbeidar på grunn av det store behovet for fagarbeidarar framover.

Befolkningsutviklinga og årgangstala i Tingvoll og Kristiansund er meir positive og stabile framover samanlikna med prognosane for Surnadal og Sunndal i indre del av regionen. De siste 10 – åra har Tingvoll i stadig større grad orientert seg «utover» som bu- og arbeidsmarknadsregion og Kristiansund som regionsenter. Dette har mellom anna resultert i ei justering av Statistisk Sentralbyrå si offisielle inndeling av bo- og arbeidsmarknadsregionar i Norge siste 5 åra der Tingvoll nå høyrer til den ytre regionen.

- **Kommentar:** I strukturutgreiinga har ein sett Tingvoll både i høve til indre og ytre del av regionen. For fylkeskommunen er det t.d. isolert sett betre å fylle opp ein heil klasse på MK i Kristiansund enn å ha eit småskalatilbod på Tingvoll og ledige plassar i Kristiansund. Om ein berre ser Tingvoll som ein del av den ytre regionen vil denne type diskusjonar fort kunne dukke opp i åra framover.

### Elevar med vaksenrett

Tingvoll kommune meiner det er viktig at fylkeskommunen finansierar vaksenrett i vidaregåande utdanning, særleg for kommunar med flyktingar. Det er svært viktig å etablere heilskepelege utdanningsløp mellom introduksjonsprogram, grunnskoleopplæring for vaksne og vaksenrett i vidaregåande opplæring. Dette vil auke integreringa, auke rekrutteringa til dei vidaregåande skolane og muliggjere ein rask veg til vidare utdanning, arbeid og økonomisk sjølvstende.

- **Kommentar:** Dette er eit innspel som kjem frå mange og som truleg må løysast likt for alle skolane.

Skolen har påpeikt feil i talmaterialet i rapporten for inneverande skoleår for to utdanningsprogram.

- **Kommentar:** Feilen er registrert, men endrar ikkje vurderingane og konklusjonen for strukturen.

## 5.7 Nye utdanningstilbod i regionen

### Naturbruk / blå line

Kristiansund vgs, Kristiansund kommune, Smøla kommune og KNN meiner alle at det bør etablerast tilbod om naturbruk / blå line på Nordmøre, nærare bestemt på Kristiansund vgs. Havbruk er ei næring i sterk vekst i kystkommunane, men og indre delar av regionen har og vil få stor utvikling innan havbruk. Havbruksnæringa er pr. i dag den næringa som har sterkast vekst i distriktet. Difor er det også viktig at det kjem eit utdanningstilbod i høve til denne næringa.

Mange av elevane frå Smøla og Aure(Tustna) er dagpendlarar, og vil difor ikkje ha ønske om å søke Fræna som studiestad. Ved å opprette dette tilbodet i Kristiansund vil det vere mogleg å fange fleire av elevane i kystkommunane, men og dei som måtte ha interesse av «naturbruk» i indre og midtre del av rekrutteringsområdet til skolen.

Eit tilbod innan havbruk ved Kristiansund vgs vil og kunne gjere det mogleg med desentralisert utdanning med praksis/teori ute i oppdrettsanlegga/klekkeria, altså ein form for vekslingsmodell.

St. Meld. 28 omtalar viktigheita av raske omstillingar både for næring og utdanningssystem. Ei havbruksnæring i sterk utvikling må difor få ein større plass utdanningssystemet. Oppretting av eit tilbod innan blått naturbruk vil samsvare med den aktivitetsvekst og næringslivssatsing som vil skje dei

næraste åra og vil og støtte opp under tilbod i marin bioøkonomi og havromsteknologi som er under planlegging ved fagskole og høgskole i regionen.

- **Kommentar:** Tilbodet på blått naturbruk på Fræna vgs dekkjer i dag behovet for dette utdanningsområdet for Romsdal og Nordmøre. Kapasiteten på Fræna vgs kan eventuelt aukast. Auke i talet på elevplassar på Fræna vil vere naturleg før eit eventuelt nytt tilbod vert starta opp.

## VG2 Transport og logistikk på indre Nordmøre

Opplæringskontoret for transportbransjen uttaler at både Surnadal og Sunndal har store transport- og logistikkmiljø. Surnadal vgs har i fleire år hatt småskalatilbod om VG2 transport og logistikk der både programfag og prosjekt til fordjuping har gått føre seg ute i lærebedriftene.

- **Kommentar:** Det har ikkje vore tilbod på SS ved Surnadal vgs dei siste åra, og det ligg ikkje føre planar om å opprette fleire SS-tilbod i regionen enn det som er på Kristiansund vgs.

## 5.8 Generelt om skoletilbodet på Nordmøre

**Kristiansund og Nordmøre Næringsforum** vektlegg følgjande for dimensjonering og lokalisering av tilboda på Nordmøre:

- Må vere forankra i arbeidslivet sine behov og framtidige karriere- og studiemoglegheiter
- Yrkesfagtilboda må ta utgangspunkt i behovet for faglært arbeidskraft i lokalt næringsliv og offentlig sektor
- Føreseielege tilbod over tid
- Vidareføring av dagens 5 vidaregåande skolar med attraktive og solide tilbod for framtida
- Må på nokre studieområde bidra til å forsterke søkinga til fag- og høgskoletilbodet i regionen.

**Halsa kommune:** Sjølv om kommunen ikkje har vidaregåande skole ser ein det som viktig at regionen har gode skolar med godt linetilbod, både i forhold til busetting, attraktivitet, utvikling av lokalt næringsliv og samfunnsliv. Det er viktig at fleire kan bli buande lenger heime eller slepp å pendle lengre enn nødvendig. Betre busstilbod enn i dag er naudsynt for å få dette til. Avstandar, manglande fastlands-forbindingar og kommunikasjonstilbod har stor innverknad på dei vala ungdomane tar.

At fagtilboda vert behalde i nærmiljøet er viktig, særlig med tanke på næringslivet. Når liner vert lagt ned er det ein fare for å miste fagkompetanse, for då vel elevane gjerne andre tilbod lokalt. Reduksjon på studiespesialisering vil kunne redusere fagkompetansen i lærarstaben og valmoglegheitene til elevane, særlig innan realfag, økonomi og språk. Dimensjonering av yrkesfagtilboda skal samsvare med næringslivet og offentlig sektor sine behov for faglært arbeidskraft, og det er og viktig når liner vert flytta. Den vidaregåande skolen må kunne endre sine tilbod i tråd med utviklinga i næringsliv og samfunnet elles. Lovendringa om fritt skoleval må føre til at tilboda vert dimensjonert slik at det faktisk er mogleg å søke og få plass frå andre fylke.

I ein region med dårlig offentlig kommunikasjonstilbod og reiseavstandar, er skyssordningane eit vesentleg moment for å oppretthalde like tilbod på naboskolar. Mindre vidaregåande skolar bør ha rom for fleire marginale linetilbod enn større skolar i meir sentrale strøk.

### Kristiansund kommune:

Ser det som svært viktig at kapasiteten på skolane i Kristiansund er tilstrekkeleg til å kunne takle eventuelle strukturendringar i regionen i framtida. Kristiansund kommune ber og om at fylkeskommunen stimulerer for tilrettelegging av butilhøve, oppfølging og sosiale tiltak for elevar som bur på hybel.

- **Kommentar:** Kapasiteten på skolane har ikkje vore tema i utgreiinga. Oppfølging og sosiale tiltak for elevar som bur på hybel bør organiserast av skolane sjølve.